



Statsforvalteren i Vestland



Årsrapport 2023

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Statsforvalterens beretning	4
2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall	6
2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	7
2.4 Andre forhold	8
3 Årets aktiviteter og resultater	9
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	9
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk er kjent og iverksatt	9
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå	9
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte	10
3.1.1 Nasjonal politikk er kjent og iverksatt	11
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	11
3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnssikkerhet og beredskap i kommunene	18
3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene	20
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	22
3.1.1.5 Tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	23
3.1.1.6 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester	25
3.1.1.7 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres	26
3.1.1.8 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner	27
3.1.1.9 Forurensning skal ikke skade helse og miljø	28
3.1.1.10 God økonomiforvaltning i kommunene	29
3.1.1.11 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet	30
3.1.1.12 Bærekraftig landbruk	33
3.1.1.13 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov	34
3.1.1.14 Andre oppdrag	37
3.1.2 Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå	37
3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge	37
3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	38
3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	40
3.1.2.4 Beredskap i en endret sikkerhetspolitisk situasjon	40
3.1.2.5 Andre oppdrag	41
3.1.3 Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte	41
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling	41
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	43
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	46
3.1.3.4 Andre oppdrag	49
3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning	49
3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje	50
3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket	51
3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes	59

arbeid med bosetting og integrering	
3.1.4 Gjennomførte evalueringer	60
3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks	60
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	60
3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet	60
3.2.3 Barne- og familiedepartementet	60
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet	60
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet	60
3.2.6 Klima- og miljødepartementet	61
3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet	61
3.2.8 Kunnskapsdepartementet	61
3.2.9 Landbruksdepartementet	61
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	61
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	105
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	106
3.6 Andre forhold	106
4 Styring og kontroll hos statsforvalteren	109
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging	109
4.1.1 Statsforvalterens risikostyring	109
4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak	109
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren	109
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	109
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	109
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	110
4.3 Andre forhold	110
5 Vurdering av framtidutsikter	111
5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	111
5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	112
6 Årsregnskap	113
7 Vedlegg	114

1 Statsforvalterens beretning

Også 2023 var eit annleis år enn normalen. Viktigast er at vi merkar følgjene av Russlands krig mot Ukraina. Framleis kjem det mange flykningar frå Ukraina. I kommunane er det enno stor vilje til å busetje dei og gi gode tenester, og det fortener dei stor ros for. Men det blir vanskelegare. Hardt pressa kommunale tenester skal handtere flykningane som kjem. Særskilt i helse- og omsorgssektoren, som har vore hardest råka av pandemien, er det stor slitasje. Hittil har kommunane klart å skaffe hus for å busetje flykningane, men vi nærmar oss eit punkt der det er vanskeleg å finne gode bustader til dei nye som kjem, eller bustadene ligg langt frå tenestetilbod og utan gode bussamband. Vidare ser vi at flykningane fortrengrer andre som treng bustad og velferdstenester. Vi ser med stor uro på langsiktige følgjer av presset på dei kommunale tenestene.

Ei anna følgje av krigen er at vi må ta inn over oss er at verdsordenen er endra som følgje av Russlands handlingar. Dei grundige rapportane frå Forsvarskommisjonen og Totalberedskapskommisjonen har sett ord på kva vi må førebu oss på framover. Statsforvaltarane er klare til å ta dei oppgåvene som Stortinget vil gi oss i den samanhengen.

Erfaringa har vist at den avgjerande faktoren i krisehandtering, er deling av oppdatert, relevant og samordna informasjon med alle aktørane som må handtere krisa. Og aktørane må handle ut frå at kommunane alltid er i første linje for å handtere dei lokale følgjene av ei krise. Dersom informasjonsflyten frå departement og direktorat er mangelfull og ikkje samordna, fører det til stor frustrasjon og dårleg handtering i kommunane.

I informasjonsflyten er statsforvaltarane eit naudsynt bindeledd. Vi kan både sikre at informasjonen kjem fram til kommunane, og rettleie slik at kommunane forstår og omset informasjonen til praktisk handtering. Vi kan også melde tilbake til den sentrale staten om problemstillingar som ikkje er tenkte gjennom.

Også i 2023 har vi i hovudsak utført embetsoppdraga med akseptable eller gode resultat på ulike fagområde. Likevel nådde vi på nokre område resultatmåla i lågare grad enn vi ønskte, i form av talet på saker handtert. Hovudgrunnane er auke i saksmengd og i vanskegrad, saman med flytteprosessen i Bergen (sjå under) og høgt sjukefråvær på 7 prosent (ned frå 8,2 prosent året før).

I 2023 har vi brukt mykje tid og krefter på å flytte til nye lokale for den største kontorstaden vår i Bergen, der vi har gått over til lokale med opne kontorlandskap utan faste plassar. Mange arbeidstimar har gått med til smått og stort i flytteprosessen. Samstundes har vi hatt store direkte utgifter til rydding av lokale vi var i, til sjølv flyttinga og til kjøp av møblar og utstyr. I alt reknar vi med at flyttinga har kosta om lag 13,5 mill. kroner i direkte utgifter i 2023. Den endelege rekninga for lokalet vi flyttar frå, kjem først i 2024. Vi er takksame for den støtta vi fekk frå Kommunal- og distriktsdepartementet med 6,7 mill. kroner til flyttinga.

Vi enda med eit økonomisk resultat på 117 000 kroner i underskot i 2023. I tillegg hadde vi eit underskot på verjemålsområdet med 3,9 mill. kroner, fordi vi ikkje klarte å ta ned med nok stillingar i 2023.

Vi hadde med oss 7,93 mill. kroner i overskot frå året før, og gjekk difor isolert sett med eit kraftig underskot. Hovudgrunnen er, som nemnt, flyttinga til nye lokale i Bergen. I og med at den totale løyvinga er redusert og vi ikkje vart ferdige med alle utflyttingskostnadene, blir 2024 eit krevjande økonomisk år.

Viktigaste prioriteringar for året

Justering av stillingsplan

Vi har teke inn over oss dei stadig tydelegare signala frå KDD og andre departement, om å bruke tildelinga mest mogleg i tråd med kva ulike departement legg inn. Samstundes har ei kartlegging vist at vårt embete ligg i nedre sjikt på lønsnivå mellom statsforvaltarembeta, og også når vi samanliknar med andre offentlege etatar på våre kontorstadar. Dette fører til at lønsnivået blir nemnt som ein grunn når erfarne tilsette går til andre arbeidsgivarar.

Med brei tilslutning frå organisasjonane har vi kome fram til at vi over to år vil redusere talet på tilsette med 20 (av rundt 260 årsverk), for å skaffe oss rom til å auke lønsnivået og ta høgd for framtidige kutt i budsjetta. Størstedelen av reduksjonen vil skje på fagområda der tala viser at vi brukar mest midlar som går ut over tildelinga frå fagdepartementet, altså oppdrag frå HOD (tilsyns- og klagesaker på helse-, omsorgs- og barnevernsområdet), KDD (medverking i plansaker og klagesaker på plan og bygg), KLD (enkelt saker og verneprosessar på naturmangfald og forureining) og JD (alle sakstypar på verjemål). Vi ventar at denne reduksjonen vil svekkje evna våre til å utføre oppdraga våre på desse områda. På andre sida kan vi styrke kapasiteten på oppdraga for LMD og KUD.

Beredskapsarbeid

Som vi har vore inne på, har både koronapandemien og følgjene av Russlands krig mot Ukraina sett samfunnet på prøve. Vi opplever at kommunane er godt trena i å ta tak i store krisehandteringsoppgåver og utfører dei med godt resultat.

Som vi sa i innleiinga er ein viktig føresetnad at det finst eit regionalt bindeledd mellom den sentrale staten og kommunane, som både kan informere, rettleie og avklare problemstillingar for kommunane, og også kome med innspel frå kommunane til sentralstaten. Under pandemihandteringa innførte vi digitale møte mellom kommunane og oss kvar eller annakvar veke, der vi kunne informere, rettleie og svare ut spørsmål. I tillegg fekk KS, fylkeskommunen, helseføretaka og andre regionale statsetatar ein arena der dei kunne informere og få innspel frå kommunane. Vi har halde fram desse møta kvar månad etter at Russland gjekk til krig mot Ukraina, med flyktinghandteringa som hovudtema.

Barn og unge

Vi har stor merksemd på dei delane av embetsoppdraga som gjeld barn og unge.

På områda helse, sosial, barnevern, barnehage og skule arbeider vi for at samarbeidet med barna blir godt, at dei blir høyrde i si eiga sak og at dei får oppfylt rettane sine. Ein viktig føresetnad er at tenestene for barn er samordna og av god kvalitet. Vi har lagt vekt på å innarbeide barnekonvensjonen i alt vi gjer, og prøver å vere talsperson for at alle tenestene for barn gjer det same. Likevel har alle nivå i samfunnet noko å gå på.

Vidare ser vi at at utviklinga på fleire område går i feil retning, utan at vi klarar å motverke det. På barnevernsområdet er det siste åra avdekt for mange alvorlege saker der det ikkje tidleg nok er fanga opp barn som lir. Vi ser for mange tilfelle der institusjonar ikkje klarar å ta seg av barn som anten rusar seg, skadar seg eller i verste fall tek livet sitt, eller går inn og ut av politiets varetekt. Dessutan ser vi at mange kommunale barnevernstenester ikkje klarar å undersøkje og følgje opp meldingar om mogleg omsorgssvikt etter lovkrava, mellom anna på grunn av vanskar med rekruttering. Vi strekar under at dei tilsette i barnevernet som regel gjer ein god jobb, men det er eit stort press som følgjer med stillingane. Kommuneleiingane har stundom lite innsikt i korleis det står til i tenestene.

Vi arbeider målretta for at barnevernstenestene skal lytte og forstå barna betre. Vi trur det er mykje å vinne for barn og for barnevernstenestene ved å forstå barna betre og innrette hjelpa annleis.

Vi har dei siste åra hatt nokre sær sars omfattande tilsyn med helse-, sosial- og barnevernstenestene i etterkant av saker med alvorlege eller tragiske følgjer, anten fordi sakene har oppstått i vårt fylke eller fordi vi har vore setjstatsforvaltar for saker i Oslo og Viken. Vi har prioritert desse sakene høgt fordi dei har nasjonal merksemd, og vi meiner vi har vore med på å setje nasjonale standardar for tenester. Men tilsyna har gått ut over kapasiteten til å handtere andre saker.

På skulemiljøfeltet har vi siste åra opplevd ein kraftig auke i talet på klager frå barn. Vi arbeider med å få auka kapasiteten for å kunne vurdere sakene utan at det går for lang tid.

Samla vurdert ser det ut som at nedstenginga under pandemien, kanskje kombinert med den overveldande bruken av sosiale medium, gjer at fleire barn og unge fell utanfor, og at dette seglar opp som eit av dei største samfunnsproblema framover.

Klima, naturavtalen og berekraftsmåla

Klimaomstilling har gjennom fleire år vore ei særskilt satsing i embetet, og vil halde fram med å vere det.

Merksemd på økonomisk vekst gjer at utviklinga innan mange samfunnsområde kan kome i strid med berekraftsmåla. Berekraftsmåla har sidan 2021 vore integrert i verksemdsplanen vår, og det vert gjennomført effektivt arbeid på mange oppdrag. Dei er sentrale tema i våre møte med kommuneleiingane, og i vår rettleiing og informasjonsarbeid der særleg samarbeid for å nå måla vert vektlagt. For å betre å oversetje berekraftig utvikling til vestlandsk har ein student frå masterstudiet i berekraft ved UiB vurdert arbeidet vårt. Konklusjonen er forbettringspotensial i kor medvitne vi er om berekraft. I vidare arbeid vil vi gjere eit strategisk utval av dei førande berekraftsmåla for å få ei felles retning for berekraftsarbeidet i heile embetet.

Kommunane har i varierende grad teke i bruk berekraftsmåla. For mange kommunar er vekst i innbyggjartal og arbeidsplassar ein grunnpilar for å kunne tilby gode tenester. Der det er konflikt mellom eit berekraftsmål og vekst, vil ofte utsiktene til vekst vinne.

For å få endå betre gjennomslag for berekraftsmåla, bør staten etter vårt syn også bruke økonomiske verkemiddel, til dømes gjennom inntektssystemet, for å oppmuntre kommunane til å oppfylle berekraftsmåla. Vi treng også enkle og treffsikre verktøy for å kunne måle berekraftsindikatorane i kommunane.

Arealplanar, motsegner og dispensasjonssaker er eit tema mange ordførarar tek opp med oss, eller som lokalpolitikarar kritiserer oss for i media. Diskusjonen gjeld i kor stor grad nasjonale mål som går fram av statlege planretningslinjer, skal liggje til grunn for motsegner i konkrete plansaker. Like eins er det diskusjon om korleis pliktene i Naturavtalen og tradisjonelle naturverneverdiar skal vegast opp mot arealbruk som legg til rette for det grøne skiftet eller ønske om ny næringsverksemd. Vidare blir det reagert når vi klagar over dispensasjonar fordi vi meiner at dei to strenge lovvilkår ikkje er oppfylte. Av dispensasjonane vi klaga på i 2023, gjeld 92 prosent strandsoneverdiar eller jordvern.

Vi prøver alltid å finne løysingar som balanserer omsyna, anten gjennom innspel til planar, i dialogmøte eller i meklingar. Vi vil også nemne at vi i 2024, inspirert av tillitsreforma til regjeringa, lanserte ei prøveordning på eitt år der vi ikkje lenger ber kommunane om å få inn dispensasjonssøknader til høyring. Tanken er å bruke mindre krefter på å uttale oss i konkrete saker, der fråsegnene vår ofte ikkje blir lytta til. Då kan vi bruke meir krefter på å lære opp folkevalde og administrasjon i dei to strenge vilkåra for å gje dispensasjon. Vi vil framleis klage på dei dispensasjonsvedtaka vi meiner set nasjonale eller vesentlege regionale interesser i spel. Sjå meir om plan- og dispensasjonssaker i kapittel 5.1.

Meir målretta kommunedialog

Vi har siste åra teke i bruk den digitale løysinga Kommunebilde for å kunne ha meir systematisk og faktabasert dialog med administrativ og politisk leiing i kommunane. Som regel tar formannskapa del i møta, saman med kommunalsjefar og våre avdelingsdirektørar ut frå aktuelle fagområde. Kommunane gir gode tilbakemeldingar på møta og er oftast samde i våre vurderingar av dei ulike fagområda deira.

Som vanleg har vi hatt ei stor samling for alle kommunedirektørar og ordførarar i fylket, med tema som har sett dagsorden for det vidare arbeidet i kommunane. Vi set stor pris på at den nye kommunalministeren Erling Sande prioriterte å møte kommunane våre på denne samlinga.

Leikanger, 29.02.2024

Liv Signe Navarsete

2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall

2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget

Statsforvalteren er statens representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og Regjeringa blir følgde opp.

I tillegg er Statsforvalteren eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter, med høve til å spele inn saker frå kommunesektoren til sentrale styresmakter.

Statsforvalteren var til årsskiftet administrativt underlagt Kommunal- og distriktsdepartementet, etter årsskiftet Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Dei viktigaste oppgåvene til Statsforvalteren er


- å vere sektorstyresmakt på ei rekkje område, med oppdrag frå 13 departement og ti direktorat og tilsyn
- å vere regional samordningsstyresmakt for statleg verksemd i fylket, særleg for verksemd retta mot kommunane
- å vere rettstryggleikshandhevar som rettleiar, klageinstans og tilsynsstyresmakt for kommunane
- å verke til gagn og beste for fylket og å ta dei initiativa som er påkravd
- å orientere sentrale styresmakter om viktige spørsmål i fylket, og å formidle relevant informasjon til kommunale, fylkeskommunale og statlege organ.

Vi samarbeider med andre statsforvaltarar og med andre etatar på ei rekkje område, både for å få likare praksis og å lære av kvarandre, og for å samordne det offentlege verkemiddelapparatet så godt vi kan.

Med andre statsforvaltarar har vi hatt mellom anna hatt desse samarbeida:

- Nettverk for velferdsfag, med Rogaland
- Sørvestnettverket på barnehage- og utdanningsområdet, med Rogaland, Agder og i nokre tilfelle Møre og Romsdal
- Barnevernnettverk, med Rogaland
- Nav- og sosialnettverk, med Rogaland
- Verjemål, med Rogaland og Agder
- Nettverk om pasient- og brukarrettslova kap. 4 A, med Rogaland
- Helseilsynet i vest-nettverk, med Rogaland
- Tilsyn med spesialisthelsetenesta i helseregionen, med Rogaland
- Bustad for velferd, med Rogaland, Husbanken og andre
- Planlegging av forsøket med overflytting av oppgåver innan bustadsosialt arbeid frå Husbanken, med Rogaland og Nordland
- Akvakultur, med dei andre kystfylka
- Regionale planar for fjellområda, med Oslo og Viken og Vestfold og Telemark
- Kystsonenettverk innan plan og bygg i regi av Miljødirektoratet, med Rogaland
- Fagleg samarbeid om hagebruk med Møre og Romsdal
- Fagleg samarbeid om skogbruk med dei andre kystfylka frå Agder og nordover
- Samarbeid med Viken om midlar til CWD-tiltak på Hardangervidda og Nordfjella
- Nasjonal prosjektleiing av uttak av framande treslag i verneområde, saman med alle embete
- Koordinering av arbeidet med avfallsplanar i hamner på Vestlandet, saman med Rogaland og Møre og Romsdal

2.2 Organisasjon og ledelse



Statsforvaltaren i Vestland har hovudsete på Leikanger, men vi har òg kontorstader i Bergen og Førde. I tillegg har vi åtte tilsette verneforvaltarar med kontor i Gaupne, Aurland, Sandane og Rosendal.

Liv Signe Navarsete er statsforvaltar og Gunnar O. Hæreid er assisterande statsforvaltar. Vi har 296 tilsette, og dette utgjer 262 årsverk.

Vi har seks avdelingar:

- helse, sosial og barnevern (B)
- utdanning og verjemål (B)
- miljø (B)
- kommunal (L)
- landbruk (F)
- organisasjon og strategi (L)

Avdelingane merkte (B) er leia frå Bergen, medan dei andre avdelingane er leia frå Leikanger (L) eller Førde (F). Alle avdelingar og nesten alle seksjonar har tilsette på minst to kontorstader. Dei fire største avdelingane er inndelte i to til fire seksjonar, der halvparten av seksjonane er leidde frå Bergen og halvparten frå Leikanger.

Vi har lagt vekt på å samle arbeidsoppgåver på ein kontorstad der lokalkunnskap eller reiseavstand til kommunane er mindre viktig. For hovuddelen av oppdraga våre er likevel lokalkunnskap og reiseavstand til kommunane så viktig at vi må ha tilsette på fagområda på fleire kontorstadar. Reiseavstandane i det nye fylket er så store at det ville medføre relativt store kostnader eller tap av arbeidstid dersom vi samla alt på ein kontorstad. Frå kontorstadane Bergen, Leikanger og Førde er det gjerne fem-seks timars reisetid med bil til kommunane som ligg lengst unna. Fly er enklaste alternativ mellom Bergen og Leikanger, med kort reisetid og relativt dyre billetter, men alle avgangstidene er ikkje like godt tilpassa kontordagen.

Visjon og verdigrunnlag

Visjonen vår er "Statsforvaltaren gjer staten tilgjengeleg og nær", og verdiane våre er:

- Rettferdig
- Open
- Påliteleg
- Effektiv
- Respektfull

2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Tabellane under viser til nøkkeltal valde av KDD og er tekne ut i samvar med brukarrettleinga for årsrapporteringa. For meir informasjon om nøkkeltala på personalområdet, viser vi til kap. 4.2. For økonomiområdet, viser vi til til kap. 3.4 og leiingskommentaren til årsrekneskapen.

Nøkkeltall

Nøkkeltall	2023	2022
Antall ansatte	296.0	307.0
Utførte årsverk	262.0	263.6
Turnover (%)	5.4	5.8
Sykefravær (%)	7.1	8.2
Samlet tildeling alle poster	758 308.1	736 953.6
Driftsutgifter	231 597.0	223 662.0
Budsjettavvik driftsutgifter (%)	-0.1	3.7
Lønnsandel av driftsutgifter (%)	75.2	78.3
Lønnsutgifter per årsverk	922.1	843.8
Husleie	37 040.0	29 952.0
Journalposter (totalt)	169 188.0	176 836.0

Vi viser til kommentarar under den enkelte tabellen.

2.4 Andre forhold

I desember 2023 tok vi i bruk nye lokale for kontorstad Bergen. Dette har vore eit stort og omfattande prosjekt, både i bruk av tid og økonomiske ressursar. Vi la stor vekt på brukarmedverknad og involvering. Det er difor mange tilsette som på ulikt vis har vore involverte i prosjektet. Vi har også lagt vekt på berekraft og gjenbruk.

Tabellen under viser prosjektkostnader frå prosjektet tok til i 2021. Eventuelt sluttoppgjer for leigetilhøvet for lokala vi flytta ut frå, blir ikkje avklara før i 2024 og er ikkje rekna inn.

Flyttekostnader	849 569
Dobble kostn.	1 079 086
Konsulent (Statsbygg)	1 839 314
Møblar og inventar	4 658 610
Tilpassing nye lokale	3 262 753
Diverse utfyttingskostn.	1 758 003
Reinhald og avfall	74 042
Diverse kostnader	19 072
Sum kostnader	13 540 449

3 Årets aktiviteter og resultater

3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

Hovedmål 1 - Nasjonal politikk er kjent og iverksatt

Vi bruker dei tradisjonelle verktøya tilsyn, klagehandsaming, rettleiing og opplæring for å gjere kjent, setje i verk og følgje opp nasjonal politikk i fylket. Verktøya heng nøye saman fordi klagesaker og tilsyn gir oss kunnskap om kva rettleiing og opplæring vi skal prioritere.

Der vi før heldt ei eller to-tre regionvise samlingar for kommunane i fylket, kombinert med strøyming av dei viktigaste konferansane, har vi under pandemien i hovudsak brukt digitale møte til å formidle nasjonal politikk.

I 2022 og 2023 har det vore stor etterspurnad av fysiske fagsamlingar og møteplassar, for å fremje nettverksbygging og erfaringsutveksling mellom kommunane. Digitale møte gjer det lettare å nå raskt ut til mange med same budskap, men gir dårlegare rammer for kreativitet og dialog. Framover kjem vi til å variere mellom fysiske samlingar og kortare digitale møte. Samla gir dette ein effektiv formidling av statleg politikk og regelforståing. Vårt inntrykk er at nasjonale satsingar og reformer er godt kjende, og at kommunane har planar for korleis dei skal arbeide med å gjennomføre dei.

Viktigaste arenaen for å formidle nasjonal politikk under krisene som koronapandemien og Russlands krig mot Ukraina har framkalla, har vore dei digitale informasjonsmøta for alle kommunane i fylket. Under koronapandemien heldt vi møte stort sett kvar veke, og vi har halde fram med møta, noko sjeldnare, for å informere og utveksle erfaringar om følgjene av krigen i Ukraina. Andre relevante statlege eller regionale aktørar har teke del i møta ut frå tema. Tilbakemeldingane frå kommunane på denne møteforma har heile vegen vore gode.

Vi har også brukt fylkesberedskapsrådet for å formidle og drøfte følgjene av Russlands krig mot Ukraina med andre viktige regionale samfunnsaktørar. Særleg har det vore nyttig å utveksle perspektiv med politiet, Forsvaret og Siviltforsvaret.

I 2023 har vi halde fram den meir systematiske dialogen med einskilde kommunar med utgangspunkt i eit godt gjennomarbeidd faktagrunnlag i kommunebileta.

Også tilsyna våre og klagesakshandsaminga er ein viktig del av arbeidet for å setje i verk nasjonal politikk i fylket. Vi har sett på dagsordenen i eigen organisasjon at eit godt tilsyn er eit tilsyn som har verka, i den forstand at det har ført til varig forbetring dersom det er naudsynt. For å sikre at tilsyn verkar, må vi arbeide med korleis tilsynsobjektet følgjer opp tilsynet. God formidling og klart språk i tilsynsrapportar og klagesaker er viktig for private partar, men også for at kommunane og andre tilsynsobjekt skal bli kjende med den nasjonale politikken som er nedfelt i lovverket.

Hovedmål 2 - Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå

God samordning og samhandling i statleg verksemd på regionalt nivå er ein viktig faktor for å få til gode resultat på levekårsindikatorane i eit fylke. Særleg på større samansette område og såkalla uløselege problem (wicked problems) som klima, barnefattigdom, integrering eller mobbing er det avgjerande med god samordning mellom ulike organ som har ein aksje i problemet.

Statsforvaltaren er, med eit breitt arbeidsfelt i embetet og med det særskilte samordningsansvaret for den regionale staten elles, i førar-setet for å samordne statleg regional verksemd overfor kommunane. Dette ansvaret vert endå viktigare når stadig fleire statlege etatar avviklar regionnivået, slik Skatteetaten, Vegvesenet, NVE og IMDi har gjort. Difor legg vi stor vekt på samordningsrolla vår, både internt og overfor andre statsetatar. Eksternt er det i tillegg til statlege etatar viktig å samordne oss med fylkeskommunen, KS og andre overordna aktørar, avhengig av livsområde.

Under kriser som koronapandemien og følgjene av Russlands krig mot Ukraina er samordningsrolla til statsforvaltarane avgjerande for handteringa i kommunane. Vi viser til hovudmål 1 for ei orientering om kva vi gjer overfor kommunane.

Vi har frå 2021 sett i verk forsøket med å leggje oppgåver frå Husbanken i avdelinga "kommune og marknad" over til Statsforvaltaren, som eit treårig prøveprosjekt. Vi har samarbeidd tett med Husbanken i fleire år om Bustad for velferd. Likevel er det fleire synergjar å hente når vi koplar rettleiingsoppgåvene i Husbanken til den breie kontaktflata vår mot kommunane, og tett saman med oppgåvene våre innanfor, plan, helse, rus, Leve heile livet, sosiale tenester og kommuneøkonomi.

Internt i embetet har vi grupper på tvers av avdelingane for klimaarbeid og Leve heile livet / Bu trygt heime-reforma for å sikre betre alderdom.

Vi brukar FNs berekraftsmål som grunnlag for embetsoppdraga.

Vidare har særleg helse-, sosial- og barnevernsavdelinga tett samarbeid med utdanningsseksjonane og planseksjonen for å ta vare på interessene til barn og unge.

Det interne planarbeidet inneber ei omfattande samordning av interesser og innspel frå m.a. fagområda

- naturmangfald
- jordvern
- klimautslepp
- klimatilpassing
- samfunnstryggleik

- folkehelse
- barn og unge
- bustadsosialt arbeid
- Leve heile livet / Bu trygt heime

Overfor eksterne aktørar driv vi med samordnande arbeid på mange måtar. Døme kan vere:

På planområdet har vi eit godt og nært samarbeid med andre statlege styresmakter og med fylkeskommunen. Vi samordnar motsegner frå statsetatar til kommunale planar, der vi legg stor vekt på å kome til løysingar som både statsetaten og kommunen kan leve med utan at vi tek i bruk retten til å avskjere motsegnene. Vi opplever at ordninga med utvida dialog i høyringsfasen, med tilbod om dialogmøte før vi tek endeleg stilling til om motsegn skal fremjast, svært ofte blir nytta av kommunane. Måla med ordninga, raskare planprosessar, betre planar og færre motsegner, blir i stor grad nådd. Fylkeskommunen har høve til å stille i dialogmøta, dersom dei ønskjer det.

Vi samordnar regionale tilsynsaktørar i den forstand at vi informerer og oppmodar om å ta i bruk den nasjonale tilsynskalenderen og vi drøftar tilsynsmetodar. Tilsynskalenderen gir både oss og kommunane god oversikt over når ulike tilsyn skal haldast og det er høve til å endre tidspunkt dersom vi ser at ein kommune får mange tilsyn i same tidsrom. I planlegginga av tilsyn for 2024, som vart gjort i desember 2023, har ingen kommunar meldt om for sterkt trykk med tilsyn i same tidsrom. Vi har også hatt møte med sekretariata for kontrollutvala til kommunane i fylket, saman med dei andre statlege tilsynsetatane. Dette gav oss nyttig informasjon om og høgare merksemd på korleis dei statlege tilsynsetatane kan ta omsyn til planlagde forvaltningsrevisjonar i kommunane, og vi har utsett eller avlyst tilsyn etter at vi fikk vite om at kontrollutvala planla forvaltningsrevisjon om eit liknande tema.

Vi samordnar arbeid med utsette barn og unge mellom utdanning og helse-, sosial- og barnevernsområda hjå Statsforvaltaren og Bufetat, Nav, spesialisthelsetenesta, KS, Husbanken og fylkeskommunen. Vi gjennomfører denne utvekslinga når vi får det førebelse tildelingsbrevet slik at det får konkrete følgjer for verksemdsplanlegging hos oss og andre. I møtepunkta legg aktørane fram sine planlagde aktivitetar for å få ei så samla oversikt som råd er. I mange år har vi leia den felles satsinga Bustad for velferd, med Husbanken som sekretariat og dei viktigaste regionale velferdsetatane som deltakarar. Denne satsinga har vi i 2023 ført vidare til eit forum med ein breiare inngang, som saman, på leiarnivået, kan definere og ta tak i ulike problem på velferdsområda. På møtet i 2023 var tenester til flykningar i Ukraina eit hovudtema.

På samfunnsstryggleiks- og beredskapsområdet samordnar vi offentlege og private beredskapsaktørar, først og fremst gjennom fylkesberedskapsrådet, der samansetninga kan variere ut frå kva krise som skal handterast. Både rett i forkant og etter at Russland gjekk til krig mot Ukraina, har vi hatt hyppige møte i fylkesberedskapsrådet.

På miljø- og landbruksområda har vi, avhengig av fagfelt, jamleg kontakt med Mattilsynet, fylkeskommunen, Fiskeridirektoratet, NVE, Kystverket, Statens naturoppsyn, Arbeidstilsynet, Innovasjon Noreg og Vegvesenet, for å samordne oss. Frå 2020 fekk fylkeskommunen ansvar for å forvalte midlane for tilrettelegging for næringsutvikling i landbruket, som vi har hatt før. Vårt etablerte samarbeid med fylkeskommunen og Innovasjon Noreg gav ein god overgang.

Vi har tilsynsansvaret for tre helseføretak og fleire private aktørar. Dei er ein viktig del av tenestene til innbyggjarane, og god samordning av tenestene mellom aktørane er ofte avgjerande. Siste åra har vi hatt ein stor auke i talet på hendingsbaserte tilsynssaker.

På landbruks- og miljøområdet samarbeider vi godt med Mattilsynet om dyrevelferd og smittsame sjukdomar. Vi har også godt samarbeid med NVE om forvaltninga av vassdrag etter vassrammedirektivet, mellom anna om å unngå forureining frå landbruk. På landbruksområdet samarbeider vi med Mattilsynet, Innovasjon Noreg og fylkeskommunen om næringsutvikling i landbruket.

Hovedmål 3 - Rettssikkerhet er ivarettatt på en enhetlig måte

Vi har gjennomarbeidde rutinar for saks- og klagehandsaming som skal sikre einskapleg og rett sakshandsaming. Å vareta rettstryggleik inneber òg at vi gjer risikovurderingar som grunnlag for tilsyns- og informasjonsarbeidet vårt. Dette har vi arbeidd mykje med. Vi meiner vi treffer med risikovurderingane, ettersom tilsyna i stor grad avdekkjer regelbrot, og det er stor oppslutnad om embetet sine kurstilbod om regelverk.

For dei ti statsforvaltarembeta er det problematisk at vi stundom praktiserer dei same reglane ulikt. Vi er glade for at Kommunal- og distriktsdepartementet sette i gang Vidsyn-programmet, som gjer til at embeta kjenner kvarandre betre på tvers, og difor også kan hjelpe embeta til å få likare praksis.

Vi vil også framheve det arbeidet Helsetilsynet gjer for å samordne praksis mellom embeta i tilsyn og saker om rettar for sårbare og utsette grupper.

Tradisjonelle tiltak for å sikre felles lovtolkning på tvers av embeta har vore:

- Fagsamlingar for sakshandsamarane, med fagdirektorat som skipar.
- Fagsamlingar eller nettverk for sakshandsamarane mellom nokre få embete, skipa av embeta sjølve. På utdannings- og verjemålsområda har vi til dømes etablert samarbeidsstrukturar med sørvest-fylka for å kvalitetssikre og kalibrere rettsforståinga, både på leiarnivå og for sakshandsamarar.
- Utarbeiding av rundskriv og rettleiarar frå fagdirektoratet.
- Utsending av prinsippavgjerdar eller tolkingsfråsegner frå fagdirektoratet.

Slike tiltak må halde fram. Erfaringane under koronapandemien har vist at det er lett å halde korte videomøte som når mange på ein gang. Til dømes på barnevern og helse, har fagdirektorata tatt initiativ til å halde jamlege informasjonsmøte om status og varetaking av behov hos brukarane, og som del av dette avklarings og informasjon om tolking av regelverk. Men slike tiltak er neppe nok. Vi saknar til dømes felles fagsystem der vi også kan få oversyn over praksis mellom embeta i konkrete saker. Her kjenner vi til at Helsetilsynet har konkrete planar om eit fagsystem, men det trengst midlar frå fleire

hald enn Helsetilsynet for å finansiere utviklinga. Når eit fagsystem er utvikla på eitt område, bør det kunne tilpassast og takast i bruk også på andre område under statsforvaltarane.

Elles tek vi opp att oppmodinga frå tidlegare år, at når eit fagdirektorat skipar fysiske fagsamlingar, ønskjer vi at samlinga også vert strøymt slik at fleire kan følgje samlingane frå kontoret. Vi må alltid sjå nøye på kor mange vi sender til fagsamlingane, men det kostar oss langt mindre å følgje strøymingar. Nokre fagdirektorat er flinke til dette.

Internt har vi sett i verk slike tiltak for å sikre einskapleg lovtolkning:

- tilsynsgruppe med representantar frå alle avdelingar
- forvaltningsrettsgruppe med representantar frå alle avdelingar
- interne presedensarkiv på ulike fagområde
- faggrupper innanfor avdelingane som går gjennom praksis i embetet og kjelder som kjem utanfrå, til dømes tolkingsfråsegner, rundskriv og fråsegner frå Sivilombodet
- sidemannskontroll
- låg terskel for å kontakte fagdirektorat eller andre embete
- opplæring i statsforvaltarrolla for nyttilsette

For kommunane har vi som nemnt jamleg samlingar der vi tek opp allmenne problemstillingar på område der vi gjennom klagesaker eller tilsyn avdekkjer mangelfull eller ulik lovtolkning. Og etter koronapandemien har vi, som nemnt over, gjort om ein del slike samlingar til digitale korte fagmøte som har god deltaking.

Innføringskurset i forvaltningsrett for kommunale sakshandsamarar som Universitetet i Bergen har utvikla i samarbeid med oss, hevar rettsryggleiken rundt om i kommunane.

Vi erfarer at Nav-saka om norsk regelverk i strid med EØS-rett og EMD-dommane i barnevemssaker, har ført til mistillit mot kommunane. Utdøringar knytte til forståing og praktisering av internasjonal rett i forvaltninga, strekkjer seg utover desse sakene. I vårt arbeid ser vi mellom anna at mange aktørar har ei manglande forståing av barnekonvensjonen. Ei av utfordringane er at barn framleis ikkje får oppfylt retten til å bli høyrde, og ein direkte konsekvens er at rettstryggleiken til borna blir svekt. At born blir høyrde på rett måte, er i mange saker ein føresetnad for at forvaltninga skal klare å hjelpe dei. På utdanningsområdet ser vi at barnets beste for sjeldan er ei eiga vurdering i kommunale vedtak. Det er ei tillitsutfordring dersom forvaltninga ikkje er i stand til å forstå og innarbeide internasjonal rett, og praktisere i samsvar med denne.

3.1.1 Nasjonal politikk er kjent og iverksatt

3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

Dei fleste av dei 43 kommunane i Vestland har hatt høg planaktivitet også i 2023, og det er vanskeleg å svare nøyaktig på om planlegginga samla sett førte til meir bærekraftig, trygg og framtidretta samfunnsutvikling og arealbruk. Sett over tid opplever vi at plankvaliteten i mange kommunar har vorte betre, og forståinga og aksepten i samfunnet for plansystemet er vesentleg betre enn tidlegare. Vårt klare hovudinstrykk er at mange viktige samfunnsoppgåver vert samordna godt og løyste i den kommunale planlegginga, men dersom målet er ei fullt ut miljømessig, sosial og økonomisk bærekraftig samfunnsutvikling, styrt gjennom gode kommunale og regionale planar, har vi framleis vesentlege utfordringar.

Mange kommunar har hatt mindre framdrift enn ønskt i rulleringa av arealdelen til kommuneplanen. Hovudinstrykket er likevel at det no skjer mykje godt arbeid med overordna planlegging og at berekraftsmåla generelt, og kanskje særleg dei nasjonale føringane for samfunnsryggleik, sosial berekraft og klima, vert trekte fram som føringar ein ønskjer å leggje vekt på i planprosessane. Slik sett vurderer vi at vi ser ei forbetring opp mot dei nasjonale måla.

Vi la også i 2023 stor vekt på å formidle nettopp innhaldet i berekraftsmåla i vår medverknad i kommunale planprosessar. Særleg i Bergen og i vekstkommunane kring Bergen legg vi stor vekt på å formidle at nye kommuneplanar og større reguleringsplanar må vurdere arealbruken på nye måtar, i lys av statlege forventningar på områda arealbruk og transport, klima, jordvern og strandsone.

Elles la vi mykje ressursar i planprosessar for sjøareal. Vi opplever framleis at nasjonale miljømål og rammer er overskridne med tanke på tilstanden i sjøområda i fylket, og at dette igjen gir vesentlege berekraftsutfordringar som må løftast fram og handterast i kommunale og interkommunale planar.

Talet på dispensasjonssaker har, trass i tydeleggjering av lovverk og statleg politikk og retningslinjer, halde seg svært høgt gjennom året, med ein liten nedgang samanlikna med 2022. Vi vurderer framleis at det høge talet på fråvik frå gjeldande planar og lovføresegner utfordrar måla om bærekraftig arealbruk og undergrev overordna, juridisk bindande planar som styringsreiskap. Statsforvaltaren klaga i 2023 på ein vesentleg lågare del av innvilga dispensjonar enn tidlegare. Der vi nyttar klageretten, er det fordi vi har vurdert at konkrete omsyn som ligg til vårt fagoppdrag vert råka. Vi har i noko mindre grad enn tidlegare klaga på vedtak som først og fremst har juridiske manglar (plankrav, ikkje oppfylte vilkår etter paragraf 19, manglande oppdatering av eldre planar m.v.).

Vi meiner at innsatsen vår er viktig for å rettleie om og samordne kommunale, regionale og statlege mål for samfunnsutviklinga. Sjølv om det til tider er mykje merksemd på einskildplanar og -saker, opplever vi likevel at kommunane etterspør og set stor pris på medverknad og hjelp frå oss.

Nedanfor viser vi, til orientering, hovudtala frå planmedverknaden vår i 2023. For samanlikninga si skuld er tala frå 2022 vist i parentes.

Tal saker på høyring

4343 (5058)

Tal kommune(del)planar – oppstart

10 (12)

Tal kommune(del)planar – offentlig høyring – omfattar også samfunnsdelen og tematiske planar

24 (20)

Tal reguleringsplanar – oppstart

148 (206)

Tal reguleringsplanar – offentlig ettersyn

156 (140)

Tal planar med motsegnspunkt frå statlege etatar inkl. Statsforvaltaren

78 (47) – av desse ni kommune(del)planar

Tal planar med motsegnspunkt frå Statsforvaltaren (andre kan også ha motsegn)

60 (38) – av desse ni kommune(del)planar

Tal planar der berre Statsforvaltaren har hatt motsegn (utan at andre statsetatar har hatt motsegn)

32 (21) – av desse null kommune(del)plan

Tal planar med motsegnspunkt berre frå andre statsetatar utanom Statsforvaltaren

18 (9) – av desse ingen kommune(del)planar

Tal planar med motsegn frå Statsforvaltaren

24 (26)

Vi hadde 260 aktuelle motsegnspunkt oppe til drøfting. Vi enda med 94 motsegnspunkt, det vil seie ein stor reduksjon i motsegnspunkt, men framleis motsegn i 24 av 60 planar (mot 26 av 38 i 2022). Vi hadde 64 prosent reduksjon i motsegnspunkt i 2023 mot 31 prosent reduksjon året før. I dei aller fleste sakene fører dialogmøta fram, slik at kommunane jobbar vidare og forbetrar planen, før vi får han til nytt gjennomsyn.

Tal motsegnsaker til mekling

Vi mekla i 12 (fem i 2022) plansaker, i 12 meklingsmøte (seks i 2022). Åtte meklingar førte fram, to delvis og to førte ikkje fram.

Tal motsegnsaker til departementet

Ingen saker til departementet (mot tre i 2022)

Dispensasjonssaker på høyring

1917 (2185)

Dispensasjonsvedtak til klagevurdering

1905 (2319)

Tal påklaga dispensasjonsvedtak

77 (154) (4 prosent) (mot 6,6 prosent i 2022 og 5,6 prosent i 2021)

Grunngjeving for klager

57 (112) strandsone

6 (12) jordvern

8 landbruk

6 (6) ROS (3/1)

1 (5) vassdrag

3 (8) natur – utanom paragraf 1-8

2 (6) friluftsliv utanom paragraf 1-8

2 (8) brot på plankrav

1 brot på sakshandsamingsreglar

Fleire tema kan gå att som klagegrunn i same sak.

Nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene har god kunnskap om nye Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027, vedtatt ved kgl. res. 20. juni 2023 og nye statlige planretningslinjer for samordnet bolig, areal- og transportplanlegging.

Vi har som før formidla dei nasjonale og viktige regionale omsyna gjennom medverknad i planprosessar. Vi deltek fast i Regionalt planforum, ulike plannettverk og på regional plankonferanse. Vi har òg hatt møte på leiarnivå med kommunar, der planlegging har vore tema, og vi har halde om lag 60 dialogmøte om konkrete planframlegg.

Vi prioriterte også i 2023 så tidleg medverknad som råd, men vi ser at denne medverknaden ikkje fullt ut kan erstatte dialogmøte, motsegn og klager på ein del dispensasjonar, dersom vi skal unngå at vesentlege statlege omsyn vert sette til side.

Vi har medverka i større eller mindre grad i alle planema som har statlege føringar bak seg. I 2023 har vi hatt merksemd på korleis kommunane i planlegginga kan medverke til å oppfylle berekraftsmåla.

Vi opplever at kommunane særleg har hatt utfordringar med å vareta måla for samordna bustad, areal og transportplanlegging, meir effektiv arealbruk, klima, berekraftig planlegging av sjøareal, støy, jordvern, heilskapleg vassdragsplanlegging, barn og unge sine interesser og naturmangfald.

Den særskilde satsinga på å formidle statleg politikk innan sosial bustadbygging (jf. prøveprosjekt bustadsosialt arbeid frå 1. september 2021 og ny bustadsosial lov) har halde fram, og koplinga mot planlegging er framheva i innspel til planar og i den direkte dialogen med kommunane.

Vi opplever at kommunane i varierende (middels) grad har kunnskap om dei planemaa der vi har eit medverknadsansvar. Dialogmøta har difor vist seg som ein svært god arena for å dele kunnskap og å gjere planane betre. Andre, særleg større kommunar, har god kompetanse på dei fleste planemaa.

Når kommunen og statlege styresmakter av og til er usamde, er det ofte reine prioriteringsomsyn frå kommunane si side, altså ein reell konflikt mellom statlege og lokale interesser.

Det er vanskeleg å peike konkret på alle samanhengane mellom innsatsen vår og observert aktivitet, men vi legg til grunn at innsatsen vi legg ned har gitt betre samsvar mellom kommunale og statlege og regionale mål for planlegginga. At svært mange aktuelle motsegnspunkt vert unngått eller løyste i dialog med kommunane, i alle planfasar, meiner vi taler for at vår medverknad i betydeleg grad gjør planane betre og samfunnsutviklinga meir berekraftig.

Nye digitale løysingar for samhandling med kommunane har gjort oss meir effektive. Vi trur at ei vidare satsing på digitale verktøy og møtepunkt vil gjere oss endå meir målretta og effektive. Vi ser at digitale møte, webinar o.l. er etterspurte av kommunane og at rettleiinga vår på slike plattformer vert sett stor pris på. Difor planla vi webinarserien «Planveka» i 2023 og gjennomførte denne på nyåret 2024, med svært god påmelding og deltaking.

Vi ser elles at fleire kommunar framleis har ein uheldig dispensasjonspraksis, noko som i seg sjølv kan undergrave målet om ei berekraftig og planstyrt utvikling og svekke rettstryggleiken. I 2023 utvikla vi ei forsøksordning for 2024 med endra rutinar i høyringsfasen.

Når det gjeld andre aktørar, ser vi at staten i stor grad og med få unntak framstår samla og samordna på regionalt nivå. Vi opplever sjeldan mål- eller interessekonfliktar i plansakene, som ikkje ev. let seg løyse i den samordninga som skjer i og rundt dialogmøta eller i andre samanhengar. Samarbeidet med Vestland fylkeskommune er også godt på planfeltet.

Ivaretagelse og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser (fra kapittel 3.1.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Nasjonale og viktige regionale interesser er ivaretatt i kommunale og regionale planer.

Her viser vi til kap. 3.1.1.1 og til andre punkt i rapporten der dette er omtalt. I sum kan det vanskeleg seiast at statlege og viktige regionale interesser vert meir enn middels godt varetekne i kommunale og regionale planar. Særleg i lys av den auka merksemda vi ser på behovet for å følgje opp klima- og naturavtalane.

Utan innsatsen vi legg ned i samordning, rettleiing og dialog om planar og dispensasjonssaker, og i tillegg avgrensa bruk av motsegn og klager, ville avvika vore større.

Elles vektlegg vi òg at det lokale sjølvstyret skal ha stor vekt. Dette ser vi att ved at det sjeldan er behov for å mekle i plansaker, og vidare at det er svært få saker som blir sendt vidare til KDD (ingen planar i 2023).

Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.1.2.2 i TB)**Rapportere på**

Statlige innsigelser er blitt færre og er samordnet.

Vi følger framleis det tilrådde opplegget til KDD for samordninga. Vi legg stor vekt på å invitere kommunen til dialogmøte for planar der vi eller andre statsetatar vurderer at kan vere i strid med statlege omsyn. I desse møta legg vi òg stor vekt på å lytte til kommunane sitt syn, slik at det ikkje vert fremja fleire motsegner enn det som i ettertid vert vurdert som naudsynt.

I 2023 avskar vi ei statleg motsegn (Bane NOR – reguleringsplan for bybanen i Bergen). Men svært mange motsegns punkt vart som før løyste i den utvida dialogen i høyringsfasen.

Vi meiner at måla med samordninga, raskare planprosessar, betre planar og færre motsegner, framleis vert nådde. Vi har elles gode erfaringar med å invitere fylkeskommunen med på dialogmøte i saker der også dei har vesentlege interesser.

Oppfølging av samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Samfunnssikkerhet er ivaretatt i alle planer etter plan- og bygningsloven.

Så godt som alle kommunane har etterkvart stor forståing for behovet for ROS-analysar i arealplansamanheng, særleg knytt til førebygging av naturgjevne hendingar. Biletet er noko meir brokete når det gjeld verksemdsbasert risiko/sårbarheit og viljestyrte hendingar, men òg her møter vi stor grad av forståing hos kommunane når vi gjer merksam på slike problemstillingar.

Det er framleis ei utfordring at dei fleste arealplanane (områderegulering og detaljregulering) vert utarbeidde av private aktørar, som nok ofte er meir opptekne av andre ting enn samfunnstryggleik. Likevel vert det (meir eller mindre) utan unntak laga ROS-analysar i alle arealplansaker etter plan- og bygningslova, og der heilskapleg ROS-analyse inngår som del av kunnskapsgrunnlaget. Tilsvarande blir det etter kvart i større grad òg gjort ROS-vurderingar i dispensasjonssaker.

Vi har særleg merksemd på rettleiing og oppfølging av kommunane sine overordna planar, m.a. kommunal planstrategi og kommuneplanens samfunnsdel. Dette er for å sjå til at kommunane har oversyn over utviklingsstrekk og sentrale utfordringar på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Vidare skal dette oversynet nyttast som grunnlag for å utarbeide mål og strategiar, og såleis leggjast til grunn for prioriteringar og gjennomføring av tiltak.

Som følgje av denne prioriteringa er samfunnstryggleiks- og beredskapsomsyn gitt særskilt merksemd i fråsegnene til alle overordna planar etter plan- og bygningslova. Dette vert òg følgt opp i planforumsmøte og i direkte dialog med kommunane.

Vi har i oppfølgings- og rettleiingsarbeidet lagt vekt på at kommunane må kunne vise til heilskapleg og systematisk tenking rundt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, frå visjonsnivå, via mål og delmål, til konkrete handlingsplanar med tilhøyrande løyvingar (budsjett), og avslutningsvis tilbakemelding på måloppnåing (t.d. gjennom årsrapporten). Vi har m.a. lagt til grunn forventningane i KDD sitt rundskriv H-5/18 "Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesak" for dialogen med kommunane. I arealplansamanheng har vi i tillegg lagt til grunn DSB-rettleiaren "Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging". Vi nyttar òg Meld. St. 5 (2020-2021) "Samfunnssikkerhet i en usikker verden" som grunnlag for rettleiinga.

Erfaringane er at dei fleste kommunane tek rettleiingane og tilbakemeldingane våre på alvor og prøvar å integrere dei i planarbeidet.

Vi registrerer elles at ulike måtar å definere akseptkriteria på fører til utfordringar for mange kommunar/planleggjarar. T.d. nyttar NVE tryggleiksklassar (og attpåtil ulik inndeling for flaum og skred basert på konsekvenskategori), medan DSB viser til ei inndeling for planROS og ei anna inndeling når det gjeld storulykkeverksemd (risikokonturar). I andre samanhengar kan det kanskje vere meir relevant å nytte verddivurdering som metode. Vi vurderer at det hadde vore føremålstenleg ned ei felles metodisk tilnærming der det er mogeleg.

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 3.1.1.1.3.2 i TB)**Rapportere på**

Hensynssoner med tilhørende bestemmelser rundt storulykkevirksomheter er ivaretatt i kommunale planer når planer revideres/rulleres.

Vi følger opp storulykkerisiko i alle planar der vi ser at problemstillinga er relevant. Vi registrerer framleis at kommunane ofte treng ekstra rettleiing på dette området.

Vi har elles stor merksemd på denne problemstillinga i vårt generelle rettleiingsarbeid og i våre planfråsegner. Alle storulykkesverksemdar blir no vurderte opp mot behovet for omsynssoner i plankart med tilhøyrande føringar i planføresegnene. Vår aktivitet og oppfølging har ført til at kommunane no har vesentleg meir merksemd på denne typen problemstillingar enn for berre få år sidan. Andre aktørar, som t.d. Statens vegvesen og Forsvaret, har også bidratt godt til denne utviklinga.

Generelt skulle vi nok òg ønske at samfunnstryggleiksomsyn fekk meir merksemd i handsaminga av dispensasjonssaker, og det gjeld ikkje berre

oppfølging av storulykkerisiko. Ein del kommunar er ikkje kjende med at ein dispensasjon frå arealplanen ikkje gjev høve til å dispensere frå sakshandsamingsreglar som til dømes krav til ROS-analysar.

Sist, men ikkje minst, er vurdering av risiko og sårbarheit knytt til farleg stoff (som ikkje er underlagt storulykkesforskrifta) eit område der det framleis er stort rom for betring. Dette blir i for liten grad følgt opp av kommunane, og vi har ofte ikkje god nok lokalkunnskap til å fange opp eventuelle relevante utfordringar ved denne typen problemstillingar.

Vi har elles vore i tett dialog med fleire kommunar og private aktørar om denne typen problemstillingar i løpet av året som har gått.

Vi hadde ønskt at DSB i samband med innvilging av løyve til oppbevaring av farleg stoff, gjorde særskilt merksam på at slike løyve fører til eit særleg oppfølgingsansvar for kommunen, jf. t.d. rettleiinga til § 36 i eksplosivforskrifta der det står:

DSB gir en tillatelse til oppbevaring av eksplosiver etter bestemmelser i eksplosivforskriften, men hvor kommunen forvalter arealene i sin kommune. Rundt et eksplosivlager er det imidlertid ikke mulig å etablere et tilfredsstillende sikkerhetsnivå uten at det etableres arealmessige begrensninger rundt anlegget og det er dette som medfører at LNF-områder, utfra DSBs ståsted, er ansett å være velegnet til denne type lagring. I henhold til brann og eksplosjonsvernloven § 20 skal slike arealmessige begrensninger fastsettes etter bestemmelsene i plan og bygningsloven, der kommunen finner det hensiktsmessig. I praksis vil det si gjennom etablering av hensynssoner etter plan og bygningslovens § 11 8.

Vi ser ofte at kommunen ikkje gjer slike vurderingar når DSB har gitt løyve, og då oppfattar nok kommunen at alt er i orden.

Vi registrerer òg utfordringar til i kva grad kommunane ønskjer å teikne inn omsynssoner for storulykkeverksemdar (t.d. eksplosivlager) i plankartet, fordi dei av tryggleiksomsyn ikkje ønskjer å offentleggjere informasjon om og kvar desse anlegga er lokaliserte.

Risiko ved etablering av anlegg (fra kapittel 3.1.1.1.3.3 i TB)

Rapportere på

Hensynet til samfunnssikkerhet fanger opp risiko ved etablering av anlegg for nye energibærere og endret håndtering av farlige stoffer, inkludert fortetting av industriområder og endring av transportmønstre.

Av samfunnstryggleiksomsyn følger vi langt på veg opp eventuell risiko ved etablering av anlegg for nye energibærarar og endra handsaming av farlege stoff, inkludert fortetting av industriområde på same måte som vi følgjer opp eventuell storulykkeproblematikk. Vi har jamleg møte med kommunane der denne problemstillinga er relevant. I vår rådgjeving understrekar vi at det i slike høve må kome på plass gode ROS-analysar, og ikkje minst at kommunane bør stille tydelege kompetansekrav til dei som utarbeider desse ROS-analysane. Vi minner òg om at kommunane må vurdere ev. domino-effektar der det er relevant.

Endra transportmønster for farlege stoff har vi i mindre grad oversyn over.

Nasjonale og vesentlige regionale miljøinteresser formidlet i tråd med T-2/16 (fra kapittel 3.1.1.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Nasjonale og vesentlige regionale interesser i tråd med revidert T-2/16 er i større grad ivarettatt

I dialogen vi har hatt med kommunane om aktuelle motsegnspunkt, og i vår vurdering av grunnlag for konkrete motsegner, handlar det ofte om omsyna som skal vere varetekte etter rundskriv T-2/16.

Vi ser at retningslinjene i middels grad er kjende og aktivt tekne i bruk som rammer og føringar for planarbeidet i fylket. Vi legg difor stor vekt på å rettleie om retningslinjene, minne om at dei bør leggjast til grunn allereie frå oppstartsmøta i kommunane og vi nyttar dei aktivt som forankringsgrunnlag der det er aktuelt med motsegn på miljøområdet. Innhaldet i rundskrivet ligg òg til grunn for den generelle rettleiinga vår til kommunane, og vert nytta som grunnlag for medverknaden vår i regionalt planforum.

Kommunene har god kunnskap om ansvar på det boligsosiale feltet (fra kapittel 3.1.1.1.5.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene har god kunnskap om sitt ansvar, blant annet gjennom ny lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet.

Kommunane har god kunnskap om ansvaret for mellombels bustad som følgjer av helse- og sosiallovgevinga. Som omtalt i 3.1.1.1.5.2 i rapporteringa er det ønskjeleg at fleire kommunar i større grad tar bustadsosiale omsyn i planarbeidet.

Den nye lova legg blant anna meir ansvar hos kommunane for kunnskapsgrunnlag, planlegging, tverrfagleg samarbeid, tenester basert på behovet til den enkelte, enkeltvedtak, mv. Nokre kommunar er usikre på i kva grad dette ansvaret er venta å føre til endra sakshandsaming og planlegging.

For å bidra til kunnskap om den nye lova har vi i løpet av 2023 arrangert ein webinarserie om bustadsosial planlegging med stor deltaking frå kommunane. Vi har òg utarbeidd ei ny sjekkliste for bustadsosiale omsyn i plan. Sjekklista vil bli tilgjengeleg for kommunane slik at dei kan bruke denne i eige

planarbeid.

Boligsosiale hensyn i plan (fra kapittel 3.1.1.1.5.2 i TB)

Rapportere på

Boligsosiale hensyn er ivaretatt i kommunale planer.

Vi har i 2023 arbeidd med å få oversikt over kommunane sitt arbeid med å ta bustadsosiale omsyn i planarbeidet. Vi har gått gjennom alle planane i kommunane. Ein oversikt utarbeidd i Kommunebildet viste at 9 av 43 kommunar i Vestland (21 prosent) i betydeleg grad har teke bustadsosiale omsyn, dvs. i overordna planar og temaplanar, 25 kommunar (58 prosent) har i middels grad teke bustadsosiale omsyn, medan 9 kommunar (21 prosent) berre i liten grad har teke bustadsosiale omsyn.

Erfaringane viser så langt at mange kommunar har starta opp arbeid med å rullere eller utarbeide nye bustadsosiale handlingsplanar. Dei tek òg opp bustadsosiale utfordringar i kommuneplanar og i meldingar om oppstart av til dømes arbeid med nye planstrategiar. At nye planar i større grad enn eldre planar har teke bustadsosiale omsyn, er truleg påverka av merksemda vi har hatt på dette området.

Nokre få kommunar har no valt å utarbeide ein bustadplan, det vil seie ein plan der dei inkluderer planlegging av bustader for folk flest saman med bustader for vanskelegstilte. Vi har prioritert å gi innspel om bustadsosiale omsyn i planar til høyring, og vi har tatt opp bustadsosiale omsyn i alle kommunemøte og elles i oppfølginga av kommunane. Vi gir òg bistand direkte inn i arbeidsgrupper i kommunane som har ansvar for dette planarbeidet.

Rekruttering og kompetanseplanlegging innen helse- og omsorgsområdet (fra kapittel 3.1.1.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Rekrutterings- og kompetanseplanlegging ivaretas godt i samfunnsplanarbeidet i kommunene.

Vårt inntrykk er at kommunane er godt kjende med eigne utfordringar med kompetansesituasjonen i tenestene og rekruttering av helse- og omsorgspersonell. Fram til no har vi hatt liten etterspurnad frå kommunane om hjelp til arbeidet med eigne planprosessar.

Samstundes ser vi i samband med tilskotsforvaltinga at 23 av 34 kommunar som søkte om kompetanse- og tenesteutviklingstilskot i 2023, svarta at dei har utarbeidd eigne kompetanseplanar. I alt 14 av kommunane med utarbeidd planar svarta at dei har kompetanseplanar som er politisk vedtekne.

I samfunnsplanar og planprogram vi får på høyring ser vi at tema som demografi, arbeidskraft, kompetanse, organisering av tenester og rekruttering blir løfta til eit overordna nivå. Det kan vere naturleg at kommunane omtalar dette innanfor fleire av ansvarsområda dei har. I fråsegnene vi gir, peikar vi likevel på at kompetanse og rekruttering i helse- og omsorgstenestene spesielt, blir løfta inn i samfunnsplanarbeidet for å sikre naudsynt merksemd.

Vi tek kommunane sitt systematiske arbeid med rekruttering og kompetanseplanlegging i helse- og omsorgstenestene, og behovet for å løfte temaet inn i samfunnsplanarbeidet, opp på ulike møteplassar og med ulike ansvarspersonar i kommunane. Det vert omtala i Kommunebilde og i dialogmøta embetsleiinga har med kommunane. Kompetanse- og rekrutteringsplanlegging er tema i både Leve heile livet-arbeidet, i dialogmøte med kommunane, og på konferansar og samlingar.

Vi meiner at systematisk arbeid gjennom Leve heile livet- prosjektet, felles møteplassar med KS, høgskulen, fylkeskommunen, USHT og kommunane og eigne samlingar om kompetanse og rekruttering har gjort at temaet vert sett på dagordenen. Kommunane vert meir merksame på eigne behov, kvar dei kan få støtte til eige planleggingsarbeid og korleis dei kan møte utfordringane i eigen kommune.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Planleggingen skjer geografisk differensiert og i tråd med statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging.

I rapporten for 2022 viste vi til at Bergen kommune hadde teke ei leiande rolle for å oppnå ei planlegging som er meir i samsvar med SPR-BATP, som òg ville sikre areal- og energieffektive løysingar. Etter valet i 2023 registrerer vi at det i Bergen er endra politiske signal på dette feltet.

Utfordringane er framleis store i fleire av omlandkommunane. Fleire av desse legg opp til stor vekst, også utanfor definerte senterområde og i område som, når dei vert bygde ut, vil måtte generere vesentleg auke i privatbil- og energibruken på lang sikt. I desse kommunane meiner vi at dei nasjonale føringane og måla i liten til middels grad er følgde opp til no.

Vi legg difor vekt på å formidle dei nasjonale forventningane på dette området. Dette skjer både gjennom konkret planmedverknad og i arbeidet med oppfølging av dei kommunane som inngår i byveksttalen. Fleire av dei aktuelle kommunane er no i gang med revisjon av kommuneplanane, og vi trur at Statsforvaltaren, saman med fylkeskommunen og transportetatane, må gi tydelege tilbakemeldingar for å oppnå ei betre måloppnåing. Vi ser i møte nye styringssignal på området, mellom anna revidert SPR-BATP.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.2 i TB)

Rapportere på

Massehåndtering avklares i regionale og kommunale planer

Også i 2023 la vi mykje innsats ned i å rettleie kommunar til å stille krav om forsvarleg massehandtering og å følgje opp at gjenvinning av reine stein- og jordmassar er vurdert i planprosessar. Arbeidet involverer fleire avdelingar og regelverk, og vi har utarbeidd ein strategi for dette arbeidet, der handtering i tråd med massepyramiden står sentralt. Vi har òg delteke med innlegg på seminar for kommunane og nasjonalt om temaet, i tillegg til det arbeidet vi elles legg ned i forvaltninga etter forureiningslova.

Vestland har svært store masseoverskot frå samferdsleprosjekt (E39, E16, Stad skipstunnel mv.) som må handterast i statleg og kommunal planlegging. Vi medverkar tett i dei aktuelle planprosessane med sikte på å formidle statleg politikk om ei forsvarleg og samfunnsgagnleg massehandtering. Vi opplever at konfliktane, særleg mellom natur- og landskapverknadene av utfylling i sjø og kommunale ønske om å få areal til ny utbygging, er krevjande å handtere.

Vi har også i 2023 sett døme på at kommunar og statlege styresmakter på kort varsel har hatt ønske om å gjennomføre ei dispensasjonshandsaming for å deponere store masseoverskot frå m.a. tunnelarbeid og på den måten droppe ordinær planavklaring. Vi har som regel rådd klart frå dette, og i dialog med kommunen og sektoretatar kome fram til betre løysingar.

Strandsone og vassdragsforvaltning (fra kapittel 3.1.1.1.8.1 i TB)**Rapportere på**

Planlegging i strandsonen langs sjø og vassdrag skjer i tråd med plan- og bygningsloven § 1-8, statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag og regionale planer.

Planlegging i kystnære sjøområder skjer i tråd med nasjonale og regionale føringer.

Som vist ovanfor handlar framleis klager på dispensasjonsvedtak og motsegner ofte om at statlege føringar for strandsona, særleg langs sjø, vert sett til side. Sjølv om det er ulikskapar mellom kommunane, meiner vi at statlege omsyn berre i middels grad kan seiast å bli varetekne i den kommunale arealforvaltninga. Vi ser t.d. framleis mange eldre planar (kommune- og reguleringsplanar) som ikkje er oppdaterte på nye føringar. Talet på dispensasjonssaker i fylket, særleg i bergensområdet og i Sunnhordland er også framleis svært høgt.

Når det gjeld planlegging i sjø, kom vi i mål med eit stort, interkommunalt planarbeid for sjøareala i Nordhordland og Gulen. Denne planen var på mange måtar eit viktig bidrag til arbeidet med betre konsekvensutgreiingar for arealbruk i sjøområda og til tilrettelegginga av ny arealbruk innanfor meir berekraftige rammer. Vi samarbeider godt med andre statlege styresmakter om planprosessar i sjø, men vi meiner det er viktig at den økologiske tilstanden til sjø- og fjordområda i fylket, også vert løfta nasjonalt.

Våre tiltak på dette feltet var i 2023 primært å rettleie generelt, gi skriftlege innspel til planar og dispensasjonssaker og gjennomføre dialogmøte med kommunane i planar der sjø og strandsone var tema. Vi meiner at utan denne medverknaden, ville nedbygginga av verdifull strandsone gått endå raskare og den juridiske og faglege kompetansen i kommunane om planlegging i sjø ville vore svakare.

Bærekraftig forvaltning fjell og utmark (fra kapittel 3.1.1.1.8.2 i TB)**Rapportere på**

Planlegging i fjell og utmark skjer i tråd med Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, vedtatt ved kgl. res. 20. juni 2023, og regionale planer. Det vises her til Rettleiar om planlegging av fritidsbustader

Vi registrerer stor nasjonal merksemd om arealbruken i fjell- og utmarksareala. Dette meiner vi er bra og naudsynt, ut frå eigne røynsler frå tidlegare planprosessar. Som andre fylke, har vi til dels store område liggande inne i eldre planar. Mange av desse burde vore reviderte, i lys av nye statlege føringar og berekraftsutfordringane med fjellområda. Vi ser at planane kan vere konfliktfulle med tanke på fleire viktige omsyn som villrein, myr, våtmark, klima, landskapsøkologiske funksjonar, viktige friluftsområde og arealeffektivitet/energibruk. Vi har elles eit godt, regionalt og kommunalt plangrunnlag for villrein.

Vi har ikkje arbeidd særskilt med nye, større planar for fjellområde i 2023, men har formidla statlege mål og føringar i samband med oppstart av revisjon av kommuneplanar og elles, gitt fråsegner til reguleringsplanar som har utfordra nye snaufjellsområde og villreininteresser. I 2023 har dei største sakene med verknader for nasjonale verdiar som villrein vore knytt til store reiselivssatsingar (gondolar med tilhøyrande anlegg). Statsforvaltaren har mellom anna funne det rett å fremje motsegn til eit nytt anlegg i Ullensvang kommune (Odda), særleg ut frå omsynet til nasjonalt villreinområde.

I sum meiner vi at vi gjer vårt for å sikre ei berekraftig forvaltning av fjell- og utmarksareala. Men vi er avhengige av det vert gitt gode statlege føringar for balansen mellom bruk og vern og at regionale føringar, som t.d. planane for villreinområda, vert etterlevde.

Ivaretagelse av landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.1.9.1 i TB)

Rapportere på

God ivaretagelse av jordbrukets arealressurser, i tråd med nasjonalt jordvernmål og øvrig nasjonal politikk for forvaltning av jordbrukets arealressurser.

Det vart omdisponert 424 dekar jordbruksareal i 2022, som er siste året vi har Kostra-statistikk for. Vestland sin del av det nasjonale jordvernmålet på 3000 dekar, er 272 dekar per år. Det betyr at vi ikkje bidrog positivt til å oppnå det nasjonale målet i 2022. Målsettinga om maksimalt 2000 dekar innan 2023 viser endå tydelegare kor ambisiøst dette er; maksimalt omdisponering av 180 dekar jordbruksareal i heile Vestland. Vi fordeler dette målalet også på kommunenivå for å illustrere og motivere. Men vi må etter vår vurdering arbeide endå meir med tiltak som informasjon, diskusjon og motivasjon med både administrativt og politisk nivå. Vi når ikkje det nasjonale målet berre med såkalla "strengare praksis" frå vår side. Skal vi i tillegg legge mest vekt på den beste jorda, må vi også differensiere meir og tilpasse innsatsen deretter.

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord

2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
643	588	502	346	459	418	530	314	345	424

Har lagt inn dekar omdisponert areal desse åra. Frå 2013 til 2019 er det samanslegne tal frå dei to tidlegare fylka.

Tilbakeføring av areal (fra kapittel 3.1.1.1.9.2 i TB)**Rapportere på**

Areal tilbakeføres i større grad fra utbyggingsformål til LNF-R.

I arbeidet med dei enkelte kommuneplanane har vi også erfart at det ligg svært mykje areal som byggeområde i tidlegare planar, som det i praksis ikkje vart bruk for, og mest truleg heller ikkje blir bruk for i komande planperiodar. I tillegg til at det kan vere vanskeleg politisk å skulle ta ut byggeareal, kan det vere sakleg usemje om behovet i framtida, og ofte vanskeleg å berekne i tal dekar.

Nokre digitale kart er ikkje oppdaterte. Dette, saman med litt ulike metodar og definisjonar på areala, kan gi usikre arealrekneskap. Både fylkeskommunen, nokre kommunar, og kartavdelinga i NIBIO, er heldigvis i gang med å utvikle gode verktøy til dette. Kunnskapen om både kvalitet og omfang av ulike areal er grunnleggjande naudsynt for god arealforvaltning, og for å kunne nå nasjonale mål om forvaltning av dei grønne områda.

Kommunene setter av mindre naturareal til utbyggingsformål (fra kapittel 3.1.1.1.11.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunene setter av mindre naturareal til utbyggingsformål enn tidligere i sin overordnede planlegging.

Vi viser til det vi har skrive tidlegare i rapporten, t.d. knytt til BATP, strandsone, landbruk, fjell og utmark. Gjennom heile 2023 har dette vore ein raud tråd og ein prioritert del av vår medverknad i kommunalt og regionalt planarbeid. Særleg gjeld dette kommuneplanarbeidet, men òg nokre reguleringsplanar der vi har sett at arealutnyttinga (t.d. på fulldyrka areal i sentrumsområde) har vore låg. Vi er inne i ein fase med mellom anna ny, samla planlegging for samanslåtte kommunar. I desse ser vi utfordringar med å få arealforbruket i samsvar med forventna vekst. I by- og bynære kommunar, der marknadstilhøva ligg meir til rette for ny utbygging, er det gjerne økonomiske og politiske årsaker til at det er vanskeleg å følgje opp dei nasjonale måla fullt ut.

Vi har uansett lagt vekt på å formidle nasjonale føringar til kommunane der det har vore mest relevant. Dersom vi skal kunne forvente ei vesentleg omlegging av dagens praksis, meiner vi at nasjonale føringar òg må gjerast meir tydelege, til dømes gjennom revisjon av SPR-BATP, som varsla.

Av andre tiltak har vi i 2023 hatt særleg merksemd på å rettleie om revisjon av eldre planar (planvask), og vi har halde fleire innlegg om dette på plankonferansar mv. Vidare spelar vi temaet inn i arbeidet med oppfølging av byvekstavtalen for bergensområdet.

3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnssikkerhet og beredskap i kommunene

Samfunnstryggleik har stor merksemd både i kommunane og hos regionale etatar/organisasjonar. Vi har ein tett og god dialog med aktørane, m.a. gjennom felles digitale møte med alle kommunane og relevante regionale aktørar kvar månad. Hovudtemaet i møta i 2023 har vore konsekvensar av krigen i Ukraina, særleg handteringa av den store tilstrøyminga av flyktningar.

Samfunnstryggleiksarbeidet vårt har endra seg som ein konsekvens av Russland sitt fullskala angrep på Ukraina i 2022. Det er i dag vanskeleg å skilje mellom oppgåver som er motiverte av omsynet til samfunnstryggleik, og dei som handlar meir om statstryggleik.

Vi har ein tett og god dialog med etatane og organisasjonane i fylkesberedskapsrådet om utvikling av det regionale totalforsvaret. Det gjeld særleg heimeverns-, sivilforsvars- og politidistrikta, og helseføretaka. Vi opplever at vi har ei felles forståing av situasjonen, og av behovet for å operasjonalisere og konkretisere oppgåvene. Kommunane viser god forståing og motivasjon, men vi synest det er vanskeleg å konkretisere godt nok kva som er dei faktiske forventningane til kommunane på dette området. Vi har likevel prøvd å operasjonalisere totalberedskapsoppgåvene ved å ha det som ein del av scenarior for kommuneøvingar.

Vi opplever at både kommunane og dei regionale etatane har stor tillit til oss og set pris på den rolla vi tar i arbeidet med regional samfunnstryggleik. Vi har t.d. etablert som rutine å invitere til operative samordningsmøte når det er varsla fare for alvorlege vêr- eller naturhendingar, og under handteringa av dei. I evalueringane vi har gjort, er den generelle erfaringa at slik samordning vert sett på som veldig nyttig. Når vi spør om omfang og frekvens på møta, er hovudtyngda av tilbakemeldingane at aktørane ønskjer fleire, og ikkje færre, slike møte.

Evalueringar og andre tilbakemeldingar gjer oss trygge på at vi utøver pådrivar- og samordningsrolla vår på ein slik måte at vi gjer ein faktisk skilnad i arbeidet med regional og lokal samfunnstryggleik og beredskap i Vestland.

Landbruksomsyn og matvareberedskap er ein del av beredskapsarbeidet og -tankegangen hos oss. Det moderne landbruket og matproduksjonen er som resten av samfunnet like avhengig som anna næringsliv av straum, kommunikasjonsnett og opne vegar. I tillegg til å ta vare på produksjonsarealet, produksjonsvolumet, produksjonsevna og kunnskapen, har vi auka merksemd på behovet for logistikk og prioritert transport av matvarer.

Virkemiddelbruk (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Orienter kommunene om deres samlede ansvar og rolle innen sivil beredskap, ref. veileder til forskrift om kommunal beredskapsplikt. Statsforvalteren skal veilede i bruk av samfunnsikkerhetsvirkemidlene slik at kommunene er forberedt på den endrede sikkerhetspolitiske situasjonen.

Vi har nytta ulike metodar for å rettleie kommunane om deira oppfølging av kommunal beredskapsplikt. I tilsynsmøta og dialogen vi har med å følge opp tilsyna legg vi vekt på å rettleie om korleis kommunen kan utvikle og forbetre samfunnstryggleiksarbeidet.

Vi har kvar månad hatt digitalt samvirkemøte med kommunane, der vi òg har rettleia om oppgåver og ansvar. Hovudtemaet på desse møta har vore handteringa og konsekvensane av krigen i Ukraina. Det gjeld særleg omsynet til flyktingar frå Ukraina; helsemessig oppfølging, busetjing, integrering m.v. Atomberedskap er eit tema som har gått igjen.

I oktober hadde vi ei fagsamling over to dagar, der vi m.a. via mykje tid til rapporten frå Totalberedskapskommissjonen, ROS-analysar og samarbeid med lokalt næringsliv om samfunnstryggleik.

Forebyggende perspektiv i klimatilpassningsarbeidet (fra kapittel 3.1.1.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Legge til rette for et forebyggende perspektiv i klimatilpassningsarbeidet.

Klimatilpassing er tema i vår rettleiing og dialog der dette er relevant. Rettleiinga vår har over tid hatt god effekt på kommunane sin forståing av konsekvensane av klimaendringane, dette ser vi igjen i til dømes ROS-analysene i plansaker.

Landbruk er part i prosjektet Climate Futures i regi av NORCE. Her vert det rekna på kva vêr vi kan vente oss, om ti dagar og opp til ti år fram. I 2023 har vi vore med og utvikla modellar for å melde vêr for 21 dagar, sesongvarsel og langsiktige endringar i klimaet. Yr sitt 21-dagars varsel er eit resultat av dette samarbeidet. Slike varsel er viktige for å førebyggje på kort og lang sikt. Vi har alt fått ein temperaturauke på 1,5 grader, og auka fordamping gir meir nedbør. Vestland har fått meir nedbør gjennom hausten og vinteren, og må ruste oss for det.

Øvelser for kommuners kriseorganisasjon (fra kapittel 3.1.1.2.1.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i løpet av 2019- 2024 gjennomføre øvelse for alle kommuners kriseorganisasjon.

Vi har frå 2019 til utgangen av 2023 gjennomført øvingar for kriseleiinga i alle kommunane. Øvingane har hatt litt ulike tema/scenario, som t.d. atomberedskap, ekstremvêr og TISK (under pandemien).

Ei tryggleikspolitisk hending/totalforsvar var tema for kommunane som øvde i 2023. Vi hadde med politi-, HV- og sivilforsvarsdistrikta i øvingsstaben. Kommunane hadde med områdesjef, eller ein annan representant for sitt HV-område, i tillegg til Sivilforsvaret og lokalt politi. Tilbakemeldinga frå kommunane i evalueringa var at det var veldig nyttig, og at det la til rette for gode diskusjonar om lokalt totalforsvarsarbeid.

Gjennomførte øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene

År	Totalt antall kommuner i embetet	Antall gjennomførte øvelser for kommunens kriseorganisasjon	Overordnet øvingsmål
2019	43	27	Forbetre krisehandteringsevna til kommunen.
2020	43	9	Forbetre krisehandteringsevna til kommunen.
2021	43	1	Forbetre krisehandteringsevna til kommunen.
2022	43	0	
2023	43	17	Forbetre krisehandteringsevna til kommunen.

Tilsyn med kommunal beredskapsplikt (fra kapittel 3.1.1.2.1.4 i TB)

Rapportere på

Gjennomføre tilsyn med kommunal beredskapsplikt i kommunene, med vekt på kriseledelse og overordnet beredskapsplan.

Vi hadde fire tilsyn med kommunal beredskapsplikt i 2023. Tre av disse var felles tilsyn frå beredskapsseksjonen og helse-, sosial- og barnevernsavdelinga, som omfatta beredskapsplikt etter både sivilbeskyttelseslova og helseberedskapslova.

Ein av kommunane som vi hadde planlagt tilsyn med, var heilt i starten av ein større revisjon av ROS-analysar og beredskapsplanverk. Vi valde difor i staden å ha eit rettleingsmøte.

Tilsyna har vore gjennomførte som systemrevisjonar, med gjennomgang av relevante dokument før tilsynsmøte med kommuneleiinga og andre nøkkelpersonar. Vi har hatt mykje merksemd på heilskapleg ROS-analyse, særleg kva vurderingar kommunen har gjort av evna til å kunne levere kritiske tenester under kriser og uønskte hendingar.

Oppfølging av skogskadeberedskap (fra kapittel 3.1.1.2.3.1 i TB)**Rapportere på**

Følge opp kommunenes oppgaver i beredskapsarbeid hjemlet i §§ 9 og 10 i skogbrukslova og § 16 i brann- og redningsvesenforordningen

Vi har ikkje hatt større skogskader i 2023. Uveret Hans var så vidt innom indre delar av fylket, men førte ikkje til store skader.

Vi har delteke i ei kartlegging av utbreiing av barkebiller i regi av NIBIO, og berre gjort sporadiske funn i Indre Sogn. Klimaet har heldigvis ikkje blitt så varmt enno at vi må rekne med omfattande barkebileangrep.

3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene

Det varierer korleis kommunane i Vestland følgjer opp prosessar og sakshandsaming på planområdet, men det overordna biletet er at fleire kommunar etter kvart har merksemd på overordna planlegging og mykje god planfagleg kompetanse. Det er som regel mindre kommunar som har utfordringar og størst vanskar med å halde planane oppdaterte. Vi har spesielt vore på tilbodssida til slike kommunar.

Fleire kommunar reviderer no arealdelen til kommuneplanen. I 2023 eigegodkjende tre kommunar i Vestland arealdelane sine. I tillegg ligg det an til vedtak i om lag fem kommunar i første halvår 2024.

Dialog med kommunene om (fasene i) plansystemet (fra kapittel 3.1.1.3.1.1 i TB)**Rapportere på**

Alle kommuner har oppdaterte overordnede planer

Vi lagar løpande oversyn over status for overordna planar i kommunane og presenterer desse i kart. Som tidlegare er desse karta nytta i dialogen som embetsleiinga har hatt med kommunane. Statusen i den einskilde kommune vert lagt inn i Kommunebilde, som også ligg til grunn for kommunedialogen som embetsleiinga og leiargruppa arrangerer.

Ut frå vår kjennskap til situasjonen samla, vurderer vi at tilstanden på dette området er middels god.

Eventuelle manglar i oppdatering av planverket i kommunane vert vidare tatt opp på mange ulike vis gjennom planmedverknaden vår. Dette skjer mellom anna i arbeidet med reguleringsplanar og dispensasjonssaker som oppstår som følgje av lite oppdaterte planar, i planforum og plannettverk og i rådgjevinga vi elles gir. Vi ser det som viktig at vi "held oppe trykket" på dette temaet. Vi ser òg at kommunane i stor grad etterspør vår støtte og rådgjeving når dei kjem i gang med rulleringane.

Eit av dei største problema vi no støyter på, er kombinasjonen av eldre planar og store satsingar innanfor "sekkepostane" omstilling i marin sektor og nye grøne næringar og industri. Dei fleste kommunane har naturleg nok store ambisjonar på feltet, men vi saknar ofte ei forankring i overordna planar med gode konsekvensutgreiingar og tilstrekkeleg alternativvurderingar etter KU-forskrifta.

Vi meiner, og har også spelt inn til fylkeskommunen, at desse temaa med fordel kunne blitt lagt betre føringar for i regionale planar. Vi har elles hatt nokre saker til avgjerd i departementet, der mellom anna manglande alternativvurderingar på overordna plannivå har vore tema, utan at våre motsegner er tekne til følgje. Vi er difor glade for at viktige plantema som arealnøytralitet, ombruk av areal, reduksjon i tapet av landbruksareal, mindre nedbygging av natur, sikring av karbonrike areal og betre varetaking av naturmangfald no ser ut til å bli tydelegare kommunisert i statleg politikk og nasjonale forventningar. Vi meiner det er naudsynt med gode føringar og oppfølging i heile plansystemet, dersom den omstillinga som skjer i samfunnet i sum skal bli berekraftig.

Klager over reguleringsplan (fra kapittel 3.1.1.3.2.1 i TB)

Rapportere på

God og rask klagesaksbehandling

Vi viser også til rapportering på rapporteringskrav 7.3.6.5.1 og tabell 253.

Vi har handsama 61 klager på reguleringsplanar i 2023, tjue meir enn i 2022. 34 av sakene vart handsama innan 12 veker, altså 56 prosent av sakene. Resultatet i år er om lag likt i prosent, men vi har handsama 20 fleire saker enn i 2022.

Vi har hatt høgt sjukefråvær i 2023, kombinert med at vi ikkje har vore fullt bemanna ut frå stillingsheimlar. Frå november har to sakshandsamarar vore lånte ut for å jobbe med reinteljingssaka i Troms og Finnmark. Elles har vi brukt noko tid på rettleiing til Agder om saksstyring og administrasjon av store saksmengder. Vi bistår også Møre og Romsdal med å handsame nokre saker for dei.

Vi har, som departementet kjenner godt til, mange klagesaker knytt til det såkalla strandsoneprosjektet i Bergen kommune. Dette er krevjande saker. I 2023 har vi hatt to rettsaker for Hordaland tingrett, som har kravd meir arbeid frå oss enn normalt i rettsaker. Dette har bandlagt mykje ressursar. I skrivande stund er dette ankesaker som skal opp for Gulating lagmannsrett i første halvår 2024.

Klagesaker skal vere ferdig førebudde før vi tek dei til handsaming, og såleis påverkar ikkje kommunens arbeid vår sakshandsamingstid i særleg grad.

Juridisk veiledning og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunale planer har juridisk holdbare bestemmelser og plankart

Vi har også i 2023 lagt vekt på å betre den juridiske kvaliteten på planføresegner og kart, særleg i overordna planar. I desse prosessane er det ofte behov for eigne arbeidsmøte, noko vi tilbyr. På lågare plannivå har vi, på grunn av manglande ressursar, hatt mindre detaljert oppfølging, så samla sett vil vi karakterisere måloppnåinga her som middels til god.

Vi ser likevel at kvaliteten på planføresegner ofte er eit tema i dialogmøte, òg om reguleringsplanar, og at både Statsforvaltaren og andre statlege etatar sine råd og krav blir forståtte og følgde opp av kommunane når dei blir orienterte om manglane.

Juridisk veiledning og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.2 i TB)**Rapportere på**

Konsekvensutredningsforskriften er fulgt opp

Vår vurdering er at utgreiingskrava i KU-forskrifta framleis i for liten grad vert følgde opp. Vi ser likevel døme på gode utgreiingar. I sum karakteriserer vi difor måloppnåinga som middels.

Etter at rapporten til Menon Economics og SWECO vart lagt fram i 2020, har vi vore opptekne av å løfte kvaliteten på konsekvensutgreiingane til kommuneplanane. Som rapporten peika på, er det til dels store manglar ute i kommunane på dette feltet, og vi meiner å ha dekning for at KU-forskrifta med rettleiar til no berre i middels grad har blitt nytta etter intensjonen på dette plannivået. Saman med fylkeskommunen har vi ved fleire høve lagt vekt på dette i rådgivinga mot kommunane.

Vi ser framleis manglar i reguleringsplanar med krav til KU. Dei aktuelle utgreiingstemaer er ofte med, jf. paragraf 10 i plan og/eller utgreiingsprogram, men kvaliteten på dei endelege utgreiingane og vurderingane av verknader er ofte mangelfulle. Vi har difor ved fleire høve invitert til dialogmøte ved formelle manglar ved utgreiingane. Vi er svært nøgde med at Handbok-1941 frå Miljødirektoratet har kome og vi nyttar denne aktivt i vår rettleiing og medverknad i planarbeidet.

Vi ser elles framleis at kommunane i tvilstifelle som regel konkluderer med at det ikkje er KU-krav til planar der vi kan ha eit avvikande syn. I slike saker prøver vi gjennom dialogmøte og skriftlege innspel å medverke til at planskildringane skal bli gode nok til at verknadene av planane likevel let seg vurdere og vert synlege. Vi ser òg ofte at ei reell vurdering av alternativa ikkje vert gjort.

Ein del kommunar er ikkje klare over at ein dispensasjon frå arealplanen ikkje gir høve til å dispensere frå sakshandsamingsreglar, som til dømes krav til KU.

Vi meiner at innsatsen vår bidrar til å bevisstgjere kommunane som ansvarleg planstyresmakt og til å gjere planane betre.

Oppdaterte digitale planregistre (fra kapittel 3.1.1.3.4.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner holder digitalt planregister løpende oppdatert

Kommunane i Vestland fører digitalt planregister i middels grad. Dei fleste kommunane har no tatt i bruk planregisteret arealplaner.no og geosynkroniserer delvis arealplanar. Innføringa av dette planregisteret har gjort at mange kommunar har rydda og jobba med planregistra, så kvaliteten på data er truleg betre. Likevel trur vi at det framleis manglar dispensasjonar, motsegner og klager på arealplanar. Difor kan ein framleis ikkje sjå den til ei kvar tid gjeldande arealbruken i kommunane i Vestland sine planregister i dag.

I haust møtste vi kommunedirektørane i ein region, og jamleg føring av planregister var eitt av temaa. Vi vil sjå etter fleire slike møtepunkt med leiarnivået, då vi meiner at det er viktig å forankre nytten av planregisteret der. Dei som fører planregister må få nok tid til å prioritere dette.

Gjennom 2023 har vi hatt planpratar med eit par regionar der skriftlege rutinar er tema. Vi får tilbakemelding frå kommunane om at dette er viktig å ha på plass for å sikre oppdateringa av planregisteret. Rutinane må tilpassast kvar kommune. Vi vil halde fram med dette arbeidet i 2024. Oppslag i media og fylkeskommunen sitt arbeid med arealrekneskap gjer også kommunane merksame på kor viktig det er med orden i planregisteret.

Vi må framleis også ha søkjelys på kommunane sine digitale planregister og korleis vi bruker dei internt.

Kartverket er framleis ein særskilt viktig samarbeidspart for å få til den gode dialogen med kommunen om planregister. Vi hadde eit felles innlegg på plankonferansen i haust som var vellukka.

3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven

Vi har hatt god måloppnåing for kompetansehevande tiltak i 2023. Vi har hatt tett samarbeid med Nav Vestland, med felles kompetanseplan og strategi for kompetansearbeidet.

Saman har vi hatt særleg merksemd på kvalifiseringsprogrammet, barneperspektivet i Nav, unge utsette og tverrfagleg samarbeid.

Alle NAV-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Alle NAV-kontor har god kunnskap om sosialtjenesteloven og forskrifter.

Vi har invitert alle Nav-kontor i fylket til følgjande opplæringstilbod i 2023:

- Fagdagar for dei som godkjenner vedtak/har fagutviklingsansvar. Tema var gode vedtak, forvaltningsrett, klart språk, barneperspektivet i Nav og erfaringsdeling
- Fagsnuttar om sosiale tenester til utsette unge og økonomisk rådgjeving – for alle i Nav.
- Digital opplæring i Ny i Nav, i samarbeid med Nav. Her hadde vi merksemd på formålsparagrafen, dei fem individuelle tenestene, barneperspektivet og forvaltningsrett.
- To-dagars digital samling om å vareta barns beste, koordinering og samarbeidsplikt. Arrangert i samarbeid med Nav Vestland, med innlegg m.a. frå prosjekt som utviklar dei sosiale tenestene i Nav.
- Samlingar for prosjekta som utviklar dei sosiale tenestene i Nav. Vi hadde ei fysisk samling på våren og digitale samlingar på hausten. Når vi avsluttar prosjekt skriv vi nettsak om dei gode grepa prosjektet har gjort og ting som kan ha overføringsverdi for andre i Nav.
- Månadlege møte på rådgjevamivå for å drøfte utviklingstrekk og kompetansebehov i fylket. Vi drøftar alle tiltaka våre med Nav Vestland og vi har felles kompetanseplan.
- Digitale samlingar for dei som møter barn og unge i sin jobb.
- Nettverkssamlingar, grunnkurs og digital opplæring innan økonomisk rådgjeving og kvalifiseringsprogrammet. Sjå meir informasjon under særskilte rapporteringskrav.

Vi har valt tema for fagdagane, webinar, fagsnuttane og nettsaker ut frå erfaringar frå tilsyn, handsaming av klager og kontakt med Nav-tilsette og Nav fylke. Vi har hatt merksemd på at opplæringa for Nav skal vere heilskapleg og treffe Navs behov. Vi trur vi har lukkast med dette i 2023. Vi evaluerer alltid samlingar vi har hatt, og får på den måten noko innsikt i kva effekt opplæringa har gitt. Det er god deltaking på samlingane, og innsikta tyder på at opplæringstiltaka våre er positive og gir fagleg påfyll. Vi har også fått attendemeldingar frå fleire Nav-tilsette som seier at vi er tilgjengelege, nær kommunane på Nav-området og at vi tek opp tema som er aktuelle og relevante for tenesta.

Vi har framleis høg stadfestingsprosent på klagesaker, noko som kan ha samanheng med god forvaltningskompetanse og god kunnskap om dei sosiale tenestene i fylket. Vi har likevel lågare stadfestingsprosent enn i 2022. Vi trur dette har samanheng med endringar i interne rutinar og fordi vi har skjerpert merksemda på mellombels bustad, både Navs plikt til å skaffe bustad og kvaliteten på han.

Vi opplever likevel nokre utfordringar og risikoområde i fylket. Det gjeld mellom anna samordning, koordinering av tenester og heilskapleg oppfølging. Vi er særleg bekymra for om utsette unge, personar med samansette vanskar og barnefamiljar får den hjelpa dei treng og i tide. Dette gjeld både om ein gjer konkrete og individuelle vurderingar ved tildeling av stønad og om alle dei fem individuelle tenestene er tilgjengelege. Vi kan sjå at kvalifiseringsprogrammet får fleire deltakarar og fleire søknadar. Gjennom informasjon frå fleire Nav-kontor kan det sjå ut som at tenesta opplysing, råd

og rettleiing ikkje alltid er tilgjengeleg eller blir informert om, særleg når rettleiinga gjeld anna enn økonomisk rådgjeving eller hjelp til personar som bur i mellombels bustad. Tenesta kan vere særleg viktig for utsette unge og låginntektsbarnefamiliar fordi dei ofte har samansette vanskar og treng individuell rettleiing og koordinering på tvers av tenester. Det svekker rettstryggleiken dersom Nav ikkje gjer vedtak etter paragraf 17 i sosialtenestelova når personar treng sosialfagleg hjelp over tid.

Barneperspektivet i Nav er tema på alle samlingar og anna vi deltek på. Vi fekk mange spørsmål i samband med ei to-dagars digital samling. Dei som jobbar med statlege ytingar, synest temaet er vanskeleg og ønskjer meir rettleiing og tydelegare forventingar og krav.

Dei som jobbar med sosiale tenester synest også dette kan vere vanskeleg. Korleis veit dei at barnet faktisk har det hen treng når dei ikkje pratar med hen? Andre fortel at dei tenkjer det som gjeld økonomi bør kartleggjast gjennom den vaksne. Vi trur vi har fått i gang gode refleksjonar kring dette, også som følgje av tilsyna vi har hatt i 2022/2023 med dette temaet. Vi opplever at Nav synest det er vanskeleg å vite korleis dei skal spørje familiar om barna deira og kva dei skal gjere med den informasjon dei får.

Nav har ikkje god nok kompetanse om korleis dei skal gjere ei individuell vurdering, kva livsområde som er relevante å kartlegge og kvifor, og kva dei skal gjere med informasjonen dei får. Nav har heller ikkje alltid god kompetanse om kva andre tenester som kan vere relevante for at familien skal få den hjelpa dei treng. Dette må sjåast i samheng med oppvekstreforma. Nav må bli betre på å forstå korleis tenester treng å verke saman for familiar som strevar med livet. Nav treng også tydelege forventingar til korleis dei skal kartleggje barnefamiliar og korleis dei skal koordinere og samarbeide med andre tenester. Dette temaet jobbar vi vidare med i 2024.

Opplæringstiltak for NAV

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	39	39

3.1.1.5 Tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene

Kommuneleiingane er kjende med den demografiske utviklinga og utfordringsbildet framover. Temaet er også sentralt i arbeidet med Kommunebylde og blir dermed sett på dagsordenen i dialogen som embetsleiinga har med kommunane.

Vårt inntrykk er at kommunane arbeider systematisk med kvalitet og pasienttryggleik, og gjennomfører tiltak som skal bidra til forsvarleg verksemd og trygge tenester. Vi meiner at oppfølginga av kommunane gjennom kurs og opplæring i regelverk og sakshandsaming, vår sakshandsaming, og generell dialog og rettleiing, kan ha bidrege til å styrke kommunane i deira arbeid med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik. Samstundes ser vi at behovet for kompetanseheving og opplæring i tenestene er stort. Dette kan mellom anna skuldast høg gjennomtrekk, mange nyttilsette og mange tilsette utan helse- og sosialfagleg utdanning. Vi ser framleis eit stort behov for styrking av rolla og kompetansen til leiingar.

Kommunane rapporterer om mangel på personell, vanskar med å rekruttere personell med nødvendig kompetanse og bruk av personell utan helse- og sosialfagleg utdanning. Vi får også tilbakemeldingar frå tilsette i tenestene som rapporterer om stort arbeidspress i kvardagen og uforsvarlege tenester. Vi meiner situasjonen som vert skildra er ein risiko for pasienttryggleiken. Det vi ser i sakshandsaminga vår understøttar dette.

For å løyse utfordringane har fleire kommunar sett i verk ulike tiltak, mellom anna med omorganisering av tenestene og endring av ansvars- og oppgåvedeling. Stadig fleire kommunar deltek i KS sitt Tøm-prosjekt for å møte utfordringane framover. Fleire enn kva Helsedirektoratet kunne gje stønad til, søkte om å få gjennomføre utdanninga AKS. Vi har også døme på kommunar som samarbeider om rekrutteringsutfordringar.

Mange kommunar organiserer seg no med helse- og omsorgsteam. Vi ser større sårbarheit i tenestene som har slik organisering, mellom anna fordi personellet som er nærast brukaren ofte har lågare kompetanse.

Vi erfarer at kommunane er sårbare når det gjeld tenestetilbodet til personar med omfattande hjelpebehov og skrøpelege eldre. Vår vurdering er at mange kommunar har utfordringar med kapasitet og tilgjengelegheit på institusjonsplassar. Dette gjeld både rehabiliteringsplassar, avlastingsplassar og andre korttidsopphald, og tilpassa tilbod til personar med demenssjukdom. Kommunane har ikkje nok bustader til personar med nedsett funksjonsevne, og spesielt desse tenestene manglar personell med nødvendig kompetanse. Vi vurderer at kommunane framleis har utfordringar med sektortenking, samhandling og samarbeid mellom tenestene. Dette går ut over kvalitet på tenestetilbodet, spesielt tenestene til brukarar med omfattande hjelpebehov.

Bistand til kommunene for å møte demografiutfordringene innen helse- og omsorgso (fra kapittel 3.1.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene gjennomfører en langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tjenestene.

Dette må ses i sammenheng med planlegging og utvikling av tjenester til de fire prioriterte gruppene i helsefelleskapene:

- barn og unge
- personer med alvorlige psykiske lidelser og rusproblemer
- skrøpelige eldre
- personer med flere kroniske lidelser

Kommunane utarbeider planar som skal bidra til å sikre kvaliteten på tenestetilbodet, tilstrekkeleg omfang og innhald i tenestetilbodet og nok personell med nødvendig kompetanse i tida framover. Temaet er mellom anna sentralt i Kommunebylde og blir dermed også sett på agendaen i kommunedialogen

som embetsleiinga har.

Alle kommunane i fylket utarbeidde planar eller gjorde politiske vedtak om Leve heile livet i førre kommunestyreperiode. Demografisk utvikling og framtidige utfordringar med tilgang til kapasitet i dei kommunale helse- og omsorgstenestene var sentralt i dette arbeidet. Ulike tiltak og satsingar handlar om rekruttering og kompetanseplanlegging, organisering av tenestene, helsehjelp, kontinuitet og gode pasientforløp, heildøgerstilbod og fleire ulike bustadtilbod, velferdsteknologi, medverknad, samhandling med pårørande og aldersvenlege lokalsamfunn. Om lag ein tredjedel av kommunane har eigne kompetanseplanar som er vedtekne politisk.

Vi vurderer likevel at kommunane ikkje i tilstrekkeleg grad planlegg for berekraftige tenester ut frå den demografiske utviklinga og eige utfordringsbilde. Med det meiner vi mellom anna nok kapasitet og nødvendig kompetanse til å kunne vareta brukargrupper med omfattande hjelpebehov.

Barn og unge

Barnevernsreforma (oppvekstreforma) har ført til at dei aller fleste kommunane i fylket legg større vekt på planlegging av eigne tenester, utvikling av førebyggjande tiltak og kompetansebygging på barn og unge-feltet. Endringane i velferdslovene og nytt lovkrav om at kommunestyret skal vedta ein plan for å førebyggje omsorgssvikt og åtterdsvarsakar, har også verka inn på arbeidet i kommunane.

Mange kommunar har sett i gang større innsiktsarbeid som grunnlag for å revidere planverket. Vårt inntrykk er at kommunane byrjar å få ei god forståing for kva som følgjer med dei nye lovkrava. For mange kommunar vil desse prosessane krevje høg innsats over lang tid.

Det er krevjande å bygge opp både kompetanse, struktur og kultur for samhandling på tvers av fagfelt og kommunegrenser, og å dreie innsatsen mot meir og betre førebyggjande tenester.

Dei fleste kommunane ønskjer råd og støtte i endringsarbeidet i samband med oppvekstreforma, endringane i velferdslovene, og særleg arbeidet med den førebyggjande planen heimla i barnevernslova paragraf 15-1.

Fleire av dei mindre kommunane strevar med å byggje opp kompetanse som møter behova i befolkninga. Dei kommunane som har vertskommunesamarbeid på ulike felt med ulike kommunar, har ei særleg utfordring når dei skal lage struktur for korleis samarbeid skal skje både på systemnivå og kring einskilde barn eller familiar som treng hjelp frå fleire instansar. I større og nye kommunar er det krevjande å få ei god oversikt over kva kompetanse, tiltak og behov som er i kommunen, og lage gode struktur for samhandling og heilskaplege planar for utviklinga.

Fleire kommunar melder om at dei strevar med å rekruttere personell med naudsynt kompetanse og erfaring, til dømes i barnevernstenestene og i barnekoordinatorordninga. Dette har ført til hard konkurranse om tilsette med sosialfagleg utdanning, som igjen fører til høgare lønn for nyutdanna og konkurranse mellom kommunane. Nye kompetansekrav forsterkar nok dette. Tidlegare år har vi sett at enkelte små kommunar har særlege utfordringar med å rekruttere og halde på personell, men dette bildet har no endra seg. Utfordringane er store også i dei store kommunane. Dette har ført til problem med å oppretthalde forsvarleg drift i tenestene.

Rus og psykisk helse

Tenester til personar med alvorleg psykisk lidning og rusproblematikk (ROP) er framleis under oppbygging i mange av kommunane. Utfordringane er mellom anna å skaffe bustad, få hjelp til å behalde bustad og tilby gode oppfølgingstenester. Pasientgruppa har ofte tenester frå både kommune- og spesialisthelsetenesta, og Helsedirektoratet er pådrivar for at kommunar i samarbeid med spesialisthelsetenesta opprettar ulike FACT-team for vaksne og barn og unge. FACT arbeider oppsøkande og skal tilby integrerte tenester.

Det er utfordrande å få kommunar til å forplikte seg til FACT-samarbeid av økonomiske årsaker. Vestland har mange små og mellomstore kommunar som må gå saman for å kunne ha tilstrekkeleg med ressursar til å etablere FACT-team. Å få til eit forpliktande og integrert samarbeid mellom fleire kommunar og spesialisthelsetenesta i opptaksområdet, er ein utfordrande prosess. Vestland er likevel i gang med å opprette fleire team med støtte i prosjektmidlar frå Helsedirektoratet. Det er viktig å unngå at FACT-team anten vert eit reint spesialisthelseteneste-team, eller eit reint kommunalt team. Dette følgjer vi med på.

Statsforvaltaren har i oppdrag saman med kompetansesenter som RVTS, RKBU, NAPHA og Korus Bergen å støtte opp om arbeidet med etablering av nye FACT-team, og følgje opp team som allereie er i drift. Vi arrangerte i 2023 erfaringsamling for FACT-team i Vestland, der også FACT Ung vart inviterte. Arbeidsgruppa fekk gode tilbakemeldingar om at vi hadde klart å utforme eit program som gav fagleg påfyll og meningsfull erfaringsutveksling både for vaksenteam og ungdomsteam.

Vi har i 2023 halde fram samarbeidet med seksjon kommune og samfunn hos oss. Vi har arrangert webinar som om å etablere og utvikle gode bustader for personar med alvorleg psykisk lidning og rusproblematikk. Både små og større kommunar treng råd og innspel til korleis dei kan etablere varige bustader til ROP.

Rus- og psykisk helseteneste er framleis noko ulikt organisert i kommunane, men dei fleste har med åra valt å organisere rus og psykisk helse-feltet som ei eiga eining innanfor helse- og omsorgssektoren. Bergen kommune har tenester til rusavhengige lagt til NAV-kontora, medan dei har ei eiga forvaltningseining for tildeling av psykiske helsetenester til vaksne, og ei eiga forvaltningseining for tildeling av psykiske helsetenester til barn og unge. Vi ser gjennom klagesakshandsaminga at kommunar ofte har utfordringar med samarbeid på tvers mellom ulike instansar i kommunen. ROP har behov for samansette tenester. Dess større kommune, dess oftare større utfordringar med internt samarbeid. Vi etterspør rutinar for internt samarbeid når vi handsamar klage- og tilsynssaker, og vi gir rettleiing.

SINTEF rapport IS-24/8 Kommunalt psykisk helse- og rusarbeid 2022, syner at 30 av 43 kommunar i Vestland har store utfordringar med å skaffe psykologkompetanse. 14 kommunar har store vanskar med å rekruttere høgskuleutdanna personell med vidareutdanning innan fagfeltet. Heile 16 kommunar har svart «vet ikke», «ikke relevant» eller har ikkje svart på spørjeskjema frå SINTEF. Vi har ikkje kunnskap om kva som ligg bak svara til desse

kommunane.

Veiledning psykisk helse, rus og vold (fra kapittel 3.1.3.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene har fått veiledning i hvordan de kan utvikle innsatsen innen psykisk helse, rus- og avhengighetsproblematikk samt og vold- og selvmordsforebygging

I samarbeid med KORUS Bergen har vi vidareført rettleiing til kommunane om regelverk for organiseringa av og oppgåvene til rådgjevande eining for russaker. Fram til no er det generelt få saker som har blitt meldt inn. Tilbakemeldingar frå deltakarane tilseier at rettleiinga er relevant og nyttig. Det er problematisk at det framleis manglar avklaring frå nasjonale styresmakter om enkelte delar av regelverket. Alle kommunane har fått informasjon og rettleiing om tilskotsordningane til å styrke tenestetilboda innan rus og psykisk helse.

Samlinga for FACT-team i oktober hadde temålet førebygging av vald. Dette er svært aktuelt for kommunane som har ansvar for å følgje opp personar med risiko for å utøve vald, og dei etterspør kunnskap og rettleiing. Sjølvordsførebygging er eit meir kjent tema som oftare vert tatt opp i ulike forum både lokalt, regionalt og nasjonalt.

I samarbeid med RVTS og Statsforvaltaren i Rogaland gjennomfører vi årleg to introduksjonskurs til verktøya "Jeg vet" og "Snakke". Desse har god deltaking. I tillegg har tilsette i kommunane moglegheit til å melde seg på introduksjonskurs som RVTS i kvar region arrangerer, noko som betyr at kommunane i praksis har tilbod om å delta på introduksjonskurs 6-8 gongar i året.

I tillegg har vi retta merksemda mot førebygging av psykiske vanskar, rus, sjølvord, vald og overgrep i planprosessen for førebyggjande planar, der vi hadde særleg merksemd på nytt lovkrav om førebyggjande plan for omsorgssvikt og åtferdsvanskar. På dei seks fagdagane deltok 39 av 43 kommunar.

Vi trur at det er viktig at det førebyggjande arbeidet har ei forankring i kommunens planar, for å bidra til meir systematisk arbeid i kommunane med å sikre at alle tilsette har naudsynt kompetanse til å fange opp, snakke med og handle ved uro for barn, ungdom eller familie. I tillegg til at born gjennom undervisninga får god informasjon om kva som er greit og ikkje greit, kva rettar dei har og kva dei kan gjere om dei er utsette.

Vi har saman med RVTS, RKBU og Korus invitert kommunane til å delta i et nettverk for å førebygge vald og overgrep mot barn og unge. Vi har gjennomført første samling i nettverket, og så langt er 29 kommunar med. Føremålet med nettverket er å støtte kommunane i å få til meir systematisk førebygging av vald og overgrep, og skape ein arena for kompetanseheving og erfaringsutveksling på tvers av kommunegrensar og relevante fagmiljø på dette feltet. Vi legg opp til fire årlege samlingar i nettverket og årleg kontakt med kommunalsjefane med ansvar for tenester til barn og unge, for å sikre ei god forankring og naudsynte rammer for det arbeidet deltakarane i nettverket skal gjere i kommunane. Det er også etablert ei styringsgruppe med representantar frå kommunane, for å sikre at innhaldet i nettverket er i samsvar med behova i kommunane. Vi trur og håpar at dette vil bidra til meir systematisk arbeid i kommunane med førebygging av vald og overgrep i åra som kjem.

Vurdering av resultat og i kva grad kommunane har behov for vidare bistand

Kommunane meiner dei treng meir støtte til det førebyggjande arbeidet. Det kom klart fram i kartlegginga vi gjorde hausten 2023. Dei ønskte ein arena for å dele gode døme på tvers av kommunegrensar, oppdatert forskning og kunnskap, særleg om kva som er relevante tiltak, kva tiltak som verkar og støtte til å utarbeide planar og implementere nye arbeidsmåtar og tiltak. Vi trur derfor at dette er eit viktig område å setje av ressursar til også i framtida.

Vi har tett samarbeid med relevante kompetansmiljø for å disponere godt dei ressursane vi rår over, på ein måte som gir god støtte til dei kommunane som treng og ønskjer det.

3.1.1.6 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester

Mange viktige økosystem er i negativ utvikling. Likevel har vi gode døme på at tilstanden har blitt betre der vi har hatt høve til å gå inn med målretta tiltak.

Vårt så langt einaste marine reservat (Lurefjorden og Lindåsosane) fungerer etter intensjonen. Her er det utarbeidd utkast til forvaltningsplan. Vi treng fleire marine verneområde dersom det skal ha effekt på økosystema. Vi har arbeidd mykje med utgreiing av Sognefjorden som eit framtidig marint verneområde. Våre tilsvarande tilrådingar for Dalsfjorden og Stad ligg til handsaming i direktorat og departement.

For å betre tilstanden for villreinen i naudsynt grad, treng vi omfattande og effektive tiltak, og dei hastar. Dette går tydeleg fram av tiltaksplanane som i 2023 er utarbeidd for Hardangervidda villreinområde og Nordfjella villreinområde.

Våtmark blir berre i avgrensa grad bygd ned i dag, men situasjonen er ikkje like lovande for myr. I samband med eit skogrestaurerings-prosjekt i eit skogreservat vart to utgrøfta myrar restaurerte. Det tek år å sjå økologiske resultat av slike tiltak, men det er lagt til rette for at restaureringsprosessen kan starte og bli autonom.

Med utgangspunkt i tildelte midlar har vi gjennomført ein effektiv innsats mot framande artar.

Den indirekte og historiske påverknaden av kulturskogen (12 prosent) kan likevel bli sterk, ved at areal tilplanta med gran ikkje blir hogd av kommersielle årsaker. Det fører til tap av viktig areal og svært sterk fragmenteringseffekt. Fragmenteringa av landskapet på denne måten får lite merksemd, sjølv om det skaper store problem for arealkrevjande artar i naturen. Tilstanden er tilsynelatande grei i skogøkosystema, men mange av artane som lever her ser ut til å vere i sterk tilbakegang utan at årsakene til dette er klarlagde.

Vi har mykje merksemd på restaureringstiltak i skog, som regel ved fjerning av regionalt framande treslag. Verneområda har vore hovudprioritet for slike tiltak, som har hatt god effekt. Vi kunne ha utvida engasjementet og tilhøyrande positive effektar på økosystema sterkt på dette området dersom budsjetta både for tiltak og organisering av tiltaka hadde vore større.

Generelt sett har vi gode erfaringar med regionalt miljøprogram, utvalde kulturlandskap og verdsarvområda. Kommunane forvaltar midlane dei har til spesielle kulturlandskapstiltak på ein god måte.

Redusert negativ effekt av fremmede skadelige organismer på naturmangfoldet (fra kapittel 3.1.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Redusert negativ effekt av fremmede skadelige organismer på naturmangfoldet.

Kartlegging av japansk sjøpung, også omtala som hamnespy, gjer at vi har ei viss oversikt over situasjonen, og informasjonstiltak har hatt ein viss effekt for å bremse spreinga. Kartlegginga vert utført av Havforskningsinstituttet.

Tiltak mot framande landlevande planter, inkludert utanlandske treslag, har gitt god effekt ved at frøplanter er fjerna lokalt. På desse lokalitetane er også oppslag av ungplanter under kontroll.

God kontakt og samarbeid med kommunar, frivillige organisasjonar, grunneigarar og lokale ildsjeler har fungert godt. Vi har òg kontakt med Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune om framande artar, og samarbeider om tiltak der det er naturleg.

Tilstanden i og kunnskapen om vannforekomstene (fra kapittel 3.1.4.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Tilstanden i vannforekomstene er forbedret.

123 vassforekomstar har endra tilstand. Tilstanden går likevel begge vegar; nokon er betre, men fleire er faktisk dårlegare enn venta.

Vi har fire pågåande treårige overvåkingsprogram i kystvatn som er finansierte som spleiselag mellom oss, kommunar og verksemdar. Vi får ei meir heilskapleg overvaking med moglegheit for kjeldesøk i «sanntid». Med lik handsaming av deltakarar blir det også større aksept for pålegg. Både vi og dei får eit betre kunnskapsgrunnlag for å vurdere kva tiltak som må til for å nå miljømålet eller vekst, og verksemdar ser effekten av å delta. Dette gir færre enkeltsaker til handsaming.

I tillegg går det føre seg tiltaksretta eittårig overvaking på eutrofi i innsjøar og elvar. Her blir det vurdert kva vassforekomstar som skal takast med vidare i overvakinga året etter. Effekten av denne typen overvaking som spleiselag, er kunnskap om tiltaka har fungert, og om vassforekomsten har nådd miljømålet eller om det er behov for fleire tiltak.

Ein anna viktig effekt ligg fram i tid. Betre kunnskapsgrunnlag vil endre status på vassforekomstane vi undersøker, og gi kunnskap om vi må oppdatere påverknader og vurdere nye tiltak. Endringa skjer først når data frå overvakinga blir lasta opp til Vanmiljø-databasen og Vann-Nett.

Overvaking viser at kalkinga gir den ønskede vasskvaliteten i fem anadrome vassdrag. Effekten på det biologiske livet er meir varierende. Årsaka til det er at andre påverknader enn forsuring har negativ innverknad på dei anadrome bestandane.

3.1.1.7 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres

Vi arbeider aktivt med å betre situasjonen for naturtypar i kulturlandskapet, som slåttemark, slåttemyr, kystlynghei og naturbeitemark. Nye viktige område blir restaurerte og får skjøtsel årleg.

Vi har auka innsatsen for å ta vare på dei mest verdifulle naturbeitemarkene, og vi har fått utarbeidd skjøtelsesplan for fleire naturbeitemarker med viktig artsmangfald (raudlista beitemarkssopp, inkludert tinnvokssopp). Vi kan ikkje måle effekten av dette enno, men reknar med det vil bidra til å bevare verdifull natur.

Vi gjennomfører årleg overvaking av dvergålegras, som er prioritert art, for å vere i stand til å kunne setje i gang tiltak om situasjonen skulle endre seg for dei få bestandane som er att av denne trua arten. Vi har ikkje sett endring i tilstanden i 2023 som gjer at vi har vurdert tiltak. Vi er i gang med å vidareutvikle metodikk for bestandsovervaking, som skal vere standardisert, kunne takast i bruk av ulike fagmiljø, og gjere det enklare å sjå utvikling i areal og tilstand over tid. Effekten av tiltaket vil vi ikkje sjå før metodikken er ferdig i 2023, og vert tatt i bruk i felt i 2024.

Vi har også vidareført effektive tiltak for å betre situasjonen for vipar på Herdla. Vipene har ei svært god utvikling på grunn av desse tiltaka.

Vi har og fordelt tilskot til viktige tiltak for å ta vare på trua artar, mellom anna pollinerande insekt.

For pollinerande insekt bidreg tilskot til restaurering og rekruttering av artsrike slåttemarker, som er viktige leveområde for dei ville pollinerande insekta.

Forbedret tilstand for truet natur (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Forbedret tilstand for truet natur med særskilt vekt på den mest truede naturen

Vi held fram arbeidet med å få utarbeidd nye skjøtelsesplanar, kvalitetssikre nye område, arrangere fagdagar, rettleie brukarar m.m. Dette er med på å spreie kunnskap, som er viktig for å ta vare på og betre tilstanden til desse naturtypene. I fleire nye område har brukarane fått oppdatert informasjon om kva verdiar dei forvaltar, og korleis desse best skal varetakast. Dette gjer at sjansen aukar for at områda blir haldne i hevd, og for at dei får rett skjøtsel

Vi har utarbeidd skjøtelsesplan for to relevante område der det er registrert tinnvokssopp. Effekten av dette er at grunneigarar og brukarar er informerte om naturverdiane i områda, og dei har fått klare råd om korleis dei skal ta vare på dei og korleis dei kan få tilskot til dette. Vi reknar med at dette aukar sjansen denne skjøtelseskrevjande arten har til å overleve.

Vi er og snart ferdige med å få utarbeidd ein ny overvakingsmodell for dvergålegras som gir oss oppdatert kunnskap om tilstanden i lokalitetar av dvergålegras. Med ein ny overvakingsmodell vil overvakinga vere meir fleksibel og mindre knytt til enkeltpersonar, noko som vil vere betre for arbeidet i eit langsiktig perspektiv.

Vipa har status i raudlista som «kritisk trua», så vi held fram arbeidet for å auke hekkesuksessen for vipa, med særskilt merksemd på Herdla naturreservat. Effekten av gjennomførte restaureringstiltak og årlege tiltak under slåtten gjer at talet på vipereir her har auka frå 0 i 2007 til 37 i 2023. Vi anslår at det var om lag 50 vipere i området i 2023, og at det kom fram om lag 40 flygedyktige ungar. Herdla naturreservat er dermed eit viktig rekrutteringsområde for ein art som elles er i sterk negativ utvikling, også i regionen. Vi finn no oppunder 2 prosent av den norske hekkebestanden på Herdla.

Det blir gjennomført intensiv overvaking av hubro i Hordaland og omfattande overvaking i Sogn og Fjordane. Tildelinga til sistnemnde var for lita til at vi kunne gjennomføre kartlegging og overvaking som planlagt. Det vart ikkje gjennomført vellukka hekking i dei lokalitetane som det var midlar til å undersøke, og truleg var det jamt over ein dårleg sesong for hubroen i fylket.

Bestandsmålene for rovvilt er nådd og tapene av beitedyr til rovvilt er redusert (fra kapittel 3.1.4.2.2.1 i TB)**Rapportere på**

Bestandsmålene for rovvilt er nådd og tapene av beitedyr til rovvilt er redusert.

Vestland har ikkje bestandsmål for rovvilt, utanom kongeørn. Tapa til rovvilt er generelt låge, også i 2023. Det er jamleg streifdyr, og tidvis yngling av jerv, og vi har vore avhengig av innsatsen til Statens naturoppsyn for å nå målet om å vere beiteprioritert region

Lisensfelling av jerv har ikkje fungert i Vestland, i hovudsak grunna klima og topografi. Det er framleis ei utfordring at kongeørn på kysten gjer skade på einskilde besetningar med utegangarsau. Her har ikkje førebyggjande tiltak hatt ønskt effekt.

Forvaltning av villrein (fra kapittel 3.1.4.2.3.1 i TB)**Rapportere på**

De nasjonale villreinområdene er på vei til å nå minimum middels kvalitet ved neste klassifisering etter kvalitetsnormen.

Tiltaksplan for villrein i Nordfjella, som vi hadde ansvaret for, vart levert 1. desember 2023. Vi deltok og i arbeidet med tiltaksplan for Hardangervidda.

3.1.1.8 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner

Utviklinga går rett veg og vi opplever aukande interesse og forståing for å ta vare på representativ natur i fylket.

I vernearbeidet prioriterer vi opne og involverande prosessar og vi har brukt betydelege ressursar på å møte kommunar, grunneigarar og lag og organisasjonar for dialog om verneoppdraget. Denne arbeidsmåten opplever vi gir god effekt med tanke på å få formidla kjemen i oppdraga våre, gjere kjent kunnskap om viktig natur og få dialog rundt lokale spørsmål og interesseavvegingar.

Etter ein lengre prosess med involverte kommunar sende vi over vår tilråding om vern av Dalsfjorden marine verneområde til Miljødirektoratet i september 2023. For Sognefjorden marine verneområde gjennomførte vi kartlegging, fastsette utgreiingsprogrammet, og inngjekk kontrakt for konsekvensutgreiing på tampen av 2023.

Vi har fått nokre avklaringar om lokal aksept for vern frå råka kommunar, medan andre kommunar melder at dei først vil handsame saka i 2024.

Alle grunneigarar har fått informasjon om aktuelle område for bevaring av verdifull natur. Vi vil starte formelle verneprosessar for enkeltområde i løpet av vinteren 2024.

Mange små skogeigedomar gjer arbeidet med frivillig skogvern tidkrevjande. Reduserte rammer nasjonalt til erstatning har truleg ført til at færre grunneigarar melder inn område for frivillig skogvern. Effekten av dette vart synleg for oss i 2023, med berre tre nye skogvernområde i Vestland. Desse

tre områda hadde eit samla areal på 12 020 dekar. Med dette har vi i overkant av tre prosent skogvern i fylket.

Myrer og andre våtmarker er restaurert (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Myrer og andre våtmarker er restaurert til en tilstand som gir gevinster for karbonlagring, klimatilpasning og naturmangfold.

Vi har merksemd på restaurering av skog gjennom å fjerne framande treslag i verneområde og i annan viktig natur, men få tiltak innan restaurering av myr. I 2023 vart to utgrøfta myrer som har vore tilplanta med sitkagran, restaurerte. Med dette tiltaket er om lag 25 dekar sterkt påverka natur frigjort for reetablering av stadeigen natur og karbonlagring. Økologisk effekt av slik restaurering vil ta tid, men utgangspunktet er no tilfredsstillande.

3.1.1.9 Forurensning skal ikke skade helse og miljø

I hovudsak har sjøresipientane i fylket god økologisk tilstand, og utviklinga går rett veg fleire stader. Vi har problem i fleire store område, til dømes Hardangerfjorden. Mange andre sjøresipientar er registrerte med redusert miljøtilstand, ofte grunna miljøgifter i sedimenta etter utslipp frå tungindustri.

Vi har også fleire område med redusert miljøtilstand, der det ikkje er kapasitet til å utvide eksisterande aktivitet. Vi ser også at det kan bli behov for å vurdere om den eksisterande aktiviteten er forsvarleg ut ifrå tilstanden til resipienten.

Store delar av næringsmiddelindustrien har søkt om unntak frå IED-krava. Vi avventar avklaring frå Miljødirektoratet om korleis vi skal handsame søknadene.

Vårt inntrykk er at mange kommunar framleis nedprioriterer og har lite oversikt over tilstanden i mindre vassdrag og kvaliteten på spreidde avløpsanlegg, trass i vår innsats med rettleiing og forvaltningstilsyn.

Mange etableringar av biogassanlegg og ønske om å kunne bruke bioresten i landbruket nær anlegget, gjer at vi vil bli utfordra på tilførsel av næringsstoff i område som allereie kan ha eutrofieringsproblem. Vi ventar ikkje endra effekt før ny gjødselvereforskrift er vedteken. Vi har teke opp problemstillinga på nasjonalt nivå.

Forurensningskilder fra overgjødning (fra kapittel 3.1.4.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Forurensningskilder som skaper eutrofiering, er godt regulert.

Vi saknar eit kartlag i Vann-Nett som viser den samla økologiske tilstanden i vassførekomstane berre med omsyn til eutrofi og evt. organisk belastning. I dag har Vann-Nett kartlag for næringsforhold og for ulike biologiske kvalitetselement kvar for seg. Vi sendte inn ein førespurnad om dette til Miljødirektoratet 5. desember 2023.

For å betre kunnskapsgrunnlaget om miljøtilstanden i vassførekomstene har vi i 2022 og 2023 sett i gang felles overvåkingsprogram i fleire kystområde.

Vi er i mål med å oppdatere alle eldre avløpsløyve for kommunane. Enkelte private anlegg har framleis gamle løyve, men avløpsvatnet frå desse anlegga skal koplatt til kommunalt anlegg og oppdatering av løyva er difor ikkje prioritert. Dei oppdaterte løyva inneber ikkje endra reinsekraft, men vi ventar at revisjonane kan resultere i reduserte utslipp av ureinsa avløpsvatn frå leidningsnettet. Effekten vil først bli synleg gjennom resipientovervaking og årsrapportering framover i tid.

Vi har framleis fleire kommunar som ikkje overheld dagens reinsekraft eller som ikkje vil nå fristane for bygging av nye reinseanlegg i utsleppsløyva (Kinn, Stord, Askøy, Stryn, Bergen, Eidfjord). Desse følgjer vi tett opp for å sikre at framdrifta er i samsvar med dei oppdaterte framdriftsplanane til kommunane. Fristane i framdriftsplanane varierer frå slutten av 2025 (Eidfjord, Kinn) til 2031 (Bergen vest). Når dei nye anlegga er i drift, vil dei bidra til reduserte utslipp og dermed gi god miljøeffekt.

Vi har sett på utviklingstrenden i Hardangerfjorden i samband med at vi har fått mange søknader om akvakultur som inneber stor auke i utslipp til denne resipienten. Kartlegginga har vist at vi er på veg inn i ein situasjon med eutrofiering i Hardangerfjorden. Informasjon til allmenta har gitt offentleg debatt om problemstillinga og vi har oppnådd ei større allmenn forståing for at resipientane har avgrensa kapasitet.

Alle søknader om utviding av utslipp til Hardangerfjorden er sett på vent inntil vidare.

Samanstilte data om utslipp frå landbaserte anlegg har vist at anlegga har avgrensa reinsing av næringssalt. På bakgrunn av dette stiller vi større krav til utsleppssøknadene, både når det gjeld modellering av næringssaltutslipp og effekten på sårbare økosystem i resipienten. Vi ser at dersom nytt avløpsdirektiv blir vedtatt med krav til nitrogenreinsing for store utslipp, må også krava til alle store landbaserte anlegg skjerpast.

Arbeidet med oppdrag 3.1.4.4.3 er utsett til forskrifta blir vedtatt, slik at vurderingane blir gjort på rett grunnlag.

Mange biogassetableringar (IED-anlegg) gjer at ei svært stor mengde nitrogen og fosfor må handterast og disponerast i vårt område der landbruksområda allereie har mykje fosfor og det er vassdrag og sjø som er overgjødsla. Det er risiko for store eutrofi-utfordringar dersom vi ikkje

regulerer tilstrekkeleg. Det er behov for avklaringar med mellom andre Miljødirektoratet og LMD om dette.

Så langt har vi ikkje sett det som tenleg med eiga forskrift etter jordlova. Vi har starta med at alle kommunane har fått eigne brev med opplisting av vassførekomstar som ikkje har god nok vasskvalitet grunna landbruk. Her minner vi om at det langs slike vassdrag ikkje er høve å gi utsett frist for spreing av husdyrgjødsel. Kommunane skal så melde tilbake kva tiltak dei vil setje i verk.

Vi ser at spreidd avløp er ein del av utfordringa, og at vi treng tiltak på fleire område enn landbruk.

Vannforvaltningsplaner

Tema	Hvor mange vannforekomster vil nå miljømålene, innen gitte frister	Hvor mange vannforekomster vil ikke nå miljømålene, innen gitte frister	I hvor mange vannforekomster er det fastsatt regionale forskrifter for å nå målene	I hvor mange vannforekomster har SF vurdert å innføre regionale forskrifter
Antall	4 602	0	0	0

Alle vassførekomstane i vår region har eit miljømål. 12 har fått måloppnåing etter 2023. Vi har ikkje nokon måte å markere dei som vi tenker ikkje vil nå miljømålet, men mange vil aldri nå miljømålet, spesielt pga. kjemisk tilstand. Inntil vi får betre verkemiddel til å avgrense utslepp og setje i gang tiltak, vil einaste verkemiddel vere naturleg sedimentering (der utslepp er stoppa). Nokre VF har også frå naturens side dårleg tilstand. Desse vil heller ikkje oppnå god tilstand, sjølv om vi har sett eit mål om det. Då må kriteria for klassifisering endrast. Lus og rømming er også påverknader som krev innsats. Neste år håpar vi på meir informasjon om kva de ønskjer å få ut av denne tabellen. Det hadde også vore fint om bruken av omgrepa vassområde og vassførekomst vart meir konsekvent.

Oppdaterte tillatelser (fra kapittel 3.1.4.4.2.1 i TB)

Rapportere på

En større andel av virksomhetene i fylket som er omfattet av EUs industriutslippsdirektiv, har oppdaterte tillatelser i tråd med Best Available Techniques (BAT)-konklusjoner

Vi har 15 anlegg som er omfatta av IED og BAT-konklusjonane for næringsmiddelproduksjon (FDM). Ingen anlegg tilfredsstillar BAT-AEL i dag. Tolv av IED-anlegga har søkt eller skal søke om unntak, i hovudsak med grunngeving i miljøtilhøve i resipienten og kapasiteten til å ta imot utslepp. Ei ny verksemd har fått nytt løyve med IED/BAT-AEL-krav. Dei har også søkt om unntak. Ingen andre verksemder har fått oppdaterte løyve.

Nye krav har gitt større interesse for å delta på felles resipientovervaking. Dette vil gi meir informasjon om miljøtilstanden. Arbeidet gir også tettare kontakt med verksemdene og betre høve til å rettleie.

Vi har revidert løyvet til fragmenteringsanlegget vi har i fylket, i tråd med IED-krav.

Vi har eitt biologisk anlegg som er IED-bedrift, og som er i drift per no. Dette er knytt til avløpsreinsinga i Bergen kommune. Kommunen ønskjer å vente med å avklare nitrogenreinsing inntil reinsekrava for avløpsreinsing er avklara gjennom avløpsdirektivet. Vi har ikkje gitt noko formelt unntak frå BAT-AEL.

Vi har oppdatert mange løyve til avfallsanlegg i tråd med IED-krav. Vi ventar på avklaring frå Miljødirektoratet om forureina overvatn frå avfallsanlegg er omfatta av BAT-AEL. Vi har berre fått avklaring om fragmenteringsanlegga.

Vi har fleire søknader om biologiske anlegg og jordvaskeanlegg, som vil vere IED-anlegg.

3.1.1.10 God økonomiforvaltning i kommunene

For å bidra til god økonomiforvaltning i kommunane, har vi gått gjennom budsjetta til alle dei 43 kommunane i Vestland for 2023, og økonomiplanane for perioden 2023 til 2026. I tillegg til kontroll av balanse i budsjetteringa, har vi sett på sentrale økonomiske nøkkeltal og korleis kommunane har følgd opp økonomiplanlegginga etter kommunelova med forskrifter.

Alle kommunane fekk brev med våre kommentarar til budsjett og økonomiplan. Gjennomgangen viste at mange av kommunane i Vestland planla perioden 2023–2026 med svake netto driftsresultat og auka lånegjelda. Det er først og fremst 2023 som har svake resultat. Dette må sjåast i samanheng med at kommunane har planlagt innsparingar med verknader frå 2024.

Vi har i budsjettbrev formidla våre økonomiske vurderingar ut frå status i dag og slik økonomien er planlagt for dei næraste åra. For enkelte kommunar har det også vore nødvendig å presisere at kommunestyret har ansvar for realisme i budsjetteringa, og at det ikkje er tillate med uspesifiserte innsparingar. Tilbakemeldingane frå kommunane er at budsjettbrev er til hjelp i planlegginga og styringa av kommuneøkonomien. I tillegg gir breva god samla informasjon, som vi brukar i kommunedialogen.

Utfordringane til fleire av kommunane i fylket er negativ folketalsutvikling og ein demografi med fleire eldre samanlikna med talet på yrkesaktive. Denne utviklinga vil vere svært krevjande for kommuneøkonomien framover.

Vi får positive tilbakemeldingar om at vi opprettheld økonominettverket for økonomisjefane i kommunane i Vestland.

Gjennom året har vi hatt møte med enkeltkommunar i samband med økonomistyring- og planlegging, etter behov frå kommunane eller at vi sjølve har hatt ønske om møte. Generelt får vi mange positive tilbakemeldingar frå kommunane på samhandling og aktivitetar.

Det er utarbeidd kommunebilde (arbeidsverktøyet) for kommunal økonomi for alle 43 kommunane i Vestland. Dette gjev oss god og oppdatert

informasjon om økonomien til kommunane, som blir nytta til oppfølging og saker (kontroll, tilskot, rettleiing) som vi har med kommunane.

God oppfølging av kommuner som er i eller står i en situasjon der de kan komme i ROBEK (fra kapittel 3.1.5.1.1.1 i TB)

Rapportere på

God oppfølging av kommuner som er i eller står i en situasjon der de kan komme i ROBEK.

Vi går gjennom kommunane sine budsjett og økonomiplanar, med analyse, risiko og sårbarheitsvurdering og balansekontroll. Saman med den økonomiske statusen i kommunen gir dette grunnlag for ei risikovurdering i Kommunebilde av den enkelte kommune sin økonomi. Dette gir eit samla grunnlag for vidare oppfølging av kommunen, som vi gir tilbakemelding om i breva vi sender til kommunane etter gjennomgang av budsjett og økonomiplanar.

Økonominettverket for 2023 hadde to hovudtema: Bruk av Kostra-data i planlegging og styring, og demografiutfordringar, med undertittel "Eit land i endring - demografien sin rolle for kommuneøkonomien på mellomlang og lang sikt". Vi trur at slike tema og tiltak legg eit godt grunnlag for læring, og at kommunane er betre rusta til å gjere vedtak med langsiktige og berekraftige løysingar.

Etter ønske frå tre kommunar har vi gjennomført møte om økonomiforvaltning til nye formannskap/kommunestyre i 2023.

Redusert merforbruk i kommuner som har slitt med store underskudd over tid. (fra kapittel 3.1.5.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Redusert merforbruk i kommuner som har slitt med store underskudd over tid.

Vestland har ikkje hatt kommunar med store meirforbruk over tid. Høyanger hadde eit større meirforbruk i 2022 og vart meldt inn i Robek (meirforbruk over 3 prosent av driftsinntekter). Dette er dekt inn i 2023.

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene.

Generelt har Kostra-rapporteringa og kvaliteten på rapporteringa vorte betre dei siste åra. Vi held fram vår oppfølging ved at vi legg ut all informasjon om Kostra-rapportering på våre heimesider kvart år, med lenkjer til andre aktuelle sider. Vi informerer kommunane om feil i Kostra-rapporteringa undervegs i rapporteringsperioden. Kostra er eit tilbakevendande tema på samlingane våre for alle økonomisjefar i kommunane i Vestland, seinast på samlinga i august 2023.

Vi legg vekt på å bruke dei nasjonale måltala i vår dialog med kommunane, og samanliknar kommunane med fylkes- og landssnittet. Kommunane brukar òg desse måltala i sine budsjett- og økonomiplandokument. Vi gir tilbakemeldingar i møte med kommunane, på nettstaden vår, og elles i brev og annan kommunikasjon. Det er særleg netto driftsresultat, gjeld og disposisjonsfond i prosent av bruttoinntekter vi har hatt merksemd på.

Etter 2020 og ny kommunelov med lovfesta bruk av finansielle måltal i styringa av kommunane, vart dette forsterka. Administrasjonane og dei folkevalde vil få eit meir aktivt forhold til korleis måltala bør vere for den komande økonomiplanperioden, ut frå den økonomiske situasjonen.

I våre tilbakemeldingar til kommunane for budsjett 2023 og økonomiplan 2023–2026, gjekk vi igjennom dokumenta til alle dei 43 kommunane i Vestland. I tillegg til kontroll av balanse i budsjetteringa, har vi sett på sentrale økonomiske nøkkeltal og korleis kommunane har følgd opp økonomiplanlegginga etter ny kommunelov. Kvar kommune fekk tilbakemelding basert på vår vurdering og bruken av nøkkeltal. Kommunane er ulike, og det er også ulik grad av realisme og styring ved hjelp av dei vedtekte måltala. Nokre kommunar får dette til og brukar måltala aktivt. Økonomiske handlingsreglar og bruken av finansielle måltal som styringsverktøy er tema i møte med kommunane.

Alle budsjettbrev og ei oppsummering for fylket ligg på nettstaden vår. Vi ser at jo meir konkrete vi greier å vere i våre tilbakemeldingar, dess betre blir det oppfatta. Vi håpar at dette, i tillegg til anna Kostra-oppfølging, gjer sitt til at bruk av nøkkeltal og Kostra-data etter kvart blir innarbeidd som kommunane sin måte å gjennomføre økonomiplanlegging og -styring på.

3.1.1.11 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet

Det er fylkeskommunen som leiar dette arbeidet, og som også kjem med tydelegare forventningar om kva konkrete område/tiltak dei ønsker vi skal bidra til. Dette er i praksis forankra i ein temaplan for landbruk i Vestland, med ein årleg handlingsplan. Vi bidreg til dette utviklingsarbeidet ved deltaking i ulike prosjekt, med vår kunnskap om næringa, utviklingstrekk, oversikt, nettverk og erfaring frå utetterretta arbeidsmåtar. Opplistinga nedanfor viser utviklingstrekk. I tråd med oppgåveendringa frå 2020 er ikkje vårt bidrag til dette utviklingsarbeidet like omfattande som tidlegare. På nokre få område har vi likevel eit konkret oppdrag frå departementet: Inn på tunet, urbant landbruk og økologisk landbruk.

Mjølkeproduksjonen

Omlagginga til lausdrift går rett veg. 65 prosent av mjølka er no i lausdrift, men vi har 570 båsfjøs som utgjer 60 prosent av mjølkebruka, og dei har i snitt ein kvote på 97 000 liter, noko som gjer det vanskeleg med tunge investeringar.

Den auka investeringsstøtta som kom gjennom jordbruksoppgjæret i 2023 er viktig for at flest mogleg mjølkebruk kan legge om til lausdrift innan 2034.

Bærproduksjon

Det har vore ein nedgang i volum og tal produsentar innan produksjon av bringebær. Ei av årsakene til nedgangen er at det har vorte dyrare å hauste.

Frukt

2023 var eit svært godt fruktår med store avlingar av god kvalitet. Dette var viktig for å rette opp økonomien i næringa etter nokre svake år.

Foredling av eple

Produksjon av eplemost og sider er aukande, og i år med låge avlingar får produsentane mindre råvarer enn dei ønskjer. Det er fleire som etablerer produksjon av sider, og marknaden er i vekst.

Kjøttproduksjon

Produksjonen av storfekjøtt, lammekjøtt og gris er stabil. Storfe og lam er viktig for utnyttinga av engareal og utmarksbeite. Grisen er ein stabil faktor for slakteria der dei andre kjøtslaga varierer meir etter sesong.

Lokalmat

Det er stabil aktivitet for bedriftene som foredlar kjøtt, mjølk, frukt og bær. Interesse for kurs i ysting er framleis stor, og det vert arbeidd for å sikre spisskompetanse for å kunne gi eit godt fagtilbod. Det er etablert eit samarbeid med mål om starte eit klyngeprosjekt med bedrifter som foredlar og omset kjøtt av hjort. Vestland var med på matmessa IGW i Berlin i 2023, med stor suksess blant publikum og med læring og motivasjon for dei norske deltakarane.

Inn på tunet

IPT-løftet 2 var til stor inspirasjon og formidla mykje kunnskap. I 2023 har vi auka det tverrfaglege samarbeidet i embetet, og laga ein ny handlingsplan i samarbeid mellom landbruk, utdanning og helse.

Marknadshage og økologisk landbruk

Statsforvaltaren har i samarbeid med Bondens Marknad Norge og Lystgården i Bergen vore ein pådrivar for mobilisering av småskala grønsaksprodusentar. Det er no fleire marknadshagar som driv godt, og Stend VGS i Bergen er involvert i utviklingsarbeidet med testbed med grønsaksproduksjon for unge utan gard.

Urbant landbruk

Urbant landbruk har hatt sitt utspring frå Bybonden i Bergen, og saman med Stad og Sunnfjord kommune er det no fleire kommunar som etablerer egne prosjekt, under det interkommunale Nettverksprosjektet for urbant landbruk i Vestland.

Skogbruk

Skogbruket i Vestland er historisk sett ei ung næring, og mange er "førstegangsskogeigarar" når dei skal hauste og forynge. Den faglege kunnskapen i kommunane er høgst varierende. For å kunne gjennomføre den nasjonale skogpolitikken, jamfør vårt oppdrag både innan forynging, tilskotsmidlane, skogfond og berekraftig skogbruk, har vi funne det naudsynt å delta meir aktivt på dette området enn for andre næringsgreiner i landbruket.

Verdiskaping (fra kapittel 3.1.6.1.1.1 i TB)

Rapportere på

God ivaretakinge av nasjonale mål og regionale strategiske føringer

Partnerskapen i Vestland har jamlege møte både med og utan faglag. I tillegg er det faste møte med leiarar i fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Med bakgrunn i Vestland fylkeskommune sin temaplan for landbruk vert det gjennom partnerskapen laga ein årleg handlingsplan. I 2023 vart det gjennomført seks regionale møte for landbruksforvaltninga i kommunane. Vi deltok med temaet oppfølging av driveplikt.

Vi er ein aktiv part i partnerskapen, men fylkeskommunen ønskjer i større grad å gjennomføre tiltak i eigen regi.

Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Kommunenes arbeid med tilfredsstillende foryngelse innen tre år etter hogst er fulgt opp

Vi har også i 2023 jobba mykje med informasjonstiltak for å få betre forynging etter hogst. Dette skjer i samarbeid med nærings sine organisasjonar, både regionalt og lokalt, kommunane og lokale skogeigarar. Kommunane har blitt flinkare på den formelle oppfølginga med resultatkartlegging og foryngingskontroll, jamfør tabellen nedanfor. Forynging areal er likevel under halvparten av hogstarealet.

Plantetalet gjekk noko ned i 2023 samanlikna med 2022, frå 7 300 til 6 100, men nivået er likevel langt betre enn for nokre år sidan. Sjølv på planta areal vert ikkje foryngingsresultatet så godt som venta. Etter vår erfaring er problemet billeangrep på dei små plantene og beiteskade frå hjort. Vi har derfor delteke i eit fleirårig FoU-prosjekt der vi har testa større planter. Resultata tyder på at det kan ha positiv effekt, men likevel ikkje så god som ønskt. Forsøka vil halde fram og kanskje må vi også teste ut betydeleg større planter, slik det var vanleg å bruke tidlegare.

Foryngelse etter hogst (opplæring)

Betegnelse på rapporteringskrav	Uttrekk antall felt/kontrollfelt	Antall slutført pr. 30.6	Antall slutført pr. 30.11	Antall ikke påbegynt 30.11	Antall med tilfredsstillende foryngelse pr. 30.11
Resultatkartlegging	75	21	72	3	28
Foryngelseskontroll	164	74	90	18	0

Det går rette vegen, fleire kontrollar vart starta og slutførte i 2023. Det vart også gjort godt arbeid med å slutføre kontrollar frå tidlegare år. I og med at felt med foryngingskontroll ikkje er ferdig foryngt ved kontrolltidspunktet, forstår vi ikkje korleis vi skal gi eit godt svar på spørsmålet om tilfredsstillande forynging.

Foryngelse etter hogst (gjennomføring)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall fellesmøter med kommunene	Antall møter/befaring med enkeltkommuner
Gjennomførte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2023	5	31
Effekt av gjennomførte tiltak (høy/middels/lav)	Fellesmøta med kommunane vert brukt til regelformidling og erfaringsutveksling. Det er heilt naudsynt fordi den skogfaglege kunnskapen i kommunane varierer.	Dette er motivasjonsmøte saman med både kommuna og skogeigarar. Fungerer godt .
Planlagte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2024	Eit felles fysisk møte med erfaringsutveksling og praksis. Digitale møte etter behov.	Kring 30 motivasjonsmøte saman med kommunane og nærings.

Fellesmøta med kommunane skjer i hovudsak digitalt, men vi hadde ei fysisk samling for alle kommunane med egne fagsesjonar for skogbruk. Møte med enkeltkommunar skjer i samarbeid med nærings, hovudsakleg Sogn og Fjordane Skogselskap, som driv informasjonsarbeid som dekkjer heile fylket.

Tilskuddsordningene i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Kommunene forvalter de økonomiske virkemidlene i skogbruket effektivt

Det er stor aktivitet innan vegbygging i fylket. Dessverre betyr utstrekkelege finansieringsordningar at viktige felles vegprosjekt ikkje blir utbygde, eller at skogen blir hogd for tidleg. Problemet kjem av stor variasjon i plantetidspunkt mellom skogteigane, og oppstår når 40 til 50 prosent av skogeigarane har hogstmoden skog medan resten har skog i hogstklasse 3 og 4. Dei sistnemnde får ikkje nytta skogfond til å finansiere vegen. Det er fleire måtar å løyse det på, til dømes at eigarane som har hogstmoden skog finansierer heile vegen i dag, og avtalar med dei andre eigarane at dei kjøper seg inn når skogen deira blir hogstmoden. Ein annan måte å gjere det på er å gi eigarane som ikkje har hogstmoden skog låg andel. Problemet er at det krev høge tilskotssatsar og dermed strekk ikkje rammeløyingane til meir enn 25 prosent av behovet. Vi foreslår derfor at det vert oppretta ei ordning med investeringslån for skogreisingsstroka som kan betalast ned med skogfond ved hogst.

Vi har ført opp taubanetilskot under miljøtiltak. Det var ingen andre løyvingar av miljøtilskot i 2023.

Økonomiske virkemidler i skogbruket (forvaltning)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kommuner i fylket	Tilfredsstillende (antall kommuner)	Med mulighet for forbedringer (antall kommuner)
Infrastruktur (skogsveier mm)	43	22	7
Skogkultur	43	10	30
Miljøtiltak	43	11	7

Økonomiske virkemidler i skogbruket (resultatopnåelse)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kommuner i fylket	Tilfredsstillende (antall kommuner)	Med mulighet for forbedringer (antall kommuner)
Infrastruktur (skogsveier mm)	43	22	18
Skogkultur	43	35	5
Miljøtiltak	43	11	29

Vi har nokre kystkommunar der det i praksis ikkje finst økonomisk drivverdig skog, så derfor stemmer ikkje sum kommunar med vurderingstala.

Økonomiske virkemidler i skogbruket (gjennomføring)

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Tiltak økonomiske virkemidler skogkultur	Alle kommunar får i januar levere inn budsjett for skogkultur komande år. Dette blir nytta til å disponere tilskotsmidlar. Midlane blir ev. omdisponerte i løpet av året, og vi har òg fått omdisponert midlar frå andre fylke. Kommunane, skogselskapa og organisasjonane er òg med i felles prosjekt for å auke skogkultursatsinga i fylket. Dette har vore vellukka.
Tiltak økonomiske virkemidler infrastruktur	Vi har maks tilskot på 60 prosent, i gjennomsnitt 57 prosent. Vi har dei siste åra arrangert mange skogdagar og møte om finansiering, felles vegprosjekt og bruk av skogfond. Vi støttar etter avklaring med kommunane 2,5 vegplanleggjarstillingar i Skogselskapet og i ei privat verksemd. Dette ser vi som heilt naudsynt for å få til rasjonelle samarbeidsprosjekt.
Tiltak økonomiske virkemidler miljøtiltak	Vi har informert om tilskot til ulike miljøtiltak i skogmøte og overfor kommunane. Det har vore lita interesse og bruk av midlar til slike tiltak.

3.1.1.12 Bærekraftig landbruk

Her er ei kort og overordna skildring av utviklinga av berekraft på nokre sentrale område i landbruket.

Skogbruk

Skogbruket kan per i dag ikkje kallast fullt ut berekraftig så lenge forynging etter hogst ligg på kring halvparten av hogstarealet. Vi ser også tendensar til at delar av skogen vert hogd for tidleg, noko som også er i strid med prinsippa for berekraftig skogbruk. Det er noko fagleg usemje om den biologiske tilstanden i skogen. Så godt som alle typar skogareal aukar, noko som skulle gi rom for biologisk mangfald og berekraft, men det finst også bekymring for at planta gran i framtida kan dominere på uheldig vis, særleg inn mot enkelte verneområde.

Matproduksjon

Matproduksjonen i jordbruket har vore nokolunde stabil dei siste åra, i alle fall om vi samanliknar med tal bruk i drift.

Jordvern

Jordvernet er ein stadig kamp, og til no har omdisponering av jordbruksareal per år lege over vår prosentvise del av det nasjonale jordvernmålet. På sikt er dette ikkje berekraftig.

Ureiningstiltak

Ureiningstiltaka frå jordbruket går i rett retning. Vi får gjennom arbeidet med vassrammedirektivet stadig betre kunnskap om tilstanden i vassdraga. Det gir oss høve til å sette inn gode tiltak, mellom anna i regionalt miljøprogram.

Klimatiltak

Klimatiltaka i landbruket har to utfordringar: at forynging etter hogst i skogbruket er for lav, og at det tek tid å gjennomføre og dokumentere klimatiltaka i husdyrhaldet. Vi arbeider målretta for å betre forynginga, og prøver å skaffe meir kunnskap om klimaavtrykket for det vestlandske jordbruket. Det går rett veg for begge utfordringane.

Regionale miljøutfordringar (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Virkemidler på miljøområdet bidrar til å opprettholde kulturlandskapet og redusere miljøbelastningen fra jordbruksdriften

Regionalt miljøprogram (RMP)

Programmet vart revidert i nært samarbeid med faglaga, og forureining er no er meir vektlagt.

Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

Kommunane gjer gode vurderingar og midlane har god effekt. Ei kartlegging i 2023 viste at alle kommunane har overordna retningslinjer for ordninga, anten i ferdige utgåver eller under rullering. Desse tek utgangspunkt i måla i det regionale miljøprogrammet i tillegg til lokale særtrekk, utfordringar og mål. Det er framleis størst vekt på kulturlandskapstiltak i dei søknadane som kjem inn til kommunane, men kommunane legg i aukande grad vekt på forureiningsproblematikk i sine retningslinjer.

Tiltak i beiteområde

Elektronisk sporing er framleis eit viktig tiltak som blir prioritert. Vi mobiliserer no for utarbeiding av beitebruksplanar.

Klima- og miljøprogrammet

I utlysinga vår skreiv vi at vi ville prioritere prosjekt som medverkar til å styrke kunnskapsgrunnlaget om klimautfordringar og oppfølging av vassforskrifta, inkludert kunnskap om tiltak for redusert avrenning og reduserte klimagassutslepp. Prosjekta som fekk støtte i 2023 medverka til å nå målet med ordninga. Det inneber at eksisterande eller ny kunnskap når ut til næringsutøvarane, oppdaterer kunnskap for rådgjeving og forvaltning, og informerer samfunnet elles om miljøinnsatsen til jordbruket.

Drenering

Etter auken i satsane i jordbruksoppgjøret frå juli 2023, tok søknadsmengda seg kraftig opp. Klimaendringar med meir nedbør krev meir og betre drenering. Dette er merkbar i eit fylke som Vestland.

For meir utfyllande informasjon om ordningane viser vi til vår rapportering for midlar knytt til Landbrukets utviklingsfond til Landbruksdirektoratet 20. november 2023.

Virkemidler på miljøområdet (andel)

Miljøtema	Andel av de regionale miljøtilskuddene
Kulturlandskap	64 %
Biologisk mangfold	6 %
Kulturminner og kulturmiljøer	10 %
Avrenning til vann	2 %
Utslipp til luft	19 %
Jord og jordhelse	0 %
Plantevern	0 %
Miljøavtale og klimarådgiving	1 %
Sum	100 %

Jord og jordhelse har 0,01 prosent og plantevern har 0,06 prosent. Dette var nye ordningar i 2023, og gjeld heile fylket.

Miljøvirkemidlene (fra kapittel 3.1.6.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Innholdet i miljøvirkemidlene er godt kjent for aktuelle søkere, landbrukets organisasjoner og kommuner.

Vestland har ei eiga side om Regionalt miljøprogram (RMP) på nettstaden vår, der all informasjon om RMP til søkjarar og kommunar ligg samla. Alle søkjarar på produksjonstilskot får direkte informasjon frå oss på SMS, med lenke til RMP-sida tre gonger i løpet av søknadsåret (sein vinter/tidleg vår, når søknadsomgangen opnar og like før søknadsomgangen stenger).

Vi held jamleg og tett kontakt med og oppfølging av kommunane gjennom e-postar og webinar. Vi har god og tett dialog med faglaga i jordbruket om utarbeiding av tiltaka og fastsettinga av satsane. Vi skriv nettartiklar om nye og endra tiltak for å få tak i nye søkjarar, og stoff frå desse nettartiklane vert etter avtale med faglaga og publisert på faglaga sine plattformer og sosiale medium. Vi har oppmoda kommunane om å be med nye søkjarar, særskilt innan drift av bratt areal og gjødseltiltak. I 2023 innførte vi og bevisst nye tiltak som vi meinte kunne generere nye søkjarar / nye søkjargrupper, og dette ser vi at vi har lukkast med. I 2023 var det 476 fleire godkjende RMP-søknader i Vestland enn i 2022. Dette tilsvarar ein søknadsauke på 18,3 prosent på berre eitt år. Vi er då oppe i ein søknadsprosent på RMP i høve til PT på 52,2 prosent, noko som tilsvarar ein auke på 8,2 prosentpoeng frå 2022. Vi ser og i 2023 at det er ein auke i søknadsdotala på tiltaksnivå for nesten alle tiltaka sidan 2022, og vi opplever samla sett at søknadsmengda er stigande og god.

Innholdet i miljøvirkemidlene (andel)

Betegnelse på rapporteringskrav	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Hvor stor en andel (%) av PT søkere søkte RMP	45,9	43,9	41,3	43,2	44,4	52,2

Innholdet i miljøvirkemidlene (vurdering)

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom RMP har vært stabilt, stigende eller synkende de siste fem år.	Har vore ein jamn auke i perioden, og vi har god tilslutning også til dei nye ordningane på kantsone, tidlegspreiing av husdyrgjødsel, ugrasharving og dekkvekst.
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom SMIL har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Dette har vore stabilt. I 2023 brukte Vestland 14 prosent av SMIL-ramma på miljøtiltak, og 86 prosent på kulturlandskap og kulturminne.
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom KMP har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Ein jamn høg andel av midlane er brukt på miljøretta tiltak.
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom øvrige miljøvirkemidler har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Dette er stabilt for Vestland.
Gi en kort omtale av hvordan og i hvilken grad Statsforvalteren har bidratt til å gjøre ordningene kjent.	Statsforvalteren nyttar primært omtale og utlysing på eiga nettside. For RMP har vi nytta SMS direkte til dei som søker PT. Vi formidlar forventningar til SMIL, NMSK og beitebruk i vårt årlege tildelingsbrev.

3.1.1.13 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov

Formelle kompetansekrav

Barnehage- og skuleeigarane i Vestland har fleire tilsette som stettar kompetansekrava enn landet elles. Utviklinga er likevel negativ på skuleområdet. Både frå 2021 til 2022 og frå 2022 til 2023 auka delen lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing.

På barnehageområdet er utviklinga relativt stabil, men vi ser ein betydeleg auke i dispensasjonar frå utdanningskravet i 2022 samanlikna med 2021. Dette er også på linje med dei nasjonale trendane.

Sektoren melder at det er meir utfordrande å rekruttere personale med rett formalkompetanse no enn tidlegare, både til rektorstillingar, barnehagelærarstillingar og lærarstillingar. Særleg gjeld dette i rurale område.

Vi trur dette har samanheng med at færre søker seg til lærarutdanningane. Det er nedgang i søkjartala både på barnehagelærarutdanninga og lærarutdanninga ved UH-institusjonane i fylket. Søkjartala i fylket skil seg ikkje særleg negativt ut samanlikna med resten av landet, men nedgangen er likevel betydeleg.

Kompetanseutvikling

Sjølv om trenden er at det er færre lærarar som oppfyller kompetansekravet for tilsetjing, ser vi ikkje ein auke i bruken av kompetanse for kvalitet-ordninga. I 2021 var det 9,3 prosent av lærarane i Vestland som tok vidareutdanning, mens det i 2022 var 8,6 prosent og i 2023 8,5 prosent. 25 prosent av lærarane som fekk innvilga vidareutdanning i 2023, utdannar seg innan spesialpedagogikk, medan 25 prosent utdannar seg innan engelsk, matematikk og norsk. Kommunane nyttar kompetanse for kvalitet aktivt for å møte kompetansekrava for tilsetjing, og det generelle behovet for spesialpedagogisk spisskompetanse i sektoren.

Alle tenesteeigarar har høve til å få midlar til kollektiv etterutdanning gjennom tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling. I Vestland har vi lagt til rette for ein demokratisk og desentralisert prosess, som vi vurderer vil gi økonomiske føresetnader som gjer tilpassa kompetansehevingstiltak mogleg hos dei tenesteeigarane som treng det mest. Dei aller fleste tenesteeigarane i Vestland har fått støtte gjennom desse ordningane dei tre siste åra.

Tiltaka som blir gjennomførte samsvarar med nasjonale målsetjingar og/eller område i fagfornynging. I kompetanseløftet er tiltaka retta mot inkluderande praksis, tverrfagleg samarbeid og spesialpedagogiske område. I den desentraliserte ordninga er tema som inkluderande læremiljø, djupnelæring, elevaktive læringsformer og grunnleggjande dugleikar sentrale. I den regionale ordninga er inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning, og barnehagen som pedagogisk verksemd blant i tiltaka. Vi vurderer at desse temaa handlar om grunnleggjande føresetnader, som må liggje til grunn om barn og elevar skal oppleve at dei får eit tilbod som fremjar utvikling og læring, og at tilbodet er tilpassa deira behov.

Kompetansetiltak i partnerskap med UH (fra kapittel 3.1.7.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommuner og fylkeskommuner utvikler og gjennomfører kompetansetiltak i partnerskap med UH.

Saman med aktørane i Samarbeidsforum har vi utarbeidd eit grunnlagsdokument som skildrar korleis tilskotsordninga skal forvaltast i fylket. Dokumentet seier noko om korleis prosessen fram mot tildeling av midlar skal gå føre seg i Vestland, og har eit eige avsnitt med føringar for partnerskap.

Samarbeidsforum skal vurdere innstillingane opp mot føringane som i dette dokumentet. Det bidreg til å sikre at tenesteeigarar utviklar og gjennomfører kompetansetiltak i partnerskap med UH. Grunnlagsdokumentet blir kontinuerleg oppdatert på bakgrunn av nye nasjonale føringar og avgjerder gjort av samarbeidsforum lokalt. Grunnlagsdokumentet ligg tilgjengeleg på våre kompetanseutviklingssider, og vi brukar dokumentet aktivt i vår kommunikasjon med aktørane.

Både tenesteeigarar og UH-miljø har gitt uttrykk for at det er behov for å gjere ordninga og partnerskapa meir føreseielege. I 2023 har difor Samarbeidsforum bestemt at det i kompetanseløftet og den desentraliserte ordninga må føreliggje treårige partnerskapsavtalar mellom tenesteeigarar og UH-miljøa for å få innvilga midlar. Føremålet er å gjere det økonomisk føreseieleg for UH-institusjonane, slik at dei kan tilpasse kapasiteten i sine organisasjonar. Med ein lokal UH-sektor som i større grad er skalert etter behova, vil partnerskapa få betre føresetnader for å utvikle langsiktige planar for utvikling og gjennomføring av kompetansetiltak.

Vurdering

Kva reelle partnerskap betyr har vore eit gjennomgåande tema i heile den perioden ordninga har fungert. Vi vurderer at UH og eigarane er samla om ei god forståing av kva det inneber og at dei har prosessar og praksisar som står opp om dette kravet. Vi følgjer opp tilfelle der det er usikkert om utviklingsarbeidet skjer i avtalte partnerskap.

Tiltakene i Kompetanseløftet sees i et tverrsektorielt perspektiv (fra kapittel 3.1.7.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Tiltakene i Kompetanseløftet sees i et tverrsektorielt perspektiv hvor PP-tjenesten og andre relevante støttetjenester er inkludert

Tiltak

Vi brukar mykje tid på å gjere føremålet og retningslinjene for tilskotsordninga kjent. I 2023 utforma vi eit notat der vi løfta fram intensjonane for kompetanseløftet, slik dei kjem fram i ulike nasjonale styringsdokument. Det tverrsektorielle perspektivet og særleg rolla til PP-tenesta vart løfta fram. Vi gjorde også greie for kva rolle PP-tenesta bør og kan ha i tiltaka i kompetanseløftet. Notatet var utgangspunkt for eit møte i Samarbeidsforum. Vi viste også til døme på partnerskap som har tiltak der UH, PP-tenestene og einingane samhandlar om utviklinga av eit samordna tenestetilbod for

barna/elevane.

Etter møtet vart det vedteke å gi ekstra midlar til pågåande og planlagde tiltak i kompetanseløftet, slik at dei kan rette meir merksemd mot samhandlinga mellom einingane og PP-tenestene/støttenestene.

Vurdering

Dei fleste tiltaka i 2023 hadde eit tverrsektorielt perspektiv. Vi trur at arbeidet vi har gjort på dette området i 2023 vil bidra til betre måloppnåing på dette punktet i 2024.

Statsforvalter skal støtte og veilede kommunene i oppfølgingsordningen (fra kapittel 3.1.7.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner i oppfølgingsordningen har bedret sine systemer og økt sin kompetanse til å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine virksomheter

I 2023 har sju kommunar fått oppfølging gjennom ordninga. To kommunar har vore i gjennomføringsfasen, medan fem kommunar har gått frå kartleggingsfasen til gjennomføringsfasen.

For 2022-uttrekket har løpande dialog med rettleiarane og kommunane vore vårt hovudtiltak for å sikre at kommunane betrar systema og aukar kompetansen for å kartleggje, analysere og vurdere kompetansebehov. Vi har vore tydelege på formålet med ordninga overfor både rettleiarar og kommunane, mellom anna ved å peike på at ordninga ikkje berre skal utvikle praksisen på fagspesifikke område, men at ho skal setje kommunen i stand til å gjere løpande vurderingar av tilstanden i einingane og utvikle praksisen på dei områda som blir identifiserte.

I forfasen har rettleiarane presentert kommunane for ulike metodikkar og prosessar, som utgangspunkt for kartlegging av eigen praksis. Enkelte kommunar har i samarbeid med rettleiarane og UH-miljøa også arbeidd med å heve kompetansen om å drive utviklingsprosessar.

I møtepunkta etter forfasen har vi bedt kommunane om å gjere greie for korleis dei kan nytte erfaringane frå forfasen til å lage eigne system og rutinar for å drive løpande vurderingar og utvikle praksisen. Jamt over melder kommunane at dei har hatt stor nytte av samarbeidet med rettleiarane, og at dei ønskjer å bygge system for å drive løpande vurderingar, basert på dei metodane og prosessane dei har blitt kjende med gjennom forfasen.

Ulvik og Kvinnherad kommune utgjer 2020-uttrekket. Med utgangspunkt i sluttmøta med desse kommunane, er det vår vurdering at begge kommunane no har meir kompetanse til å kartlegge, analysere og vurdere sine behov. Vi vurderer at det er Kvinnherad som i størst grad har fått på plass eit system for å drive dette vidare etter oppfølgingsordninga.

I Kvinnherad har administrasjonen lagt føringar for korleis kommunen og einingane skal arbeide kontinuerleg med utvikling av tenestene. Det er etablert eit årshjul som forpliktar partane til å gjennomføre ulike prosessar i samheng med kvalitetsvurderingssystemet. Det er vidare etablert utviklingsteam sentralt, som skal gi einingane støtte og felles retning i utviklingsarbeidet. På einingane er det etablert arbeidsgrupper samansett av rektor, avdelingsleiurar, pedagogisk koordinator (PPT-kontakt) og e-pedagog, som skal drive målretta kvalitetsutvikling i profesjonsfellesskapet ut frå analysane som blir gjorde.

Ulvik har arbeidd meir med metode enn system. I arbeidet med organisasjonskulturen har skulen brukt metoden diskurs til å avdekke at dei har utfordringar innan lesing, foreldresamarbeid og skulekultur. I gjennomføringsperioden har dei hatt merksemd på å utvikle praksisen på desse områda. I 2023 kom det på plass ny tenesteleiar for oppvekst, og i sluttmøtet med kommunen skildra tenesteleiarane at dei i 2023 og 2024 vil ha merksemd på å arbeide vidare med dei utfordringsområda som allereie er identifiserte. Tenesteleiarane har sett seg inn i arbeidet som er gjort og ønskjer å vidareføre metoden når dei skal arbeide med å identifisere nye utviklingsområde i framtida.

Hausten 2023 arrangerte vi ei digital samling der vi inviterte sektoren, og kommunane som er med i oppfølgingsordninga, til å delta. Temaet for samlinga var kartlegging og analyse som utgangspunkt for utviklingsarbeid. Statsforvaltaren og to bidragsytarar frå lokale UH-miljø stod for innhaldet, og hovudmålet var å synleggjere betydinga av kollektive prosessar i praksisfellesskapa. Deltakarane fekk vidare innsikt i ulike omgrep og moment som er relevante når ein nyttar kvantitative kjelder, som til dømes kvalitetsvurderingssystemet.

Statsforvalter skal støtte og veilede kommunene i oppfølgingsordningen (fra kapittel 3.1.7.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner i oppfølgingsordningen jobber med målrettede tiltak basert på analyser av utfordringar og behov for å bedre læringsmiljøet og læringsutbyttet for barn og unge.

Kommunane som deltek i oppfølgingsordninga er kjende med at dei har utfordringar med kvaliteten på ulike område av tenestetilboda. Dei fleste kommunane hadde pågåande satsingar for å heve kvaliteten også før dei blei inviterte til å delta, men har hatt avgrensa eller varierende måloppnåing på desse satsingane.

I den innleiande fasen med rettleiarane og kommunane har vi vore opptatt av eit grundig analysearbeid i forfasen. Vi har lagt vekt på korleis ein med hjelp av fagleg forankra metodikk kan arbeide for betre læringsmiljø og -utbyte hos barn og elevar. ser på kva faktorar som kan påverke læringsmiljøet og læringsutbyttet, og korleis ein må forankre tiltak og arbeide for å oppnå ei betring i læringsmiljøa og læringsutbyttet for barn og elevar.

Vi opplever at fagmiljøa vi har nytta som rettleiarar, har forstått intensjonen, og at dei har medverka til grundige prosessar både på kommuneadministrativt nivå og ute i einingane. Kunnskapsgrunnlaget frå tidlegare satsingar er etterprøvd, og nye satsingar spring ut av eit breitt kunnskapsgrunnlag basert på kollektive analyseprosessar i praksisfellesskapet.

Ut frå dei tematiske satsingsområda som er skildra i utviklingsplanane til einingane og kommunane, ser vi at dei ser heilskapleg på utfordringane sine. Dei jobbar særleg med grunnleggjande føresetnader som må liggje til grunn om ein skal få betre læringsmiljø og læringsutbytte. Skulemiljø, praktiske og varierte læringsformer, inkluderande praksis, elevsyn, klasseleiing og organisering er døme på tema som vi vurderer vil kunne påverke læringsmiljøet og læringsutbyttet betydeleg. Dette er også dei vanlegaste temaa for tiltaka kommunane har sett i verk i gjennomføringsperioden.

Vi vurderer at kommunane har fått relevante samarbeidspartnarar for å utvikle praksisen på dei ulike områda. Utviklingsplanane vi har fått tilsendt er godt forankra i analysearbeidet frå forfasen. Dei er detaljerte og skildrar eit omfattande arbeid på fleire nivå. Arbeidet som er planlagt blir i stor grad gjennomført i tråd med planane. Vi meiner kommunane og einingane jobbar målretta for å betre praksis på dei områda som analysane i forfasen identifiserte.

3.1.1.14 Andre oppdrag

3.1.2 Statlig virksamhet er godt samordnet på regionalt nivå

3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge

I 2023 har vi funne lovbrøt i 18 tilsynssaker om bistandsplikta til Bufetat. Alle sakene handlar om at Bufetat ikkje har hatt tilgjengeleg plass i akuttinstitusjon eller behandlingstinstitusjon når barnevernstenesta har bedd om bistand til dette. På grunn av det høge talet saker har vi informert både Bufdir og Helsetilsynet om at vi er bekymra for situasjonen. Vi er uroa for konsekvensane det kan få for barn at Bufetat over tid ikkje har hatt eit riktig dimensjonert og variert institusjonstilbod. Det er semje om at situasjonen er alvorleg for barna som ikkje får tiltak, og at Bufetat ikkje har eit institusjonstilbod som er betre tilpassa behovet i kommunane. Bufetat har i samarbeid med Bufdir sett i verk fleire tiltak som på kort og lang sikt skal bidra til at Bufetat kan tilby barn plass i institusjon når barnevernstenesta ber om bistand til dette.

Landsomfattande tilsyn med barnevernstenesta si oppfølging av barn i fosterheim har vist at det er stor variasjon i om kommunane følgjer opp barna i tråd med regelverket. I tre av fire kommunar fann vi at kommunen ikkje hadde forsvarleg oppfølging.

I 2023 har vi gjennomført fleire tilsyn med fleire tenesteområde samstundes. Dette gjeld særleg samarbeid mellom helsetenester og kommunalt og statleg barnevern. Fleire av tilsyna har vist at barn med komplekse utfordringar som bur på barnevernsinstitusjon, ikkje får eit tilpassa og koordinert tenestetilbod i tråd med lovkrava. Sjølv om det er dialog mellom tenestene om barna, fører ikkje dette alltid til at tilbodet barna får er heilskapeleg og samordna. Vi erfarer til dømes at det framleis er slik at mange barn som bur på barnevernsinstitusjonar, må vente lenge på å få nødvendig psykisk helsehjelp. Vi meiner det er fleire årsaker til dette, men vil peike på at organiseringa av helsetenestene ikkje er tilpassa barn med komplekse og samansette behov, som lever i ein uavklara omsorgssituasjon. Vi ser at dette kan føre til at barn på barnevernsinstitusjon strevar med både psykiske helsevanskar, rusvanskar, sjølvskadingsvanskar og etevanskar, og at dei ikkje får nødvendig hjelp og oppfølging til rett tid.

Går utviklinga etter vår vurdering i riktig retning?

Vårt inntrykk er at trass i stor merksemd på barn og unge med behov for koordinert hjelp og rettar etter fleire lovverk, må vi diverre konstatere at vi ikkje kan sjå at utviklinga går rett veg. Vi ser at nær alle tenester og tiltak som møter barn med samansette behov vert utfordra, og at motkreftene mot å gi koordinert og samla innsats altfor ofte gjer at det tek for lang tid før barnet får den hjelpa hen treng.

Godt og samordnet tenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge (fra kapittel 3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Godt og samordnet tenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge

Barn og unge med behov for hjelp frå fleire instansar, får ikkje alltid heilskapleg og godt koordinert hjelp. Det er stor variasjon i tenestetilbodet til denne gruppa i ulike kommunar, men også internt i einsskilde kommunar. Vi har dei siste åra sett fleire urovekkande døme på dette.

Særleg gjeld dette ungdom med så sterke smerteuttrykk at dei treng samstundes hjelp frå fleire kommunale og statlege tenester. I nokre tilfelle bur også desse ungdommane på institusjon, i fosterheim eller har kortvarige opphald på sjukehus. Desse ungdommane får liten grad av normalitet i kvardagen. Sjølvskading, ukritisk bruk av rusmiddel og eteforstyrningar er døme på slike smerteuttrykk.

Fleire psykoseutbrøt, overdosar og sjølv-mord medfører også at tenestene vert utfordra på korleis dei skal vareta tryggleiken, samstundes som dei samla sett skal gi forsvarleg hjelp, behandling og omsorg i tråd med dei behova ungdommen har, og sitt eige mandat.

Vi har sett fleire døme på at ungdomane vert dårlegare medan dei ventar på at tenestene skal finne ut av kven som har ansvar for kva, kva dei skal gi av tilbod og kven som skal sjå heilskapen og koordinere arbeidet. Vi har døme på ungdom som lever i uvisse i veker og månader om kva som skal skje med dei, kor dei skal bu og kva hjelpetilbod dei kan forvente etter opphald på barnevernsinstitusjon, i fengsel eller i andre mellombelse busituasjonar.

Vi ser òg døme på at kommunane saman med spesialisthelsetenesta, Nav og Bufetat ofte brukar altfor lang tid på å gi god og koordinert hjelp. I mellomtida forverrar ofte situasjonen til ungdommen seg, og motivasjonen for å ta imot hjelp forsvinn.

Vi ser også gode døme på at kommunar lukkast med å gi heilskapleg og godt koordinert hjelp til enkelte barn, ungdommar og familiar. Vi veit ikkje sikkert kvifor dei same kommunane lukkast i nokre tilfelle, og ikkje i andre. Vi trur at nokre viktige faktorar er trygge tilsette med tverrfagleg kompetanse og leiarar som legg til rette for ein kultur der ein er medviten om i kva samanheng ein yter hjelp. Det er viktig å ha merksemd på kva behov for hjelp barnet og familien opplever, og om dei får eller treng hjelp frå andre. Dette krev også kunnskap om korleis ein kan hjelpe dei i kontakt med andre tenester, og at ein er trygg på reglar for samtykke, teieplikt, meldeplikt og merksemdsplikt.

Vi ser at kompetansestrategien og barnevernsreforma har ført til mykje merksemd på tenester og tiltak til barn, unge og foreldre, ikkje berre i barnevernstenestene, men også i politisk og kommunal toppleiing og hos andre leiarar for tenester som møter barn, ungdom og foreldre. Vår oppfatning er at dei aller fleste kommunar og leiarar ønskjer kompetanseheving og utviklingsarbeid, men at det ofte er utfordrande å ha tilstrekkeleg med leiings- og personalressursar til å følgje opp, og setje av nødvendig tid til utviklingsarbeidet slik at det fører til varige endringar. Dette krev langsiktig planlegging og prioritering, ikkje berre i den einskilde tenesta, men på eit overordna leiarnivå. Vi ser at dette er utfordrande både i nokre av dei store og i fleire av dei mindre kommunane.

Behov for kompetanseutvikling på området

Vi vil særleg trekke fram behovet for meir kompetanse om korleis ein bør møte og hjelpe ungdom med alvorlege smerteuttrykk, som sjølvskading, eteforstyringar og rusbruk. Vi har over fleire år sett at dei det gjeld ofte blir sende frå den eine tenesta til den neste, utan at hjelpa blir godt nok koordinert. For å lukkast med å hjelpe denne målgruppa må fagfolk og leiarar ha nok kunnskap om lovverk og rammer for dei tenestene dei samarbeider med, til å sjå korleis dei kan sy saman eit forsvarleg hjelpetilbod. Vi trur at harmoniseringa av lovverk for velferdstenestene og rettleiaren kan bidra, men det må nok setjast av ressursar til å gjere desse tiltaka betre kjent i tenestene.

Tverrfagleg samarbeid krev tverrfagleg kompetanse og tryggleik i korleis ein forstår og handterer reglar om teieplikt, meldeplikt og samtykke. Vi ser stadig at mangelfull forståing for regelverket utfordrar godt samarbeid om ungdom som treng hjelp frå fleire tenester samstundes. Konsekvensane for ungdommane dette gjeld er svært lite normalitet i kvardagen, mange møte, avtalar og flyttingar mellom ulike omsorgs- og behandlingbasar, og ofte endå større psykiske og fysiske vanskar.

Om barnekoordinatorordninga skal fungere slik ho er meint, krev det høg og samansett kompetanse på fleire fagfelt hos den som har denne rolla. Vi ser også nokre utfordringar i kapasiteten i ordninga og lange ventetider i sakshandsaminga i nokre kommunar. Dette er nok også eit område som vi må ha merksemd på i åra som kjem.

Vurdering av embetets innsats på området

Våren 2023 inviterte vi alle kommunane til å gjennomføre ein planprosess over seks fagdagar, med merksemd på førebyggjande arbeid og koordinerte tenester, særleg med tanke på nytt lovkrav om at kommunane skal lage ein plan for det førebyggjande arbeidet, heimla i barnvernlova paragraf 15-1. I alt 39 av 42 kommunar deltok i planprosessen.

Vi har lagt vekt på å koordinere innsatsen vår ut mot kommunane på barn og unge-feltet, og har hatt ei rekkje tverrfaglege arrangement, der mellom anna koordinert hjelp og tverrfagleg innsats har vore sentrale tema. Vi har også tett samarbeid med andre relevante aktørar på barn og unge-feltet om innsatsar som BTI/BTS, FACT Ung, førebyggjande arbeid og barnekonvensjonen. Dette trur vi har bidratt til at kommunane i større grad opplever at vi "snakkar det same språket" og støttar opp om dei ulike plan-, utviklings-, og implementeringsprosessane som skjer i kommunane. Dette har vi fått gode tilbakemeldingar på frå kommunane.

I ei kartlegging i haust svara over halvparten av kommunane at dei trong meir støtte til korleis dei kan gå frå plan til handling. Dei bad om støtte til systematisk implementering og forbetningsarbeid for å sikre at nye tiltak og arbeidsmåtar gir varige endringar i praksis, og bidreg til reelt betre tenester til barn og unge. Vi trur at dette blir eit viktig innsatsområde framover. Kommunane treng støtte gjennom kompetansetilbud, tilskotsordningar, og oss for at gode intensjonar nedfelt i planar faktisk fører til betre samhandling og meir heilskap i tiltaks- og tenestetilbodet til utsette barn, unge og foreldre. Det er ikkje nok at det vert nedteikna i ein plan, eller nemnt som eit prioritert område i folkehelseoversikta.

Større endringar i tiltakstilbodet, eller endra strukturar for samhandling, krev høg innsats over tid, og at naudsynt personal og økonomiske ressursar vert prioritert. Dette er ei stor utfordring i mange kommunar med trong kommuneøkonomi, høg gjennomtrekk, rekrutteringsvanskar og ofte mangelfulle system for å integrere endringar i den ordinære drifta. I år har vi satsa på å støtte kommunane i dette, i tett samarbeid med KS og relevante kompetansetilbud på barn og unge-feltet. Vi trur dette er eit tema vi må halde fram med å ha merksemd på.

3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Vi har etter vårt syn levert ut frå oppdraget i 2023, og vi har jobba systematisk for at tilsyna våre skal vere samordna og målretta.

Vi har brukt tid på kompetanseheving i embetet for å gjere tilsyna på ein måte som bidrar til læring og forbetring.

Vi meiner at vårt systematiske arbeid over fleire år gjer at utviklinga går i rett retning i fylket. Det er likevel avgrensa kva direkte påverknad Statsforvaltaren kan ha for tenestene vi fører tilsyn med. Vi ser at påverknaden varierer mellom fagområda, og at faktorar som kompetanse og arbeidspress spelar inn. Vi gjer det vi kan ut frå vår rolle, og arbeider for å nytte ressursane slik at tilsynsarbeidet vårt er effektivt og har høg kvalitet.

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor. (fra kapittel 3.2.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor.

Vi nyttar tilsynskalenderen for å gje kommunane informasjon og oversikt over planlagde tilsyn. Ut frå tilbakemeldingane vi har fått, meiner vi effekten av tilsynskalenderen har vore god. Kommunane gir uttrykk for at dei får betre oversyn enn tidlegare.

Vi har etablert rutinar for korleis tilsyn skal leggjast inn i kalenderen, sett fristar for når tilsyn skal leggjast inn og når kommunane kan gi tilbakemelding.

Arbeidstilsynet skal kunne legge inn sine tilsyn i eige fagsystem, og gjennom TILDA skal tilsyna importerast til tilsynskalenderen. I store deler av 2023 har det likevel vore eit problem at dei aktuelle tilsyna ikkje kom inn i kalenderen. STAF og Arbeidstilsynet har arbeidd med dette, og i skrivande stund ser det ut til at tilsyna frå Arbeidstilsynet legg seg inn i kalenderen slik dei skal.

I 2023 har vi hatt to møte med andre aktuelle statlege tilsynsetatar og sekretariata for kontrollutvala, der vi har informert om og diskutert samordning av tilsyn, i tillegg til at vi har utveksla erfaringar om tilsyn. Vi har ikkje sett det som nødvendig å diskutere situasjonen i enkeltkommunar særskilt med andre tilsynsetatar, men Arkivverket orienterer oss jamleg om deira vurdering av oppfølginga frå enkeltkommunar etter tilsyn.

Vi har delteke i dei jamlege møta i samordnamnettverka saman med dei andre embeta. Vi gir forbettringsinnspel til tilsynskalenderen der vi ser det er nødvendig.

Vi har jamlege møte i tverrfagleg tilsynsgruppe i embetet, som mellom anna diskuterer samordning av tilsyn.

For oss ser det ut til at tilsynsbelastninga på kommunane er akseptabel, og sær seldan så stor at det utgjør eit problem for planlegging av tilsyna. Vi finn praktiske løysingar i dei få tilfella der ein kommune tek kontakt om tidspunkt for tilsyn.

Tilsyn mot kommunen innrettes slik at statsforvalterens ressurser benyttes effektivt (fra kapittel 3.2.1.2.2.1 i TB)**Rapportere på**

Tilsyn mot kommunen innrettes slik at statsforvalterens ressurser benyttes effektivt.

Tilsynskalenderen vil gi god oversikt over forvaltningsrevisjonane i kommunane dersom revisjonane vert lagde inn i kalenderen. Vi har oppmoda kontrollutvalssekretariata om å leggje inn forvaltningsrevisjonane, og vi opplever at dei er positive til kalenderen og ønskjer å bruke han.

Det pågår framleis arbeid med at forvaltningsrevisjonsregisteret, drifta av NKRF, skal kommunisere med tilsynskalenderen, noko som også kan bidra til at informasjon om gjennomførte forvaltningsrevisjonar vert tilgjengeleg.

Vi har også i 2023 brukt vår interne tilsynsgruppe til å auke merksemda om korleis vi betre kan fange opp planlagde forvaltningsrevisjonar og ta omsyn til dei.

Kontrollutvallsekretariata i fylket deltek på møte saman med oss og andre relevante statlege tilsynsetatar. Dette har vi fått god respons på frå sekretariata. Her får dei høve til å presentere komande forvaltningsrevisjonar og planar for tilsynsetatane.

I 2023 har vi ikkje avlyst eller utsett tilsyn som følgje av forvaltningsrevisjon i kommunen på same område. Generelt oppstår det sjeldan reelle kollisjonar eller ei overlapping av tema som fører til at vi meiner det er rett å nedprioritere vårt tilsyn.

Dersom det av ulike grunnar er behov for å endre tidspunkt for tilsyn, anten frå vår eller kommunen si side, vert dette løyst ved direkte dialog mellom kommunen og dei som skal gjennomføre tilsynet, for effektivt å finne den mest tenlege løysinga.

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen. (fra kapittel 3.2.1.2.3.1 i TB)**Rapportere på**

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen.

At tilsyna våre skal bidra til læring og betring, er vårt klare mål, og dette er eit tilbakevendande tema på samlingar. Vi har ei tilsynsgruppe med representantar på tvers av avdelingane. Gruppa jobbar mellom anna for å vidareutvikle tilsynet gjennom kompetansetiltak, slik at det er verknadsfullt og bidreg til varig endring og forbetring i kommunane og andre verksemdar. Assisterande statsforvaltar leier gruppa.

Mange av sakshandsamarane som driv med tilsyn har, uavhengig av fagområde, i 2023, som i 2022, gjennomført eit kursopplegg i embetet med Einar Hovlid frå Helsetilsynet, som har forska på verknaden av tilsyn. Opplegget har fått sær gode tilbakemeldingar. Eit viktig tema i kurset er kva faktorar som gjer at eit tilsyn skal føre til læring og betring. Vi ser ein stor verdi av å gjennomføre eit slikt kurs på tvers av fagområde og er takksame for at Helsetilsynet legg så godt til rette for oss.

Embetet legg vekt på god og konstruktiv dialog med kommunar og verksemdar ved førebuing, gjennomføring og etterarbeid i tilsynet. Ved planlagde tilsyn brukar vi risikovurderingar for å velje tilsynsobjekt, innanfor rammene for det aktuelle tilsynet. Ved hendingsbaserte tilsyn brukar vi heile verktøykassa for å tilpasse tilsynet til alvoret av saka. I dei mest alvorlege sakene reiser vi på kort varsel ut til verksemda og gjennomfører intervju. I dei minst alvorlege

sakene hentar vi som regel inn dokumenta og vurderer saka på bakgrunn av desse.

Vi har i aukande grad teke i bruk eigenvurdering i hendingsbaserte tilsynssaker. Ikkje noko er betre enn at verksemda der ei hending har skjedd, sjølv går gjennom om det har skjedd noko som ikkje er i tråd med lovkrava, og gjer tiltak viss det trengst. Vi opplever at det varierer i kor stor grad verksemda nyttar dette høvet til sjølv å ta tak. Nokre gonger gjer verksemda eit framifrå arbeid, og vi kan avslutte saka. Der verksemda ikkje har gjort ei god nok eigenvurdering, har våre tilsyn, som kjem etterpå, endå meir legitimitet.

Vi ser at det er særskilt viktig å ansvarleggjere leiinga i verksemda vi har ført tilsyn med, for å følgje opp funn frå tilsynet.

Vi får stort sett gode tilbakemeldingar etter tilsyn. Dersom verksemdene kjem med tilbakemelding om at dei ikkje er nøgde med tilsynet, vurderer vi tilbakemeldinga og brukar ho til intern læring.

3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

Vi følgjer opp landbrukets klimaplan. Gjennom RMP er det lagt til rette for tilskot til landbruksføretak som skal gjennomføre klimakartlegging og lage klimahandlingsplan. Vi medverkar i landbruket sitt eige mobiliseringsprosjekt Klima Vest, som motiverer bønder til å lage klimahandlingsplan. Vi er også med i prosjektet MetanHUB i regi av NMBU for å prøve ut tilsetningsstoff i føret, som gir redusert utslepp av metan frå drøvtyggarar på 20-50 prosent.

Vi samarbeider godt med Vestland fylkeskommune om oppfølginga av den regionale klimaplanen. Samarbeidet om klimanettverk for kommunane vart nedprioritert i 2023 grunna manglande ressursar.

I samarbeid med ei rekke partnarar arrangerte vi den nasjonale Klimaomstillingskonferansen i Sogndal, ein konferanse som ser utsleppskutt og klimatilpassing i samanheng, og har kommunar og offentleg sektor som målgruppe.

Kommunale klima- og energiplaner klimatilpassing og klimagassreduksjon (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner gjennomfører tiltak som bidrar til å redusere klimagassutslipp, og har integrert klimatilpassing i sine planer i tråd med Statlig planretningslinje (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

Vi formidlar SPR-klima i alle relevante samanhengar og rutinemessig ved innspel til oppstart av planarbeid, i høringsfråsegner til overordna planar og detaljplanar og innspel til planstrategiarbeid. Kommunane har auka merksemd på planlegging som reiskap for å nå klimamåla, mellom anna når det gjeld karbonrike areal, blågrøne strukturar, overvasshandtering og bruk av naturbaserte løysingar. SPR-klima ligg tydeleg til grunn for den regionale klimaplanen som set ambisiøse mål for Vestland.

Det er likevel stort sprik i feltet og gjennomgåande meiner vi klimaarbeidet i kommunane går for sakte. For få kommunar har realistiske og forpliktande planar for å kutte utsleppa i tråd med dei nasjonale måla.

Klimatilpassing blir stort sett varetatt i planar for ny utbygging, utfordringa er større når det gjeld tilpassing i eksisterande, utbygde område. Dei fylkesvise klimaprofilane blir stort sett lagde til grunn.

3.1.2.4 Beredskap i en endret sikkerhetspolitisk situasjon

Som nemnt under pkt. 3.1.1.2., har samfunnstryggleiksarbeidet på mange måtar endra seg etter at Russland invaderte Ukraina i 2022. Vi har i 2023 hatt auka merksemd på den tryggleikspolitiske situasjonen, og korleis han òg påverkar Vestland. Trusselbiletet, og korleis det gjer det nødvendig å utvikle det regionale og lokale totalforsvarsarbeidet, har vore tema på møte både med kommunar og regionale beredskapsetatar og -organisasjonar, på fagsamlingar og i annan dialog.

Vi har hatt ein ambisjon om å konkretisere og operasjonalisere analysane og tilrådingane frå Totalberedskapskommisjonen, og gjere dei om til praktiske tiltak og verkemiddel. Vi ser fram til at rapportane frå både Forsvarskommisjonen og Totalberedskapskommisjonen vert følgde opp gjennom stortingsmelding(ar) og politiske vedtak om konkrete retningsval. For oss vil det ikkje minst vere viktig å konkretisere forventningane til den rolla og det ansvaret kommunane skal ha i totalforsvarsarbeidet

Oppdatert analyse (fra kapittel 3.2.1.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren har oppdatert analyse av sikkerhetspolitisk krise og væpnet konflikt i fylkesROS, inkludert oppfølgingsplan.

Vi har i 2023 jobba kontinuerleg med analyse av tryggleikspolitisk krise og krig. Sårbarheiter som vert trekte fram i analysen har vorte diskutert i fylkesberedskapsrådet og internt. Analysearbeidet vert følgd opp med ein konkret plan og tiltak for å redusere sårbarheitene. Mellom anna har vi under fylkesberedskapsrådet etablert eit forum på operativt nivå, som skal arbeide med konkrete tiltak for å utvikle totalforsvaret i fylket. Forumet skal diskutere

problemstillinger og legge fram forslag til fylkesberedskapsrådet, og gjennom det bidra til å redusere sårbarheter.

FylkesROS i sivil-militært samarbeid (fra kapittel 3.2.1.4.1.2 i TB)

Rapportere på

FylkesROS legges til grunn for revisjon av underliggende plan til SBS og embetets beredskaps- og kriseplan, samt embetets innspill til andre sektors planverk.

Vi har deltatt i eit samarbeid på tvers av alle embeta med revisjon av den underliggende planen til SBS. Vi nyttar kunnskap frå fylkesROS som grunnlag for eiga planlegging, og som grunnlag i rådgiving og dialog med andre sektorar.

FylkesROS i det sivil-militære samarbeidet (fra kapittel 3.2.1.4.1.3 i TB)

Rapportere på

FylkesROS legges til grunn i det sivil-militære samarbeidet, herunder beredskapsplanlegging og sivil-militære øvelser.

Beredskaps- og kriseplanverket til embetet er oppdatert i tråd med fast rutine for revisjon før 1. mars, eller ved behov.

Nye FylkesROS vart ferdig i siste del av 2023, og vil ligge til grunn ved komande planrevisjon. Analysen gav likevel nokre føringar for t.d. kommuneøvingane, og for utarbeiding ei regionalt tiltakskort for oppfølging av varsel om naturfare og alvorlege vêrtilhøve. Arbeidet med tiltakskortet var eit felles prosjekt med m.a. NVE, Meteorologisk institutt, naudetatane og kommunane.

Økt oppmerksomhet (fra kapittel 3.2.1.4.1.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal ha økt oppmerksomhet på robusthet i verdi- og forsyningskjeder i den samordnede regionale beredskapsplanleggingen.

Robuste verdi- og forsyningstenester har hatt stor merksemd i arbeidet vårt. Vi brukar NATO sine sju grunnleggande forventningar («seven baseline requirements») som utgangspunkt for drøftingar og orienteringar om krav til eit robust samfunn. Eit sentralt tema i tilsyn og rettleiing med kommunane er kva evne dei har å halde ved like forsyninga av kritiske tenester under ulike påkjenningar.

Vi har veldig god dialog med beredskapsorganisasjonen til kraftforsyninga (KBO). Vi har delteke på møte som distriktssjefen i kraftforsyninga (KDS) har med nettselskapa i sitt område. Den tryggleikspolitiske situasjonen, og korleis den kan påverke straumforsyninga, har vore tema på desse møta. Vi har òg hatt ein omfattande prosess i samarbeid med KDS, kommunane og regionale beredskapsaktørar om prioritering i tilfelle knapp tilgang på elektrisk kraft.

I fleire møte, m.a. i fylkesberedskapsrådet, har forsyning av olje og gass til Europa vore tema, særleg for å kaste lys over Vestland si rolle. Dette vart aktualisert gjennom hendinga med Nord Stream-rørleidninga, og etableringa etterpå av politiet og HV sitt vakhald ved to av landanlegga i fylket.

Samvirkeforumet for utvikling av totalforsvaret i fylket har starta arbeidet med å sjå på eksisterande system og kjeder for forsyning av mat under kriser.

På fagsamlinga for kommunane var interkommunalt samarbeid i vassforsyninga eit av temaa.

Oppfølgingsplan (fra kapittel 3.2.1.4.1.5 i TB)

Rapportere på

Prioriterte tiltak for å redusere risiko og sårbarhet inngår i oppdatert oppfølgingsplan behandlet i fylkesberedskapsrådet og hos embetsledelsen.

Oppfølgingsplanen for FylkesROS inneheld konkrete førebyggjande eller konsekvensreducerande tiltak. Tiltaka er identifiserte gjennom analyser av det enkelte risikoområdet, som til dømes naturfare, helsehendingar og uønskte hendingar på transportområdet. I tillegg omfattar oppfølgingsplanen ein del prioriterte, overordna strategiske tiltak, m.a. å sikre godt samarbeid mellom dei regionale beredskapsaktørane, å oppretthalde etablerte samhandlingsaktivitetar og å auke kompetansen om totalforsvaret.

3.1.2.5 Andre oppdrag

3.1.3 Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte

3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling

I eit fleirårsperspektiv har situasjonen samla sett vore rimeleg stabil og handterbar, trass i aukande saksmengd og færre ressursar. Dette er eit resultat av vi er blitt betre på å effektivisere og prioritere. Det er likevel klar risiko for uakseptabelt lang sakshandsamingstid og for lågt aktivitetsnivå på nokre felt.

Effektivitet i sakshandsaminga hjå Statsforvaltaren er i stor grad avhengig av grad av samordning frå nasjonalt hald, som t.d. utvikling av malar og liknande. Her er det stor forskjell mellom saksfelta.

Medan det på saksområde forureina sediment, akvakultur og avløp er etablert faste møtepunkt og blir gitt nødvendige avklaringar og faglege føringar for arbeidet frå Miljødirektoratet si side, manglar dette på avfallsområdet. Skal arbeidet med saksområdet avfall (inkludert handtering av overskotsamassar) bli meir effektivt og likt mellom fylka må dialogen betrast slik det vert gjort på dei andre områda.

Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Vi har handsama 638 byggesaksklager i 2023. 408 av desse vart handsama innan 12 veker, altså 64 prosent av sakene.

Resultatet på 64 prosent er noko betre enn året før (58 prosent), medan vi på den andre sida ikkje har handsama like mange saker i 2023 (Vi handsama 714 saker i 2022).

Vi har hatt høgt sjukefråvær i 2023, kombinert med at vi ikkje har vore fullt bemanna ut frå stillingsheimlar. Frå november har to sakshandsamarar vore lånt ut til prosjekt med reinteljingssaka i Troms og Finnmark. Elles har vi brukt noko tid på rettleiing til Agder om saksstyring og administrasjon av store saksmengder. Vi bistår også Møre og Romsdal med å handsame nokre saker for dei.

Vi har, som departementet kjenner godt til, mange klagesaker knytt til det strandsoneprojektet i Bergen kommune. Dette er krevjande saker. I 2023 har vi hatt to rettssaker for Hordaland tingrett, som har kravd meir arbeid frå oss enn normalt i rettssaker. Dette har bandlagt mykje ressursar. I skrivande stund er dette ankesaker som skal opp for Gulating lagmannsrett i første halvår 2024.

Vi er derfor særns nøgde med at vi har ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 87 dagar, som følgje av tett fagleg styring, oppfølging og omfordeling av saker.

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	-36 %	64 %	638	408

Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Resultatet her er noko betre enn i 2022, då hadde vi 25 prosent oppnådd del av totalt handsama saker, mot 33 prosent i 2023. Vi har gode rutinar for mottak av saker og saksfordeling.

Vi har hatt høgt sjukefråvær i 2023, kombinert med at vi ikkje har vore fullt bemanna ut frå stillingsheimlar. Frå november har to sakshandsamarar vore lånt ut til prosjekt med reinteljingssak i Troms og Finnmark. Elles har vi brukt noko tid på rettleiing til Agder om saksstyring og administrasjon av store saksmengder. Vi bistår også Møre og Romsdal med å handsame nokre saker for dei.

Vi har, som departementet kjenner godt til, mange klagesaker knytt til strandsoneprojektet i Bergen kommune. Dette er krevjande saker. I 2023 har vi hatt to rettssaker for Hordaland tingrett, som har kravd meir arbeid frå oss enn normalt i rettssaker. Dette har bandlagt mykje ressursar. I skrivande stund er dette ankesaker som skal opp for Gulating lagmannsrett i første halvår 2024.

Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	-67 %	33 %	9	3

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har handsama fem oreigningssaker i 2023. Alle desse sakene er handsama innan 12-vekersfristen.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	5	5

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har handsama fem oreigningssaker som andreinstans i 2023. Vi har halde 12-vekersfristen for tre av desse sakene, som utgjør 60 prosent. Sidan det totalt sett er få saker, er det vanskeleg å rette opp prosenttalet.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	-40 %	60 %	5	3

Forurensningstilsyn: Brudd på miljøregelverket er forebygget og avdekket (fra kapittel 3.3.1.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Brudd på miljøregelverket blir i større grad forebygget og avdekket

Det er ei utfordring at vi ikkje har eit felles system for risikobasert utval av tilsynsobjekt, ut over frekvens. Vi har tatt saka opp i nasjonalt tilsynsforum. Vi jobbar med å få betre oversikt over miljørisiko for dei ulike bransjane i fylket. Dette vil vi bruke til å betre planlegge og prioritere arbeidsinnsatsen innan både tilsyn og sakshandsaming. Vi håpar at dette vil gi meir treffsikker ressursbruk allereie i 2024.

Vi har ikkje statistikk for alvorlege avvik og endring over tid. Dersom vi hadde hatt eit godt felles verktøy for å risikovurdere og prioritere tilsynsobjekta, ville vi også kunne sjå endring over tid på ein meir objektiv måte.

Vi brukar tilsyn til å starte dialog og rettleiing med verksemdene om kva krav som kjem eller allereie gjeld. Dette er eit viktig første steg for etterleving av regelverket. Vi nyttar sjeldan politimelding som verkemiddel, men varslar tvangsmulkt og driftsstans i ein del tilfelle, med god effekt på retting og framdrift.

På avløpssida ser vi god effekt av tilsyn med kapittel 14-anlegga over tid, der kommunane som i dag ikkje oppnår reinsekrava i avløpsregelverket er i gang med planlegging og bygging av nye reinseanlegg. Vi følgjer desse kommunane tett opp med jamlege møte. Tvangsmulkt er varsla i ein del tilfelle for å sikre at fristane i framdriftsplanane til kommunane blir følgde. Vi har også gitt tilbakemelding til fleire kommunar om at ny tilknytning til anlegg som ikkje oppnår reinsekrava i forureiningsforskrifta vil vere eit brot både på forureiningslova og plan- og bygningslova. Dette ser vi har klar effekt på framdrifta.

Eit konkret døme på at oppfølginga vår har effekt er at Stord kommune endra planar for korleis dei vil oppnå gjeldande reinsekrav. Etter møte med oss det siste året har kommunen kome fram til at dei vil byggje eit nytt sekundærreinanlegg i staden for fire primæranlegg. Dette vil gi god miljøgevinst i form av reduserte utslepp, og vil vere framtidsetta med tanke på ressursbruken til kommunen, både i samband med planlegging, bygging og drift av anlegga.

Vi har også følgd Stryn kommune tett opp i 2023, sidan Loen reinseanlegg no har tilknytning og påslepp over 10 000 pe. Vår oppfølging av saka har medverka til at kommunen er i gang med å planlegge nytt reinseanlegg i området og vurderer moglegheiter for å kople andre område til det nye anlegget. Dette vil redusere utslepp til fleire resipientar og dermed god miljøgevinst.

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

Vårt generelle inntrykk etter forvaltningskontrollar og anna kontakt med kommunane, er at tilskottsforvaltninga ikkje fører til store feilutbetalingar. Vi avdekkjer forbedringspunkt ved dei fleste kontrollane, men det gjeld ofte mangel på dokumentert praksis og skriftlege rutinar, ikkje store feilutbetalingar.

Forvaltninga av eigedomssakene etter jordlova, skoglova og konsesjonslova, er nok litt meir varierende i kommunane. Vi bruker mykje tid på regelorientering og rettleiing, og mindre tid på enkeltsaker. Vi ser at kommunane no har meir behov for denne typen fagleg støtte, og det heng nok saman med at dei kommunale landbrukskontora har færre tilsette enn tidlegare.

Effektiv internkontroll knyttet til tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Effektiv internkontroll med tilskuddsforvaltninga på landbruks- og reindriftsområdet

Vi har eit internkontrollsystem med følgjande dokument:

- Generelt om styring og internkontroll, inkludert fullmakter og ansvar
- Skriftlege rutinar for dei fleste forvaltningsordningane, vert sjekka og eventuelt oppdatert årleg
- Kontrollplan, inkluderer også ordningar der vi er førsteinstans
- Eit felles skjema for registrering og oppfølging av feil og manglar.

Dette fungerer greitt, også ved personskifte.

Særlege utfordringar

Av dei ordningane der vi er førsteinstans, er det truleg kompensasjonsordningane for pelsdyrforbodet som har gitt oss mest problem. Det har frå starten av vore mange regelendringar, regelverket er til dels upresist, og signala frå sentralt hald om korleis dette skulle praktiserast har endra seg undervegs. I tillegg har arbeidet med takseringa og utrekning av kompensasjonen teke alt for lang tid.

Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Er kontroll av foretak på husdyrkonsesjonsområdet gjennomført i samsvar med Ldirs rundskriv?	Ja
Antall foretak der det er innhentet opplysninger utover det som er tilgjengelig i egne systemer	2
Antall foretak som er fulgt opp etter kontroller i tidligere år	0
Antall foretak hvor det er gjennomført stedlig kontroll	0
Antall foretak som er kontrollert pga. mistanke om driftsfelleskap	0
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning på grunn av overproduksjon	0
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning pga. driftsfelleskap	0
Antall foretak som er kontrollert, og hvor vedtak om standardisert erstatning er under arbeid	0
Beløp standardisert erstatning sendt til Ldir for innkreving	0

Vi hadde to foretak på lista tilsendt frå L-dir, som vi skulle opp mot konsesjonsgrensene. Vi fann ikkje grunn til å reagere noko vidare på desse to sakene.

Kontroll av foretak - tidligpensjonsordningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Kontrollert som følge av mistanke om avvik	14
Saker funnet i orden	
Saker med feil	
Beskrivelse av feilene	Vi sjekker dei som har fått næringsinntekt i perioden, om dette kjem frå landbruksdrift. Kontrollen vart utsett til etter nyttår og er ikkje ferdig.

Vi har til saman 42 personar som har fått tildelt tidlegpensjon og er i alderen 62–67 år.

Internkontroll for tilskuddsforvaltningen

Ordning	Etablert internkontroll	Risikobasert kontroll	Effekt av risikobasert kontroll
Tilskudd til tidligpensjon	Ja	Ja	Sjekker særleg om tidleg-pensjonistar har næringsinntekt frå landbruket.
Tilskudd til landbruksvikarvirksomhet	Ja	Nei	
Tilskudd til veterinærreiser	Ja	Ja	Sjekker særleg ferje- og båtruter.
Stimuleringsstilskudd til veterinærdekning	Ja	Nei	
Tilskudd til fylkesvise prosjekter innen klima og miljøprogrammet	Ja	Nei	
Erstatning etter offentlige pålegg	Ja	Nei	
Tilskudd ved produksjonssvikt	Ja	Nei	
Kompensasjon ved avvikling av hold av pelsdyr mv	Ja	Nei	
Kompensasjon for riving og opprydding av pelsdyrhus	Ja	Nei	
Fylkesvise rentemidler fra skogfond	Ja	Ja	Både vi og kommunane vert sjekka av revisor.
NMSK, kommuneskog	Ikke aktuell	Nei	
Tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer	Ja	Nei	
Tilskudd til siidaandeler og reinlag	Ikke aktuell	Nei	
Tilskudd til reinbeitedistrikter og reinlag	Ikke aktuell	Nei	
Andre ordninger			

Vi har som tidlegare nemnt eit skriftleg opplegg for internkontroll, mellom anna rutinar som vert sjekka/oppdaterte årleg.

Internkontroll som ivaretar kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Effektiv internkontroll som ivaretar kontroll med at kommunenes tilskuddsforvaltning på landbruksområdet utføres på en forsvarlig måte og i henhold til etablert internkontroll. Forvaltningskontroll skal gjennomføres i minst 20 % av kommunene.

Vi har ein årleg plan for kontroll av forvaltning til kommunane. Spørsmåla om internkontroll og skriftlege rutinar er sentrale i alle kontrollane. Vi har også gjort ei samla undersøking hos kommunane der vi m.a. spurde om internkontroll. Vi fekk 26 svar og av desse hadde 25 opplegg for internkontroll. Resultata av kontrollane og undersøkinga syner at dei fleste har dette på plass, ofte som ein del av internkontrollsystemet i kommunen elles. Dei forbedringspunkta vi finn i ein kontroll er ofte detaljeringsgrad og dokumentasjon på dei vurderingane kommunen har gjort.

Kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning

Kommune	Omfang	Resultat	Oppfølging kontrollene
Alver, som også har L-forvaltninga i Austrheim, Fedje og Modalen.	Produksjonstilskot og avløyartilskot	Forbetningspunkt: Dei gjer grundige vurderingar av søknader med varsel om at bruket kanskje ikkje oppfyller krava til vanleg jordbruksproduksjon, men vurderingane bør gjerast kjent for alle med varselmeldingar for å motivere til tiltak for betre produksjon.	Følgjer opp kommunen sin praksis, i tillegg til at vanleg jordbruksproduksjon vert tema ved opplæringstiltak for kommunane.
Kvinnherad	Produksjonstilskot og avløyartilskot	Forbetningspunkt: Dei gjer grundige vurderingar av søknader med varsel om at bruket kanskje ikkje oppfyller krava til vanleg jordbruksproduksjon, men vurderingane bør gjerast kjende for alle med varselmeldingar for å motivere til tiltak for betre produksjon.	Følgjer opp kommunen sin praksis, i tillegg til at vanleg jordbruksproduksjon vert tema ved opplæringstiltak for kommunane.
Stad	Produksjonstilskot og avløyartilskot	Forbetningspunkt: Dei gjer grundige vurderingar av søknader med varsel om at bruket kanskje ikkje oppfyller krava til vanleg jordbruksproduksjon, men vurderingane bør gjerast kjende for alle med varselmeldingar for å motivere til tiltak for betre produksjon.	Følgjer opp kommunen sin praksis, i tillegg til at vanleg jordbruksproduksjon vert tema ved opplæringstiltak for kommunane.
Lærdal, Årdal og Aurland (felles landbrukskontor)	Produksjonstilskot og avløyartilskot	Forbetningspunkt: Søknader med varsel om at bruket kanskje ikkje oppfyller krava til vanleg jordbruksproduksjon er kommenterte, men vurderingane bør gjerast kjende for alle med varselmeldingar for å motivere til tiltak for betre produksjon.	Følgjer opp kommunen sin praksis, i tillegg til at vanleg jordbruksproduksjon vert tema ved opplæringstiltak for kommunane.
Stryn	Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.	Kommunen har god kompetanse på skogbruksoppgåvene, men manglar skriftlege rutinar for forvaltninga av skogordningane og for kontroll av føretak.	Vi følgjer opp kommunen, i tillegg til at dette vert tema i opplæringstiltak for kommunane.
Sunnfjord	Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.	Kommunen har god kompetanse på skogbruksoppgåvene, men manglar skriftlege rutinar for forvaltninga av skogordningane og for kontroll av føretak. Dei kommunale retningslinjene for prioritering av søknader kan gjerast klart enklare.	Oppfølging av kommunen, i tillegg til at dette vert tema i opplæringstiltak for kommunane.
Sogndal	Sjukdomsavløsning	Kommunen har generelt eit system med rutinar for tilskottsforvaltning, men dei manglar utfyllande rutine for denne ordninga. Vi fann sakshandsamingsfeil i enkelt saker, men det hadde ikkje ført til feilutbetalingar.	Oppfølging av praksisen til kommunen, i tillegg til at rutinebehov og moglege feilkjelder vert tema i opplæringstiltak for kommunane.

Vi brukar funna frå kontrollane for å målrette opplæringa i form av webinar og fysiske kurs. Vi etterlyser konsekvent om kommunen har eit opplegg for interkontroll og interne fullmakter, og vi høyrer ofte at kommunane legg landbruksoppgåvene inn i sitt ordinære interkontrollsystem. Det synest vi er ei god løysing. Det kan likevel vere svakheiter i detaljeringsgrad m.m., for enkelte landbruksordningar, og det prøver vi å kartlegge med tanke på vidare opplæringstiltak.

Forvaltningskontroller av kommunene, 20%

Resultatmål	Differanse (resultatmål - resultat)	Resultat	Antall gjennomførte forvaltningskontroller	Antall kommuner i fylket
20 %	8	28 %	12	43

Vi har gjennomført kontroll på sju landbrukskontor. Som tabellen med kontrollresultat viser er to av desse felles LK slik at tal kommunar vert tolv. Det er kanskje ein for positiv måte å rekne på, men på andre sida bidreg det til eit samla inntrykk av forvaltninga i alle dei 43 kommunane.

Internkontroll; informasjonssikkerheten i fagsystemene (fra kapittel 3.3.1.2.1.3 i TB)

Rapportere på

Effektiv internkontroll som sikrer at kun brukere med tjenstlige behov hos kommunene og statsforvalteren har nødvendige tilganger til fagsystemene som Landbruksdirektoratet stiller til rådighet.

Vi har to personar som har fullmakt til å tildele og endre brukartilgangen til dei ulike fagsystema for tilskot. Alle endringar skal vere skriftlege og vert journalførte og dialogen arkivert. I kommunane gjeld dette både sakshandsamarane for dei ulike ordningane, pluss ein ansvarleg leiar som skal attestere på vedtaka om tilskot. Med viktige fristar og 43 kommunar, er det naudsynt at vi har minst to personar som kan endre tilgangane på kort varsel.

Internt i avdelinga er det langt meir oversikteleg, og som ein del av VP-arbeidet vert det laga oversikt på kven som har ansvar for oppgåvene og slik sett treng tilgang til fagsystema.

Kontroll med tilgangene til Ldirs fagsystemer

Betegnelse på rapporteringskrav	Kortfattet beskrivelse
Hvordan gjennomføres periodisk kontroll/revisjon og hvilke risikovurderinger ligger bak?	Periodisk kontroll på kven som har tilgang til kva system, kvar haust. Dialogen er skriftleg og vert arkivert. Risikovurderingar: kommunar med mange tilsette, kjente endringar i bemanninga eller kjente habilitetsproblem.
Hvor ofte gjennomføres kontrollen?	Ein grundig gjennomgang kvar haust. I tillegg skjer det ein kontinuerleg sjekk heile året når vi blir kjente med at folk sluttar, til dømes når e-posten til ein saksbehandlar ikkje lenger er aktiv.
Hvilke avvik er eventuelt avdekket?	Mest vanlege avvik er at ein sakshandsamar i kommunen sluttar utan at vi får beskjed, det same skjer ved at enkelte får nye oppgåver og treng nye roller i fagsystema.

Det viktigaste i dette arbeidet er kontinuerlege rutiner og tiltak, til dømes at inaktiv e-post hjå ein kommunal tilsett vert meldt internt til våre tilgangsansvarlege.

Kontroll av "vanlig jordbruksproduksjon" (fra kapittel 3.3.1.2.1.4 i TB)

Rapportere på

Kommunene kontrollerer grunnvilkåret om «vanlig jordbruksproduksjon» i behandlingen av produksjons- og avløsertilskudd.

Dei siste jordbruksoppgjera har gitt ein vesentleg auke i tilskota. Dette krev også betre oppfølging av forvaltninga kring vanleg jordbruksproduksjon. Rapportane i eStil-PT er til god hjelp i i dette arbeidet, men mange kommunar treng konkrete måltal når dei skal vurdere vanleg produksjon. Vi har starta eit arbeid med å klargjere kva som ligg i krava for å få arealtilskot.

Det er framleis kommunar som må bli betre til å dokumentere kva dei har vurdert, og bli strengare med å avslå når krava ikkje er oppfylte.

Vanlig jordbruksproduksjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Hvilke tiltak har Statsforvalteren iverksatt for å sikre at grunnvilkåret kontrolleres og at rapporter for å risikovurdere grunnvilkåret brukes i kommunene? Hvilken effekt har tiltakene overfor kommunene hatt?	Har vore tema på landbrukskonferansen og nettmøte, og tema på forvaltningskontrollane. Det er laga notat til hjelp for kommunane, ved vurdering av ulike produksjonar. Vi har også sendt påminningar på e-post om bruk av rapportar om vanleg jordbruksproduksjon. Vårt klare inntrykk er at kommunane legg meir vekt på dette enn tidlegare, og er tryggare på praktiseringa. Tala for 2023 viser 98 saker med avslag innan husdyr, aller fleste med sau og ammegeit, medan tilsvarande tal for 2021 og 2022 var på kring 45 per år. I tillegg hadde kommunane kring 20 avslag for frukt og bær.

3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

Vi vurderer at befolkninga i hovudsak får oppfylt retten til nødvendige og forsvarlege tenester. Vår innsats er vesentleg for å sikre dette. På einssilde felt er det svikt i tenestene, særleg innan samhandling, koordinering og felles varetaking. Dette gjeld særleg barn og ungdom med alvorlege psykiske lidningar, som treng innsats frå fleire hald. Dette er kommentert meir detaljert andre stadar i rapporten.

Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn (fra kapittel 3.3.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn med tilbud om tilsynssamtale og skal gjennomføre samtale med alle barn som ønsker det.

Alle barn som bur på barnevernsinstitusjon får tilbud om samtale med oss i samband med tilsynsbesøk. Vi legg til rette for å gjennomføre samtalar med barn på ettermiddag og kveld, og tek kontakt med barna i etterkant av tilsyna om dei ikkje kan snakke med oss under tilsynet. Vi tilpassar korleis vi kontaktar barna ut frå informasjonen vi har før eit tilsyn. Om barna ønskjer å snakke med oss utanom tilsynsbesøka, legg vi til rette for dette.

I forkant av tilsyn får barna informasjon om at vi kjem og kva som er tema for tilsynet. Det går fram at barna kan snakke med oss om kva dei vil. Barn kan også ta kontakt med oss på telefon og tekstmelding. Vi erfarer at fleire barn og unge tek kontakt med oss utanom tilsyna, ofte via nettstaden vår, på sms eller ved å ringe. Barna gir tilbakemeldingar om at dei veit korleis dei skal få tak i oss, og at dei opplever at vi følgjer opp om dei tek kontakt. Når barn kontaktar oss, har vi som mål at vi skal følgje opp så snart som mogeleg og seinast neste arbeidsdag.

I tillegg til samtalar med barn på institusjon, har vi gjennomført samtalar med barn i hendingsbaserte tilsynssaker og i klagesaker. Barn får stort sett alltid tilbud om samtale med oss når dei tek kontakt, uavhengig av kva saka gjeld. Vi har samtalar med barn både på institusjonane, digitalt, på telefon og ved oppmøte i lokala våre.

Saksbehandlingstid for tilsynssaker HOD (fra kapittel 3.3.1.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Saksbehandling av tilsynssaker:

- Behandlingsmåte 1 (avslutning med veiledning) og 2 (oversendelse til virksomheten/helsepersonellet): 80 % av sakene skal behandles innen 4 uker
- Behandlingsmåte 3 (virksomheten følge opp og rapporterer) og 4 (møte med virksomhet og pasient): 80 % av sakene skal behandles innen 3 måneder
- Behandlingsmåte 5 (statsforvalteren utreder og avgjør): 80 % av sakene skal behandles innen 6 måneder

I 2023 har vi vidareutvikla metodikken med behandlingsmåte tre og fire. Vi har framleis eit etterslep av restansar innan type fem, og for lang handsamingstid i desse, men det totale talet på restansar innan desse sakene er vesentleg redusert i løpet av året.

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 1

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 1: Minst 80 prosent innen 4 uker.	80 %	0 %	80 %

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 2

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 2: Minst 80 prosent innen 4 uker.	80 %	8 %	88 %

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 3

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 3: Minst 80 prosent innen 3 måneder.	80 %	12 %	92 %

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 4

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 4: Minst 80 prosent innen 3 måneder.	80 %	-36 %	44 %

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 5

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 5: Minst 80 prosent innen 6 måneder.	80 %	- 58 %	22 %

Saksbehandlingstid for tilsynssaker AID (fra kapittel 3.3.1.3.3.2 i TB)

Rapportere på
Median saksbehandlingstid for tilsynssaker innen sosiale tjenester behandlet etter ny behandlingsmåte 5 (statsforvalteren utreder og avgjør) eller etter gammel veiledning: 5 måneder eller mindre

Vi handsama éi sak etter behandlingsmåte 5 og sakshandsamingstida var ni månader.

Saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre (Sosial)

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Sosial	50 %	- 50 %	0 %

Avsluttede klagesaker (fra kapittel 3.3.1.3.3.3 i TB)

Rapportere på
Avsluttede klagesaker unntatt dekning av utgifter til pasientreiser (pbrl. § 2-6): Minst 90 prosent innen 3 måneder.

Helse

Vi handsama 213 klager om rett til nødvendig helsehjelp i 2023. Disse sakene har høg prioritet hos oss. Vi har likevel diverre ikkje nådd målet fullt ut. Innan porteføljen prioriterer vi saker der ein uavklart situasjon kan vere særleg vanskeleg for klagaren.

Sosiale tenester

Vi handsama 300 klagesaker på sosialområdet. Dette er 45 fleire enn i 2022. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var éin månad. Vi stadfesta 83 prosent, oppheva elleve prosent og omgjorde seks prosent av dei vedtaka som var klaga på.

Saksbehandlingstid - avslutning av klagesaker unntatt dekning av utgifter til pasientreiser (pbrl. § 2-6): minst 90% innen 3 måneder

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Sosial	90 %	5 %	95 %
Helse/omsorg	90 %	- 12 %	78 %

Overprøvede vedtak om bruk av tvang og makt (fra kapittel 3.3.1.3.3.4 i TB)

Rapportere på
Overprøvede vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemning: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

I 2023 handsama vi 338 vedtak om bruk av tvang og makt mot 295 personar. 83 prosent av vedtaka vart overprøvede innan tre månader etter at vi fekk saka frå kommunen. Første kontroll av innsende vedtak startar med det same vi får vedtaket, og vi etterspør eventuelle manglande opplysningar frå kommunen eller spesialisthelsetenesta. Vår overprøving tek til når vi har fått dei opplysningane vi treng, som kan vere fleire veker eller månader etter at vi fekk saka frå kommunen.

Vi ser at fleire faktorar medverkar til at saker tek over tre månader å overprøve. Mellom anna må vi i fleire saker innhente nødvendige opplysningar for å kunne overprøve vedtaka, til dømes konkrete skildringar av tvangsbruk, utvida verjefullmakt og ytterlegare opplysningar til søknaden om dispensasjon frå utdanningskrav. I tillegg tek det i nokre saker lang tid før vi får uttale frå spesialisthelsetenesta.

Vi legg vekt på å gjennomføre synfaring der det er nødvendig ved overprøvinga vår, og hadde i tillegg 47 stadlege tilsyn i 2023. Vi tek sikte på like mange eller fleire stadlege tilsyn i 2024.

Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt: minst 90% innen 3 måneder

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
90 %	- 7 %	83 %

Behandlede søknader om dispensasjon fra utdanningskrav (fra kapittel 3.3.1.3.3.5 i TB)

Rapportere på

Behandlede søknader om dispensasjon fra utdanningskrav: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

Vi fekk 23 søknader om dispensasjon frå utdanningskrav i vedtaksperioden i 2023. 19 vart handsama innan tre månader etter at vi fekk saka frå kommunen.

Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barneverninstitusjoner (fra kapittel 3.3.1.3.3.6 i TB)

Rapportere på

Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: Minst 90 prosent innen 1 måned.

Barn som bur på barnevernsinstitusjonar skal ikkje bli utsette for systematisk tvang, avgrensingar, krenkingar eller andre ulovlege inngrep under opphaldet.

Vi har hatt søkjelys på førebygging av tvang og dokumentasjon av tvang mot barn på barnevernsinstitusjonar over fleire år. I 2021 og 2022 registrerte vi ein klar nedgang i talet på klager på tvang frå barn, noko vi meinte var bekymringsfullt. Vi tok opp nedgangen med Helsetilsynet og Bufdir, og vi har etter dette hatt ekstra merksemd på at barn får informasjon om kva rettar dei har, inkludert at dei har rett til å klage på tvang og avgrensingar under eit opphald på institusjon. Informasjon til barn om retten til å klage, og rask og god sakshandsaming hos oss, er svært viktig for å sikre at barn ikkje blir utsett for systematisk og/eller ulovleg tvang.

Sett opp mot 2021 og 2022, hadde vi ein auke i talet på klager på tvang frå barn som bur på barnevernsinstitusjonar i 2023.

I 2023 avgjorde vi 51 klager som gjaldt 62 vedtak om tvang etter barnevernslova kapittel 10 om tvang på barnevernsinstitusjon. Alle klagene vart avgjorde innan fristen på ein månad i 2023, og median sakshandsamingstid var 0,6 månader. I 16 saker klaga barn på tvang i akutt faresituasjon, og barn fekk medhald i tre av desse klagene. Til saman fekk barn medhald i 14 prosent av klagene til oss.

I 2022 avgjorde vi 26 klager på tvang frå barn på barnevernsinstitusjon. Fire av klagene var klage på tvang i akutt faresituasjon, og barn fekk medhald i tre av dei fire klagene.

I 2021 handsama vi 15 klager frå barn. I 2020 avgjorde vi 69 klager frå barn på barnevernsinstitusjon.

I klagene til oss i 2020, 2021, 2022 og i 2023, går det fram at barn meiner institusjonen skildrar tvangsbruk uriktig, til dømes ved å utelate viktig informasjon. I vår handsaming av klagene ser vi framleis at tvang mot barn ofte ikkje er godt nok dokumentert, og at tilsette ikkje har fått god nok opplæring i førebygging, gjennomføring og dokumentasjon av tvang.

Saksbehandlingstid - klager på tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: minst 90% innen 1 måned

Resultatmål	Differanse	Avsluttet innen 1 måned
90 %	10 %	100 %

Resultatmål SFVL (fra kapittel 3.3.1.3.4.6 i TB)

Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 340 poeng

Det har ikkje vore mogeleg å gjennomføre så mange planlagde tilsyn i kommunehelsetenesta som ønskt. Dette har med nedjusteringar av tal stillingar, men òg med naudsynte prioriteringar innanfor oppdraget. Vi har prioritert saker om tvang og makt, landsomfattande tilsyn, alvorleg risiko knytt til helsepersonell eller enkelthendingar, saker om naudsynt helsehjelp, nedbygging av restansar på tilsynsfeltet og lovfesta oppgåver. Dette er ei prioritering med grunnlag i oppdragsdokumenta, og risikoen for at vi ikkje oppfyllte krava vart varsla i løpet av året. Vi vil prøve å gjennomføre fleire tilsyn i 2024, men også i år er det stor risiko for at dette må prioriterast ned.

Aktivitetsvolum av tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
340	-218	122

Resultatmål SFVL (fra kapittel 3.3.1.3.5.6 i TB)

Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 80 poeng

Vi har prioritert deltaking i landsomfattande tilsyn og handtering av større enkeltsaker, med trong for stadlege undersøkingar. Vi har og gjennomført eit

særs ressurskrevjande, men naudsynt tilsyn på Kvinneklonikken, HUS. Vi har òg fòlgt opp tilsynsarbeidet andsynes helseføretaka i møte, utan at dette er poengrekna. Vi meiner til dels at poengsystemet kan gi ein viss grad av underrapportering av volumet av systematisk tilsynsaktivitet i spesialisthelsetenesta. Vi tar uansett sikte på eit høgare volum i 2024.

Aktivitetvolum av tilsyn med spesialisthelsetjenesten

Resultatmål	Differanse	Resultat
80	-42	38

Resultatmål SFVL (fra kapittel 3.3.1.3.6.6 i TB)

Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 115 poeng

Vi gjennomførte fem landsomfattande tilsyn med temaet varetaking av barns behov ved tildeling av sosiale tenester (LOT 2022/23). Vi avdekte lovbrøt i to av tenestene. Desse tilsyna er ikkje avslutta. Oppsummert gjeld lovbrøta manglande kartlegging, manglande dokumentasjon, manglande individuelle vurderingar ved utmåling av stønad, at barnetrygda ikkje er halde utanfor ved utmåling av stønad, og at det ikkje er teke omsyn til kvart enkelt barn der det er relevant.

Vi inviterte kommunane i fylket til å delta i opplæring i kvalifiseringprogrammet, med påfølgjande eigenvurdering. Elleve kommuner, inkludert Bergen med fire Nav-kontor, deltok. Alle kommunane avdekte forbedringspunkt innan ulike lovkrav, og sende skriftleg tilbakemelding og plan for retting. Vi følgjer framleis opp ein av kommunane. Kommunane melde tilbake at eigenvurderinga gav god innsikt i eigen praksis, og sjølv om alle fann forbedringspunkt, fann dei at mykje fungerer godt.

Hausten 2023 gjennomførte vi systemrevisjon med mellombels butilbod i Bergen kommune. Det vart avdekt lovbrøt. Tilsynet er ikkje avslutta. Lovbrøta gjeld plikta til å skaffe mellombels bustad, kvalitetskrav som gjeld for mellombelse butilbod, og at kommunen tilbyr brukaren pengar i staden for ein konkret stad å sove og opphalde seg.

Aktivitetvolum av tilsyn med sosiale tjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
115	10	125

Registrert 5 poeng for oppfølging og avslutning av tilsyn med Alver i Nestor. Altså er resultatet 125 poeng.

3.1.3.4 Andre oppdrag

Punkt 3.3.1.4.1 i tildelingsbrevet

Vi er kjende med rettleiaren frå KDD, og har i 2023 diskutert internkontrollregelen i kommunelova paragraf 25-1 i vår interne tilsynsgruppe, og vurdert korleis vi i embetet kan få ein forsvarleg og mest mogleg lik praksis for tilsyn med internkontrollen kommunane har.

Punkt 3.3.1.4.2 i tildelingsbrevet

Vi hadde beredskap og rettleia kommunar som hadde spørsmål om kommunelova med tilhøyrande forskrifter i samband med konstitueringa av nye kommunestyre etter kommunevalet i haust.

3.1.3.5 En effektiv og velfungerende verjemålsforvaltning

Statsforvaltaren har jobba systematisk og målretta med alle oppgåvene på verjemålsfeltet gjennom 2023, og legg vekt på kvalitet i sakshandsaminga vår.

For klagesaker har vi nådd resultatmålet også i 2023. Vi har gode rutinar og erfane sakshandsamarar som jobbar med desse sakene.

Som følgje av at oppgåver på verjemålsfeltet frå og med 2023 ikkje lenger kunne finansierast med ressursar frå kap. post 052501 vart stillingsplanen på verjemålsseksjonen i løpet av 2023 redusert frå 31 til 26 medarbeidarar. Vi måtte difor gjere tydelege prioriteringar mellom ulike sakstypar og oppgåver. Når vi gjer slike prioriteringar, legg vi mest vekt på rettstryggleiken til verjehavaren.

Vi har gjort fleire tiltak som følgje av ressursituasjonen. Vi har mellom anna ikkje lenger «besøksvaktteneste», der publikum kunne kome innom Statens hus i Bergen og snakke med ein sakshandsamar i verjemålsseksjonen. Vi har også sett det naudsynt å korte ned telefontida på verjetelefonlinja vår, og har halde færre føredrag om verjemålsordninga og framtdsfullmakter.

Desse prioriteringane og tiltaka har likevel ikkje vore tilstrekkelege for å nå resultatmålet på «opprett sak vaksen», og vi klarte ikkje å ferdigstille verjerekneskapskontrollen innan fristen. I 2024 vil vi i større grad prioritere «opprett sak vaksen», med den konsekvensen at andre sakstypar vil få lengre sakshandsamingstid. Det vil ta tid å finne gode måtar å løyse dei ulike oppgåvene på med betydeleg færre ressursar.

Vi er generelt opptekne av å sikre dei kvalitative målkrava, som av og til kan kome i konflikt med kvantitative mål. Vi ser at dei nye krava til gjennomføring av samtalar og kartlegging av verjehavaren si vilje, fører til lengre sakshandsamingstid for fleire sakstypar, mellom anna «opprett sak vaksen».

Sjølvt om vi ikkje har opplevd lange, samanhengande periodar med nedetid i VERA i 2023, er det ofte nedetid og feil i systemet. Det gjer arbeidskvardagen mindre effektiv og går igjen ut over sakshandsamingstida.

Slik verjemålsområdet er finansiert, og med den saksmengda vi har, er det krevjande å nå dei krava som er sette til sakshandsamingstid, og samstundes vareta kvalitet og rettstryggleik for ei sårbar gruppe. Vi meiner sjølvt vi har lagt den lista på eit fornuftig nivå på kvalitet, men vi er ikkje nøgde med sakshandsamingstida vår på alle område. Vi ser fram til nærare samtalar med SRF og andre embete om dette i året som kjem.

Opprett vergemål for voksne (fra kapittel 3.3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Opprett vergemål for voksne – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 90 dager.

I første tertial 2023 hadde vi ei måloppnåing på 54 prosent, i andre tertial 58 prosent og i tredje tertial 53 prosent. Gjennom heile året hadde vi ei samla måloppnåing på 55 prosent.

Måloppnåinga er eit resultat av knappe ressursar på verjemålsområdet i Vestland ut frå saksmengda.

I 2023 heldt vi fram med å avslutte saker tidlegare enn før, når vi ikkje har fått tilstrekkeleg dokumentasjon. Dette tiltaket har hatt noko effekt på måloppnåinga, men vi ser at vi ofte kort tid etter må opne sakene igjen når dokumentasjonen kjem inn.

Vi jobbar kontinuerleg med å finne effektiviserings tiltak for denne sakstypen, men samstundes sikre ei forsvarleg sakshandsaming.

Saksbehandlingstid - Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 70 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
55 %	80 %	-25 %

Klagesaksbehandling (fra kapittel 3.3.2.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Klagesaksbehandling – 80 % av klagen statsforvalteren mottar på vergemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager.

Vi har arbeid kontinuerleg for å handsame sakene innan fristane, og har gode rutinar for å sikre dette.

Klagesaksbehandling – 80 % av klagen Statsforvalteren mottar på vergemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
95 %	80 %	15 %

Vergeregnskapskontroll (fra kapittel 3.3.2.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen.

Vi hadde i 2023 tre sommarvikarar som jobba med kontroll av verjerekneskap, i tillegg til våre eigne sakshandsamarar. Dette var likevel ikkje tilstrekkeleg for å nå fristen grunna ressursituasjonen. Etter ei risikovurdering sette vi ein intern frist til 31. desember 2023 for å ferdigstille kontrollen av alle verjerekneskapane i uttrekket. Denne fristen nådde vi.

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen

Resultat	Resultatmål	Differanse
75 %	100 %	-25 %

Vi kan ikkje trekke ut tal frå PowerBI, så ei måloppnåing på 75 prosent er eit anslag.

3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for verghavers behov og vilje

Vi har merkeemd på verghavaren sin vilje og behov gjennom heile sakshandsaminga. Vi har ein samtale med verghavaren i kvar sak så langt det er mogleg, og vi arbeider med å kartleggje verghavaren sin vilje og ønske gjennom samtalar med nærstående, helsevesen, mv. I tillegg hentar vi inn opplysningar og dokumentasjon i kvar sak.

Vidare er vilje, behov og sjølvråderetten til verghavaren sentrale tema når vi lærer opp og rettleiar verjer. Vi har ei tydeleg forventning til oppnemnde verjer om at verghavaren alltid skal høyrast, og at ein skal handle i tråd med verghavaren si vilje.

Vi rettleiar og publikum om verghavaren sin sjølvråderett, mellom anna gjennom informasjon på nettsidene våre, i telefonsamtalar, og i vedtak og brev. Vi

ser likevel at det er eit stort behov for informasjon om verjemålsordninga og viktigheita av sjølvråderett og frivilligheit, då vi ofte opplever at privatpersonar, offentlege instansar og tenesteytarar misforstår. Det er krevjande for oss som enkeltembete å nå ut med tilstrekkeleg informasjon om dette.

Vergers kompetanse (fra kapittel 3.3.2.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Vergene har god rolleforståelse og utøver rollen med respekt for vergehavers selvbestemmelsesrett.

Nye verger har gjennomført introduksjonskurs

Sjølvråderetten til verjevaren er eit gjennomgåande tema i all kommunikasjonen vi har med oppnemnde verjer, både gjennom vedtak og brev, kurs, telefonsamtalar og informasjon på nettsider. I tillegg er sjølvråderett eit gjennomgåande tema i tilsynssaker, der vi ofte ser at verja treng rettleiing kring dette temaet.

Alle nye verjer vert i oppnemningsvedtaket pålagt å gjennomføre introduksjonskurs. Grunna ressursituasjonen har vi ikkje kapasitet til å følge opp at alle verjer faktisk gjennomfører introduksjonskurs, men vi følgjer det opp i saker der vi startar tilsyn med verja.

3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket

Kommunane er opptatt av å levere lovlege tenester. Vår vurdering er likevel at kommunane framleis må arbeide med å forstå og etterleve regelverket. I nokre tilfelle er det regelverksforståinga som gjer at kommunane ikkje følgjer regelverket, medan det i andre tilfelle er ressursar eller andre tilhøve som gjer at regelverket ikkje blir følgt.

Barnehage

Vi har mindre kjennskap til status i barnehagesektoren enn i skulesektoren. Årsaka er at vi handsamar klager på få saksområde og at tilsynsmyndet ligg hos kommunen.

Vi handsamar i hovudsak klager om tilrettelegging etter barnehagelova paragraf 37 og spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova paragraf 35. Kommunane har framleis for dårleg regelverksforståing og vi opphevar fleirtalet av vedtaka vi tek imot.

Vi har ført fleire tilsyn med barnehagemyndigheitenes ansvar for å passe på at regelverket blir følgt i 2023. Inntrykket frå tilsyna er at myndigheitene ikkje i tilstrekkeleg grad hentar inn informasjon om praksisar i barnehagane og at dei difor ikkje har grunnlag for å gi målretta rettleiing eller føre tilsyn.

I 2023 fekk vi tre klager på kommunar sine pålegg om retting etter tilsyn (bhl. paragraf 53). Dette ser vi på som svært positivt. Vi meiner at det kan vise at kommunane brukar pålegg om retting når det er naudsynt i tilsyn, og at barnehageeigarar er kjende med, og brukar, retten til å få saka klagehandsama hos oss.

Skule

Vår vurdering er at etterlevinga og forståinga av regelverket i skulesektoren er for dårleg. Både resultat frå tilsyn, klagesakshandsaming og meldingar frå allmenta byggjer opp under dette inntrykket.

Særleg er spesialundervising eit problemområde. I 2023 meiner vi å ha sett ei negativ utvikling i sakshandsamingstida hos PPT. I nokre kommunar tek det no over åtte månader å få utarbeidd ei sakkunnig vurdering. Vedtaka byggjer ofte på ei mangelfull sakkunnig vurdering, og vedtaka blir heller ikkje alltid gjennomførte.

Vurdering av elevar er også eit problemområde, sjølv om utviklinga er positiv. Vi får mange spørsmål frå kommunane som tyder på manglande forståing av regelverket, og i handsaminga av klager på standpunktarakterar blir over halvparten av vedtaka oppheva.

På skulemiljøområdet meiner vi å sjå ein positiv trend. Vi meiner òg å sjå at skulane har ei betre forståing av regelverket for meldeplikt til barnevernet enn før.

Vurdering

Vi meiner vi har grunnlag for å konkludere med at kommunane har mangelfull forståing av regelverket på fleire område. Det er også rett å konkludere med at etterlevinga har manglar. Vi må stø oss til korleis kommunane sjølve vurderer eigen innsats innan formidling av regelverket i sine linjer. Vi veit at kommunane arbeider både innanfor kommunegrensene og i samarbeid med andre kommunar om samlingar for sine tilsette. Det er bra, men strekk ikkje heilt til. Det blir dermed eit viktig spørsmål for oss korleis vi kan innrette vårt rettleiingsarbeid for å kompensere og støtte opp om kommunane sitt eige arbeid. Vi veit at vi treff tematisk, men dette er eit kontinuerleg arbeid som krev at vi er i dialog med kommunane. Rettleiing om ny opplæringslov gir oss ei opning til både å konsentrere oss om endringar, men og å løfte fram dei delane av regelverket der vi ser manglande forståing og praksis.

Statsforvalteren skal bruke virkemidlene, tilsyn og veiledning, målrettet, for å bidra til regeletterlevelse hos barneha (fra kapittel 3.3.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bruke virkemidlene, tilsyn og veiledning, målrettet, for å bidra til regeletterlevelse hos barnehagemyndigheter, barnehageeier og skoleeier.

Vår informasjon om eigarar og barnehagemyndigheiter si etterleving av regelverket har vi frå fleire kjelder. Dei viktigaste er klagesaker, informasjon frå allmenta, media, dialog med kommunane og offentleg statistikk.

Vi planlegg alltid eit visst tal tilsyn i året, med tema der vi veit det er stor risiko, og der vi meiner det er nyttig å bruke påleggsheimelen for å få til endring.

Vi tek imot og registrerer informasjon om risiko og konkrete hendingar kontinuerleg. Vi vurderer alltid om og eventuelt korleis vi skal følgje opp. Ofte brukar vi tilsynsheimelen til å be eigaren gjere greie for praksisen, for så å vurdere kva vi skal gjere i neste omgang. Ofte meiner vi tilsyn er eit godt verkemiddel. Tilsynsrapportar gir kommunane eit godt grunnlag for å vurdere eigen praksis.

I tilfelle der vi vurderer at eigarane har låg kompetansen på det aktuelle regelverksområdet, vil vi ofte starte med rettleiing. Det same gjeld når det er nylege endringar i regelverket. Vi meiner og det er fornuftig å bruke rettleiing i kommunar som har hatt utskiftingar i sentrale stillingar på kommunenivå.

Rettleiing har potensial til å kunne nå ut til eit breitt publikum. Dette er eit viktig poeng når vi vel verkemiddel. Vi gjennomfører difor kvart år større samlingar om tema der vi har grunn til å tru at mange eigarar ikkje har ein praksis som er i tråd med regelverket. I 2023 har vi til dømes hatt rettleiingssamlingar om regelverket for trygt og godt barnehagemiljø, sakkunnig vurdering og skulemiljø. Vi har òg gjennomført rettleiing med fleire kommunar kvar for seg.

Vi vel verkemiddel ut frå eit mål om lovleg praksis i kommunane og i tenestene. Både i rettleiing og i samband med tilsynsarbeidet legg vi vekt på leiarperspektivet. I samband med innføringa av ny opplæringslov er dette eit særskilt tema på samlingar med alle kommunane.

Eit særskilt prosjekt i 2023

For å treffe med val av verkemiddel er det avgjerande at vi har oppdatert kompetanse om korleis kommunane arbeider for kvalitet i tenestene sine. Samstundes har vi hatt eit mål om å vinne større forståing for tilsynsarbeid i kommunane våre, fordi vi trur det kan gi endå større utbytte av tilsyn.

Vi avtalte med Stad kommune at ein tilsett hos oss kunne ta del i lærefelleskapet på to skular gjennom heile skuleåret. Vi har følgd rektor si planlegging og styring av skulen og lærarane sine arbeidsprosessar. På same tid har rektorane på desse skulane deltatt i to tilsyn vi har gjennomført med andre kommuner, med temaet skulemiljø.

Vi meiner prosjektet har gitt både oss og kommunen meir kunnskap. Vi trur òg det har bidrege til betre forståing for arbeidet som blir gjort på begge nivå.

Vurdering

Vi meiner vi gjer konkrete vurderingar i bruk av verkemiddel, og i kva rekkefølge dei best kan brukast. Vi meiner og vi tar omsyn til god ressursbruk. Vi tek ofte opp temaet rettleiing internt. Det er mykje å hente på å rettleie med varierte metodear, med gode grunngevingar og klare døme på kva som kan vere lovleg praksis. Vi trur og at vedtaka våre har eit potensial for å auke forståinga for regelverket. Ikkje minst er det vesentleg at vi er gode på å formidle føremålet med reglane. Dette er eit område vi har ført vidare som prioritet i 2024, og då vil vi særskilt legge vekt på den rettleiinga vi gir i tilsynsrapportane, og i dialog med kommunane i etterkant av tilsyna.

Statsforvalteren skal i økt grad innrette tilsyn med de temaer og i det omfang som er nødvendig, basert på den risikoen (fra kapittel 3.3.3.1.2.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i økt grad innrette tilsyn med de temaer og i det omfang som er nødvendig, basert på den risikoen som er avdekket.

Vi utformar tilsyna våre på bakgrunn av risikovurderingar. Det gjeld både val av tema, tal kontrollpunkt og undersøkingsmetode.

Vi vurderer at det er stor risiko for regelverksbrot på dei fleste områda i barnehagelova og opplæringslova. Når vi vel tema, legg vi difor størst vekt på kva konsekvens eit eventuelt regelverksbrot vil ha for barn og elevar. Dei viktigaste kjeldene vi har er erfaring frå klagesakshandsaming, tidlegare tilsyn og informasjon frå allmenta.

Når vi nyttar tilsynsopplegga til Udir har vi i hovudsak brukt alle kontrollspørsmåla som ligg under det aktuelle temaet. Når vi gjennomfører eigeninitierte tilsyn, avgrensar vi kontrollpunktane noko meir, og vi ser at desse tilsyna blir meir spissa. Framover vil vi vurdere om vi skal nytte Udir sine tilsynsopplegg på ein annan måte. Det vil seie at vi ikkje stoppar ved val av tema for tilsyna, men og avgrensar kor mange av kontrollspørsmåla vi brukar.

I 2023 har vi gjennomført fleire tilsyn der vi har "spissa" kontrollen. Eit døme er tilsyna vi har hatt med retten til gratis opplæring. Der har vi avgrensa kontrollen til skuleurar, fordi dette framleis er eit område der vi får mange spørsmål om kva som er lovleg.

Eit anna døme er utarbeiding av sakkunnig vurdering, kor vi i to tilsyn berre kontrollerte sakshandsamingstida hos PP-tenesta. Eit tredje eksempel er tilsynet vi hadde med barnehagemyndigheitenes ansvar for å passe på at regelverket blir følgd. Der kontrollerte vi berre om myndigheitene gav rettleiing og sørjde for regelverketetterleving hos eigaren innanfor temaet trygt og godt barnehagemiljø.

Vi legg vekt på å ikkje bruke meir ressursar enn naudsynt når vi gjennomfører tilsyn. Vi hentar difor ikkje inn meir dokumentasjon enn naudsynt for å kunne

varsle pålegg om retting. Eit døme på det er at vi ventar med å avgjere om vi skal gjennomføre stadlege eller digitale intervju til etter at vi har fått skriftleg dokumentasjon frå tilsynsobjektet. Eit anna døme er at vi regelmessig brukar tilsynsheimelen til å hente inn ei skriftleg utgreiing frå kommunen når vi har konkret informasjon om risiko. I 2023 fekk vi til dømes informasjon om at fylkeskommunen administrerte prøvenemnda på ein måte som var regelstridig. Vi bad fylkeskommunen svare ut innhaldet i varselet. På bakgrunn av svaret til fylkeskommunen varsla vi pålegg om retting utan å hente inn ytterlegare dokumentasjon.

I 2023 har vi ikkje varsla pålegg om retting utan å ha henta inn dokumentasjon frå kommunen eller fylkeskommunen først. Vi kan sjå frå GSI-rapporteringa for 2023 at det er fleire kommunar som bryt læramorma. I februar 2024 varsla vi desse kommunane om pålegg om retting direkte.

Statsforvalteren skal følge opp avdekket risiko som ikke er fulgt opp med tilsyn. (fra kapittel 3.3.3.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal følge opp avdekket risiko som ikke er fulgt opp med tilsyn.

Vi vurderer at det er stor risiko for manglande regelverksetterleving på dei fleste område i opplæringslova og barnehagelova. Vi får i tillegg kontinuerleg informasjon om ny risiko frå ulike kjelder. Det er verken ressursmessig mogleg eller tenleg å følge opp all avdekt risiko med tilsyn, og andre verkemiddel er difor nødvendige.

Vi fører om lag 30 tilsyn i året. Alle desse er gjennomførte på bakgrunn av konkret risiko for regelverksbrot. I 2023 var 24 av desse planlagde tilsyn, medan seks vart opna som hendingsbaserte tilsyn.

Vi har som rutine at seksjonsleiaren skal bli gjort merksam på ny risiko. Seksjonsleiaren tek dermed stilling til korleis vi skal følgje opp risikoen. Ofte brukar vi tilsynsheimelen til å be kommunen/fylkeskommunen gjere greie for praksisen på området. Svaret frå kommunen/fylkeskommunen avgjer om vi skal gjere ytterlegare undersøkingar eller ikkje. I andre høve vel vi å lagre informasjonen slik at vi kan bruke han i framtidige risikovurderingar for val av tilsynstema og -objekt. Alvorsgraden på risikoen har betydning for om vi vel å ta med oss informasjonen i framtidige risikovurderingar eller om vi ber kommunen om å gjere greie for saka.

Rettleiing er eit viktig og mykje brukt verkemiddel for å redusere risiko. Vi har difor ved fleire tilfelle invitert enkeltkommunar til veiledningsmøte i 2023 på bakgrunn av konkret informasjon om risiko. Dette gjeld til dømes innanfor områda skulemiljø og spesialundervisning. I andre høve finn vi det meir tenleg å samle fleire kommunar til rettleiingssamlingar. I 2023 har vi mellom anna hatt slike samlingar om vurderingsfeltet, trygt og godt barnehagemiljø og sakkunnige vurderingar.

Vurdering

Vi meiner sjølv vi brukar tilsynsheimelen vi har på ein effektiv måte, og på relevante område. Vi ser og at vi med gode grunnar kunne brukt heimelen oftare. Når kapasiteten ikkje tillet det, er vi konsekvente i å registrere dei aktuelle tilfella og styre dei over i andre spor, som rettleiing og/eller grunnlag for ny vurdering av risiko i samband med planlagde tilsyn.

Statsforvalteren skal bruke tilsynsopplegget for Felles Nasjonalt Tilsyn (fra kapittel 3.3.3.1.2.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bruke tilsynsopplegget for Felles Nasjonalt Tilsyn (FNT) i 2023, når det vurderes at det er risiko knyttet til tema for FNT.

Vi gjennomførte fem tilsyn med skulemiljø som tema i 2023. I fire av desse brukte vi Udir sitt tilsynsopplegg for FNT fullt ut. I det femte tilsynet valde vi å ikkje bruke den delen som ser på internkontroll til kommunen, fordi vi alleie hadde gjort den kontrollen i eit nyleg gjennomført tilsyn.

I tilsynsarbeidet vårt vil vi nytte dei opplegga som er utarbeidd av Udir for ulike tema etter kvart som dei ligg føre, anten fullt ut, eller delar av dei.

Kompetanse på trygt og godt skulemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at skolene har kompetanse på hva som gir et trygt og godt skulemiljø.

Status

I 2023 var det ein stor auke i saker som vart melde til oss. Handsaminga var svært ressurskrevjande, og gjorde at det var mindre tid til generell rettleiing om regelverket.

Vi fekk også mange meldingar frå sektoren med ønske om meir rettleiing om regelverket. Vi har hatt lite kapasitet til å bidra på ulike lokale samlingar.

Mange kommunar melder om stor utskifting av sentrale medarbeidarar, og at det difor er eit stort behov for rettleiing om regelverket. Dette meiner vi gir grunn til å følgje godt med, og til dels grunn til uro.

Tiltak

Trass i mange saker i 2023, klarte vi å prioritere rettleiingsmøte i konkrete saker. Dette var særleg for saker der første tilbakemeldinga frå skulen ikkje var tilfredsstillande. Heller enn å halde fram med å sende brev, har vi det siste året prioritert å ha fysiske eller elektroniske møte for å presisere vedtaka våre, og få formidla kva som manglar i tilbakemeldinga frå skuleeigaren.

Andre tiltak er nyhendeoppslag på nettsidene våre, der vi tar opp ulike sider ved aktivitetsplikta.

Vurdering

Vi har i 2023 ikkje klart å prioritere rettleiing om regelverket så høgt som vi meiner behovet var. Dette er ein direkte konsekvens av dei styringssignala vi har fått om å prioritere sakshandsaminga i skulemiljøsaker og halde sakshandsamingstida så låg som mogleg.

Samstundes har vi gitt rettleiing. Den rettleiinga vi gir i konkrete saker, får ofte gode tilbakemeldingar, og dei involverte meiner dei har fått betre forståing for regelverket.

Vi har og prioritert å løfte fram kor viktig det er å følgje opp regelverket i alle nivå i kommunane, og frå alle nivå i eigen organisasjon. Det betyr at samlingar for ordførarar og kommunedirektørar blir nytta til å minne om kva plikter kommunane har, og spørje dei korleis dette blir følgt opp i kommuneledda og tenestene. Rettleiinga vår vil ikkje kunne kompensere for den innsatsen og det ansvaret kommunane sjølv må ta del i for at dette regelverket skal følgjast godt opp. Vi er usikre på kva resultat denne prioriteringa gir, men vårt inntrykk er at interessa for tematikken er til stades på høgt administrativt og politisk nivå i kommunane.

I 2023 starta vi rettleiing til kommunane om ny opplæringslov. Regelverket om skulemiljø får stor plass her, noko vi framleis får meldingar om er nyttig og naudsynt.

Vi vil oppsummere med å seie at vi i 2023 erfarte ein vond sirkel. Større saksmengde hos oss førte til mindre kapasitet til rettleiing, som igjen kunne bidrege til å få ned saksmengda.

Psykososialt barnehagemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at barnehageeier og de som arbeider i barnehagen har kompetanse på hva som gir et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

I årsrapporten for 2022 informerte vi om at vi var usikre på korleis regelverket for barnehagemiljø var implementert i barnehagesektoren i Vestland. Som vi har meldt tidlegare har vi avgrensa tilgang til data om korleis barnehagane har sett i verk dette regelverket. Vi er avhengige av informasjon frå barnehagemyndigheitene. Informasjonen får vi gjennom eigne tilsyn, klagesakshandsaming og rettleiing med kommunane. Vår erfaring er at det er stor variasjon i kor aktive barnehagemyndigheitene er i tilsyn og rettleiing med barnehagane, men vi har ikkje tilgang til konkret informasjon om korleis dei arbeider med trygt og godt barnehagemiljø.

På bakgrunn av dette laga vi eit opplegg for rettleiing om kap. 8 i barnehagelova.

Tiltak

Alle kommunane i Vestland har fått tilbod om rettleiing. Målgruppa var styrarar, eigar og barnehagemyndigheitene. Vi la vekt på aktivitetsplikta og kva krav som blir stilte til barnehageeigarar og dei tilsette i barnehagane. I 2022 gjennomførte vi to slike samlingar, og i 2023 har vi vore i sju regionar og snakka om trygt og godt barnehagemiljø. Det betyr at alle regionar i fylket har takka ja til slik rettleiing.

På samlingane har det vore stort engasjement og mange spørsmål om tolking av regelverket. Vi har fått avklart mange spørsmål om barnehagelova, og på den måten bidrege til betre regelverksforståing. På alle samlingane har vi hatt ei uformell undersøking av kor mange barnehagar som har laga aktivitetsplanar, og eventuelt kor mange planar. Dette har gitt oss kunnskap om at det er svært ulik terskel for å lage aktivitetsplanar i dei ulike kommunane og regionane. Dette tar vi med oss i vår dialog med kommunane.

Vi har sakshandsama éi klage på pålegg om retting etter kommunen sitt tilsyn etter kap. 8 i barnehagelova. Her stadfesta vi kommunen sitt vedtak.

Vi er bekymra for om føresette veit korleis dei kan melde frå til barnehagemyndigheita dersom dei opplever at barnehagane ikkje tar meldingar om manglande trygt og godt barnehagemiljø på alvor. Vi har undersøkt kva informasjon kommunane har tilgjengeleg på nettsidene sine, og svært få gir informasjon om kor og korleis ein kan melde frå om dette. I mange kommunar er berre kontaktinformasjonen til den einskilde barnehagen tilgjengeleg, og det kjem ikkje fram kven som er barnehagemyndigheit. Dette vurderer vi som alvorleg for rettsstryggeleiken til barnehagebarn, særleg dersom ein samanliknar med handhevsingsordninga på skuleområdet, der det er lagt vekt på at det skal vere lett og tilgjengeleg å melde frå om at saker ikkje blir tatt tak i. Dei funna vi meiner å ha etter gjennomgang av informasjon på kommunane sine nettsider, vil vi ta opp med barnehagemyndigheitene i møtepunkt gjennom året.

Vurdering

Vi meiner det er rett å konkludere med at vårt rettleiingstiltak for kompetanseheving om regelverket for eit trygt og godt barnehagemiljø har fungert. Vi har nådd breitt ut, og opplevd stor interesse. Samstundes er det slik at vi gjennom det tilhøyrande kartleggingstiltaket har fått kjennskap til at praksisen og terskelen for å lage ein aktivitetsplan er varierende. Dette vil vi følgje opp vidare. Vi har våren 2024 aktiv rettleiing om temaet trygt og godt barnehagemiljø.

Rask behandling i saker etter § 9 A-6 (fra kapittel 3.3.3.1.3.3 i TB)**Rapportere på**

Alle saker er ferdigbehandlet så raskt som mulig

Status

I 2023 hadde vi rekordhøgt tal melde saker, og vi måtte jamleg vurdere å setje inn tiltak som kunne bidra til kortare sakshandsamingstid.

Tiltak

Vi kan nemne desse tiltaka for 2023:

- Vi starta med rettleiing til rektor ved oppstart av saker, for å få raskare oppfyljing av aktivitetsplikta.
- Vi prioriterte aktuelle saker, og prioriterte ned dei som sakene som ikkje vil ha praktiske konsekvensar for eleven.
- Vi avgrensa oss til å vurdere to eller tre delplikter.
- Vi flytta ressursar frå andre område på utdanningsfeltet til skulemiljøområdet.
- Godkjenningsansvar vart fordelt på fleire, så dette ikkje skulle skape forseinkingar.
- Vi innførte telefonvaktordning for å skjerme sakshandsamarane
- Vi nytta gode malar i alle delar av sakshandsaminga.
- Vi hørde berre elevane når det var nødvendig, ikkje rutinemessig i alle saker.
- Vi hadde rutine for å ringe meldaren kort tid etter meldinga (same dag, eller næraste påfølgjande dag).
- Halvering av interne 9A-møte (prioriterte sakshandsaming over møtetid).

Vurdering

Vi fekk inn 71 fleire saker i 2023 enn i 2022 (262, mot 191). Likevel har gjennomsnittstida for sakshandsaminga berre auka frå 63 til 64 dagar. Dette viser at vi trass i fleire saker ikkje har hatt ein auke i sakshandsamingstida, og at tiltaka vi har sett inn samla sett har hatt ønskt effekt.

Nokre av tiltaka har hatt større betydning for sakshandsaminga enn andre. Det er ingen tvil om at tilføring av ressursar har betydd mykje. To heile stillingar har openbert bidrege til resultatane på dette området. Samstundes har dette hatt konsekvensar for andre område vi arbeider med, mellom anna ved at vi ikkje har klart å følgje opp alle planar vi har lagt.

Vi vil og peike på korleis vi har prioritert godkjenning. Når vi produserer fleire saker blir godkjenningssoppgåva også større. Ressursane vi legg inn i denne fasen må korrespondere med det som blir produsert av saker. Vi har klart å halde tida til godkjenning på same nivå som tidlegare år, det vil seie same dag eller neste dag.

Vi vil alltid ha potensiale til å skrive endå betre vedtak, som tydelegare får frem kva skulen må gjere. Vi kan også oftare ta initiativ til rettleiing når vi ser at det kan vere behov for det. Vi har halde fram med for mange saker som går i fleire rundar utan god nok progresjon. Dette er ei av årsakene til at vi vil prioritere rettleiing endå høgare i 2024.

Arbeide systematisk for å behandle skulemiljøsaker (fra kapittel 3.3.3.1.3.4 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å behandle skulemiljøsaker innan rimelig tid.

Vi meiner at vi har funne ein god systematikk i arbeidsformene våre for å sikre kvalitet, og at vi arbeider på ein mest mogleg tidseffektiv måte. Korleis vi arbeider for å utvikle kvalitetar i vårt eige arbeid, må sjåast i samanheng med dei tiltaka vi har lista opp under pkt. 3.3.3.1.3.3

Systematikk

Ei gruppe tilsette har hovudoppgåver innan handhevingsordninga. Den systematiske kompetansehevinga kan ha eit noko anna preg enn i dei periodane der vi har hatt utskiftingar.

Vi legg vekt på at gruppa skal ha faste, jamlege møtepunkt. Dette sikrar at nye problemstillingar blir kjende for alle, og drøfta med mål om gode løysingar og konklusjonar. Vi sikrar og at avgjerder i klagesaker blir kjende, med dei grunnleggjande som kjem fram der.

Vi har system for internkontroll for saks- og klagehandsaming. Denne rutinen justerer vi årleg, i tråd med erfaringar og nye prioriteringar, også i handhevingsordninga.

Vi arbeider elles for å sikre kvalitet i arbeidet gjennom felles drøftingar, sidemannslesing og gode system og retningslinjer for godkjenning.

Vi drøftar systematisk tilbakemeldingar frå kommunane på dei vedtaka vi gjer, men og på dei prosessane vi har for kommunekontakt i sakshandsaminga. Dette meiner vi er viktig for å vinne tilslutning om vedtaka og dei tilrådingane vi gir.

Vurdering

Vi meiner rutinane og arbeidsformene våre bidreg positivt til kvalitet og til at sakshandsamingstida blir så kort som mogleg. Samstundes er ikkje god systematikk aleine grunnen til resultatane vi har. Det har og vore naudsynt å tilføre to heile stillingar frå andre område, i tillegg til å legge om rutinar for kontakten med kommunane, som igjen fører til at vi er noko mindre tilgjengeleg for løpande samtalar og rettleiing.

Rettsanvendelse og forståelse av saksbehandlingsreglene i vedtak (fra kapittel 3.3.3.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å bidra til at antall vedtak med feil fra skoleeier reduseres

Meldingar frå føresette fortel at det skjer sakshandsamingsfeil når kommunane og skulane gjer sakkunnige vurderingar og vedtak om spesialundervisning. Vi får meldingar om at elevar ikkje får utarbeidd sakkunnig vurdering, sjølv om dette blir etterspurd. Det kjem og opplysningar om at kommunane opererer med eit køsystem for melding til PPT, og at det ofte tar svært lang tid før vurderingane frå PPT ligg føre.

Gjennom klagehandsaming ser vi og at vedtaka ofte byggjer på ei mangelfull sakkunnig vurdering, til dømes ved at ho ikkje tek stilling til naudsynte faktorar, som kvaliteten på og organiseringa av det ordinære opplæringsstilbodet. Dette fører til følgjefeil i vedtaket.

Vi ser og feil i vedtak på andre område.

Tiltak

I løpet av 2023 har vi delteke på samlingar i ein del kommunar, der både vedtaksmyndigheita og PPT var til stades. Vi ser at det er verdifullt at desse deltek saman og høyrer den same budskapet. Vi har oppheva vedtak frå skulane fordi dei byggjer på ufullstendige sakkunnige vurderingar. I dei tilfella har vi alltid rettleiande tekst i vedtaka våre. Dette ser vi på som eit tiltak for å redusere moglegheita for at feilen skjer fleire gonger.

På 9A-området har vi rettleiingsmøte med skular og skuleeigarar når vi ser at dei ikkje har forstått regelverket. Vi legg og opp til mykje rettleiing i samband med vedtaka våre, både som tekst i sjølve vedtaka, men og i samtalar med skuleeigaren.

Dei siste åra har mange foreldre tatt kontakt med oss fordi dei har opplevd å bli melde til barnevernet utan at vilkåra i lova er oppfylte. Vi har erfart at kommunar har utarbeidd rutinar der skular skal melde rutinemessig til barnevernet ved høgt skulefråvær. Dette har vore tema på samlingar og i tilsyn dei siste åra.

Vurdering

Vi er bekymra for dei sakshandsamingsfeila som skjer på området spesialundervisning, og kan så langt ikkje sjå nokon effekt av rettleiinga vår. I 2023 starta vi med samlingar for alle kommunane om ny opplæringslov. Dette vidarefører vi i 2024. Det gir oss høvet til å rettleie om heile regelverket på dette området, også det som ikkje er nytt.

Vi meiner å sjå at skular og skuleeigarar gjer færre sakshandsamingsfeil på kap. 9A-området i 2023, samanlikna med tidlegare år. Det vil ikkje vere mogleg for oss å avgjere om dette er på grunn av rettleiinga vår eller om det berre handlar om at regelverket har fått verke ei stund og er betre kjent. Det er uansett ei positiv utvikling.

I 2023 fekk vi betydeleg færre meldingar frå føresette om opplevde urettmessige meldingar til barnevernet enn dei to siste åra. Inntrykket vårt er at dette er eit området der målretta rettleiing om regelverket har bidratt til å redusere sakshandsamingsfeil i skular og barnehagar og på kommunenivå.

Vedtak fra barnehagemyndighet med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.4.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å bidra til at antall vedtak med feil fra barnehagemyndigheten reduseres

Status

Dei vedtaka frå barnehagemyndigheita som kjem til oss for klagehandsaming, handlar særleg om tilrettelegging etter paragraf 37 og spesialpedagogisk hjelp etter paragraf 35. I 2023 stadfesta vi i underkant av halvparten av vedtaka etter paragraf 37. Vi ser at ein del kommunar som har hatt mange klagesaker hos oss, i større grad gjer vedtak i samsvar med regelverket. Vi ser likevel at ein del kommunar framleis ikkje forstår formålet og innrettinga av tilrettelegging i barnehagen.

Vi fekk tre klager på spesialpedagogisk hjelp i 2023. Tre vart oppheva og ein vart avvist. Her ser vi både manglar i dei sakkunnige vurderingane som vedtaka byggjer på, og andre årsaker som ikkje stettar krava i regelverket. På dette området er vi likevel mest uroa for at vi får så få formelle klager. Det samsvarer ikkje med alle dei henvendingane vi får på området.

Tiltak

Vi har hatt spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging i barnehagen som tema på fleire møte med kommunane i 2023. Vi har og delteke på samlingar der PPT var målgruppa. Dette er eit saksområde der vi ofte rettleiar foreldre og barnehagemyndigheiter over telefon.

Vurdering

Vi meiner det er grunn til å tru at rettleiingsinnsatsen vår har gitt ønskt resultat, altså færre feil i vedtaka. Samstundes er det rett å konkludere med at vi må halde fram med tiltaka.

Vi handsamar klager på færre saksområde i barnehagesektoren enn i skulesektoren. Dette gjer at vi på mange område manglar konkret kunnskap om korleis barnehagemyndigheitene brukar lova. På bakgrunn av kontakt med føresette og ut frå spørsmål barnehagemyndigheitene sjølv stiller, finn vi grunn til å vere uroa over manglande forståing av reglane i barnehagelova i mange kommunar. Ikkje minst er det framleis mykje forvirring rundt rolla som eigar og myndigheit. På bakgrunn av denne kunnskapen vil vi i 2024 arrangere fleire samlingar for barnehagemyndigheitene med reglane i barnehagelova som tema. Vi vil og ta opp problemstillinga dialogen embetet har med kommunane.

I 2023 fekk vi og tre klagar på kommunar sine pålegg om retting etter tilsyn (bhl. paragraf 53). Dette ser vi som svært positivt. Vi meiner at det kan vise at kommunane i sitt tilsyn brukar pålegg om retting når det er naudsynt, og at barnehageeigarar er kjende med, og brukar, retten til å få saka klagehandsama hos oss.

Statsforvalteren skal bidra til at elever får den spesialpedagogiske tilretteleggingen de har krav på (fra kapittel 3.3.3.1.5.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at elever får den spesialpedagogiske tilretteleggingen de har krav på etter opplæringsloven

Status

Ut ifrå kor mange meldingar vi får frå føresette som opplever at barna ikkje får den hjelpa dei treng på skulen, er vi bekymra over det låge talet klagesaker på området. Føresette melder til dømes om

- at skulen nektar dei å kontakte PPT
- lange ventelister for tilmelding
- lang sakshandsamingstid i PPT
- mangelfulle sakkunnige vurderingar
- lang tid før kommunen gjer vedtak
- manglande gjennomføring av vedtak.

Tiltak

Vi brukar mykje tid på å rettleie føresette som kontaktar oss, og vi oppmodar dei om å bruke klagerettane som eit vedtak om spesialundervisning gir. Ofte vil likevel ikkje klage på eit vedtak hjelpe i ein del av problemstillingane vi høyrer om. Eit døme på dette er lang sakshandsamingstid hos PPT. Her kan vi nytte tilsyn som verkemiddel, og vi opna i 2023 tilsyn med sakshandsamingstid på bakgrunn av meldingar om risiko for lovbrøt.

Mange skuleeigarar ber om rettleiing i saker som er samansette og omhandlar fleire rettar for eleven. Dette vil typisk vere elevar som treng spesialundervisning og tilrettelegging, og som og har eit utrygt skulemiljø, eller som sjølv bidreg til at andre ikkje har det trygt og godt på skulen. I slike saker prioriterer vi å delta på rettleiingsmøte med skuleeigarar som ønskjer det. Vi sikrar då alltid at vi ikkje går inn i den konkrete saka, slik at vi blir ugilde dersom vi får ein klage. Vi opplever at særleg mindre kommunar har stor nytte av å få drøfte problemstillingar med oss.

I 2023 har vi delteke på regionale samlingar der PPT og skule/skuleeigarar var målgrupper.

Vurdering

Vi meiner at både rettleiinga og tilsynsarbeidet bidreg til betre praksis i kommunane. Samstundes konkluderer vi med at mange elevar ikkje får den spesialpedagogiske hjelpa dei treng, og at det skjer for mange regelbrøt. Våre tiltak rettar seg mot forståing av regelverket, men vi ser at situasjonen i kommunane også handlar om kapasitet.

Vi meiner at spesialundervisning og behov for tilrettelegging i skulen er dei områda der sektoren har mest behov for kunnskap om regelverket, og der dei oftast ønskjer avklaringar og rettleiing. Vi vil difor halde fram med rettleiing i 2024, og har planar om å delta på samlingar som samla sett gjer at vi når skuleeigarar i alle kommunane. Tema vil vere det som er nytt i kap. 11 i den nye opplæringslova, men også ein gjennomgang av det regelverket som ikkje er endra. Vi held og fram med tilsyn på området.

Spesialpedagogisk hjelp etter barnehageloven (fra kapittel 3.3.3.1.5.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at barn får den spesialpedagogiske hjelpen de har krav på etter barnehageloven.

Status

Vi handsama fire klagesaker om spesialpedagogisk hjelp i 2023. Med tanke på kor mange barnehagebarn som faktisk har vedtak om spesialpedagogisk hjelp, er vi usikre på om tal saker til oss gir eit korrekt bilete av kor mange føresette som meiner at hjelpa dei får ikkje er tilstrekkeleg. Vi er og kjende med at nokre føresette i dialogen med barnehagane og med PPT, får inntrykk av at meldingar til PPT uansett ikkje vil bli starta opp før barnet har nådd ein viss alder.

I 2023 fekk vi 21 klager etter paragraf 37 om tilrettelegging. I desse sakene ser vi at barnehagemyndigheitene og PPT ikkje alltid tildeler hjelp og støtte etter rett lovheimel.

Tiltak

Vi har i fleire år prioritert å rettleie barnehagemyndigheita og PPT om kva som er tilrettelegging og kva som vil vere spesialpedagogisk hjelp, og korleis desse reglane er å forstå. Vi har hatt mange tilsyn på dette området.

Vurdering

Vi vurderer at mykje rettleiing om forskjellen på tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp mot barnehagemyndigheitene dei siste åra, har bidrege til at det blir gjort betre vedtak. Utskifting av fagfolk i kommunane gjer likevel at vi framleis må ha dette som tema på samlingar i tida som kjem. Det er og viktig å rettleie om at PPT ikkje kan operere med ventelister, og at føresette må nytte klageretten dersom dei er misnøgde med vedtaka dei får.

Fritak for fag (fra kapittel 3.3.3.1.5.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at alle skoleeiere følger regelverket om fritak for fag.

Status og tiltak

Vi er bekymra for at regelverket på dette området ikkje alltid blir følgt. Særleg meiner vi at risikoen er stor i vidaregåande opplæring og opplæring på alternativ arena i grunnskulen.

Vi har dei tre siste åra hatt fleire tilsyn med spesialundervisning på alternativ opplæringsarena. Kommunane er ikkje i stor nok grad medvitne om at elevane skal få opplæring i tråd med læreplanane også på ein alternativ arena. Vi meiner tilsyna har hatt god effekt og kan sjå at kommunane vi har ført tilsyn med i stor grad har ein praksis der reglane om spesialundervisning i opplæringslova blir følgde.

I vidaregåande opplæring er vi generelt bekymra for manglande forståing for forholdet mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning. Vi har fleire døme på tilretteleggingstiltak som openbert burde ha vore heimla i reglane om spesialundervisning i opplæringslova. Eitt av desse tiltaka er at elevar med faglege vanskar i praksis berre får opplæring i utvalde kompetanssmål. Dette har vi tatt opp med fylkeskommunen.

Vi har òg opna eit tilsyn med fylkeskommunen kor vi undersøker om skulane tilviser elevar til PPT for å få undersøkt om dei har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Dette tilsynet er enno ikkje ferdig.

Vår vurdering

Det er ikkje alle skuleeigarar som følgjer regelverket for fritaking i fag fullt ut. Vi følgjer dette opp gjennom rettleiing og tilsyn, og vidarefører dette arbeidet med same innsats i 2024. Dei kommunane vi har ført tilsyn med, har endra praksis etter det vi kan sjå.

Spesialundervisning i vidaregåande opplæring (fra kapittel 3.3.3.1.5.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at elevar i vidaregåande opplæring får spesialundervisning i tråd med regelverket

Får elevane spesialundervisning i tråd med regelverket?

Vi er uroa for om elevar i vidaregåande opplæring får den spesialundervisninga dei har krav på. Dette byggjer vi mellom anna søknadane vi har handsama om fritak frå vurdering med karakter i framandspråk. I 2023 har vi sett mange døme på elevar som ikkje har hatt utbytte av opplæringa, men som anten ikkje har fått spesialundervisning eller som er innvilga spesialundervisning rett før søknaden om fritak er sendt til oss. I dei tilfella elevane ikkje har hatt spesialundervisning, konkluderer likevel ofte PPT med at eleven bør få fritak fra vurdering i faget. Vi veit ikkje om situasjonen er lik også i andre fag enn framandspråk.

I 2023 har vi ikkje hatt klagesaker om spesialundervisning fra vidaregåande opplæring. Opp gjennom åra har vi hatt få klagesaker frå vidaregåande opplæring, og dette er difor eit tema vi vurderer å følgje opp i 2024. Samstundes må vi leggje til at fylkeskommunen har hatt sterke fagmiljø på dette området.

Tiltak

Statsforvaltaren har valt å opne tilsyn med Vestland fylkeskommune. Tilsynet blei opna i 2023, men vi rakk ikkje å bli ferdig med førebels rapport før i januar 2024. I tilsynet undersøker vi om fylkeskommunen sikrar at lærarane vurderer om elevane treng spesialundervisning og om fylkeskommunen sikrar at skulen tilviser elevane til PPT i dei tilfella opplæringslova krev det.

Statsforvaltaren har i tillegg hatt møte om ein vidaregåande skule der vi såg særleg mangelfull etterleving av regelverket.

Vurdering

Vi legg til grunn at tilsynet gjer det klart for fylkeskommunen kva regelverket krev, og at dei endrar praksis i tråd med varsel om pålegg. Vi meiner og at den konkrete rettleiinga gav betre forståing for dei rettane elevane kan ha til spesialundervisning.

Innføring av nye læreplaner (fra kapittel 3.3.3.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at skoleeiere, skoler og lærebedrifter forstår og etterlever Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20/LK20-S).

Vi gjennomførte to rettleiingssamlingar for kommunalsjefar og rektorar om vurdering i 2023. Vi hadde og ei eiga samling for leiarar og lærarar i Bergen kommune. Tema på alle samlingane var kapittel 3 og 5 i opplæringslova.

Vi har i tillegg handsama over 100 klager på vedtak om standpunktarakter. I sakshandsaminga kan vi sjå at skulane følgjer det nye læreplanverket, sjølv om ein stor del av vedtaka blir oppheva. Det er likevel vår vurdering at praksisen hos kommunane er betre enn tidlegare, noko som kan skuldast betre læreplanforståing.

Vi har brukt mykje ressursar på å rettleie kommunar om nye læreplanar i samband med ny eksamensform i 2023.

I desentralisert ordning for kompetanseutvikling i grunnskulen, kan vi sjå at det i 2023 framleis blir søkt om midlar til arbeidet med innføring av fagfornyinga i kommunane. Delen av midlane som blir brukte til dette temaet er likevel dalande.

Vår vurdering

Pandemien gjorde innføringa av LK20 meir utfordrande enn venta. Vi vurderer likevel at innføringa stort sett har gått greitt, og at alle skuleeigarar, skular og lærebedrifter følgjer det nye læreplanverket. Vi meiner sjølv vi nyttar naturlege høve til å ettersørje stoda i kommunane. Vi kan og nemne at vi jamleg følgjer med for dei elevane som har vedtak om spesialundervisning og i saker som gjeld alternativ opplæringsarena.

Rammeplan for SFO (fra kapittel 3.3.3.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at skoleeiere og skoler forstår og tar i bruk rammeplanen for SFO.

Status

Vi har ikkje fått spørsmål frå sektoren om nasjonal rammeplan for SFO. Vi har heller ikkje fått førespurnader om rettleiing på samlingar for skuleeigamivået i dei samanhengane der vi diskuterer behov for rettleiing (typisk i dialogmøte med representantar for kompetanseregionane).

Tiltak

Vi har brukt nettsidene våre til å informere om rammeplanen for SFO, føremålet med han og fordeling av ansvar og oppgåver.

Vurdering

Vi har hatt ein del spørsmål frå sektoren som gjeld betaling og moderasjonsordningar i SFO, men altså ingen som gjeld rammeplan ved SFO. Sidan andre spørsmål om skulefritidsordninga enn dei vi har peikt på over, finn vegen til oss, har vi tolka det som at skuleeigarane har kunna svare ut spørsmål lokalt, utan hjelp frå oss.

3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering

Mest merkbare følgja i Noreg av Russlands åtak på Ukraina er dei mange flyktningane. Kommunane er etter pandemien godt trene i krisehandtering, og dei har teke utfordringane på strak arm. Dei fortener stor ros for at mottaks- og busetjingsarbeidet i det store og heile har fungert over all forventning, slik at vi dei siste to åra har ei måloppnåing med eit busetjingstal langt over tidlegare tal.

Kommunane har i hovudsak busett i tråd med oppmodingane frå IMDi, og måloppnåinga er god. Likevel er det hardt pressa kommunale tenester som skal handtere ein flyktningstraum som ikkje verkar å stilne. Særskilt i helse- og omsorgssektoren, som har vore hardest råka av pandemien, er det stor slitasje. Hittil har kommunane klart å skaffe hus for å busetje flyktningane, men vi nærmar oss eit punkt der det er vanskeleg å finne gode bustader til dei nye som kjem, eller det er bustader med mangelfullt kollektivtilbod langt unna sentrumsfunksjonar. Vi trur det bør satsast meir på stimuleringsiltak for å bygge meir bustader. Dersom det ikkje lenger finst eigna bustader, vil ikkje utviklinga gå i rett retning.

Vi har sett det som vår rolle å oppmuntre kommunane til å ta imot flyktningar og å syte for oppdatert, relevant og samordna informasjon til kommunane om alle spørsmål rundt busetjing, til dømes om tenester på helse, sosial, skule, om planarbeid og om tilskotsordningar. Vi har sidan fullskalakrigen starta, brukt den same arenaen med digitale møte med alle kommunane kvar månad. Dersom ein kommune gjer vedtak om å busetje færre enn oppmodinga, er vår oppleving at det kjem av manglande evne heller enn vilje.

Vi meiner denne arenaen har gitt ein stor meirverdi både for å formidle statleg informasjon, for at kommunane har kunna lære og bli inspirerte av kvarandre og for at frustrasjon kan luftast.

Vi kunne ønskt oss meir konkrete oppdrag frå statlege styresmakter på dette feltet, slik vi hadde god erfaring frå pandemihandteringa, og slik vi jamleg har teke opp sidan fullskalakrigen starta. Vi opplever likevel at IMDi og UDI no ser nytten av å ta del på dei arenaane vi skapar overfor kommunane.

Samarbeid mellom stat, fylkeskommuner og kommuner om rask og treffsikker bosetting. (fra kapittel 3.3.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bruke sine virkemidler til å understøtte at kommunene skal fatte vedtak om bosetting i tråd med anmodningen fra IMDi og at plassene gjøres raskt tilgjengelig for bosetting.

Statsforvalteren skal redegjøre for hvordan dette ivaretas i deres embeter.

Som nemnt under 3.1.3.8 har vi sett det som vår rolle å oppmuntre kommunane til å ta imot flyktningar og å syte for oppdatert, relevant og samordna informasjon til kommunane om alle spørsmål rundt busetting, til dømes om tenester innan helse, sosial, skule, om planarbeid og om tilskotsordningar. Vi har sidan fullskalakrigen starta, brukt den same arenaen med digitale møte med alle kommunane kvar måned.

Som nemnt meiner vi denne arenaen har gitt ein stor meirverdi både for å formidle statleg informasjon, for at kommunane har kunna lære og bli inspirerte av kvarandre og for at frustrasjon kan luftast.

Når vi kjem til eit punkt der kapasiteten til kommunane nærmar seg grensa, er det viktig at staten stiller med økonomiske verkemiddel som kan auke kapasiteten, både til naudsynte teneste og bustader.

3.1.4 Gjennomførte evalueringer

Jordlova og plan- og bygningslova

I 2022 gjorde vi ei undersøking av kommunane sin praksis på regelverket i jordlova om omdisponering og deling, ved å be om kopi av alle vedtak frå fire kommunar.

Vi fann ikkje grunn til å gjere det same i 2023, men vi gjorde ei undersøking og vurdering av måten vi handterer dispensasjonar i plan- og bygningslova (pbl). Vi hadde tidlegare år over 2000 dispensasjonssaker på høyring, og nesten like mange til klagevurdering. I om lag 250 av sakene var landbruksinteressene sentralt tema. Vurderingstema for dispensasjon etter pbl og omdisponering og deling etter jordlova er delvis dei same.

Konklusjonen etter denne evalueringa er at vi i 2024 som ei prøveordning forenkler arbeidet med dispensasjonar etter pbl slik at vi ber om å ikkje få sakene på høyring, men tek vare på kontrollfunksjonen ved å be om at vi får alle positive vedtak til klagevurdering.

Tilskotsforvaltning

Vi har ikkje gjort noko omfattande evaluering, men vi har undersøkt praksisen i kommunane på enkelte område; kravet om "vanleg jordbruksproduksjon" i produksjonstilskot, og om internkontroll i landbruksforvaltninga. Resultat og inntrykk elles er at kommunane etter kvart gjer ein betre jobb på desse områda.

3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks

3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver

Ingen vesentlege avvik.

3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.3 Barne- og familiedepartementet

Ingen avvik

3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

Vi har ikkje oppfylt volumkravet for planlagde tilsyn, og det er for lang sakshandsamingstid på nokre felt.

3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.6 Klima- og miljødepartementet

Ingen avvik.

3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet

Ingen vesentlege avvik.

3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.9 Landbruksdepartementet

Vi har ikkje vesentlege avvik frå oppdraget.

Vi vart ikkje ferdige med å kontrollere om personar som har fått innvilga tidlegpensjon oppfyller alle vilkåra i denne pensjonsperioden. Denne kontrollen vart utsett til etter nyttår.

3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

Kvalifiseringsprogrammet (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for:

- Hvor stor andel av NAV-kontorene har fått opplæring i den nye «Kompetansekassen» og hvilke resultater har dette gitt for NAV-kontoret?
- Hva er de største utfordringene i NAV-kontorenes arbeid med kvalifiseringsprogrammet og hva gjør statsforvalteren med utfordringene?
- Hva er resultatet av statsforvalterens oppfølging av NAV-kontor som har særlige utfordringer i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet?

Opplæring i kompetansekassen

Vi starta opplæring i kompetansekassen for kvalifiseringsprogrammet allereie november 2022, då vi hadde to nettverkssamlingar med til saman 90 deltakarar. Kompetansekassen var også tema på Nav-leiarsamling i desember 2022. Verktøya vart godt tatt imot. I 2023 har vi hatt fire fysiske nettverkssamlingar. Vi arrangerer to samlingar i Bergen, og to på Skei i Jølster, slik at flest moglege skulle få høve til å delta. Det deltok 65-70 personar i Bergen og 20-25 på Skei. Vi hadde også ei digital nettverkssamling i november, med om lag 50 påmelde. Vi er alltid innom kompetansekassen på nettverkssamlingane, for å minne om at han finst og korleis han kan brukast i ulike situasjonar. Vi har også informert om kompetansekassen i den digitale grunnopplæringa vår, og i år har vi gjennomført grunnopplæringa saman med Statsforvaltaren i Trøndelag. Vi hadde om lag hundre deltakarar til saman på grunnopplæringa i januar, og det same i september. Deltakarane var både rådgjevarar som jobbar direkte med kvalifiseringsprogrammet, og andre i Nav som hadde interesse av å lære om det.

I år har vi gjennomført eigenvurdering i kvalifiseringsprogrammet, og det har vi også gjort saman med Statsforvaltaren i Trøndelag. Temaet var todelt, og handla om tilgjengelege og innhald i program. Vi utarbeidde materiale som kommunane brukte for å gå gjennom eige arbeid, og vi laga eit digitalt undervisningsopplegg som gjekk over tre dagar. Undervisinga vart gjennomført i forkant av eigenvurderinga, og var open for alle; også dei som ikkje skulle ha eigenvurdering. Fleire kontor deltok med sine erfaringar, og vi fekk gode tilbakemeldingar på at undervisinga var praktisk orientert og nyttig. Vi informerte om kompetansekassen sjølv om han ikkje var gjort tilgjengeleg på dette tidspunktet. Det var 13 kommunar som gjennomførte eigenvurderinga. Alle rapporterte at det var svært lærerikt, og vi opplevde at leiarnivået var engasjert og involvert i arbeidet. Alle kommunane rapporterte forbettringspunkt. Mange hadde funne ut at programmet var for lite tilgjengeleg. Mange såg også at dei hadde forbettringsmoglegheiter på innhald i program, evaluering, samarbeid med andre instansar og barneperspektivet. Vi har gjennomført oppfølgingsmøte med alle kommunane, og i desse møta har det vore naturleg å minne om kompetansekassen som eit godt verktøy i det vidare arbeidet. Fleire av kommunane har gjennomført eller planlagt internopplæring om kvalifiseringsprogrammet, også for dei statleg tilsette, og fleire har sagt dei vil bruke kompetansekassen som del av dette.

På bakgrunn av evalueringar etter samlingar, og tilbakemeldingar etter eigenvurderinga, vurderer vi at opplæringa vår, inkludert kompetansekassen, har bidrege til å auke engasjementet og kunnskapen om kvalifiseringsprogrammet i Nav-kontora. Vestland har gode tal på deltaking i kvalifiseringsprogrammet, og tala er stigande.

Utfordringar i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet

I desember sende vi ut rapporteringsskjema til alle Nav-leiarar i Vestland (39 stk) og vi har fått 23 svar. I tillegg har vi informasjon frå kommunane som deltok i eigenvurderinga, i form av forbettringsplanar og det dei fortalde oss på oppsummeringsmøta.

Nokre av dei største kontora rapporterer at fleire enn før søker om kvalifiseringsprogram, og at det har tatt lengre tid enn ønskeleg å kartlegge, gjennomføre arbeidsevnevurdering og handsame søknadane. I tillegg til lang sakshandsamingstid har det av ulike grunnar vore større pågang og lengre ventetid hos mange tiltaksarrangørar, så det kan ta lang tid før deltakaren kjem i gang med programmet. Nokre kontor opplever at dei ikkje har

nok tilsette til å følgje opp den auka pågangen på området. Vi ser at rådgjevarane strevar med å gi så tett og heilskapleg oppfølging som tenesta krev, og at det ikkje alltid blir gjennomført jamlege evalueringar av innhaldet i programmet.

Nokre kontor rapporterer at det er arbeidskrevjande at deltakarane ofte treng supplerande sosialhjelp i tillegg, og dei etterlyser auke i kvalifiseringsstønad slik at han kan fungere meir etter hensikta og gjere deltakarane sjølvhjelpne.

Andre utfordringar er at deltakarane ofte har omfattande hjelpebehov, inkludert helseproblem. Det gjer det vanskeleg å følgje eit fulltidsprogram, og det er ofte uklare grenser mot retten til arbeidsavklaringspengar.

Mange deltakarar har utfordringar med norsk språk, med stort behov for tolk.

Vi får tilbakemeldingar om at kontora ønskjer eigne søknadsskjema og informasjonsmaterieill i form av brosjyrar som hjelp i arbeidet med å kvalifiseringsprogrammet meir tilgjengeleg.

Mindre kontor rapporterer om få deltakarar på grunn av generelt få brukarar ved kontoret, og problem med å fylle eit fulltidsprogram på grunn av få lokale tiltaksarrangørar, demografi og dårleg kollektivtransporttilbod.

Nav-kontor med særlege utfordringar i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet

Eigenvurderinga i kvalifiseringsprogrammet bidrog til at kommunane som deltok fekk ny innsikt i eigne utfordringar. Mange starta forbetningsarbeidet med ein gang, og alle laga planar der konkrete tiltak, ansvar og tidspunkt for evaluering gjekk fram. Sjølv om dei fleste kontora som deltok i eigenvurderinga fann forbetningspunkt, er det berre éin kommune som framleis har behov for oppfølging frå oss.

Vi inviterte kommunar som har låg deltaking i kvalifiserings-programmet til ei digital samling i august. I invitasjonen la vi ved informasjon om nettverkssamlingane våre og opplæringstiltak, lenke til forskning på kvalifiseringsprogrammet, lenke til kompetansekassen og materiale/sjekkliester vi brukte i samband med eigenvurderinga (materialet som gjaldt tilgjengelege.) Dei fleste kommunane vi inviterte deltok, og fleire møtte med representantar frå ulike nivå. Alle bidrog med tankar og erfaringar om sitt arbeid med kvalifiseringsprogrammet, og ein kommune hadde eit lengre innlegg om korleis dei som eit resultat av eigenvurderinga hadde gjort tiltak for å gjere programmet meir tilgjengeleg.

På samlinga hadde vi også ei økt med grunnleggjande opplæring i kva kvalifiseringsprogrammet er, og for kven. Vi ser i ettertid at nokre av kommunane har fått fleire deltakarar, men ikkje i så stor grad som vi hadde håpa. Den kommunen vi er mest bekymra for, deltok ikkje på samlinga, og har heller ikkje respondert på direkte kontakt frå oss med tilbod om samtale og eventuell støtte i arbeidet. Her må vi gjere nye grep i 2024.

Aktivitetsplikt (fra kapittel 7.3.1.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal vurdere hvorvidt aktivitetsplikt for mottakere av økonomisk stønad under 30 år i fylket har hatt ønsket resultat. I tillegg skal det beskrives hva slags aktiviteter det stilles vilkår om å delta i.

Aktivitetsplikta skal bidra til at fleire kjem i arbeidsretta aktivitet og blir sjølvhjelpne. Arbeidsløysa i Vestland var høgare i desember 2023 enn på same tid i 2022, men ligg framleis under landsgjennomsnittet. Vi har ikkje grunnlag for å vurdere om aktivitetsplikta for unge sosialhjelpsmottakarar bidreg til at fleire kjem i arbeid. Vårt inntrykk er at det varierer kor vidt kontora og den enkelte rådgjevaren ser på aktivitetsplikta som eit verkemiddel for kontroll, eller om dei ser den som brukaren sin rett til individuell oppfølging.

I desember sende vi ut rapporteringsskjema til alle 39 Nav-leiarane, og vi fekk 23 svar. På spørsmål om kva aktivitetar Nav set som vilkår, har vi fått desse svara:

- Arbeidspraksis, både statlege og kommunale tiltak.
- Avklaringsstiltak.
- Jobbsøking (sende meldekort, skrive søknader, førebuing til intervju m.m.).
- Møte på Nav-kontoret til samtale for å avklare behova ytterlegare, sikre stabilitet og oppmøte før ein set i gang arbeidsretta tiltak ute i bedrifter.
- Krav om å ta imot eventuelle tilbod om kurs/tiltak/jobb.
- Følgje opp behandling for helseproblem.
- Skule.
- Følgje opp råd og rettleiing (til dømes om økonomi).
- Norskopplæring.
- Søke andre økonomiske ytingar som vedkomande kan ha rett på.
- Frivillig arbeid og sosial trening.

Økonomisk rådgivning (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for hvilken effekt kompetansehevendende tiltak overfor kommunene innenfor økonomisk rådgivning har, og sitt øvrige arbeid med økonomisk rådgivning. Statsforvalteren må identifisere hvilke fagfelt i NAV og øvrige tjenester i kommunen som deltar på kursene.

Vi har halde eitt digitalt basiskurs på to timar. Vi meiner kurset då var tilgjengeleg for fleire, og vi fekk gode tilbakemeldingar på at kurset var digitalt og kort, og at vi gav tilpassa informasjon. Dei Nav-tilsette som deltok jobba med økonomisk stønad, kvalifiseringsprogrammet, flyktningar, ungdomar og personar med nedsett arbeidsevne, og nokre var jobbspesialistar og jobba med marknadsarbeid. I tillegg hadde vi ein forkorta versjon av basiskurset for tilsette i Nav via fagsnutten til Nav Vestland for å nå fram til endå fleire i Nav. Frå andre tenester deltok tilsette som jobba med barnevern, rus og psykiatri, helse og omsorg, flyktningar, bustadforvaltning, startlån, bustønad, velferdsteknologi, koordinerande eining, eigendel for institusjonsopphald og fengsel.

Døme på tilbakemelding frå deltakarane:

«Eg synest det var positivt at kurset avklarte roller og oppgåver, og tok fram viktigeita av å prate om økonomi med brukarane ein møter. Eg kjende meg trygga av opplegget på kva eg skal gjere i desse situasjonane. Veldig bra! Godt å bli påminna kor stor bekymring og stress økonomiske bekymringar gir. Eg vil bli mykje tryggare på å ta dei viktige samtalar med brukarane mine no, når eg veit at det ikkje er mi oppgåve å "fikse" dei.»

Tilbakemeldingane viser at fleire vågar å spørje personar om økonomi fordi dei har blitt betre på å kjenne att økonomiske bekymringar og kjenner til tenesta økonomisk rettleiing. Slik vil fleire som treng tenesta få hjelpa dei treng.

Vi har hatt tre nettverkssamlingar for økonomiske rådgjevarar med tema tvangssal, motiverande intervju og hjelp til sjølvhjelp.

Døme på tilbakemeldingar vi har fått:

«Å tenke gjennom hva som faktisk er viktig å avklare når en bruker ringer bekymret for tvangssalg av bolig. Kjempefint med blandete grupper for å dele erfaring og kunnskap.»

«Godt med sosialfaglige innlegg om samtaleteknikk og selvmordsforebygging. Her var det flere nyttige tips jeg tar med meg videre.»

Vi arrangerte ei av samlingane i samarbeid med Namsfogden i Bergen, med tema oppfølging under gjeldsordning, der også tilsette frå namsmennene i fylket deltok.

Døme på tilbakemelding frå deltakarane:

«Gode presentasjoner, aktive deltakere, gode samtaler, diskusjoner og erfaringsutveksling på gruppebordene.»

Basert på tilbakemeldingane vi har fått, meiner vi rådgjevarane er blitt tryggare på kva dei skal gjere når rådsøkjaren har fått varsel om tvangssal, og dei skal ha blitt betre på å ha gode samtalar med rådsøklarane. Bordplassering og gruppeoppgåver skal ha bidrege til erfaringsdeling og nettverk mellom tilsette med ulik kompetanse og frå ulike Nav-kontor.

Vi har i tillegg hatt Vivat sitt firetimars kurs «OPS, oppmerksomhet på selvmordstanker», då økonomiske vanskar heng tett saman med risiko for sjølv mord. Dette tiltaket håpar vi har ført til at rådgjevarane er betre rusta til å oppdage sjølv mordstankar hos rådsøklarane, snakke om det og vise vidare til rett instans.

Vi har halde to grunnkurs og to vidaregåande kurs digitalt for Nav-tilsette i region nord og region vest. Tilbakemeldingane frå fylkeskontaktane har vore at kunnskapen er meir tilgjengeleg for alle når kursa er digitale.

Døme på tilbakemelding:

«Veldig viktige, relevante og aktuelle temaer. Videregående kurs er ofte veldig omfattende men også veldig interessant. Det er alltid noe nytt å lære selv om man har deltatt på samme kurs flere ganger.»

Ut frå tilbakemeldingane meiner vi kursa har ført til betre kompetanse både hos dei erfarne og dei nye i Nav-kontora i begge regionane.

Vi har arrangert fire nasjonale digitale ekspertkurs i samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet, Statsforvalteren i Oslo og Viken og Statsforvalteren i Trøndelag. I tillegg til økonomiske rådgjevarar, var også Nav-leiarar inviterte. Vi har hatt tema som dyrtid og psykisk helse, og hatt innlegg frå Nav-leiarar om deira erfaringar rundt temaet. Vi meiner denne leiarforankringa kan bidra til inspirasjon og at det blir enklare å gjennomføre eventuelle endringar i andre Nav-kontor.

Kompetansehevendende tiltak utsatt ungdom (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal vurdere effekten av kompetansehevendende tiltak som de har iverksatt for oppfølging av utsatt ungdom i NAV-kontoret. Det bes også om en vurdering av effekten av statsforvalterens tilrettelegging for erfaringsutveksling om oppfølging av utsatt ungdom i NAV i samarbeid med NAV Fylke.

Frå desember 2022 til august 2023 steig talet på deltakarar i kvalifiseringsprogrammet under 25 år frå 12 til 15 prosent, så vi er omtrent på landsgjennomsnittet. Det er vanskeleg å vite om auken er ein direkte effekt av tiltaka våre, men vi hadde ungdom og kvalifiseringsprogram som tema på nettverkssamlingane våre i april. I tillegg til undervisning om regelverket, hadde vi innlegg frå tre prosjekt i tilskotsordninga som har utvikla metodar og organisering for best mogleg oppfølging av ungdom. Vi fekk også foredrag og refleksjonsoppgåver i regi av Forandringsfabrikken.

Ein kommune med særleg høg prosentdel unge seier at det tverrfaglege samarbeidet med andre instansar som møter ungdom, er avgjerande. Gjennom erfaringsdeling på nettverkssamlingane får vi også inntrykk av at kva haldning kontoret har er relevant, og at enkelte i større grad enn andre tenker at det er

viktig å kome tidleg i gang med nok hjelp for å unngå forverring av situasjonen.

Den 25. oktober hadde vi ein fagsnutt med tittelen *Heilskapleg oppfølging av ungdom – kva kan sosialtenestelova bidra med?*. Fagsnutt er Nav Vestland sin digitale, vekentlege informasjonskanal til alle tilsette i fylket. Gjennom eit oppdikta narrativ om ungdomen *Line* gjekk vi gjennom dei fem individuelle sosiale tenestene og viste korleis dei kom til bruk i oppfølginga av Line. Det er vanskeleg å vite kva effekt denne fagsnutten kan ha hatt på Navs oppfølging av utsette unge, men vi trefte i alle fall ei stor gruppe Nav-tilsette, og vi fekk gode tilbakemeldingar om at opplegget var nyttig.

Også i år nytta vi tverrfagleg digital samling til kompetanseheving i Nav-kontora og dei andre som arbeider med barn, unge og foreldre i kommunane. Tema for årets samling var barn i familiar med låginntekt, utanforskap og oppvekstreforma. I evalueringa av samlinga melde deltakarane tilbake at temaa var relevante for jobben, det skapte læring, forståing og merksemd på det tverrfaglege, og at det var nyttig med erfaringsdeling og å lære av kvarandre. Målet med samlinga var å gi informasjon og inspirasjon til å skape endå betre og meir heilskaplege tenestetilbod til målgruppa. Ut frå tilbakemeldingane vurderer vi at dette tiltaket har hatt effekt.

Sjå også rapporteringa under punkt 3.1.2.1 gode og heilskaplege tenester til utsette barn og unge, og punkt 3.2.1.1.1.1 godt samordna tenestetilbod i kommunane til utsette barn og unge.

Tilgjengelighet til sosiale tenester (fra kapittel 7.3.1.5 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en vurdering av hvordan det jobbes med å sikre tilgjengelighet til sosiale tenester for brukere som har ulike behov og forutsetninger, og hvordan digitalisering gjennom DIGISOS påvirker tilgjengelighet til de sosiale tenestene.

Kontora opplever i hovudsak at høvet til å søkje digitalt er viktig for å auke tilgjenget for dei aller fleste. Nokre kontor rapporterer at dei ser ein auke i talet på unge søkjarar, og knyter dette til at ungdom har lågare terskel for å søkje digitalt enn å møte opp. Nav-kontora peikar på at dei digitale løysingane gjer det mogleg for folk å søkje når som helst på døgnet, og uavhengig av reiseavstand til kontoret. Eitt kontor skriv: *"Gjennom digisos er vi tilgjengelege 24/7. Det er ein enkel veg inn til oss."* Brukaren har lettare tilgang til informasjon om saka si, og treng i mindre grad å ringe Nav for å spørje om sakshandsaming med meir.

Dei som ikkje er digitale, blir fanga opp gjennom beskjed frå kontaktsenteret, oppgåver i Gosys og via e-post. Det er vanleg å ha ein vakttelefon for sosiale tenester, og det heng gjerne informasjon om nummeret på inngangsdøra til Nav-kontoret. Dei fleste kontora har nokre timar i veka der folk kan kome innom utan avtale for å søkje eller lage ein avtale med rådgjevar for seinare samtale. Brukarar som ikkje likar å søkje digitalt, får hjelp til det, men dei kan også nytte papirskjema eller søkje munnleg. Nokre søkjer også munnleg via telefon. Nokre kontor har postkasse og søknadsskjema tilgjengeleg utanfor mottaket når kontoret er stengt.

Kontora opplever seg sjølv som tilgjengelege. Samstundes er dei klare over at enkelte grupper er meir sårbare enn andre, og det gjeld særleg dei framandspråklege og personar med omfattande hjelpebehov. Nokre gonger er det andre instansar i hjelpeapparatet, som psykisk helseteam, som tar kontakt på vegner av brukaren. Brukarar som har oppfølging frå Nav over tid har gjerne direktenummeret til rådgjevaren sin, og mange sender tekstmeldingar. Eitt kontor skriv at dei saknar chattefunksjonen for sosiale tenester som var tilgjengeleg under pandemien.

Skildringane over viser at kontora kan ha ulike løysingar for å sikre tilgjenge til dei sosiale tenestene. Ut frå vår kjennskap til kontora, er dei opptekne av tilgjenge og set i verk tiltak når dei avdekkjer manglar. Eit døme er alle Nav-kontora som deltok i eigenvurderinga i kvalifiseringsprogrammet avdekte forbedringspunkt for tilgjenge, og sette i verk ulike tiltak.

Tilskudd til utvikling av de sosiale tenestene i NAV- kontoret (fra kapittel 7.3.1.6 i TB)

Rapportere på

Det skal foretas en kort, overordnet vurdering av måloppnåelsen i arbeidet med tilskudd til utvikling av de sosiale tenestene i NAV-kontoret.

Vi har hatt god måloppnåing i arbeidet med tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene.

Forvaltninga av tilskotsordninga er gjort innan fristen. Vi har lyst ut midlane på nettstaden vår, og avdelinga har arrangert webinar på tvers av fagområda og gitt informasjon om dei ulike tilskota vi forvaltar, m.a. tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene. Vi har rettleia kommunar om søknadsprosessen.

Vi har hatt samlingar for prosjekta: ei fysisk samling på våren og digitale samlingar på hausten. Nav Vestland har deltatt på fleire av desse. Vi informerer om og drøftar prosjekta i ordninga med Nav Vestland.

Vi tilbyr oppstartsmøte til alle nye prosjekt og får positive attendemeldingar på dette frå prosjekta. Når eit prosjekt blir avslutta, skriv vi ei nettsak om dei gode grepa som er gjorde i prosjektet, og kva som kan ha overføringsverdi for andre i Nav. Vi tilbyr også statussamtalar, noko fleire har nytta seg av i 2023. Desse samlingane og møta gjer at prosjektleiarar og medarbeidar får gode relasjonar og god kjennskap til dei ulike prosjekta. Dette gjer det lettare å sjå kva som kan ha overføringsverdi for andre i Nav.

Vi har også oppretta ei eiga Teams-gruppe for prosjekta, slik at dei enkelt kan kome i kontakt med oss eller kvarandre.

Vi opplever at medarbeidarar i prosjekta ofte tek kontakt med oss for fagleg rettleiing eller med spørsmål som gjeld ordninga. Dei opplever vi er

tilgjengelege og har kjennskap til prosjekta.

Vi har hatt ulike prosjekt i ordninga med på nettverkssamlingar om kvalifiseringsprogrammet og på digitale samlingar, både internt i Nav og på tvers av fagområde.

På den fysiske samlinga vi hadde i 2023, fekk vi attendemelding om at prosjekta ønskjer seg meir opplæring og kunnskap om prosjektleiar-roller. Difor skal vi i 2024 tilby prosjektleiaropplæring i samarbeid med andre fylke.

I forbindelse med introduksjonsordning... (fra kapittel 7.3.1.7.1 i TB)

Rapportere på

I forbindelse med introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren rapportere på antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen. Statsforvalteren bes om å skille klager etter introduksjonsloven og integreringsloven, samt etter midlertidig kapittel 6A i integreringsloven.

I 2023 har vi avgjort 19 klagesaker som gjeld introduksjonsordninga for nykomne innvandrere.

14 av klagesakene gjaldt forlenging av tida i introduksjonsprogrammet. I elleve av desse sakene er søknaden om forlenging sett fram av ukrainske flyktingar. Vi gav ikkje medhald i alle desse sakene. I dei tre siste sakene om forlenging av introduksjonsprogram er ei av dei handsama etter introduksjonslova, og vi gav ikkje medhald. Dei to siste sakene er handsama etter integreringslova. I den eine vart det gitt avslag. I den siste saka oppheva vi kommunen sitt vedtak på grunn av at det var teke utanforliggende omsyn.

Vidare gjaldt tre av klagesakene rett til deltaking i introduksjonsprogrammet etter integreringslova. I ei av sakene er deltakaren ein ukrainsk flykting. I denne saka oppheva vi kommunen sitt vedtak fordi dei ikkje hadde heimel til å gi avslag på søknaden om rett til deltaking i introduksjonsprogrammet. I dei to andre sakene gav vi ikkje medhald.

Vidare gjaldt ei av klagesakene mellombels stans av introduksjonsprogrammet etter integreringslova. Vi gav ikkje medhald i saka. Den siste saka gjaldt avslag på søknad om gjenopning av introduksjonsprogrammet til ein ukrainsk flykting. Deltakaren fekk ikkje medhald.

På området opplæring i norsk... (fra kapittel 7.3.1.7.2 i TB)

Rapportere på

På området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren oppgi antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen. Statsforvalteren bes om å skille klager etter introduksjonsloven og integreringsloven, samt etter midlertidig kapittel 6A i integreringsloven.

Vi har ikkje hatt klagesaker på dette området i 2023.

Statsforvalteren skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.1.7.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på antall statsborgerseremonier som er avholdt, totalt antall utsendte invitasjoner til nye norske statsborgere og totalt antall nye statsborgere som har deltatt i statsborgerseremoniene i fylket.

Vi arrangerer seremoniar etter uttrekk som følgjer dei gamle fylkesgrensene. Årsaka er at befolkninga er skeivt fordelt mellom bergensområdet og tidlegare Sogn og Fjordane. I tillegg er avstandane så store i nordlege delar av fylket at reisetid uansett er ei utfordring. Vi arrangerte til saman seks seremoniar fordelt på to dagar i 2023. Normalt har vi hatt ei deltaking på rundt 25 prosent. No er deltakinga ein del lågare. Det kan vere fordi ein del med dobbelt statsborgarskap ikkje ser behovet for seremoni.

Vi sende ut til saman 2491 invitasjonar og hadde 456 påmeldingar.

Ved ein feil kansellerte Evry abonnementet vårt, og vi mangla difor eit uttrekk i fjor. Dette er no fiksa og vi vil ta att etterslepet i vår.

Statsforvalteren skal også rapportere på.... (fra kapittel 7.3.1.7.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall deltakere i opplæring norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (også personer som ikke er omfattet av integreringsloven/introduksjonsloven). I tillegg skal statsforvalteren rapportere på antall årsverk i kommunene som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap iht. integreringsloven/introduksjonsloven.

Kommunane rapporterer om 6 309 unike deltakarar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere i 2023, 4 419 i første halvår og 4

897 andre halvår. Det vart brukt 374 årsverk til å gi opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Kommunenes oppfølging av krisesenterloven (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven og gi en vurdering av tilgjengelighet og kvalitet på tilbudet i fylket.

Det er tre krisesenter som stettar krisesentertilbudet for alle kommunane. Alle krisesentera gir tilbod til barn, kvinner og menn, og tilbudet er tilgjengeleg heile døgnet. Krisesenteret i Sogn og Fjordane har etablert overgangsbustader, der dei som treng det kan få eit mellombels husvære med ekstra tryggleik i ein overgangsfase.

Informasjon til kommunane om fagleg rettleiar for innhald og kvalitet i krisesentertilbudet

Krisesentertilbudet var tema på fagsamlingar og i den løpande kontakten med alle kommunane.

Tilsyn

Vi har ført tilsyn med dei tre kommunane der krisesentera ligg, Bergen, Kinn og Stord. Tilsynet er gjennomført som eigenvurdering. Temaa var korleis kommunane sikrar at barn som bur på krisesenter får oppfølginga dei treng under og etter opphaldet, og samordning av tenestetilbudet til barn og vaksne i reetableringsfasen. Vi valde tema på bakgrunn av kor viktig det er med eit samordna og heilskapleg tilbod til barn og familiar som er utsette for vald, og at ikkje alle barn får hjelpa dei treng, til dømes opplæring. Vi har avslutta tilsynet med Bergen og Kinn, medan tilsynet med Stord kommune enno ikkje er avslutta.

Vurdering

Alle kommunane har krisesentertilbud gjennom samarbeidsavtalar med vertskommunane for krisesentera eller med krisesenter som IKS. Krisesentera har delteke i eigenvurderingane dei tre kommunane har gjennomført i 2023, og vi ser at kommunane er godt kjende med innhaldet i tilbudet krisesentera gir innbyggjarane. Dette meiner vi er viktig for at kommunane skal kunne følgje med på og sikre at dei har forsvarlege tenester.

Etter ein nedgang i førespunader under pandemien, rapporterer krisesentera no om noko auke. Sjølv om alle kommunane har etablert samarbeid med krisesentera, er vi framleis uroa for at barn blir buande i ein familiesituasjon med vald og trugsmål over lang tid før dei får hjelp. Det er viktig at kommunane i det førebyggjande arbeidet brukar informasjon dei har om stoda i sin kommune for å sjå på korleis dei kan førebyggje, avdekke og hjelpe barn og vaksne mot vald i nære relasjonar.

Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

Totalt antall kommuner i fylket	43
Antall krisesentertilbud i fylket	3
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2021	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2021	4
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2022	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2022	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2023	3
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2023	0

Ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på saker statsforvalteren håndterer etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova.

Sjå tabell og kommentar.

Vi har i 2023 hatt ein auke i tal saker til handsaming etter ekteskapslova. Dei aller fleste søknadene vert sende inn elektronisk, og prosentdelen er om lag lik som for 2022:

- Rundt 90 prosent for separasjonar etter paragraf 20.
- 84 prosent for skilsmisser etter paragraf 21.
- 49 prosent for skilsmisser etter paragraf 22.

Vi har mykje rettleiing over telefon, og det har vore ein kraftig auke i utsending av stadfesta kopiar av gitte løyve.

Ekteskapsaker

Lov	Sakstype	Sum	Innvilgelser	Avslag	Avvisninger	Andel mottatt digitalt
Ekteskapsloven	Separasjon, jf. § 20	1 048	989	1	58	90 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 21	892	856	17	19	84 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 22	68	49	0	19	49 %
Ekteskapsloven	Tillatelse til å inngå ekteskap selv om vergen har nektet, jf. § 2	0				
Ekteskapsloven	Samtykke til ekteskap mellom adoptivbarn og tidligere adoptivfamiliemedlem, jf. § 3 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Fritak fra krav om forlovere, jf. § 7j	0				
Ekteskapsloven	Fritak for dokumentasjon av skifte, jf. § 8 siste ledd	15	12	3	0	0 %
Ekteskapsloven	Klage på at prøvingsattest ikke er utstedt, jf. § 10 andre ledd	1	1	0	0	0 %
Ekteskapsloven	Klage på at vigsel er nektet, jf. § 14 tredje ledd	0				
Ekteskapsloven	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 16 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Reise sak om et ekteskap består eller ikke, jf. § 16a	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav a	0	0	0	0	0 %
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav b	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav c	0				
Ekteskapsloven	Reise sak for å oppløse ekteskap som er inngått i strid med § 3 eller § 4, jf. § 24 andre ledd	0				
Anerkjennelsesloven	Anerkjennelse av utenlandske skilsmisser eller separasjoner, jf. § 4 første ledd	85	72	1	12	0 %
Brudvigjingslova	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 11 tredje ledd	0				

Vi har oppgitt søknader som er formelt avviste for alle sakstypene. Vi har søknader som er i restanse grunna manglende dokumentasjon. Dette gjeld om lag 220 søknader frå 2023. Talet på søknader som er godkjende/avslåtte/avviste er difor ikkje likt talet saker som er motteke og handsama i 2023. Søk i ePhorte er heller ikkje ei sikker kjelde for statistikk, då det er vanskeleg med presise søk.

Vedtak etter barneloven (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten. Statsforvalteren bes om å spesifisere sakstype etter hjemlene i barneloven.

Vi har i 2023 ikkje gjort vedtak etter barnelova.

Saker etter barneloven

Lov	Sakstype	Antall vedtak
Barneloven	Klage på avslag på krav om opplysninger, jf. § 47 andre ledd	0
Barneloven	Tap av opplysningsrett, jf. § 47 tredje ledd	0
Barneloven	Vedtak om tvangskraft for avtaler, jf. § 55	0

Veiledning og informasjon på familierettens område (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en kort omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område.

Vi har i 2023 fått inn ulike spørsmål om familierett. I hovudsak er det privatpersonar som kontaktar oss, og enkelte er representerte ved advokat. I nokre tilfelle er det barnevernstenester eller andre offentlege kontor. Vi gir rettleiing både skriftleg og per telefon. Når foreldre tek kontakt handlar det ofte om samvær og stans av samvær, og korleis dei kan gå fram for å regulere samværet. Vi rettleiar ofte om skiljet mellom barnelova og barnevernslova i saker der foreldre tek kontakt med oss for å klage på barnevernstenesta. Dette er som regel saker der det er eit høgt konfliktnivå mellom foreldra.

Vi får også spørsmål om rett til opplysningar om barnet og tap av opplysningsretten, jf. barnelova paragraf 47. I tillegg får vi fleire spørsmål om kven av foreldra som har rett til informasjon i samband med ei barnevernssak, til dømes der foreldra ikkje bur saman og barnevernstenesta har opna undersøking. Nokre tek kontakt med spørsmål om kva som ligg i rest-foreldreansvaret etter omsorgsovertaking, til dømes om det er foreldra eller barnevernstenesta som kan bestemme i spørsmål om BankID, minibankkort/konto, konfirmasjon og økonomi.

I 2023 opplever vi i større grad enn tidlegare å få spørsmål frå privatpersonar om bekymring for omsorgssituasjonen til barn som oppheld seg i utlandet. I desse sakene har vi rettleia om å kontakte Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) som sentralmyndigheit.

Informasjon om biologisk opphav

Vi finn ikkje eit eige avsnitt for rapportering av saker om biologisk opphav. Rapporteringa vert derfor lagt inn her.

Vi har i 2023 handsama 53 saker om opplysningar om den adopterte sitt biologiske opphav. Ved utgangen av 2023 hadde vi fire saker som framleis er under handsaming. Vi mottok òg 16 saker som vart sende til andre embete og til Bufdir som rette mottakar.

I 50 av sakene var det den adopterte sjølv som tok kontakt for å få opplysningar om sitt biologiske opphav. Dei resterande tre sakene gjaldt tilfelle der den bortadopterte var død og der etterkommarane bad om opplysningar, jf. ny adopsjonslov sett i kraft 01.07.2018. Vi gir òg mykje informasjon og rettleiing over telefon på dette saksfeltet.

Tilsyn med familievernkontorene (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall tilsyn med familievernkontorene.

Det er seks familievernkontor i Vestland fylke. Vi har byrja tilsyn med Bergen og omland familievernkontor, avdeling Odda. Tilsynet vert gjennomført som eigenvurdering. Vi starta tilsynet i desember 2023, og det er planlagt gjennomført i løpet av første halvdel av 2024.

Temaet for tilsynet er familievernkontoret si plikt til å samarbeide med andre tenesteytarar, jf. familievernkontorlova paragraf 1 a. Tilsynet gjeld både samarbeidsplikta i enkeltsaker, jf. paragraf 1 a første ledd, og den generelle samarbeidsplikta i paragraf 1 a tredje ledd.

Tilsyn med familievernkontorene

Totalt antall familievernkontor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2023	Antall gjennomførte tilsyn i 2022	Antall gjennomførte tilsyn i 2021
6	0	0	0

Akuttberedskap i kommunene (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for statsforvalternes vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket.

Akuttberedskap

Alle kommunane har etablert forsvarleg akuttberedskap slik at barnevernet er tilgjengeleg heile døgnet. Minimum beredskap er telefonvakt med fagpersonar innan barnevern på vakt.

Vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket

Vi gjer jamlege vurderingar av kvalitet og risiko i dei 32 barnevernstenestene i fylket. Det ligg omfattande informasjon til grunn for vurderingane, men det er likevel berre eit bilete av den samla informasjonen vi har på ulike tidspunkt. Vi brukar informasjon frå rapportering, tilsyns- og klagesaker, tilstandsrapportar, utviklingsoppgåver, og annan kunnskap vi får i kontakt med kommunane.

I vårt arbeid har vi hatt stor merksemd på barns rettar og at barn skal få medverke i eiga sak. Likevel viser tilsyn at barns synspunkt og barnets beste ofte ikkje er vurdert opp mot annan informasjon i sakene, og at det er for stor variasjon i korleis dette blir sikra av tenestene. Vi meiner barns rett til medverknad og barnekonvensjonen framleis ikkje er forstått og godt nok innarbeidd i sakshandsaminga og i kontakten med barn.

Vidare har vi stor merksemd på saker om vald og overgrep. Fleire tenester rapporterer om auke i slike bekymringar, medan andre tenester ikkje har registrert endringar. Vår vurdering er at tenestene tek bekymring om vald og overgrep alvorleg, og at mange barn får hjelp når barnevernet først er varsla. Vi meiner likevel at manglar i kvaliteten på undersøkingsarbeidet for ofte fører til at bekymringar ikkje blir avklara, og barn blir buande i ein skadeleg familiesituasjon over lang tid.

I 2023 har det vore ein auke der barn under 18 år i Bergen og kommunane rundt unndreg seg omsorg og er med i kriminell aktivitet. Det har òg vore ungdom under 18 år som har blitt varetaktsfengsla, då det ikkje har vore mogleg å få på plass andre løysingar for å ramme inn ungdommen. Vi har òg fått fleire førespurnader om ungdom med samansette vanskar, til dømes eteforstyrning eller helseutfordringar, som ikkje får nødvendig helsehjelp eller der tenestene rundt barnet ikkje sikrar barnet heilskapleg og samordna oppfølging.

Lovbrot ved tilsyn og vår oppfølging

Vi har gjennom tilsyn avdekt svikt i barnevernets oppgåver, mellom anna i undersøkingar, barns rett til medverknad, dokumentasjon, barnevernets plikt til å følge opp barn med tiltak i og utanfor heimen, plikt til å samarbeide med andre tenester og tiltak om ettervern.

I 2023 har vi fått fleire meldingar om alvorlege hendingar på institusjonar, der ungdom utset seg sjølv for fare eller unndreg seg omsorg. Vidare har vi fått mange meldingar om Bufetat og brot på bistandsplikta. Vi har handsama 18 tilsynssaker med tema brot på bistandsplikta for å skaffe institusjonstilbod, anten akutt eller behandling.

Vidare har vi gjennomført tilsyn med fleire tenesteområde samstundes, til dømes barneverns- og helsetenester. Det gjer vi fordi vi har fleire saker der barnet har samansette vanskar, til dømes eteforstyrning eller helsevanskar, barnet bur på institusjon, og barnet får ikkje nødvendig helsehjelp eller tenestene rundt barnet sikrar ikkje ein heilskapleg og samordna oppfølging av barnet.

For at tilsyna skal ha effekt, har det vore nødvendig å tilpasse oppfølgingsarbeidet, og det blir lagt stor vekt på å tilpasse vår oppfølging av lovbrøt til kommunen/tenesta. Oppfølgingsarbeidet blir gjort både gjennom møte, stikkprøver og skriftlege tilbakemeldingar. Vi erfarer at endring tek tid, og vi har i nokre tilfelle hatt oppfølging med kommunar over månader, og i nokre få tilfelle over år.

Vår vurdering av utviklinga

Vi er uroa over utviklinga både i det kommunale og statlege barnevernet. Vi ser at det er store forskjellar i kvaliteten på dei kommunale tenestene og i

tilgjengelege tiltak for barn og familiar. I 2023 har vi hatt mange saker der Bufetat ikkje har ledige institusjonsplassar, og barn blir verande i ein uavklart livssituasjon over tid. Det har òg siste året vore fleire ungdommar i alderen 13-18 år som har vore i kontakt med politiet, som unndreg seg omsorg og der det har vore utfordrande å finne tiltak for å ramme dei inn.

Fleire tenester har utfordringar med å rekruttere og halde på nødvendig fagkompetanse. I mange tenester er det stor utskifting av tilsette og tidvis høgt sjukefråvær, også på leiamnivå. Vi meiner dette kan forklare kvifor nokre av tenestene slit med å sikre god og trygg hjelp til barn og familiar. Vidare opplyser fleire tenester at dei må bruke private konsulentar for å løyse oppgåvene til barnevernstenesta. Vi er uroa for at tenestene i aukande grad bruker private aktørar for å løyse kjerneoppgåver på barnevernsfeltet, og at tenestene ikkje sjølve er rusta til å utføre oppgåvene sine.

Vi meiner krav om årleg rapportering til kommunestyret kan vere med å sikre eigarskap og ansvar for barnevernstenesta. Det er òg viktig at barnevernsleiaren får god leiarstøtte frå kommuneleiinga. I vår vurdering av tenestene ser vi at dei tenestene som er gode har kommuneleiing som følgjer med på barnevernstenestas arbeid og der barnevernsleiaren har støtte og oppfølging. God oppfølging frå kommuneleiinga kan førebyggje sjukefråvær og gjennomtrekk, og slik gi betre stabilitet i personalgruppa. Vi ser at mange tenester har god kompetanse som ikkje blir nytta godt nok, fordi erfarne tilsette må drive brannsløkking og prioritere dei mest akutte sakene.

Barnevernsarbeid er komplekst, og samarbeid med familiene og andre tenester er nødvendig for at vi som samfunn skal gi barn trygge oppvekstvilkår. Det er framleis stor variasjon i korleis det blir lagt til rette for samarbeid og samhandling mellom tenester, og vår erfaring er at det i for stor grad er personavhengig om det blir etablert samarbeid i enkeltsaker. Både organisering av tenester, profesjonsgrenser, tillit og kunnskap om regelverk, er faktorar som påverkar samarbeidet.

Vi har fått informasjon om at det er aukande trykk på leiarar og tilsette i fleire barnevernstenester og institusjonar, ved at dei vert eksponerte i sosiale medium. Det er grunn til bekymring, både fordi gjentakande negativ omtale kan føre til manglande tillit til tenestene, og fordi auka belastning på dei tilsette og leiarar kan føre til at dei ikkje orkar å stå i det viktige samfunnsoppdraget dei har.

Gravplassloven (fra kapittel 7.3.2.8 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall saker om askespredning og utfallet i disse sakene. Statsforvalteren i Vestfold og Telemark skal gi en oversikt over antall saker av hver sakstype nevnt i oppdraget og utfallet i disse sakene.

Vi fekk 348 søknader om oskespreiing i 2023. Vi har innvilga 338 søknader, medan 15 søknader er avslegne. Ingen av avslaga er klaga på til Barne- og familiedepartementet. Vi har ikkje fått søknader om privat gravstad, og vil har heller ikkje motteke klager på kommunale enkeltvedtak etter gravplasslova.

Elles meiner vi i år som i fjor at det bør vurderast om det i det heile er nødvendig med ein søknadsprosess på dette feltet.

Lov om helligdager og helligdagsfred (fra kapittel 7.3.2.9 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall dispensasjonssøknader, avslag og innvilgelser, jf. § 5 i lov om helligdager og helligdagsfred. Statsforvalteren skal rapportere på antall søknader om typisk turiststed, avslag og innvilgelser.

Vi har handsama elleve søknader om dispensasjon frå lov om helgedagar og helgedagsfred paragraf 5 første ledd, om at faste utsalsstader skal halde stengt på helgedagar. Sju av søknadene er innvilga, medan fire er avslegne.

To kommunar har søkt om status som typisk turiststad i 2023. Ein av søknadene er godkjend, medan den andre framleis er under handsaming ved årsskiftet.

Rapportering på Demensplan 2025 (fra kapittel 7.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en vurdering av i hvilken grad kommunene i fylket planlegger og utvikler sine helse- og omsorgstjenester til personer med demens og deres pårørende i tråd med mål, strategier og tiltak i Demensplan 2025, samt den demografiske utviklingen og utfordringsbildet for øvrig, jf. demenskartet.no

Den nasjonale kartlegginga av kommunane sitt tilrettelagde tenestetilbod til personar med demens frå 2022 gir oss ei oversikt over kor langt kommunane er komne, og viser kvar det er behov for oppfølging. I Vestland svara 40 av 43 kommunar (93 prosent) på kartlegginga. I tillegg nyttar vi ulike statistikkar og vår kjennskap gjennom sakshandsaming og dialog med kommunane. Temaet blir også løfta på konferansar og møteplassar med kommunane, og i Kommunebilde. Her viser vi mellom anna til Demensplan 2025, og oppmodar om bruk av Demenskartet.no, Ressursportalen og andre verkøy til planlegging av tenestetilbod.

Vi vurderer at kommunane arbeider godt på området. Dei fleste kommunar omtalar den demografiske endringa i planverket sitt. Vi er likevel usikre på om kommunane tek tilstrekkeleg høgde for den demografiske utviklinga. Kommunane har eit forbettringspotensiale innan planlegging av kapasitet og

kompetanse for å møte framtidens utfordringar med fleire personar som har ein demensdiagnose. Vi har sett den demografiske utviklinga, utfordringsbildet, nasjonalfagleg retningslinje for demens og Demensplan 2025 på dagsordenen på fleire ulike arenaer i møte med kommunane.

Demografiutvikling og kommunale planar

Befolkninga i Vestland er eldre enn gjennomsnittet i Noreg og har også ein høgare prosent med demens. I 2020 hadde 2 prosent av befolkninga i Vestland demens, medan gjennomsnittet i Noreg er 1,9 prosent, ifølgje Demenskartet.no. I 2030 er det estimert at delen blir 2,5 prosent. Delen med demens i Vestland aukar då med 29,4 prosent.

Den høgast prosentvise delen av befolkninga som har demens i Vestland i 2020 finn vi i kommunane Bremanger (3,5 prosent), Vik (3,3 prosent), Askvoll (3,2 prosent) og Masfjorden (3,2 prosent).

Risikoen for å utvikle ein demenssjukdom stig med alderen. Difor er det interessant å mellom anna å sjå på alderssamsetninga i samfunnet

Alderssamsetninga varierer mykje frå kommune til kommune i Vestland. Den lågaste delen av personar over 80 år finn vi i Askøy, Øygarden, Bjørnafjorden og Sveio, som alle har under 4,2 prosent. Høgast del finn vi i Vik, Bremanger, Fedje, Hyllestad og Masfjorden med over 8 prosent. Det er vekstkommunane Øygarden, Askøy, Bjørnafjorden, Alver og Sogndal som kan vente størst vekst i tal eldre over 80 år fram mot 2040.

Kartlegginga viser at 35 av kommunane i Vestland (88 prosent) hadde omtala tenester for personar med demens og pårørande i kommunale planer, som er på linje med landet (87 prosent). Berre sju av kommunane (18 prosent) hadde utvikla ein eigen demensplan, som er lågare enn landsgjennomsnittet. Det var ingen tydeleg samanheng mellom kommunestorleik og eigen demensplan.

Kartlegginga viser også at 34 kommunar (85 prosent) hadde plan eller strategi for eit aldersvenleg samfunn, som er høgare enn landsgjennomsnittet (74 prosent). Av vestlandskommunane var det 74 prosent som opplyste at planen omfatta personar med kognitiv svikt og demens.

I alt 36 kommunar (90 prosent) hadde utarbeidd skriftleg informasjon om demens, kommunale tenester og tilbod til personar med demens og deira pårørande.

Systematisk oppfølging av personar med demens

I 2022 var det i Vestland identifisert 6 370 personar med demensdiagnosar i NPR og/eller KPR. Ifølgje Demenskartet.no var det i 2020 12 508 personar med demens i Vestland. Det betyr at berre rett over halvparten med demens har ei registrert demensdiagnose i fylket.

Berre 18 kommunar i Vestland (45 prosent) hadde faste modellar, rutinar eller prosedyrar for systematisk oppfølging av personar som har fått ein demensdiagnose. Dette er viktig for at brukarane og pårørande får informasjon, støtte og hjelp så snart som mogeleg etter at diagnosen er sett. Talet er lågare enn landssnittet på 62 prosent. Dette kan tyde på at kommunane ikkje har eit godt nok system for å fange opp personar med mistanke om demens, og syte for at dei får ein diagnose.

Når det berre er rett over halvparten av personar med demens som har ein registrert demensdiagnose, er det vanskeleg for kommunen å tilby eller gi ei systematisk oppfølging med tilbod om rett tiltak eller teneste til rett tid.

Hukommelses- eller demensteam og samarbeidsrutinar med fastlegar

I Vestland hadde 90 prosent av kommunane hukommelses- eller demensteam i 2022, som er høgare enn landsgjennomsnitt. Tre av fire kommunar svarte at teama hadde fleire enn ein ressursperson. Det var flest team i dei største kommunane.

Når det gjeld samarbeid med fastlegar, så hadde 24 kommunar (60 prosent av teama i Vestland) faste rutinar eller prosedyrar om diagnostisk utgreiing. 17 kommunar svarar at dei har oppfølging etter diagnosen (43 prosent). Dette er lågare enn landsgjennomsnittet på 50 prosent.

Dette tyder på at fleire kommunar framleis har eit forbetningspotensial når det gjeld samarbeid med fastlegane om utgreiing og oppfølging av denne pasientgruppa. Personar med demens og pårørande etterlyser også betre oppfølging etter diagnosen er sett. Vi har formidla nye verktoy og ressursar i arbeidet med demens på våre nettsider. Vi vil følgje opp denne problemstillinga vidare.

Dagaktivitetstilbod og støttekontakt til heimebuande personar med demens

Kartlegginga viser at 90 prosent av kommunane i Vestland hadde dagaktivitetstilbod spesielt tileigna og tilrettelagt for personar med demens, som er likt med landsgjennomsnittet. I dei minste kommunane, med under 1 500 innbyggjarar, opplyser 67 prosent at dei har eit dagaktivitetstilbod.

Berre sju av kommunane i Vestland (18 prosent) hadde differensierte tilbod, og berre seks av kommunane (15 prosent) hadde tilbod for yngre personar med demens.

Ifølgje kartlegginga var det fire kommunar (Eidfjord, Hyllestad, Lærdal og Fjaler) som mangla dagaktivitetstilbod til personar med demens per oktober 2022. Det var berre tre kommunar som hadde ope ettermiddag og kveld. Det var Bergen, Bømlo og Voss. Ingen kommunar hadde tilbod i helgane.

Det var 14 kommunar som ikkje hadde dagaktivitetstilbod for personar med demens (eventuelt deler av tilbod), særleg tilrettelagde og øyremerkte for spesielle grupper. Det var Kinn, Etne, Bømlo, Stord, Eidfjord, Askøy, Osterøy, Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Hyllestad, Lærdal og Vik.

Dagtilbod er eit viktig tenestetilbod til personar med demens og deira pårørande. Dette er relativt rimelege tenester for kommunane, som er enkle å administrere. Vi vurderer at slike tenester i stor grad kan bidra til å utsette behovet for meir kostnadstunge tenester som til dømes langtidsplass i institusjon. Eit slikt tilbod kan også gi avlasting til pårørande som står i krevjande omsorgssituasjonar.

Meir fleksible opningstider, som kveld og helg, kan bidra til å gi eit meir tilpassa tilbod. Pårørande har etterspurt dette i fleire år, slik at dei kan få avlastning ut frå dei ulike livsfasane dei er i.

Det er ein nedgang i tildelte støttekontaktar i Vestland til aldersgruppa 67 år og eldre. I 2021 var talet på støttekontaktar 922, medan i 2022 var talet redusert til 883.

Det er også ein nedgang for tidsavgrensa plassar i institusjon frå 2021 til 2022, frå 968 til 732 plassar. Dette kan tyde på at det er endå vanskelegare å få eit avlastingstilbod til pårørande, også til denne brukargruppa.

Indikatorane kan seie noko om kapasiteten i tilbodet til heimebuande personar med demens i fylket vårt, men også noko om prioriteringar og politikk. Vår vurdering av status på demensområdet i Vestland viser at det framleis er behov for styrkt innsats for å få etablert fleire dagtilbod. Dette gjeld både kapasitet, omfang og innhald, og særskilt til yngre personar med demens. Det er også for få kommunar som tildeler støttekontaktar til denne gruppa.

Tilbod til pårørande, pårørandeskular og samtalegrupper

I Vestland hadde berre 27 av kommunane (68 prosent) rutinar for å kartlegge behov for nødvendig pårørandestøtte. Dette er lågare enn landsgjennomsnittet på 80 prosent.

I Vestland var det 23 av kommunane (58 prosent) som arrangerte pårørandeskule i 2021/2022. Dette er også lågare enn landssnittet (69 prosent)

Når det gjeld samtalegrupper, så arrangerte 15 kommunar (38 prosent) dette i 2021/2022. Dette er likt med landssnittet (40 prosent).

Gjennom sakshandsaminga vår ser vi at mange pårørande har stor omsorgsbyrde, opplever eit auka press og manglande tilpassa avlastingstilbod. Individuell plan og koordinator blir lite nytta for denne brukargruppa, og dei opplever liten grad av brukarmedverknad. Vi vurderer at tilbodet til pårørande må bli betre. Vi har løfta pårørandestrategien som tema på konferansar og i møte med kommunane. Vi vil framleis ha merksemd på dette temaaet framover.

Tilrettelagde butilbod for personar med demens (usikre tal)

Det var 35 kommunar (88 prosent i Vestland) som hadde tilrettelagde bustadtilbod. Dette er omkring landsgjennomsnittet (92 prosent). Alle kommunane rapporterte at einingane hadde tilgang til tilrettelagt uteareal, som er høgare enn landsgjennomsnittet. I kartlegginga er det 63 prosent av kommunane som opplyste at einingane spesielt tilrettelagt for demens hadde rutinar knytt til livets slutfase, det vil seie omkring landsgjennomsnittet.

Berre åtte av kommunane i Vestland (20 prosent) hadde forsterka tilrettelagt eining. Det er lågare enn landsgjennomsnittet (37 prosent). Desse kommunane er Sveio, Stord, Kvinnherad, Samnanger, Bjørnafjorden, Askøy, Alver og Lærdal.

Vi meiner at det er altfor få slike plassar og behovet er større enn kapasiteten. Dette ser vi også att i rettighetsklager og tilsynssaker som vi handsamar. Tilbodet om institusjonsplassar til personar med demens er eit tema når vi har møte med kommunar og Husbanken om investeringstilskot til sjukeheimar og omsorgsbustader. Vi gjer dei særleg merksame på at det er eit behov for forsterka skjerma einingar.

Velferdsteknologi

Talet på eldre i samfunnet og behovet for helsetenester vil auke framover. Det er også forventa ein personellmangel, og nye teknologiske verkemiddel er sett på som ein del av løysinga for å bøte på dette. Mange av løysingane er retta mot at eldre pasientar kan bu lenger heime, og får helsehjelp der. I sakshandsaminga vår ser vi at mange tenester ikkje vurderer om pasientane er eigna for dei teknologiske løysingane. Vi ser også at tenestene ikkje følgjer opp og evaluerer bruken av velferdsteknologi. Dette kan vere ei utfordring for pasientane og tenestene.

Kommunane har utfordringar med risikovurdering, og at tiltak ikkje vert evaluerte og korrigerde. Dette kan føre til at tenestene held fram med tiltak som ikkje verkar eller gir ønskt effekt. Kommunane må sikre ein praksis for å vurdere om velferdsteknologi kan vere eller er eit eigna tiltak for å dekke brukarens behov for tenester. Per i dag er ikkje velferdsteknologi ein integrert del av kommunane sine tenestetilbod. Kommunane har kome ulikt i innføringa av slike løysingar.

Opplæring av tilsette

I alt 19 kommunar søkte og fekk tilskot til opplæring av Demensomsorgens ABC. Totalt gjeld det 516 personar, som er ein svak auke på 39 personar frå 2022. Berre to kommunar søkte og fekk tilskot til Eldreomsorgen ABC. Totalt gjeld det åtte personar, som er ein nedgang frå 2022.

I alt sju kommunar søkte og fekk tilskot til Mitt livs ABC. Totalt gjeld det 194 personar, som er ein nedgang frå 2022. Det er mange ufaglærte ute i tenestene til menneske med psykisk utviklingshemming og behovet for kompetanse er stort. Mitt livs ABC bør gjerast betre kjent ute i tenestene.

Vi ser ein auke i kor mange kommunar som søkte og fekk tilskot til Velferdsteknologiens ABC. Her søkte 14 kommunar (450 personar). Kommunane vurderer at teknologi må vere med på å løyse bemanningsutfordringa og -belastninga ute i tenestene. Kommunane satsar på å auke kompetanse hos personalet.

I 29 av kommunane i Vestland (73 prosent) har tilsette fått opplæring om tvungen helsehjelp for personar med demens. Dette er høgare enn landssnittet, som er på 59 prosent. I 18 av kommunane (45 prosent) har tilsette fått opplæring om lindrande behandling og omsorg til personar med demens i perioden 2021 til oktober 2022. Dette er høgare enn landssnittet, som er på 35 prosent. 15 kommunar i Vestland (38 prosent) har rutinar for opplæring i arbeidsmetodar for personsentrert omsorg og miljøbehandling for personar med demens. Dette er likt med landssnittet.

Utviklingssentera for sjukeheimar og heimetenester (USHT) i Vestland har hatt læringsnettverk i systematisk oppfølging av personar med demens 2022–

2023. I Vestland deltok 30 kommunar. Målet med nettverket var å bidra til systematisk oppfølging av personar med demens gjennom å implementere gode forløp i dei kommunale helse- og omsorgstenestene.

ABC-opplæringane gir god grunnkompetanse. Vi ser eit stort behov for opplæring ute i tenestene på bakgrunn av stadig utskifting av personell, og mange ufaglærte.

Vi meiner det blir arbeidd godt med kontinuerleg forbetningsarbeid, pasienttryggleik og gode pasientforløp i fylket, mellom anna i regi av kompetansesentera, utviklingssentera og KS. Vi støttar opp under arbeidet gjennom formidling av signal og føringar, oppmodar kommunane til å nytte ulike tilbod, direkte samarbeid om fagdagar og konferansar, og gjennom etablering og deltaking i faglege nettverk. Tildeling av tilskot byggjer opp om satsingane, og er eit av våre viktigaste verkemiddel.

Rapportering på kompetanse- og rekrutteringssituasjonen (fra kapittel 7.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen innen helse- og omsorgstjenestene i kommunene, inklusive allmennlegetjenestene, svangerskapsomsorgen og helsestasjon- og skolehelsetjenesten, samt den fylkeskommunale tannhelsetjenesten, herunder gi en vurdering av tilgangen på utdanningstilbud i fylket, tilgangen på desentraliserte deltidsutdanninger i helse- og sosialfagutdanninger.

SSB-tala for 2022 viser ein auke i talet på årsverk og sysselsette med vidaregåande opplæring, høgskuleutdanning og universitetsutdanning i dei kommunale helse- og omsorgstenestene i Vestland.

Det er fleire årsverk for geriatriske og psykiatriske sjukepleiarar og sjukepleiarar med vidareutdanning i omsorgstenestene i 2022 samanlikna med året før. Samstundes ser vi ein svak reduksjon i talet på årsverk for sjukepleiarar utan vidareutdanning. Ergoterapeutårsverka aukar. Det gjer også talet på årsverk for vernepleiarar og helsefagarbeidarar. Vi ser også ein auke i sysselsette med kompetanse innan rusfeltet.

I helsestasjon og skulehelsetenesta tyder tala frå SSB på vekst i årsverka for helsesjukepleiarar, jordmødrer og fysioterapeutar. Talet på legeårsverk held seg derimot stabilt. Det er 32 kommunar som har psykologkompetanse via tilsetjing, kjøp eller samarbeid i 2022. Talet var 40 i 2020. Det er derimot ein lite auke i talet på årsverk for psykologar i kommunane våre.

Vurdering av kompetanse og rekrutteringssituasjonen

Kompetansen til tilsette i helse- og omsorgstenestene vert stadig betre. Talet årsverk i brukarretta omsorgstenester med helseutdanning både frå vidaregåande skule, frå høgskule og universitet har auka dei siste tre åra. Mellom anna har kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot gjort det mogleg for kommunane å leggje til rette for at mange tilsette har teke vidareutdanning. Vi får gode tilbakemeldingar frå kommunane på denne ordninga. For mange kommunar er ordninga eit svært viktig økonomisk bidrag for å kunne heve kompetansen hjå sine tilsette.

Samstundes viser tala at årsverk i brukarretta tenester som ikkje har helseutdanning, også aukar. Dette kan tyde på at behovet for tenester aukar. Det kan også tyde på at når kommunane ikkje klarer å rekruttere fagutdanna personell, vert det tilsett personell utan helse- og sosialfagleg utdanning i tenestene. Vi meiner det kan føre til redusert kvalitet på tenestetilbodet og auka risiko for pasienttryggleiken. Vi bør ha særleg merksemd på utviklinga framover.

Dette kan også samsvare med kommunane sine tilbakemeldingar om store utfordringar med rekruttering av personell med nødvendig kompetanse som helsefagarbeidarar, sjukepleiarar og legar. Psykologar og jordmødrer er også utfordrande å få tilsett.

Mest alle kommunane har eit tilbod om oppfølging av jordmor i svangerskapet. Omfanget og innhaldet varierer. Nokre kommunar samarbeider om jordmorstilling, andre kommunar har avtale med spesialisthelsetenesta om jordmortenester i svangerskapsomsorga.

Vi vurderer at samarbeid om jordmorstillingar bidreg til at små kommunar klarer å ha eit tilbod om jordmor til gravide og barselkvinner i det heile. Med tanke på utviklinga med fleire barn og unge med psykiske utfordringar, er vi uroa for nedgangen i talet på kommunar som har tilbod om psykolog.

Fleire kommunar har alt sett i verk tiltak med omorganisering og endra oppgåvedeling i omsorgstenestene for å løyse rekrutteringsutfordringane og slik dekke behovet for kompetanse. Vi meiner at løysingane kan bidra til at personell med låg eller utan helse- og sosialfagleg kompetanse vil få større ansvar for behandling og oppfølging av pasienten. Vi meiner dette kan bidra til større interesse for og lettare rekruttering til arbeidet i tenestene. Dette kan også innebere tilsette som får eit ansvar dei ikkje har kompetanse til eller har fått nødvendig opplæring til å utføre. Vi har alt sett døme på dette i sakshandsaminga vår.

Vi vurderer at betre leiarkompetanse, god styring og internkontroll vil vere vestleg for å lukkast med desse endringane i tida framover.

Dette året har vi halde fram arbeidet med å løfte strategisk kompetanseplanlegging på ulike møteplassar med kommunane. Vi har delteke på ulike areaner, arrangert konferanse og oppmoda kommunar, fylkeskommune og utdanningsinstitusjonane om samarbeid og samhandling for å løyse felles utfordringar kring rekruttering og utdanning av helse- og omsorgspersonell.

Vi ser framgang i samarbeidet. Slik vi vurderer det, har kommunane og høgskulen større forståing for at dette er ei felles utfordring som dei ulike aktørane ikkje kan løyse åleine. Vi ønskjer større deltaking og fleire bidrag frå fylkeskommunen i dette arbeidet og meiner fylkeskommunen kan ta meir ansvar i dette samarbeidet.

I tillegg til at dei fleste kommunane har vanskar med å få tilsett personell med nødvendig kompetanse, rapporterer også spesialisthelsetenesta om

tilsvarende utfordringar. Rekruttering av helsefagarbeidarar, sjukepleiarar og legar er no ei felles utfordring som også helsefelleskapa vil følgje opp i sitt vidare arbeid.

Tannhelsetenesta

Avtalte tannlegeårsverk i den offentlege tannhelsetenesta i fylket held seg stabilt. Tal frå SSB for 2022 kan tyde på at det er nokre få ledige stillingar for tannlegar. Talet på årsverk for tannpleiarar har auka dei siste tre åra frå 62,5 i 2020 til 74,4 i 2022 i den offentlege tannhelsetenesta. Det er også ein auke i talet på ledige tannpleiarstillingar. Talet på avtalte årsverk i det private held seg stabilt. Ut frå dette vurderer vi at tilbodet innan tannhelse i kommunane ikkje har endra seg vesentleg og held seg relativt stabilt.

Tilgang på utdanningstilbod i fylket

Både Høgskulen på Vestlandet og Vestland fylkeskommune har gode og ulike utdanningstilbod. Høgskulen har utdanningstilbod innan sjukepleie, vernepleie og sosialfag. Det er tilbod om heiltids- og deltidsutdanning innan sjukepleie og vernepleie på dei ulike studiestadene. Fylkeskommunen har ulike utdanningstilbod innan helse- og omsorgsfaga, både for ungdom og vaksne.

Samstundes rapporterer høgskulen om nedgang i talet på søkjarar til sjukepleiarutdanninga siste året, om utfordringar med å starte opp tilbod og færre studentar i klassane. Det er ikkje nok elevar til å oppretthalde klassar i helse- og omsorgsfaga i vidaregåande opplæring. Vi meiner dette er ei utvikling vi bør ha ekstra merksemd på framover.

Vi meiner at dei tradisjonelle tilboda ikkje er nok for å dekke endra behov for kompetanse i dei kommunale tenestene. Det er behov for fleire utdanningsretningar og måtar å utdanne seg til arbeid innan helse- og omsorgsfaga. Det er behov for både generalist- og spesialistkompetanse. Vi er usikre på om utdanningsinstitusjonane er fleksible nok i tilrettelegginga av utdanningstilboda som samsvarar med dei demografiske endringane. Omstilling og tilpassing tek tid. Mange av kommunane kan bli betre til å samarbeide både med andre kommunar og utdanningsinstitusjonane om opplæring- og utdanningstiltak, men vi erfarer at noko er i endring.

I våre møte med høgskulen, fylkeskommunen og kommunane har det mellom anna kome fram at kommunane ønskjer meir tilrettelegde utdanningar ut frå lokale behov og meir desentralisert undervisning for tilsette som alt er i arbeid.

Inntrykket vårt er at både høgskulen og fylkeskommunen ønskjer å samarbeide med kommunane om tilrettelegging av utdanningstilbod. Vi meiner at økonomi ikkje må vere eit hinder for å få til fleire gode og alternative løysingar og tiltak for å sikre kompetansebehovet i dei kommunale tenestene i tida framover.

Nok praksis- og læreplassar er ei utfordring som vert løfta fram også dette året. Høgskulen har teke opp at det å skaffe bustader til studentane i praksis kan vere utfordrande fleire stader. Mangel på læreplassar fører til lang ventetid for å få utdanne seg som helsefagarbeidar. At ansvaret for å skaffe seg læreplasse er lagt til elevane sjølve, kan også vere eit hinder for mange. For å redusere fråfall har lærlingar i helsearbeidarfaget behov for betre rettleiing og støtte i praksisperioden.

Kommunane meiner også at det er behov for å revurdere inntakskrava, og leggje til rette slik at omfattande praksiskrav ikkje blir til hinder for at tilsette får utdanne seg. Kravet om praksis for å kome inn på høgskuleutdanningane er også problematisert av høgskulen. Slik vi forstår det, ønskjer høgskulen å fjerne praksiskravet. Vi har stor forståing for at høgskulen er uroa for nedgangen i søkjartalet til sjukepleiarutdanningane og ønskjer å setje i verk tiltak for å oppretthalde tilboda. Vi er også uroa for denne utviklinga. Vi meiner likevel at kvaliteten på utdanningane må bli vareteken.

Desentraliserte deltidsutdanningar i helse- og sosialfagutdanningar

Kommunane tek opp krav om fleire timar i norsk, matematikk og lenger praksis før inntak som hindringar for å utdanne eige personell som alt er tilsett i tenestene. Endringar i opptakskrava til desentralisert utdanning gjer det no meir utfordrande både økonomisk og tidsmessig for kommunen og dei tilsette å gjennomføre utdanninga.

Hausten 2023 starta Høgskulen på Vestlandet ikkje opp desentralisert sjukepleiarutdanning i Førde, på grunn av for få søkjarar med karakterar i matematikk og norsk i samsvar med inntakskrava. Vi er kjende med at høgskulen har teke opp spørsmålet om å fjerne karakterkrava for deltidsstudentar utan å få gjennomslag så langt.

Vi vurderer at kommunane har stort behov for sjukepleiarar. Vi meiner at alle partar i større grad må leggje til rette for og bidra til at tilsette som ønskjer å ta desentralisert deltidsutdanning i sjukepleie, må få høve til dette. Vi har mellom anna vore i dialog med fylkeskommunen om å leggje til rette for at personell i kommunane som ikkje oppfyller inntakskrava i norsk og matte, får eit tilbod slik at dei kan kvalifisere seg. Vi vil følgje opp dette spørsmålet i det vidare arbeidet.

Høgskulen har også eit godt tilbod om deltidsutdanning for vernepleiarar. Slik vi skjønar det, er det framleis god etterspurnad etter og gode søkjartal til dette studiet.

Satsinga "Vestlandslegen" har vore eit viktig tiltak for å rekruttere legar til Vestland.

Rapportering på habilitering og rehabilitering (fra kapittel 7.3.3.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av hvorvidt tilbudet innen habilitering og rehabilitering i fylket utvikles i henhold til nasjonale mål om å styrke tilbudet i kommunene, om samsvar mellom behov og tilbud, samt utvikling av samarbeidet med spesialisthelsetjenesten.

Vi vurderer at habiliterings- og rehabiliteringstilbudet i kommunane ikkje har endra seg vesentleg det siste året. Kommunane har ulike ordningar med koordinerande eining, tilbud om individuell plan og koordinator. Vi meiner det er behov for å styrke arbeidet innan habilitering og rehabilitering, både i kommunane og i spesialisthelsetenesta. Mange kommunar har aukande utfordringar når det gjeld rekruttering av fagpersonell og kompetanse i tenestene. Dette har også verknad for habiliterings- og rehabiliteringstilbudet kommunane yter. Det er variasjon i tilgangen på kompetanse og kapasitet i habiliteringstenestene i spesialisthelsetenesta, og i dei kommunale tenestene.

Vi ser at samarbeid og samhandling er utfordrande når det er pasientar og brukarar som har omfattande hjelpebehov og treng tenester frå fleire. Inntrykket vårt er at kommunane og helseføretaka er godt i gang med arbeidet i helsefelleskapa. Vi ser også at dei ulike helsefelleskapa arbeider ulikt. Vi meiner dette arbeidet kan bidra til betre samhandling og samarbeid kring grupper som har behov for langvarige, heilskapelege og koordinerte tenester på tvers av nivå og sektorar, mellom anna barn og unge med nedsett funksjonsevne, kronikarar og menneske med utfordringar innan rus og psykisk helse. Kommunane og habiliteringstenesta har også møteplassar på tenestnivå der dei mellom anna samarbeider om å utforme felles verktøy, som individuell plan.

Samstundes erfarer vi framleis at barn og unge med nedsett funksjonsevne og behov for langvarige og koordinerte tenester, er ei brukargruppe som ofte ikkje får det tilbudet dei har behov for. Kommunane og spesialisthelsetenesta vert ikkje samde om ansvarsdeling. Vi får klager frå slitne foreldre som er fortvila over manglande hjelp og avlasting. Kommunane klarar ikkje å hjelpe stadig fleire unge med psykiske helseutfordringar som treng hjelp frå ulike sektorar.

Vi er usikre på om alle kommunar kan gi eit godt rehabiliteringstilbod til dømes til slagpasientar og kreftpasientar. SSB-tala tyder på at talet på institusjonsplassar i kommunane går ned. Det gjer også talet på rehabiliteringsplassar og korttidsplassar. Fysioterapitimar per veke per bebuar på sjukeheim går ned. Samstundes ser vi ein auke i talet på årsverk for ergoterapeutar i dei kommunale tenestene. Dersom kommunane skal klare å oppretthalde berekraftige tenester i åra som kjem, med stadig fleire eldre som skal bu heime og klare seg meir sjølv, meiner vi dei i større grad må tenke rehabilitering og førebyggjande helsearbeid.

Dette året har vi bidrege med undervisning og informasjon om barnekoordinator, individuell plan og samarbeid med utgangspunkt i endra regelverk og nasjonal rettleiar om tenester til barn, unge og deira familiar på ulike møteplassar med kommunane og habiliteringstenesta. Inntrykket er at kommunane har innretta seg ulikt når det gjeld barnekoordinator-ordninga. Fleire av kommunane i fylket har oppretta eigen stilling som barnekoordinator. Vi vurderer at ordninga kan vere sårbar. Vi har alt sett døme på at det vert tildelt barnekoordinator, men kommunane har ikkje personell eller kapasitet til å vareta funksjonen. Vi vil følgje opp temaet med kommunane i det vidare arbeidet vårt.

Tilsyn (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i årsrapporten redegjøre for tilsyn med verger og blant annet beskrive:

- risikovurderinger i forkant av tilsyn
- funn i tilsyn
- oppfølging av verger og tiltak statsforvalteren har iverksatt på bakgrunn av tilsyn

Statsforvalteren skal også rapportere på totalt antall verger som er fratatt vergeoppdrag i 2023 og redegjøre for hovedårsakene til fratakelsene.

Risikovurderingar i forkant av tilsyn

Når vi opnar ei tilsynssak, anten ved at vi får ei bekymringsmelding, gjer funn i rekneskapskontrollen eller avdekkjer forhold gjennom sakshandsaming, sit vi med opplysningar som tilseier at verja ikkje utfører verkeoppdraget på ein tilfredsstillande måte. Dette kan til dømes vere opplysningar om dårleg økonomistyring, at verja ikkje syter for at verjehavaren får dei offentlege tenestene hen treng, eller at verja gjer disposisjonar i strid med verjehavaren sine ønske.

Funn i tilsyn

Døme på funn i tilsyn:

- Gjennomføring av disposisjonar utan samtykkje frå Statsforvalteren, til dømes utdeling av arveforskot frå verjehavaren sine midlar.
- Manglande innsending av dokumentasjon i samband med verjerekneskapskontroll.
- Verje som har dekt verjehavaren sine utgifter med ein anna verjehavar sine midlar.
- Verje som har betalt egne utgifter frå verjehavaren sin konto.
- Verjehavaren har ikkje tatt hand om verjehavaren sine interesser på ein tilfredsstillande måte (saker med konflikt i familien, og saker som gjeld gjeldsordning).
- Verja har egne økonomiske interesser i saka (husleige frå verjehavaren).

Oppfølging av verjer og tiltak Statsforvaltaren har sett i verk på bakgrunn av tilsyn

Dei fleste tilsynssakene vert avslutta med rettleiing til verja.

I saker der det er starta tilsyn som følgje av verjerekneskap eller dårleg økonomistyring, har vi laga oppfølgingsaktivitetar. Med den rutinen kan vi kontrollere neste års rekneskap og sikre at verjene har retta seg etter føringar og tilbakemeldingar frå oss.

Der det er opna tilsyn med faste verjer som har mange oppdrag, har vi i etterkant av tilsynssaka hatt oppfølging med verjene, for å sikre at dei ikkje har for mange oppdrag og at dei handterer dei oppdragene dei har på ein forsvarleg måte.

Verjer som er fråtekne verjeoppdraget i 2023 som følgje av tilsyn

I 2023 vart tre verjer fråtekne verjeoppdraget som følgje av tilsynssak. I to av sakene var dette som følgje av manglar ved verjekneskapen, og i ei av sakene leverte ikkje verja naudsynt dokumentasjon til oss i samband med sal av eigedom.

Vi noterer at det er bytt verje i fleire saker som følgje av at verja sjølv har bedt om å bli fritaken frå verjeoppdraget, eller at verjemålet er avslutta av andre grunnar.

Årsrapportering rettshjelp (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslåtte søknader for perioden, fordelt på henholdsvis fritt rettsråd og fri sakførsel. Rapporteringen skal gi en oversikt over forekomsten av økonomisk dispensasjon, samt totale advokatutgifter og evt. andre utgifter som er innvilget i aktuell periode, fordelt på saksområde. Av rapporteringen skal det vidare fremgå hvorvidt det er gitt avslag som følge av økonomisk overskridelse eller av andre grunnar. Skjema over rettshjelpsstatistikk fra Statens sivilrettsforvaltning skal benyttes.

Statsforvalteren skal i tillegg rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid og antall restanser.

Statsforvalteren skal i årsrapporten også redegjøre for sine vurderinger av overordnet status på rettshjelpsfeltet. Rapporten skal inneholde en analyse av effektene av de endrede inntekts- og formuesgrensene.

Statsforvaltaren har utbetalt kr 13 029 675 etter lov om fri rettshjelp i 2023. Av dette utgjer kr 8 636 695 fritt rettsråd og kr 4 392 980 er utbetaling i saker som er handsama av kontrollkommissjonen for psykisk helsevern.

Det er utbetalt advokatsalær i 1113 saker. Dette er saker som anten er godkjende av advokaten sjølv, eller av oss. Vi har i tillegg utbetalt salær i 435 saker for kontrollkommissjonen.

I 2023 har vi innvilga økonomisk dispensasjon i seks saker om fritt rettsråd. Dette gjaldt to saker om skifte av felleseige, to barnefordelingsaker, ei sak om oppseiing av bustad og ei klagesak etter folketrygdlova.

Vi har avslått fritt rettsråd i 93 saker. 29 søknader er avslått på grunn av at søkjaren ikkje oppfylte dei økonomiske vilkåra, 59 søknader er avslått av andre grunnar, og fem søknader er avslått etter ein kombinasjon av økonomi og andre grunnar.

Fordelinga mellom sakstypar og kostnader er slik:

1. Utlendingssaker, jf. § 11 (1) nr. 1, jf. spf. § 5 (2) nr. 1 a: 89 saker, kr. 486 743
2. Utlendingssaker, jf. § 11 (1) nr. 1, jf. spf § 5 (2) nr. 1 b: 18 saker, kr. 96 710
3. Klager i asylsaker, jf. § 11 (1) nr. 1, jf. spf § 5 (2) nr. 1 c: 32 saker, kr. 188 678
4. Andre utlendingssaker, jf. § 11 (3): 1 sak, kr. 7006
5. Barnevernssaker, jf. § 11 (1) nr. 2: 24 saker, kr. 227 951
6. Andre barnevernssaker, jf. § 11 (3): 4 saker, kr. 55 501
7. Erstatning for straffefølgging, jf. § 11 (1) nr. 3: 93 saker, kr. 738 928
8. Valdsoffer, jf. § 11 (1) nr. 4: 19 saker, kr. 191 993
9. Vurdering av politimelding, jf. § 11 (1) nr. 6: 180 saker, kr. 780 171
10. Undersøking og behandling utan samtykke, jf. § 11 (1) nr. 8: 255 saker, kr. 1 855 819
11. Skiftesaker, jf. § 11 (2) nr. 1 og 2: 42 saker, kr. 459 645
12. Barnefordeling, jf. § 11 (2) nr. 1: 149 saker, kr. 1 508 326
13. Familie, jf. § 11 (2) nr. 1 og 2: 17 saker, kr. 301 110
14. Andre familiesaker, jf. § 11 (3): 1 sak, kr. 7125
15. Personskadeerstatning, jf. § 11 (2) nr. 3: 15 saker, kr. 113 737
16. Oppseiing / utkastning frå bustad, jf. § 11 (2) nr. 4: 1 sak, kr. 7287
17. Andre saker om husleige, jf. § 11 (3): 1 sak, kr. 41 610
18. Oppseiing / avskil i arbeidstilhøve, jf. § 11 (2) nr. 5: 32 saker, kr. 278 285
19. Andre saker om arbeidstilhøve, jf. § 11 (3): 1 sak, kr. 28 500
20. Valdsoffererstatning, jf. § 11 (2) nr. 6: 3 saker, kr. 17 167

21. Klagesaker for Nav, jf. § 11 (2) nr. 7: 129 saker, kr. 930 857
 22. Andre saker: 7 saker, kr. 150 149
 23. Eigne utgifter, inkl. tolk, jf. § 14 (2) 1.pkt: 49 saker, kr. 86 389
 24. Utgifter til sakkyndig § 14 (2) 1. og 2. pkt: 4 saker, kr. 64 385

Tal restansar per 31.12.2023 var 113 saker (87 søknader og 26 stykkprissaker).

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid i 2023 har variert mellom tre og åtte veker for søknader gjennom året. I eigeninnvilga stykkprissaker og saker frå kontrollkommisjonen har gjennomsnittleg handsamingstid variert mellom ei og tre veker.

I 2023 har vi innvilga fri sakførsel i tre saker, og vi har avslått 22

søknader. Tre av søknadene vart avslått på grunn av økonomi, 18 av andre grunnar, og ei sak vart avslått på grunn av ein kombinasjon av økonomi og andre grunnar.

Vi registrerer at det har vore ein mindre auke i totalforbruket på rettshjelpsområdet i 2023 samanlikna med førre år. Dette er som forventta på grunn av at både inntekts- og formuesgrensa i behovsprøvde saker vart heva frå 1. januar 2023. Vi trur at totalforbruket vil auke noko også komande år som følgje av at inntekts- og formuegrensene er heva og salærsatsen vert auka. Vi trur likevel ikkje at det skjer noko vesentleg endring i totalforbruket eller tal saker neste år, og at forventta forbruk i 2024 vert på om lag 15 mill. kroner.

Retts hjelp

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Innkorne søknader	1 385	1 351	34
Innvilgede søknader	1 117	1 113	4
Avslåtte søknader	115	93	22

Retts hjelp forbruk

Forbruk kap. 470.01	Forventet forbruk kap. 470.01 neste år
13 029 675	15 000 000

Retts hjelp restanser

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum
Restanser	113

Samfunnsikkerhet i plan (fra kapittel 7.3.4.3 i TB)

Rapportere på

Samfunnsikkerhet i plan

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hvilke forventninger til samfunnsikkerhet i planprosessen er formidlet til kommunene?
- Hvordan statsforvalteren har bistått kommunene i arbeidet med samfunnsikkerhet etter plan- og bygningsloven?
- Hvordan statsforvalteren har bistått kommunene med å integrere funn fra helhetlig ROS i kommuneplanens samfunnsdel?

Vi gir tilbakemelding på alle meldingar om oppstart av planarbeid, inkludert forventningar til varetaking av samfunnsryggleik (ROS-analyse) i planprosessen. Som del av denne tilbakemeldinga vert det vist til relevant bakgrunnsinformasjon som t.d. DSBs rettleiar "Samfunnsryggleik i kommunen si arealplanlegging", men òg meir fagspesifikke rettleiarar frå m.a. DSB og NVE.

Vårt inntrykk er elles at kommunane er gode på å formidle forventningar til å vareta samfunnsryggleik i planlegginga, og vidare at dette no blir følgt opp i alle plansaker (inkl. planprogram).

Naturfare og klimaendringar har etter kvart òg blitt eit sentralt tema i alt planarbeid, men framleis har fleire kommunar eit forbettringspotensiale når det gjeld ROS-analysar av verksemdsbasert risiko, og ikkje minst viljestyrte hendingar. Difor understrekar vi ofte i våre fråsegner at dette må vere ein del av ROS-arbeidet når det er relevant.

Ved slike høve forsøker vi å gi kommunane (òg plankonsulentar) rettleiing om kva forventningar og krav som ligg i lov- og forskriftsverk og rettleiingar mv. I fleire av desse sakene har vi òg rettleiingssamtalar og eigne møte med kommunane.

Vidare gir vi tilbakemelding på alle planar som er lagt ut til offentleg ettersyn eller høyring, og der ROS-analysen og oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit er sentrale element i tilbakemeldinga. I hovudsak tykkjer vi kommunane følgjer opp ansvaret på ein god måte, sjølv om kompetansenivået tidvis er noko varierende. Vi ser òg at det i liten grad er behov for å fremje motsegn til planar med bakgrunn i ROS-analysar (og oppfølging av desse). Dei feila og manglane vi finn, blir i all hovudsak retta av kommunane gjennom dialog med oss utan å gå vegen om motsegn. Det er elles ein del av rutine våre å tilby dialogmøte med kommunen når vi har vesentlege merknader til eit planforslag, for om mogeleg å unngå bruk av motsegn. Ofte fell grunnlaget for merknadene vekk etter slike dialogmøte ved at kommunen sjølv ser at dei avdekte tilhøva må rettast.

Som del av oppfølgingsarbeidet vårt mot kommunane minner vi om og sjekkar at kommunane òg tek omsyn til og følgjer opp funn frå den heilskaplege ROS-analysen i arealplanarbeidet.

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 7.3.4.4 i TB)

Rapportere på

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hva er status i fylket for opprettelse av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter i kommuneplan (alternativt i reguleringsplan) hos de kommuner som har storulykkevirksomheter?
 - Angi gjerne hvilke kommuner som har opprettet hensynssoner i kommuneplanen (eller ivaretatt dette tilstrekkelig på annen måte).
- Hvilke tiltak gjør statsforvalteren overfor kommunene for å oppnå målet om etablering av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter?

Vi sjekkar alle arealplanar opp mot DSBs oversikt over verksemdar underlagt storulukkeforskrifta. Både ved melding om oppstart av planarbeid og ved offentleg ettersyn er dette eitt av fleire punkt vi har merksemd på i fråsegnene våre. Vi diskuterer også temaet i dialogmøte og andre samtalar.

Det er samstundes ei aktuell (og etter vårt syn høgst relevant) problemstilling at einssilde kommunar av tryggleiksomsyn ikkje ønskjer å leggje slik informasjon offentleg tilgjengeleg i t.d. plankart og/eller planføresegner mv., noko vi kan ha forståing for.

Sjølv om vi følgjer opp problemstillinga i alle arealplansaker, har vi ikkje lister over kva kommunar som har oppretta omsynssoner kring storulukkeverksemdene, og eventuelt på kva andre måtar dei har vareteke slike omsyn.

Dette er elles eit område der vi ser stort behov for oppdaterte føringar frå sentralt hald for korleis kommunane (og Statsforvaltaren) på best mogeleg vis kan vareta omsynet til nasjonale tryggingssinteresser og kriminalitetsforebygging på den eine sida, og informasjonsbehov og førebygging lokalt knytt til storulukkepotensialet på den andre sida.

FylkesROS og oppfølgingsplan (fra kapittel 7.3.4.5 i TB)

Rapportere på

FylkesROS

Statsforvalteren skal:

- Redegjøre for status på fylkesROS og tilhørende oppfølgingsplan
- Redegjøre for om uønskede hendelser i en sikkerhetspolitisk situasjon og/eller væpnet konflikt er inkludert i fylkesROS.
 - Inngår prioriterte tiltak for oppfølging i oppdatert oppfølgingsplan til fylkesROS?
 - Er oppfølgingsplanen behandlet i fylkesberedskapsrådet og regionale totalforsvarsforum?
 - Legges vurderinger av hendelsene til grunn for samordnet beredskapsplanlegging?
 - Legges vurderinger av hendelsene til grunn for sivil-militære øvelser?

Analysearbeidet i FylkesROS og oppfølgingsplanen vart ferdig ved slutten av 2023. Vi arbeider no med utforming og samanstilling av analysen før endeleg publisering.

Sjølv om pandemien, krigen i Ukraina og personellskifte har gjort at revisjonen har tatt lenger tid enn planlagt, har analysen likevel fungert som eit levande dokument undervegs i revisjonsprosessen. Vi har m.a. delt arbeidsutkastet med kommunane og andre aktørar som har ønskt tilgang til det. Vi har brukt utkastet når vi har rettleia kommunar i deira arbeid med heilskapleg ROS, og vi presentert analysen i ulike forum, t.d. beredskapssamling i Hordaland Røde Kors. Både analysen og oppfølgingsplanen har vore gjennom høyringsrundar i fylkesberedskapsrådet. Oppfølgingsplanen var også eit eige tema på fylkesberedskapsrådsmøtet i juni.

Gevinstrealiseringsplanen: Tilsyn (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)

Rapportere på

I henhold til gevinstrealiseringsplanen, rapportere på effekten av tiltakene som er gjort for å øke kvaliteten og sikre lik praksis på tvers av statsforvalterne og hvilke grep som er tatt for å øke tilsynsaktiviteten.

Stort trykk på sakshandsamingsoppgåver har også i år gått ut over tilsynsaktiviteten. Særleg innan avløp, store infrastrukturprosjekt, akvakultur og IED-oppdateringar på næringsmiddel har det vore mange saker i 2023. Vi har også redusert talet tilsette ved seksjonen i 2023.

Vi opplever at å prioritere deltaking i nasjonale tilsynsaksjonar og å organisere eigeninitierte tilsyn som lokale aksjonar, bidreg til både betre kvalitet på tilsyna, og likare praksis. I tilsynsaksjonar rekk vi å bruke meir tid og gå meir i djupna i den faglege førebuinga til tilsyna, og vi får opp fleire diskusjonar om

tolking av regelverk og vurdering av funn med Miljødirektoratet og kollegaer i andre fylke, fordi alle er opptekne av det same, samstundes.

God dialog i faglege forum på tvers av embeta gir likare praksis på mange område, for eksempel på akvakultur, avløp, anlegg/mudring og dumping m.fl.

Gevinstrealiseringsplanen: Veiledning av kommunene (fra kapittel 7.3.5.2 i TB)

Rapportere på

I henhold til gevinstreiseringsplanen, rapportere på effekten av tiltakene som er innført for å bedre veiledningen av kommunene og hvilke resultater tiltakene har ført til.

I september arrangerte vi *Forureiningsveka* for andre gong, ein webinarserie på forureiningsområdet. Vi planla og *Naturmangfaldveka*, som vi arrangerte tidleg i januar 2024.

Målgruppa er administrasjon og politikarar i kommunane. Vi fekk gode tilbakemeldingar på programmet og innlegga, og på at slik rettleiinga har effekt.

Vi har særleg merksemd på at kommunane får fortelje om korleis dei forvaltar og følgjer opp regelverket, og dele erfaringar seg imellom. Kommunane som presenterte, var valde ut på bakgrunn av dialogen vi har med dei, og korleis dei har løyst oppgåvene.

Webinarseriane er ein god arena for oss å nå ut med viktig informasjon og rettleiing til kommunane i fylket, og for å betre kompetansen. Vi håpar å sjå effekt i praksisen til kommunane i åra som kjem.

Fellingstillatelser på rovviltområdet (fra kapittel 7.3.5.3 i TB)

Rapportere på

Fellingstillatelser på rovviltområdet

Vi fekk éin søknad og innvilga eitt skadefellingsløyve på jerv.

Avfallsplan i havn (fra kapittel 7.3.5.4 i TB)

Rapportere på

Rapportere en oversikt over havner som med nytt regelverk (forurensningsforskriften kapittel 20) vil falle utenfor kravet om avfallsplan.

Vi har ikkje kunna lage ei oversikt innan fristen over alle hamner som med nytt regelverk fell utanfor kravet om avfallsplan. Ein av grunnane til dette er at den nye forskrifta og tilhøyrande rettleiingsmateriell ikkje var gjeldande og tilgjengeleg før i oktober. Dette var ein føresetnad for å kunne vurdere kva hamner som kunne tilfredsstille krava for unntak.

Då den nye forskrifta kom, og det vart klart kva kriterium som måtte oppfyllest for å få unntak frå kravet om avfallsplan, såg vi at denne informasjonen ikkje var tilgjengeleg i fagsystemet. Vi har så langt prioritert å få oversikt over nærings- og industrihamner, då vi har vurdert at det er her miljørisikoen er størst, og har ikkje så god oversikt over småbåthamnene i fylket. Når det gjeld småbåthamner, kan fagsystemet per i dag berre gi informasjon som nesten svarar til det første kriteriet «hamna blir berre anløpt av fritidsbåtar, uansett storleik, og som har liten eller avgrensa trafikk.» Dei tre andre kriteria finst det ikkje ei samla oversikt over. Dette er heller ikkje informasjon som kan leggjast inn på ein føremålstenleg måte i fagsystemet.

Vi vart bedne om å rapportere om namn og plassering (koordinatar) for hamner som kunne få fritak etter ny forskrift. Vi har ikkje hatt tilgang til å hente ut koordinatar frå fagsystemet, men koordinatorene fekk i november eit uttrekk frå databasen som inneheldt denne informasjonen etter dialog med Miljødirektoratet.

Oversikta som blir etterspurd skal importerast til SafeSeaNet (SSN), ei løysing Kystverket jobbar i, og som vi ikkje har tilgang til. Dette må gjerast for at vi skal tilfredsstille unntakskrava i skipsavfallsdirektivet. Det finst ikkje ei nasjonal oversikt over alle hamnene i Noreg frå før. Som meldt tidlegare er datagrunnlaget i fagsystemet av varierende kvalitet. Vi set spørsmålsteikn ved om det er lurt å importere upresis hamneinformasjon over i eit anna system (SSN) før det er gjort ein oppryddingsjobb. Dette vil mellom anna innebære å skulle setje rett namn på alle hamnene, ein jobb vi ikkje har gode føresetnader for å gjere utan hjelp frå kommunane.

Vi ønskjer at fagsystemet i større grad legg til rette for å kunne registrere kva hamner som oppfyller kriteria for unntak før vi eventuelt byrjar med gjennomgangen av hamnene i databasen. Koordinatorane har sendt eit framlegg til Miljødirektoratet om dette. Vi ønskjer også å ha jamleg dialog om korleis vi kan svare ut dette oppdraget presist og ressurseffektivt i neste års rapportering.

Klimaendringar og -tilpasning (fra kapittel 7.3.5.5 i TB)

Rapportere på

Rapportere en oversikt over hvordan klimaendringar og klimatilpasning blir tatt hensyn til i kommuneplaner

Vi vurderer om klimaendringar er teke tilstrekkeleg omsyn til i analysen av risiko og sårbarheit når vi vurderer planar.

Konsekvensar av klimaendringar vert omtalt i så godt som alle planar for arealbruk, men med litt ulik kvalitet.

Vi ser at rettleiinga vår over tid har hatt god effekt. Så godt som alle overordna planar og reguleringsplanar har no tilfredsstillande ROS-analysar. Dette har betra seg monaleg dei siste åra (jf. førre rapportering for høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane for 2018).

Heller ikkje i 2023 har vi gått til motsegn der grunngjevinga åleine har vore mangelfull vurdering av konsekvensar av klimaendringar.

Vi har eit svært godt samarbeid med NVE, og vidare har vi gode fagmiljø internt i embetet, spesielt i avdelingane kommunal (plan og beredskap), miljø og landbruk.

Miljøkriminalitet (fra kapittel 7.3.5.6 i TB)

Rapportere på

Rapportering på antall anmeldte lovbrudd.

Vi har ikkje meldt lovbrøt etter miljøregelverket til politiet i 2023.

Spesifikk omtale av arbeid med fornying og innovasjon (fra kapittel 7.3.6.1.1 i TB)

Rapportere på

Det skal:

- Gis en spesifikk omtale av arbeid med innovasjons- og fornyingsprosjekter i kommunene.
- Redegjøres kort for fordeling av skjønnsmidler til formålet, herunder rapportering i søknads- og rapporteringsportalen Prosjektskjønn, og formidling av resultatene.
- Gis en omtale av virkninger og resultater av prosjektene.

Vi legg ut informasjon på nettstaden vår om utlysing av fornyings- og innovasjonsmidlar, kriterium for tildeling, og lenke til den felles søknads- og rapporteringsportalen Prosjektskjønn. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane var med på å utvikle portalen, og fagansvaret for denne ligg framleis i embetet vårt. Vi bruker difor også noko tid på å rettleie andre embete, i tillegg til rettleiing av kommunar, informasjon på fagdagar hos KDD, og til å halde ved like og utvikle portalen saman med STAF. Kommunane blir i eige brev inviterte til å søkje om prosjektmidlar. I sluttfasen har vi eit møte med KS og leiar og av kommunedirektørutvalet for å få generelle innspel.

Vi legg vekt på at kommunane har ein gjennomtenkt og realistisk prosjektplan og at dei gjer greie for utfordringane sine. Det må bli vist til målsetjingane for prosjektet, og dessutan gjort greie for aktuelle verkemiddel eller løysingar som skal bli prøvde ut. Det blir ikkje gitt tilskot til å utføre ordinære driftsoppgåver. Vi har presisert for kommunane at god formidling av prosjekta er viktig, også for å syne det som blir oppnådd. Vi legg også ut informasjonen på nettstaden vår.

Det blir lagt vekt på at prosjekta har ein overføringsverdi og er forankra i kommuneleiinga og hos tilsette. Prosjektet bør gi klare kvalitetsforbetringar eller effektiviseringsgevinstar. Konkrete gjennomføringsprosjekt blir prioriterte framfor utgreiingsprosjekt. Vi prioriterer prosjekt der det er minst 50 prosent kommunal eigenfinansiering.

I Vestland vart det opphavleg i 2023 fordelt kr 11 975 000 i prosjektskjønn. Opphavleg fekk vi inn 31 søknader, og vi løyvde midlar til 18 av desse prosjekta i den ordinære fordelinga.

Fornyingsmidlane vart opphavleg fordelte slik mellom dei ulike satsingsområda (fordeling i kroner):

Helse og omsorg	1 250 000
Bustadsosialt arbeid	1 275 000
Utsette barn og unge	2 550 000
Digital forvaltning	5 500 000
Interkommunalt planarbeid	900 000
Andre prosjekt	500 000
Totalsum	11 975 000

Totalsum er i samsvar med beløpet for samla fordeling i portalen.

Bergen kommune fekk på grunn av ein feil ikkje registrert alle sine søknader i portalen til rett tid. Kommunen fekk difor ettersende søknader på nytt hausten 2023, i ein andre runde. På grunn av dette vart det gitt kr 750 000 i ekstra tilskot til Bergen kommune, fordelt mellom to prosjekt; tilskot til auka

kvalitet og effektivitet innfor hjelpemiddelformidling (kr 500 000) og kompetanseheving innan handtering av brannar og ulykker som omfattar nye energiberarar og kjelder (kr 250 000). Dette samsvarar også med portalen og tilsvarende fornyingsprosjekt runde 2 for 2023.

Når prosjekta er ferdige, evaluerer vi kvart prosjekt. Dette kjem fram på den offentlege sida i Prosjektskjønn, og der viser også våre kommentarar for kvart einskild prosjekt. Vi har ein rapporteringsfrist kvart år, og har oppfølging på rapporteringa når rapporteringsperioden er ute.

Vi vil trekke fram følgjande prosjekt særskilt:

a) Bemanningssentralen, som fekk tilskot kr 500 000 i 2023. Sogndal kommune søkte og var mottakar av tilskotet. Prosjektet er eit samarbeid med kommunane Aurland og Årdal. Det er også søkt om tilskot for 2024. Å etablere ein bemanningssentral er eit tiltak for å møte framtidige utfordringar og behov for tilsette i helse- og omsorgstenestene. Bemanningssentralen skal gjere at ei konsentrert gruppe av faste, faglærde personar skal ta ekstravakter i tenestene. Dei tilsette vil få meir varierte utfordringar i kvardagen, og brukarane vil oppleve meir kontinuitet og kvalitet i tenestene. Vakansar og sjukefråvær er krevjande for bemanning og stabilitet. Utfordringar er uønskt bruk av overtid, bruk av ufaglærde og mange vikarar. Ein bemanningssentral vil kunne bidra til betre og meir effektive kommunale tenester til helse og omsorg. Det er positivt at kommunane samarbeider om desse tenestene og unngår å konkurrere om den same arbeidskrafta.

b) Medverknad og deltaking for personar med samansette rusutfordringar i bustadsosialt arbeid. Prosjektet fekk tilskot kr 800 000 i 2023. Voss kommune søkte og var mottakar av tilskotet. Erfaring syner at det er ein føresetnad at kommunane involverer bebuarane sjølve for å finne fram til tenestemodellar og bustadkonsept som bidreg til meistring og deltaking. Ein stor del av brukarane har gitt uttrykk for lite kjensle av ansvar og stor grad av likegyldigheit. Kommunen ser at manglande tillit til kommunen gir ei rekke negative ringverknader. Målsetjinga er difor å auke personar med rusutfordringar sin tillit til kommunen, få meir ansvar for eigen bustad og oppleve medverknad og deltaking i bustadsosialt arbeid. Brukarane og politikarane skal få meir kompetanse om medverknad, deltaking og samskaping. Det er viktig å få med brukargruppene for at prosjektet skal lukkast.

c) Kompetanseheving innan handtering av brannar og ulykker der nye energiberarar er involverte. Prosjektet fekk kr 250 000 i 2023. Bergen kommune søkte og var mottakar av tilskotet. Det er også søkt om tilskot for 2024. Det har i dei seinare åra vore ei stor satsing på nye miljøvenlege energiberarar og kjelder som hydrogen, ammoniakk, batteri og solceller. Næringar og hushaldningar tek i bruk slike nye løysingar i vesentleg større grad. Hendingar kor nye energiberarar og kjelder er involverte, direkte eller indirekte, er utfordrande for brannvesenet. Dei har stort behov for kompetanseheving for å kunne handtere slike hendingar på ein sikker og effektiv måte. Som døme på slike hendingar er brann om bord i ferje med batteridrift og ei rekkje brannar i elbilar. Vest brann- og redningsregion (VBR), som omfattar 18 kommunar i bergensregionen, ønskjer å hjelpe deltakarkommunane med å bli betre på å handtere brannar og ulykker der nye energiberarar og kjelder er involverte. Dette gjeld både rednings- og sløkkjearbeidet og den strategiske leiinga. Dei kompetansehevande tiltaka vil bestå av teoretisk opplæring og praktisk trening.

d) Vi har i fleire år gitt prosjektskjønsmidlar til digitalisering i vestlandskommunane, for at flest mogleg av kommunane skal ha den same digitale plattformen som grunnlag. Dette er viktig med sikte på større grad av digitalisering av dei kommunale tenestene, for ein stor del innanfor helse- og omsorgstenestene (e-helse), men også innanfor skule og barnehage, bamevern og beredskap og samfunnstryggleik. Dei siste åra har mesteparten av denne satsinga vore administrert gjennom Digi Vestland (Bergen kommune). I 2023 vart det gitt prosjektskjønn til Digi Vestland med til saman 5,5 mill. kroner, fordelt på fem prosjekt. Digi Vestland har samla IT-ressursar frå begge dei to tidlegare fylka, for å utvikle dette arbeidet vidare til beste for kommunane.

Det skal gis rapportering i tabell... (fra kapittel 7.3.6.2.1 i TB)

Rapportere på

Det skal gis rapportering i tabell som viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av statsforvalteren, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.

Kommunalrettslig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ

Type lovlighetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	9	1	10
På eget initiativ	0	0	0

Vi har avvist fem krav om lovlegkontroll fordi vilkåra ikkje var oppfylte. Vi har ikkje funne grunnlag for å gjere lovlegkontrollar på eige initiativ, men har vurdert dette i fleire saker.

Kortfattet omtale av... (fra kapittel 7.3.6.2.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av hvilke særlige kommunalrettslige tema de veileder kommunene om, og om eventuelle kommunalrettslige saker som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet hos statsforvalteren.

Vi har rettleia om fleire tema, mellom anna valreglane i kommunelova i samband med konstitueringa etter kommunevalet. Vi har også rettleia om økonomireglane, lovlegkontroll og møteoffentlegheit.

Kortfattet omtale i årsrapporten av bruken av interkommunalt samarbeid i fylket (fra kapittel 7.3.6.2.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal, på bakgrunn av egne erfaringer etter kontakt med kommunene, gi en kort omtale av omfanget av interkommunalt samarbeid i fylket, i hvilke former kommunene samarbeider, og hvilke tjenester det samarbeides om.

Det skal også gis en kortfattet omtale av utviklingstrekk, muligheter og utfordringer, fordeler og ulemper statsforvalterne ser i det interkommunale samarbeidet i fylke.

Vi har i tidlegare årsrapportar (seinast i årsrapporten for 2022) skrive kortfatta om interkommunalt samarbeid i Vestland. Situasjonen i 2023 skil seg lite frå tidlegare år.

I 2023 har det såleis vore seks interkommunale politiske råd i Vestland:

- Fjordane
- Sogn
- Hardanger
- Nordhordland
- Sunnhordland.

Det er seks kommunar i Vestland som ikkje er medlem i noko interkommunalt politisk råd.

Statsforvaltaren har ikkje vore pådrivar for å få til meir interkommunalt samarbeid, men vi prioriterer prosjektskjønsmidlar til gode samarbeidsprosjekt. Det er spesielt høg aktivitet i Nordhordland og Fjordane.

Statsforvalterembeter som samordner statlig innsigelsler (fra kapittel 7.3.6.3.1 i TB)

Rapportere på

Det skal rapporteres på statsforvalterens arbeid med samordning av statlige innsigelsler, herunder i hvilken grad innsigelsler blir løst gjennom dialog.

Planprosessane for nokre saker går over fleire år, slik at tala i tabellen ikkje gir klart svar på aktiviteten og måloppnåinga det enkelte året. Våre interne oversyn over tid viser at 50–70 prosent av dei aktuelle motsegnspunkta vi drøftar med kommunane, fell vekk etter ein utvida dialog i høyringsfasen.

Vi viser elles til dei relevante punkta i tekstdelen, der arbeidet vårt med samordning av statlege motsegner er omtala

Samordning av statlige innsigelsler

Etat	1. Antall planer der andre statlige etater har oversendt innsigelse til statsforvalteren	2. Antall planer der innsigelsene fra andre statlige etater er løst før de er fremmet for kommunen	3. Antall planer der innsigelsene fra andre statlige etater er avskåret av statsforvalteren	4. Antall planer med innsigelse fra statsforvalteren og andre statlige etater fremmet for kommunen
Antall planer totalt	43	5	0	29
Statsforvalteren	0	0	0	24
Avinor	1	0	0	0
Direktoratet for mineralforvaltning				
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap				
Fiskeridirektoratet	5	1	0	2
Forsvarsbygg	1	0	0	1
BaneNor	2	0	1	1
Kystverket	4	0	0	2
Luffartstilsynet				
Mattilsynet				
NVE	30	4	0	8
Oljedirektoratet				
Politiet				
Riksantikvaren				
Statens vegvesen	16	0	0	9
Statsbygg				

Planar med motsegnspunkt som ikkje er løyste, kan ofte skuldast anten at kommunen har takka nei til dialog eller at planane framleis ikkje er ferdigstilte etter dialogmøtet (ventar på avklaring). (Ei feilkjelde kan vere manglande føring i planlista vår.) I ein stor del av planane der det er fremja motsegn for kommunen, er mange av motsegnspunkta likevel løyste som resultat av dialog, slik at kvar plan innheld færre motsegnspunkt når dei går til kommunane.

Rapportering i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.4.1 i TB)

Rapportere på

Alle statsforvalterne rapporterer byggesaker i SYSAM - rapporteringsløsningen for statsforvalterne.

- Av årsrapporten skal det fremgå totalt antall behandlede byggesaker.
- Av årsrapporten skal det fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå antall saker som ikke ble avgjort innen 12 uker. Det skal vises hvor lang gjennomsnittlig overskridelse var i disse sakene. Overskridelse skal føres i antall dager.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i saksbehandlingsforskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd, hvor mange "særlige tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Vi har handsama 638 byggesaksklager i 2023. 408 av disse vart handsama innan 12 veker, altså 64 prosent av sakene.

Resultatet på 64 prosent er noko betre enn året før (58 prosent), medan vi på den andre sida ikkje har handsama like mange saker i 2023. Vi handsama 714 saker i 2022.

Vi har hatt høgt sjukefråvær i 2023, kombinert med at vi ikkje har vore fullt bemanna ut frå stillingsheimlar. Frå november har to sakshandsamarar vore lånte ut til å arbeide med reinteljingssaka i Troms og Finnmark. Elles har vi brukt noko tid på rettleiing til Agder om saksstyring og administrasjon av store saksmengder. Vi bistår også Møre og Romsdal med å handsame nokre saker for dei.

Vi har, som departementet kjenner godt til, mange klagesaker knytt til strandsoneprosjektet i Bergen kommune. Dette er krevjande saker. I 2023 har vi hatt to rettssaker for Hordaland tingrett, som har kravd meir arbeid frå oss enn normalt i rettssaker. Dette har bandlagt mykje ressursar. I skrivande stund er dette ankesaker som skal opp for Gulating lagmannsrett i første halvår 2024.

Vi er derfor særns nøgde med at vi har ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 87 dagar, som følgje av tett fagleg styring og oppfølging og omfordeling av saker.

Rapportering om byggesaker etter plan- og bygningsloven

Totalt antall behandlede saker	Antall saker gitt medhold	Antall saker ikke avgjort innen 12 uker	Gjennomsnitt dager ikke avgjort innen 12 uker	Antall saker gitt lengre frist	Antall særlige tilfeller klageinstansen selv forlenget	Antall saker fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse
638	81	230	38	0	10	0

Rapportering av plansaker i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.5.1 i TB)

Rapportere på

Alle statsforvalterne rapporterer plansaker i SYSAM-ny rapporteringsløsning for statsforvalterne.

- Av årsrapporten for 2023 skal det fremgå totalt antall behandlede klager på reguleringsplaner og gjennomsnittlig saksbehandlingstid i antall dager. Det skal i tillegg fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.

Vi har handsama 61 klager på reguleringsplan i 2023. 34 av sakene vart handsama innan 12 veker, altså 56 prosent. Vi har handsama 20 fleire reguleringsplanklager enn i fjor.

Vi har hatt høgt sjukefråvær i 2023, kombinert med at vi ikkje har vore fullt bemanna ut frå stillingsheimlar. Frå november har to sakshandsamarar vore lånt ut til prosjekt med reinteljingssak i Troms og Finnmark. Elles har vi brukt noko tid på rettleiing til Agder om saksstyring og administrasjon av store saksmengder. Vi bistår også Møre og Romsdal med å handsame nokre saker for dei.

Vi har, som departementet kjenner godt til, mange klagesaker knytt til strandsoneprosjektet i Bergen kommune. Dette er krevjande saker. I 2023 har vi hatt to rettssaker for Hordaland tingrett, som har kravd meir arbeid frå oss enn normalt i rettssaker. Dette har bandlagt mykje ressursar. I skrivande stund er dette ankesaker som skal opp for Gulating lagmannsrett i første halvår 2024.

Rapportering om plansaker etter plan- og bygningsloven

Betegnelse på rapporteringskrav	
Antall behandlede klagesaker reguleringsplaner	61
Gjennomsnittlig behandlingstid i dager for klager på reguleringsplaner	97
Antall klagesaker om reguleringsplan som ikke er behandlet innen 12 uker	27
Antall klagesaker om reguleringsplan der klagen er gitt medhold helt eller delvis	7

Veiledning og informasjon universell utforming (fra kapittel 7.3.7.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming. Frist for oppdraget er 31.12.2023.

I innspel til kommunale planar har vi merksemd på at kommunane må vareta universell utforming.

Fremme likestilling og hindre diskriminering (fra kapittel 7.3.7.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal jobbe aktivt, målrettet og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering i sin rolle som arbeidsgiver og som offentlig myndighet, og redegjøre for arbeidet.

Vi arbeider med å fremje likestilling i møtepunkt vi har med kommunane.

Gjennom styresmaktsrolla vår følgjer vi opp arbeid for likestilling og tiltak for å hindre diskriminering i innspel til samfunns- og arealplanlegginga i kommunane. Vi har innarbeidd likestillingsomsyn i dei interne planrutinane våre.

Vi har oppretta samarbeid med likestillingssentera, og inviterte i haust alle kommunane til digital samling for å inspirere til å jobbe med likestilling i kommunane. Vi ser også dette arbeidet i samanheng med arbeidet vårt innan CRPD.

Internt arbeider vi for å fremje likestilling og motverke diskriminering. Vi viser til pkt. 4.2 og tabell i vedlegg 7, i tillegg til vedlegget "Utgreiing om arbeidet med likestilling i 2023".

Rapportering saksbehandlingstid i skolemiljø saker (fra kapittel 7.3.8.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på saksbehandlingstiden i håndhevingssakene per 31.12.

I 2023 var medianverdien 60 dagar, og gjennomsnittstida 64 dagar for året under eitt i kalenderdagar. Sakene som gir grunnlag for dette resultatet gjeld aktivitetsplikta (brot og ikkje-brot).

Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven (fra kapittel 7.3.8.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal beskrive vurderingene som var avgjørende for valg av:

- a) tilsystema
- b) omfang
- c) skriftlig eller stedlig tilsyn
- d) tilsynsobjekt

Vi gjennomfører både planlagde og hendingsbaserte tilsyn. For dei planlagde tilsyna blir det utarbeidd ein tilsynsplan for eitt kalenderår om gongen. Vi tek kontinuertleg imot informasjon som kan indikere risiko for regelverksbrot. Vi vurderer fortløpande om det er tenleg med tilsyn i desse tilfella.

a) Tilsystema

For dei planlagde tilsyna vel vi tema på bakgrunn av risiko og føringar frå overordna myndigheit. Ved val av tema legg vi større vekt på konsekvensen eit eventuelt regelverksbrot har for barna og elevane det gjeld, enn kor sannsynleg det er at det ligg føre regelverksbrot. Vi ser samstundes at det ofte er samanheng mellom kor sannsynleg det er at kommunane har ein praksis som er i strid med regelverket og konsekvensen dette kan ha for barna og elevane det gjeld. Dette gjeld til dømes tema som skulemiljø og spesialundervisning. Om lag halvparten av tilsyna vi har gjennomført i 2023 gjeld dette regelverket.

Dei siste par åra har vore prega av auka levekostnader for befolkninga. Vi valde difor å gjennomføre tre tilsyn med gratisprinsippet i 2023. Årsaka er at vi vurderer at konsekvensen av regelverksbrot på dette området har auka dei siste åra. Vi har også hatt merksemd på spesialundervisning / spesialpedagogisk hjelp og utarbeiding av sakkunnig vurdering. Grunnen er at vi meiner det vil få store konsekvensar for sårbare barn og elevar om ikkje desse krava i regelverket blir oppfylte. Vi har vore særleg uroa for sakshandsamingstida hos PP-tenesta og har difor ført åtte tilsyn med dette som eitt av temaa.

Vi meiner det er tenleg med tilsyn som kontrollerer kommunen sin internkontroll og praksis samstundes. Vi har difor valt å inkludere internkontroll i fleire

tilsyn enn Utdanningsdirektoratet har laga tilsynsopplegg for. Vi har mellom anna undersøkt internkontrollen til kommunen innan opplæring i samisk og fylkeskommunens administrasjon av fagprøver, skyss og gjennomføring av spesialundervisning.

b) Omfang

Omfanget av tilsynet blir avgjort etter kva vi meiner er naudsynt for å sikre regelverksetterleving på temaet vi har valt. Erfaring frå klagesaker og tidlegare tilsyn på området gir oss nyttig informasjon om kor risikoen er størst innanfor eit tema. Omfanget av tilsyna vi har gjennomført i 2023 varierer difor betydeleg.

For temaa skulemiljø og spesialundervisning har vi vurdert at det er stor risiko for regelverksbrot innanfor dei fleste føresegnene. Desse tilsyna er difor store i omfang. På andre temaa vurderte vi at risikoen i større grad er knytt til spesifikke område. Dette gjeld til dømes skuleskyss, gratisprinsippet og administrering av fagprøver.

Vi har i 2023 gjennomført fleire tilsyn med mindre omfang enn tidlegare. Årsaka er til dels at vi har blitt meir medvitne på å nytte ressursane vi har på en tenleg måte og at vi har gjennomført fleire hendingsbaserte tilsyn enn før. Dei hendingsbaserte tilsyna er opna på bakgrunn av konkret risiko og er som hovudregel mindre omfangsrike enn dei planlagde.

C) Skriftleg eller stadleg tilsyn

Utgangspunktet for val av tilsynsmetode er ei vurdering av kva som er naudsynt for å opplyse saka tilstrekkeleg. Målet er å opplyse saka ved bruk av minst mogleg ressursar. Vi bestemmer oss difor i utgangspunktet ikkje for om vi skal reise ut til tilsynsobjektet eller intervju dei digitalt før vi har fått skriftleg dokumentasjon frå tilsynsobjektet. Enkelte tema krev oftare stadleg tilsyn eller digitale intervju enn andre. Det gjeld særleg skulemiljø og tilsyn der vi kontrollerer både kommunen sin internkontroll og praksis.

d) Tilsynsobjekt

Vi vel tilsynsobjekt på bakgrunn av ei risikovurdering. Når vi vel objekt legg vi større vekt på kor sannsynleg det er at kommunen har ein regelstridig praksis enn konsekvensen det har for barn og elevar. Det er likevel slik at vi legg vekt på å ha ein viss del objekt av ein viss storleik.

Vi brukar fleire kjelder når vi vel objekt. Tilsynsystema verkar inn på kva kjelder som er relevante. Innan skulemiljø er hovudkjeldene informasjon vi har frå rolla vår som handhevingmyndigheit, data i elevundersøkinga og informasjon frå allmenta. For spesialundervisning har vi brukt data i GSI, informasjon frå klagesaker og informasjon frå allmenta. GSI har òg vore hovudkjelde i tilsyna vi har hatt med lærarforma. I tilsyna vi har hatt på barnehagefeltet, har vi brukt kommunen sine nettsider, eigne kartleggingar og Basil som kjelder.

Funn fra foreløpig rapport i tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven

Tema	Deltema	Kommune	Kommunestørrelse: S:20000+ M:5000- 20000 L:-5000	Barnehage- eller skolenavn	Type tilsyn	Antall kontrollspørsmål per tilsyn	Kontrollspørsmål som er avdekket brudd på i foreløpig rapport	Kommentar
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bjørnafjorden	S	Os Ungdomsskole	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for hvilket utbytte elevene har av den ordinære opplæringen, elevenes lærevansker og andre særlige forhold av betydning for opplæringen og hvilke muligheter elevene har innenfor ordinær opplæring, og gir de en anbefaling om elevenes muligheter i ordinær opplæring?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bjørnafjorden	S	Os Ungdomsskole	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilke opplæringsmål som er realistiske for elevene?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bjørnafjorden	S	Os Ungdomsskole	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilken opplæring som gir et forsvarlig opplæringstilbud	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bjørnafjorden	S	Os Ungdomsskole	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Er det tatt still barnets beste sakkunnige vurderinga?
Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Bjørnafjorden	S	Os Ungdomsskole	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Sørger skolen for at saken er tilstrekkelig opplyst før den fatter vedtak om spesialundervisning?	

Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Bjørnafjorden	S	Os Ungdomsskole	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Inneholder vedtakene opplysninger om omfanget av spesialundervisningen, det vil si antall timer spesialundervisning samlet og i hvert av fagene?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Bjørnafjorden	S	Os Ungdomsskole	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Inneholder vedtakene opplysninger om hvilket innhold spesialundervisningen skal ha?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Bjørnafjorden	S	Os Ungdomsskole	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Inneholder vedtakene opplysninger om hvordan skolen skal organisere spesialundervisningen?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Bjørnafjorden	S	Os Ungdomsskole	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Begrunner skolen vedtak som ikke samsvarer med den sakkyndige vurderingen, ved å vise hvorfor elevene likevel kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Bjørnafjorden	S	Os Ungdomsskole	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Tar skolen stilling til hva som er barnets beste når den fatter vedtak om spesialundervisning?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Bjørnafjorden	S	Os Ungdomsskole	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Gjør kommun vedtak om spesialunder for elever med alternativ opplæringsar er det fastset vedtaket at el skal ha oppla ein alternativ opplæringsar
Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Etne	L	Enge skule	Kun skriftlig dokumentasjon	11	Inneholder vedtakene opplysninger om omfanget av spesialundervisningen, det vil si antall timer spesialundervisning samlet og i hvert av fagene?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Etne	L	Enge skule	Kun skriftlig dokumentasjon	11	Inneholder vedtakene opplysninger om hvilket innhold spesialundervisningen skal ha?	
Spesialundervisning	Spesialpedagogisk hjelp - fatte vedtak	Etne	L	Enge skule	Kun skriftlig dokumentasjon	11	Inneholder vedtakene opplysninger om hvordan skolen skal organisere spesialundervisningen?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Etne	L	Enge skule	Kun skriftlig dokumentasjon	11	Gir skolen eleven og foreldrene mulighet til å uttale seg om innholdet i den sakkyndige vurderingen, før skolen fatter vedtak?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - gjennomføre og følge opp	Etne	L	Enge skule	Kun skriftlig dokumentasjon	11	Utarbeider skolen årsrapport for elever som får spesialundervisning?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Stryn	M		Kun skriftlig dokumentasjon	9	Inneholder vedtakene opplysninger om omfanget av spesialundervisningen, det vil si antall timer spesialundervisning samlet og i hvert av fagene?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Stryn	M		Kun skriftlig dokumentasjon	9	Inneholder vedtakene opplysninger om hvilket innhold spesialundervisningen skal ha?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Stryn	M		Kun skriftlig dokumentasjon	9	Inneholder vedtakene opplysninger om hvordan skolen skal organisere spesialundervisningen?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Stryn	M		Kun skriftlig dokumentasjon	9	Begrunner skolen vedtak som ikke samsvarer med den sakkyndige vurderingen, ved å vise hvorfor elevene likevel kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen?	

Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Stryn	M		Kun skriftlig dokumentasjon	9	Gir skolen eleven og foreldrene mulighet til å uttale seg om innholdet i den sakkyndige vurderingen, før skolen fatter vedtak?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Stryn	M		Kun skriftlig dokumentasjon	9	Tar skolen stilling til hva som er barnets beste når den fatter vedtak om spesialundervisning?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - fatte vedtak	Stryn	M		Kun skriftlig dokumentasjon	9	Annet	Gjør kommun vedtak om spesialunder for elever med alternativ opplæringsar er det fastset vedtaket at el skal ha opplæ ein alternativ opplæringsar
Spesialundervisning	Spesialundervisning - gjennomføre og følge opp	Stryn	M		Kun skriftlig dokumentasjon	9	Annet	Inngår kommun avtale med til om bistand til gjennomføre spesialunder
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Stad	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Gjør PPT rede for og tar stilling til om barnets behov kan avhjelpest innenfor det ordinære barnehagetilbudet, dersom barnet går i barnehage?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Stad	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Gjør PPT rede for og tar stilling til hvilken type hjelp og organisering som vil bidra til barnets utvikling og læring?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Stad	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Vurderer PPT hva som er barnets beste når de utarbeider sakkyndige vurderinger?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Stad	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilke opplæringsmål som er realistiske for elevene?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Stad	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for hvilket utbytte elevene har av den ordinære opplæringen, elevenes lærevansker og andre særlige forhold av betydning for opplæringen og hvilke muligheter elevene har innenfor ordinær opplæring, og gir de en anbefaling om elevenes muligheter i ordinær opplæring?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Stad	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilken opplæring som gir et forsvarlig opplæringstilbud	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bømlo kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger så snart som mulig?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bømlo kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Gjør PPT rede for og tar stilling til realistiske mål for barnets utvikling og læring?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bømlo kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Gjør PPT rede for og tar stilling til om barnets behov kan avhjelpest innenfor det ordinære barnehagetilbudet, dersom barnet går i barnehage?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bømlo kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Gjør PPT rede for og tar stilling til hvilken type hjelp og organisering som vil bidra til barnets utvikling og læring?	

Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bømlo kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Gjør PPT rede for og tar stilling til hvilket omfang av spesialpedagogisk hjelp som er nødvendig, og hvilken kompetanse de som gir hjelpen, bør ha?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bømlo kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Vurderer PPT hva som er barnets beste når de utarbeider sakkyndige vurderinger?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bømlo kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Får elevene gi uttrykk for sin mening når PPT utreder og vurderer behovet for spesialundervisning?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bømlo kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Sørger skolen for at saken er tilstrekkelig opplyst før den fatter vedtak om spesialundervisning?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bømlo kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Legger PPT vekt på synspunktene til elever under 15 år i samsvar med elevens alder og modenhet og stor vekt på synspunktene til elever over 15 år og foreldre til elever under 18 år, når de vurderer og anbefaler tilbud om spesialundervisning?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bømlo kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilke opplæringsmål som er realistiske for elevene?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bømlo kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilken opplæring som gir et forsvarlig opplæringstilbud	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Osterøy kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger så snart som mulig?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Osterøy kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Gjør PPT rede for og tar stilling til realistiske mål for barnets utvikling og læring?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Osterøy kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Gjør PPT rede for og tar stilling til om barnets behov kan avhjelpes innenfor det ordinære barnehagetilbudet, dersom barnet går i barnehage?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Osterøy kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Gjør PPT rede for og tar stilling til hvilken type hjelp og organisering som vil bidra til barnets utvikling og læring?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Osterøy kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Gjør PPT rede for og tar stilling til hvilket omfang av spesialpedagogisk hjelp som er nødvendig, og hvilken kompetanse de som gir hjelpen, bør ha?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Osterøy kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Vurderer PPT hva som er barnets beste når de utarbeider sakkyndige vurderinger?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Osterøy kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger snarest mulig i de tilfellene opplæringsloven krever det?	

Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Osterøy kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for hvilket utbytte elevene har av den ordinære opplæringen, elevenes lærevansker og andre særlige forhold av betydning for opplæringen og hvilke muligheter elevene har innenfor ordinær opplæring, og gir de en anbefaling om elevenes muligheter i ordinær opplæring?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Osterøy kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilke opplæringsmål som er realistiske for elevene?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Osterøy kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder vedtakene opplysninger om omfanget av spesialundervisningen, det vil si antall timer spesialundervisning samlet og i hvert av fagene?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Osterøy kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilken opplæring som gir et forsvarlig opplæringstilbud	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Sogndal kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger så snart som mulig?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Sogndal kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Gjør PPT rede for og tar stilling til realistiske mål for barnets utvikling og læring?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Sogndal kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Gjør PPT rede for og tar stilling til om barnets behov kan avhjelpes innenfor det ordinære barnehagetilbudet, dersom barnet går i barnehage?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Sogndal kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Gjør PPT rede for og tar stilling til hvilken type hjelp og organisering som vil bidra til barnets utvikling og læring?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Sogndal kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Gjør PPT rede for og tar stilling til hvilket omfang av spesialpedagogisk hjelp som er nødvendig, og hvilken kompetanse de som gir hjelpen, bør ha?	
Spesialpedagogisk hjelp	Spesialpedagogisk hjelp - utarbeide sakkyndige vurderinger	Sogndal kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Vurderer PPT hva som er barnets beste når de utarbeider sakkyndige vurderinger?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Sogndal kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger snarest mulig i de tilfellene opplæringsloven krever det?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Sogndal kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Får elevene gi uttrykk for sin mening når PPT utreder og vurderer behovet for spesialundervisning?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Sogndal kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Legger PPT vekt på synspunktene til elever under 15 år i samsvar med elevens alder og modenhet og stor vekt på synspunktene til elever over 15 år og foreldre til elever under 18 år, når de vurderer og anbefaler tilbud om spesialundervisning?	

Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Sogndal kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for hvilket utbytte elevene har av den ordinære opplæringen, elevenes lærevansker og andre særlige forhold av betydning for opplæringen og hvilke muligheter elevene har innenfor ordinær opplæring, og gir de en anbefaling om elevenes muligheter i ordinær opplæring?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Sogndal kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilke opplæringsmål som er realistiske for elevene?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Sogndal kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilken opplæring som gir et forsvarlig opplæringstilbud	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Kvinnherad	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger snarest mulig i de tilfellene opplæringsloven krever det?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Kvinnherad	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for hvilket utbytte elevene har av den ordinære opplæringen, elevenes lærevansker og andre særlige forhold av betydning for opplæringen og hvilke muligheter elevene har innenfor ordinær opplæring, og gir de en anbefaling om elevenes muligheter i ordinær opplæring?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Kvinnherad	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilke opplæringsmål som er realistiske for elevene?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Kvinnherad	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilken opplæring som gir et forsvarlig opplæringstilbud	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Ullensvang	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger snarest mulig i de tilfellene opplæringsloven krever det?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Ullensvang	M		Tilsynsbesøk	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for hvilket utbytte elevene har av den ordinære opplæringen, elevenes lærevansker og andre særlige forhold av betydning for opplæringen og hvilke muligheter elevene har innenfor ordinær opplæring, og gir de en anbefaling om elevenes muligheter i ordinær opplæring?	

Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Ullensvang	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilke opplæringsmål som er realistiske for elevene?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Ullensvang	M		Kun skriftlig dokumentasjon	8	Inneholder de sakkyndige vurderingene en redegjørelse for og en anbefaling om hvilken opplæring som gir et forsvarlig opplæringstilbud	
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Askvoll	L		Digitalt tilsyn	4	Har barnehagemyndigheten tilstrekkelig kunnskap om hvordan alle barnehageeierne oppfyller sine plikter etter barnehageloven?	
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Askvoll	L		Digitalt tilsyn	4	Bruker barnehagemyndigheten denne kunnskapen til å gjøre risikovurderinger for å vurdere behov for veiledning og tilsyn?	
Annet	Annet	Askvoll	S		Digitalt tilsyn	1	Annet	Temaet for til: krav til likebel og uavhengig barnehagelov Vi kom til at kommunen ik organiserer oppgavene h som myndigh barnehagelov tilstrekkeleg e oppgavene h som barneha slik at dette e å ivareta tillite upartisk barnehagem
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Sunnfjord kommune	S		Digitalt tilsyn	5	Har barnehagemyndigheten oversikt over barnehageeiers plikter etter barnehageloven?	
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Sunnfjord kommune	S		Digitalt tilsyn	5	Har barnehagemyndigheten tilstrekkelig kunnskap om hvordan alle barnehageeierne oppfyller sine plikter etter barnehageloven?	
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Sunnfjord kommune	S		Digitalt tilsyn	5	Bruker barnehagemyndigheten denne kunnskapen til å gjøre risikovurderinger for å vurdere behov for veiledning og tilsyn?	
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Sunnfjord kommune	S		Digitalt tilsyn	5	Er barnehagemyndighetens risikovurderinger basert på oppdatert og gjeldende forståelse av barnehageloven?	
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Godkjenning av barnehager - før søknad	Sunnfjord kommune	S		Digitalt tilsyn	5	Gjennomfører barnehagemyndigheten veiledning og tilsyn i tråd med sine risikovurderinger?	
Annet	Annet	Sunnfjord kommune	S		Digitalt tilsyn	1	Annet	Temaet for til: krav til likehandsami uavhengighei barnehagelov Vi kom til at kommunen ik organiserer oppgavene s myndighet i barnehagelov tilstrekkeleg e oppgavene si barnehageei dette er eign vareta tilliten : upartisk barnehagem

Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Masfjorden kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	5	Har barnehagemyndigheten tilstrekkelig kunnskap om hvordan alle barnehageeiere oppfyller sine plikter etter barnehageloven?	
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering		L		Kun skriftlig dokumentasjon	5	Bruker barnehagemyndigheten denne kunnskapen til å gjøre risikovurderinger for å vurdere behov for veiledning og tilsyn?	
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Masfjorden kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	5	Gjennomfører barnehagemyndigheten veiledning og tilsyn i tråd med sine risikovurderinger?	Temaet for til: krav til likehandsami uavhengighei barnehagelov Vi kom til at kommunen ik organiserer oppgåvene s myndigheit i barnehagelov tilstrekkeleg å oppgåvene s barnehageei dette er eign varetta tilliten : upartisk barnehagem
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Aurland kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	5	Har barnehagemyndigheten tilstrekkelig kunnskap om hvordan alle barnehageeiere oppfyller sine plikter etter barnehageloven?	
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Aurland kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	5	Bruker barnehagemyndigheten denne kunnskapen til å gjøre risikovurderinger for å vurdere behov for veiledning og tilsyn?	
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Aurland kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	5	Er barnehagemyndighetens risikovurderinger basert på oppdatert og gjeldende forståelse av barnehageloven?	
Annet	Annet	Bremanger kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Temaet for til: gratisprinsipp Under dette t avgrensa vi ti den delen av gratisprinsipp gjeld klasset, ikkje er fullfin av skulen elle kommunen. V kommunen å for at dugnad reellt frivillige.
Annet	Annet	Solund kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Temaet for til: gratisprinsipp Under dette t avgrensa vi ti den delen av gratisprinsipp gjeld klasset, ikkje er fullfin av skulen elle kommunen. V kommunen å for at elevar/fr ikkje blir påta dekke utgifter heimsending elevar frå klas
Annet	Annet	Høyanger	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Temaet for til: gratisprinsipp Under dette t avgrensa vi ti den delen av gratisprinsipp gjeld klasset, ikkje er fullfin av skulen elle kommunen. V kommunen å for at elevar/fr ikkje blir påta dekkje utgifte heimsending elevar frå klas

Skolemiljø	Annet	Bergen kommune	S	Aurdalslia skule	Digitalt tilsyn	13	Annet	Temaet for til aktivitetsplikt gjennomførte fellesnasjonal med skulemil internkontroll hadde dette r Bergen komm nylig. Vi påla kommunen å alle som arbe skulen varsle avhengig av situasjonens alvorgrad.
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Gloppen	M	Nordstranda skule	Tilsynsbesøk	11	Varsler alle som arbeider på skolen, ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø, eller blir krenket av en som arbeider på skolen?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Gloppen	M	Nordstranda skule	Tilsynsbesøk	11	Varsler rektor til skoleeier i alvorlige tilfeller og ved mistanke om eller kjennskap til at en som arbeider på skolen, har krenket en elev?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Gloppen	M	Nordstranda skule	Tilsynsbesøk	11	Varsler alle som arbeider på skolen, i tide avhengig av situasjonens alvorlighetsgrad?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Gloppen	M	Nordstranda skule	Tilsynsbesøk	11	Dokumenterer skolen hva som blir gjort for å oppfylle varslingsplikten?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Gloppen	M	Nordstranda skule	Tilsynsbesøk	11	Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på varslingsplikten og dokumentasjonsplikten?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Gloppen	M	Nordstranda skule	Tilsynsbesøk	11	Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at varslingsplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Gloppen	M	Nordstranda skule	Tilsynsbesøk	11	Dokumenterer skolen/skoleeier hva som blir gjort for å oppfylle undersøkelsesplikten?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Gloppen	M	Nordstranda skule	Tilsynsbesøk	11	Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten?	
Skolemiljø og internkontroll	Godkjenning av barnehager - før søknad	Gloppen	M	Nordstranda skule	Tilsynsbesøk	11	Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Austevoll kommune	M	Selbjørn skule	Tilsynsbesøk	11	Varsler alle som arbeider på skolen, ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø, eller blir krenket av en som arbeider på skolen?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Austevoll kommune	M	Selbjørn skule	Tilsynsbesøk	11	Varsler alle som arbeider på skolen, i tide avhengig av situasjonens alvorlighetsgrad?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Austevoll kommune	M	Selbjørn skule	Tilsynsbesøk	11	Dokumenterer skolen hva som blir gjort for å oppfylle varslingsplikten?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Austevoll kommune	M	Selbjørn skule	Tilsynsbesøk	11	Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på varslingsplikten og dokumentasjonsplikten?	

Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Austevoll kommune	M	Selbjørn skule	Tilsynsbesøk	11	Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at varslingsplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt?
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Austevoll kommune	M	Selbjørn skule	Tilsynsbesøk	11	Undersøker skolen saken så raskt som saken tilsier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Austevoll kommune	M	Selbjørn skule	Tilsynsbesøk	11	Gjennomfører skolen/skoleeier de undersøkelser som ut fra en faglig standard med rimelighet kan forventes?
Skolemiljø og internkontroll	Godkjenning av barnehager - før søknad	Austevoll kommune	M	Selbjørn skule	Tilsynsbesøk	11	Dokumenterer skolen/skoleeier hva som blir gjort for å oppfylle undersøkelsesplikten?
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Austevoll kommune	M	Selbjørn skule	Tilsynsbesøk	11	Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten?
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Austevoll kommune	M	Selbjørn skule	Tilsynsbesøk	11	Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt?
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Høyanger kommune	L	Høyanger skule	Tilsynsbesøk	13	Gjennomfører skolen/skoleeier de undersøkelser som ut fra en faglig standard med rimelighet kan forventes?
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Høyanger kommune	L	Høyanger skule	Tilsynsbesøk	13	Dokumenterer skolen/skoleeier hva som blir gjort for å oppfylle undersøkelsesplikten?
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Høyanger kommune	L	Høyanger skule	Tilsynsbesøk	13	Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten?
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Høyanger kommune	L	Høyanger skule	Tilsynsbesøk	13	Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt?
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å sette inn tiltak	Høyanger kommune	L	Høyanger skule	Tilsynsbesøk	13	Vurderer skolen/skoleeier konkret hvilke tiltak som er egnede?
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å sette inn tiltak	Høyanger kommune	L	Høyanger skule	Tilsynsbesøk	13	Evaluerer skolen/skoleeier tiltakene jevnlig, og blir tiltakene endret ved behov?
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å sette inn tiltak	Høyanger kommune	L	Høyanger skule	Tilsynsbesøk	13	Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på tiltaksplikten og kravet om å lage en skriftlig plan?
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å sette inn tiltak	Høyanger kommune	L	Høyanger skule	Tilsynsbesøk	13	Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at tiltaksplikten og kravet om å lage en skriftlig plan ikke blir oppfylt?
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Kvam	M	Øystese skule	Tilsynsbesøk	19	Varsler alle som arbeider på skolen, ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø, eller blir krenket av en som arbeider på skolen?

Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Kvam	M	Øystese skule	Tilsynsbesøk	19	Varsler rektor til skoleeier i alvorlige tilfeller og ved mistanke om eller kjennskap til at en som arbeider på skolen, har krenket en elev?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Kvam	M	Øystese skule	Tilsynsbesøk	19	Varsler alle som arbeider på skolen, i tide avhengig av situasjonens alvorlighetsgrad?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Kvam	M	Øystese skule	Tilsynsbesøk	19	Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på varslingsplikten og dokumentasjonsplikten?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Kvam	M	Øystese skule	Tilsynsbesøk	19	Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at varslingsplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Kvam	M	Øystese skule	Tilsynsbesøk	19	Undersøker skolen saken så raskt som saken tilsier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Kvam	M	Øystese skule	Tilsynsbesøk	19	Gjennomfører skolen/skoleeier de undersøkelser som ut fra en faglig standard med rimelighet kan forventes?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Kvam	M	Øystese skule	Tilsynsbesøk	19	Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Kvam	M	Øystese skule	Tilsynsbesøk	19	Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å sette inn tiltak	Kvam	M	Øystese skule	Tilsynsbesøk	19	Vurderer skolen/skoleeier konkret hvilke tiltak som er egnede?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å sette inn tiltak	Kvam	M	Øystese skule	Tilsynsbesøk	19	Evaluerer skolen/skoleeier tiltakene jevnlig, og blir tiltakene endret ved behov?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å sette inn tiltak	Kvam	M	Øystese skule	Tilsynsbesøk	19	Lager skolen/skoleeier en skriftlig plan når de setter inn tiltak i en sak, og inneholder den skriftlige planen minimumskrav til innhold?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å sette inn tiltak	Kvam	M	Øystese skule	Tilsynsbesøk	19	Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på tiltaksplikten og kravet om å lage en skriftlig plan?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å sette inn tiltak	Kvam	M	Øystese skule	Tilsynsbesøk	19	Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at tiltaksplikten og kravet om å lage en skriftlig plan ikke blir oppfylt?	
Skoleskys	Skoleskys - plikt til å fatte enkeltvedtak om skoleskys	Vestland fylkeskommune	S		Kun skriftlig dokumentasjon	3	Er det tatt stilling til om skysstilbudet er forsvarlig organisert for den enkelte?	
Skoleskys	Skoleskys - plikt til å fatte enkeltvedtak om skoleskys	Vestland fylkeskommune	S		Kun skriftlig dokumentasjon	3	Annet	Er innholdet i skildra tydele at eleven og f kan vurdere skysstilbudet eventuelt klag dette?

Spesialundervisning	Spesialundervisning - gjennomføre og følge opp	Alver kommune	S		Digitalt tilsyn	5	Annet	Har kommunen nødvendige ressurser som sikrer at det får spesialundervisning det omfanget den kompetansen som er fastsett i vedtaket?
Spesialundervisning	Spesialundervisning - gjennomføre og følge opp	Alver kommune	S		Digitalt tilsyn	5	Annet	Følger kommunen opp på om spesialundervisning det omfanget den kompetansen som er fastsett i vedtaket?
Spesialundervisning	Spesialundervisning - gjennomføre og følge opp	Alver kommune	S		Digitalt tilsyn	5	Annet	Sett kommunen tiltak for å sikre praksis dersom avdekker at eleven ikke får spesialundervisning det omfanget den kompetansen som er fastsett i vedtaket?
Spesialundervisning	Spesialundervisning - gjennomføre og følge opp	Alver kommune	S		Digitalt tilsyn	5	Annet	Avdekker kommunen risiko for at eleven ikke får spesialundervisning det omfanget den kompetansen som er fastsett i vedtaket?
Spesialundervisning	Spesialundervisning - gjennomføre og følge opp	Alver kommune	S		Digitalt tilsyn	5	Annet	Sett kommunen risikoreduserende tiltak dersom avdekker at eleven ikke får spesialundervisning det omfanget den kompetansen som er fastsett i vedtaket?
Annet	Annet	Bjørnafjorden	S	Kuventræ barneskule og Nore Neset barneskule	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Temaet for tilleggsrapport: \kommunen å for å sikre Kuventræ barneskule og Nore Neset barneskule eit forholdstallet på lærar eleven i ordinær undervisning : maksimalt er eleven per læring 4. årstrinn.
Annet	Annet	Askøy kommune	S	Hop skole og Kleppe skole	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Temaet for tilleggsrapport: \kommunen å for å sikre alle dei offentlege skulekommunen høyrer til forholdstallet på lærar eleven i ordinær undervisning : maksimalt er eleven per læring - 4. årstrinn.
Annet	Annet	Vestland fylkeskommune	S		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Temaet for tilleggsrapport: fylkeskommunen administrering fagprøvenem kom til at fylkeskommunen sørgde for at ført tilsyn undervisning fagprøva.
Annet	Annet	Stryn kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	3	Annet	Temaet for tilleggsrapport: opplæring i skolen kommunens internkontroll. Kontrollspørsmål Sikrer kommunen samiske elev føresette får informasjon og rettleiing om opplæring i skolen

Annet	Annet	Stryn kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	3		Temaet for til: opplæring i s: kommunens internkontroll. Kontrollspør: Sikrar komm det blir gjort enkeltvedtak opplæring i s: utan ugrunna og at enkeltve oppfyller mins til innhald?
Annet	Annet	Stryn kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	3	Annet	Temaet for til: opplæring i s: kommunens internkontroll. Kontrollspør: Sikrar komm undervisninga til rette slik at sine rettar til opplæring i s: blir oppfytt?
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Bremanger kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger snarest mulig i de tilfellene opplæringsloven krever det?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Voss kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger snarest mulig i de tilfellene opplæringsloven krever det?	

Endring i praksis som ikke er i samsvar med regelverket (fra kapittel 7.3.8.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for hvordan valgte virkemidler har ført til endring av praksis som ikke var i samsvar med regelverket.

Vi vel verkemiddel ut frå kva vi vurderer vil gi størst effekt for å sikre ein praksis i tråd med regelverket.

Tilsyn

Tilsyn blir ikkje avslutta før vi finn det sannsynleg at det er etablert ein lovleg praksis. Vi legg difor til grunn at tilsyn som verkemiddel fører til endring. Heilt konkret kan vi sjå endring i malar, nye enkeltvedtak og rutinar som blir sende inn i retteprosessar. Vi kan likevel sjå at vi finn feil i enkelt saker hos kommunar innan same område som vi har ført tilsyn med tidlegare. Det er difor grunn til å tru at tilsyn ikkje alltid fører til ein praksis som fullt ut er i tråd med regelverket, sjølv om kommunen nyleg har hatt tilsyn. Vi trur årsaka kan vere at tilsynet og kommunen si retting ikkje er godt nok forankra i heile organisasjonen. I 2023 har vi difor ved fleire høve valt å invitere kommunane til eit møte der vi presenterer funna i tilsyna for større delar av oppvekstsektoren i kommunen. Vi trur dette kan bidra til at tilsyna i større grad enn tidlegare blir kjende for og forstått av fleire i kommunen, og at rettarbeidet blir betre forankra i organisasjonen. Vi peikar og på at delegering av vedtaksmynde ned på tenestenivå må følgjast opp med tiltak som sikrar at reglar er godt kjende på det aktuelle nivået.

Rettleiing

I 2023 har vi både gitt rettleiing til enkeltkommunar og alle kommunane i Vestland samla. Vi legg til grunn at rettleiinga bidreg til å auke kommunane sin kompetanse, men det er vanskeleg å vurdere konkrete effektar. Vi meiner å sjå positiv effekt av rettleiinga på vurderingsfeltet. Vi opphevar til dømes færre vedtak om standpunktkarakter enn tidlegare. Samstundes ser vi ikkje klar effekt av rettleiinga på det spesialpedagogiske feltet. Her må vi leggje til at talet på klagesaker er lågt, noko som gjer det vanskeleg å sjå mønster.

Rapportering av antall klager på barnehage- og opplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall klager, type klager og resultatet av behandlingen på barnehage- og opplæringsområdet.

Klagebehandling - Barnehage (barnehageloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Barnehageloven § 14	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 53	3	0	2	1	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager	9	0	9	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 35	4	0	0	3	1
Barnehageloven § 37	21	0	9	12	0
Barnehageloven § 38	0	0	0	0	0
Sum	37	0	20	16	1

Klagebehandling - Frittstående grunnskoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Lokalt gitt muntlig eksamen	1	0	1	0	0
Skysst, § 3-7	4	0	4	0	0
Standpunkt i fag	5	0	4	1	0
Spesialundervisning, § 3-6	11	0	1	9	1
Fysisk skolemiljø, § 2-4 jf oppl § 9a-2	0	0	0	0	0
Bortvisning, § 3-10	3	0	0	3	0
Utsatt skolestart, § 3-3 annet ledd	2	0	2	0	0
Permisjon, § 3-13	0	0	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, privatskolelova § 2-4, jf oppl § 9a-4 og § 9a-5	8	6	0	0	2
Sum	34	6	12	13	3

Klagebehandling - Frittstående videregående skoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Fritak fra vurdering med karakter i fremmedspråk, § 3-21 i forskrift til opplæringsloven [privatskoleloven/friskoleloven]	22	20	2	0	0
Inntak, § 3-1	0	0	0	0	0
Spesialundervisning, § 3-6	1	0	0	1	0
Bortvisning, § 3-10	0	0	0	0	0
Tap av rett til vgo, § 3-10	0	0	0	0	0
Fysisk skolemiljø, § 2-4 jf oppl § 9a-7	0	0	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, privatskolelova § 2-4, jf oppl § 9a-4 og § 9a-5	0	0	0	0	0
Sum	23	20	2	1	0

Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Lokalt gitt muntlig eksamen	3	0	3	0	0
Særskilt språkopplæring, § 2-8	1	0	1	0	0
Skysst, § 7-1	38	6	26	4	2
Standpunkt i fag	113	0	41	72	0
Spesialundervisning, § 5-1	13	1	1	9	2
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	0	0	0	0	0
Bortvisning, § 2-10	3	0	0	3	0
Skoleplassering, § 8-1	37	3	32	2	0
Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd	1	0	1	0	0
Utsatt skolestart, § 2-1 tredje ledd	1	0	1	0	0
Ekstra år i grunnskolen, § 2-1 fjerde ledd	1	0	1	0	0
Tegnspråkopplæring, § 2-6	0	0	0	0	0
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	0	0	0	0	0
Sum	211	10	107	90	4

Klagebehandling - Videregående skoler (opplæringsloven med forskrifter)

Type sak	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Fritak fra vurdering med karakter i fremmedspråk, § 3-21 i forskrift til opplæringsloven	13	9	4	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	4	3	1	0	0
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	0	0	0	0	0
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	7	0	5	2	0
Spesialundervisning, § 5-1	3	0	0	3	0
Sum	27	12	10	5	0

Kompetanseutvikling for barnehager og skoler (fra kapittel 7.3.8.5 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på hvordan de har forvaltet tilskuddsordning for lokal kompetanseutvikling og redegjøre for hvordan det er lagt til rette for måloppnåelse jf. retningslinjene for tilskuddsordningen. Statsforvalteren skal videre vurdere i hvilken grad tilskuddsordningen gir likeverdige muligheter for kompetanseutvikling uavhengig av geografi, størrelse og eierform.

Statsforvalteren skal også tabellrapportere på fordeling av midler og deltakelse på kompetansetiltak i 30-prosentdelen i regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage.

Vår forvaltning av tilskotsordninga

Dei nasjonale retningslinjene for ordninga er i Vestland samla i eit grunnlagsdokument. Dokumentet tek mellom anna føre seg rammer for partnerskap, lokalt definerte behov og einingsbaserte kompetansehevingstiltak.

I 2023 har vi sett behovet for ta grep for å oppnå betre måloppnåing. Vi har særleg jobba med å sikre at kompetansehevingstiltaka som blir gjennomførte i kompetanseløftet omfattar laget rundt barnet og eleven, og at tiltaka som blir planlagde blir gjennomførte i partnerskap mellom barnehage- og skuleeigar og UH. Her vil vi vise til rapporteringa på resultatmål 3.1.7.1.1.1 og 3.1.7.1.1.2.

I 2023 har vi revidert grunnlagsdokumentet i 2023 betydeleg. Prosessen som skal sikre at tiltaka er baserte på lokale behov er tydelegare skildra. Rolla til arbeidstakarorganisasjonane er vorte løfta fram, og det er lagt inn føringar for kva moment regionane skal ta stilling til før dei kjem med innstilling til samarbeidsforum.

Det har også blitt utvikla nye maler for innstilling. Desse vil i større grad enn tidlegare forplikte kompetanseregionane til å gjere greie for korleis tiltaka er forankra i lokale behov, korleis partnerskapa planlegg å gjennomføre kompetansetiltak som fremjar kollektiv utvikling i einingane, og korleis laget rundt barnet blir inkludert i tiltak i kompetanseløftet. Det nye malverket gjer aktørane meir medvitne på dei bakanforliggande prosessane som må liggje til grunn for å oppfylle vilkåra i ordninga.

Måloppnåinga blir betre år for år. Vi meiner at dei tidlegare tiltaka våre (jf. årsrapporten for 2022) har bidratt til at partnerskapsrelasjonane og forståinga for partnerskapsomgrepet blir sterkare. Partnerskapa har i større grad enn tidlegare utvikla gode modellar for å identifisere lokale behov, og med utgangspunkt i desse, planlagt og gjennomført kompetanseutviklingstiltak som fremjar kollektiv utvikling i dei ulike einingane.

Det er for tidleg å vurdere effekten av tiltaka vi har gjennomført i 2023. Innstillingane og kompetanseutviklingsplanane frå regionane i samband med tildelingsprosessen for 2024, vil gi oss større innsikt i dette. Likevel blir tiltaka godt mottekne av dei ulike partane, og tilbakemeldingane er at det vil gi aktørane betre føresetnader for å lukkast.

Vi ser at det er få tiltak som tek utgangspunkt i det samiske perspektivet. Sjølv om det samiske perspektivet er omtalt i grunnlagsdokumentet, opplever vi at tenesteeigarane i liten grad ser relevansen i sine tiltak, då tiltaka dei planlegg ofte omhandlar ei konkret problemstilling knytt til eit fagområde eller ei spesifikk elev-/barnegruppe. Vi ser at vi i større grad kan bidra til å auka forståinga kring omgrepet, slik at dei kan inkludere det samiske perspektivet i tiltaka dei planlegg.

Partnerskapa si måloppnåing

Måloppnåinga varierer mellom partnerskapa. UH og leiamivåa opplever at dei oppnår høgare grad av måloppnåing enn arbeidstakarorganisasjonane og lærarane.

Vi meiner likevel at tiltaka no jamt over påverkar kvaliteten på dei ulike tenestetilboda. Vi trur årsaka er at partnerskapsrelasjonane og forståinga for partnerskapsomgrepet har blitt sterkare, og at dei lokale UH-miljøa har fått tid til å bygge opp kapasiteten. Partnerskapa har betre føresetnader for samarbeid. Det blir brukt tid til å utvikle gode modellar for å identifisere lokale behov, og vi meiner at partnerskapa planlegg og gjennomfører kompetanseutviklingstiltak som fremjar kollektiv utvikling i dei ulike einingane.

Tilskotsordninga gir likeverdige moglegheiter for kompetanseutvikling uavhengig av geografi, storleik og eigarform

Vi meiner tenesteeigarar er sikra likeverdige moglegheiter for å drive kompetanseutvikling. Myndiggjering av kompetanseregionane og fordelingsmodellen i Vestland bidreg til dette.

I desentralisert ordning har vi elleve kompetanseregionar. Ni av kompetanseregionane er samansett av kommunale/fylkeskommunale tenesteeigarar. Desse har anten geografisk tilknytning til kvarandre, eller ei tilknytning gjennom tidlegare etablerte samarbeidsstrukturar på ulike tenesteområde. Gjennom fordelingsmodellen vår får desse ein sum som dei må gjere prioriteringar innanfor. Kompetanseregionane må då ta stilling til det samla behovet i regionen, og om det er enkelte skular eller kommunar som har særleg behov for støtte til å drive utviklingsarbeid. Dei to siste regionane er nettverk samansett av private skuleeigarar. Også desse får ein sum som dei må gjere konkrete prioriteringar for, ut frå behovet hos den enkelte eigaren som inngår i nettverket. Prioriteringa i alle kompetanseregionane skjer gjennom demokratiske prosessar, og alle skuleeigarar har derfor høve til å kunne få midlar til kompetanseutvikling uavhengig av geografi, storleik og eigarform.

Forvaltninga av regional ordning nyttar dei same mekanismane, men personane som inngår i dei ulike kompetanseregionane, har barnehagemyndighetsroller i kommunane som inngår i regionen. Dette er for å sikre likeverdige moglegheiter for private og kommunale barnehageeigarar. Om ein ser på tildelinga over dei siste tre åra, viser det seg at private og kommunale barnehageeigarar får lik prioritet.

Også kompetanseløftet følgjer same fordelingsprinsipp. Privat sektor har ikkje eigne kompetanseregionar, men grunnlagsdokumentet gjer

kompetanseregionane ansvarlege for å vareta private skule- og barnehageeigarar sine interesser.

Kompetanseutvikling i barnehage - deltakelse på andre kompetansetiltak

	Antall deltakere fra kommunale barnehager	Antall deltakere fra private barnehager	Antall deltakere totalt
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	125	78	203
Kompetansehevingstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	92	46	138
Barnehagefaglig grunnkompetanse	106	100	206
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	52	54	106
Totalt	375	278	653

Samarbeidsforum har i 2023 tildelt totalt 30 prosent av midlane til kompetanseregionane (våre lokale nettverk) og gitt dei handlingsfridom til å prioritere kva av dei fire tiltaka midlane skal gå til. Ettersom nokre av kompetanseregionane har overført delar av midlane til bruk i 2024, melder dei at det på rapporteringstidspunktet er for tidleg å stadfeste endeleg fordeling mellom dei fire tiltaka, og endeleg tal på deltakarar for kvart av dei. Det oppgitte talet er difor basert på tentative tal vi har fått innrapportert.

Kompetanseutvikling i barnehage - fordeling av midler til andre kompetansetiltak

	Beløp tildelt (kr)	% brukt på disse tiltakene av det totale beløpet som er tildelt for regional ordning
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	396 670	1
Kompetansehevingstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	2 475 195	8
Barnehagefaglig grunnkompetanse	1 715 800	5
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	3 564 103	11
Totalt	8 151 768	25

Samarbeidsforum har i 2023 tildelt totalt 30 prosent av midlane til kompetanseregionane (våre lokale nettverk) og gitt dei handlingsfridom til å prioritere kva av dei fire tiltaka midlane skal gå til. Ettersom nokre av kompetanseregionane har overført delar av midlane til bruk i 2024, melder dei at det på rapporteringstidspunktet er for tidleg å stadfeste endeleg fordeling mellom dei fire tiltaka, og endeleg tal på deltakarar for kvart av dei. Det oppgitte talet er difor basert på tentative tal vi har fått innrapportert.

Oppfølgingsordningen (fra kapittel 7.3.8.6 i TB)

Rapportere på

Viser til oppgave 5.1.2.7 i hovedinstruksen. Statsforvalteren skal vurdere om tiltakene som er iverksatt i kommuner i oppfølgingsordningen bidrar til bedret læringsmiljø og læringsutbytte.

Vi vurderer at kommunane ser heilskapleg på utfordringane sine. Dei jobbar både med grunnleggjande føresetnader som må liggje til grunn om ein skal få betre læringsmiljø, læringsutbytte og måloppnåing på dei meir fagspesifikke målområda dei blir målte på. Skulemiljø, praktiske og varierte læringsformer, inkluderande praksis, elevsyn, klasseleiing og organisasjonskultur er døme på tema som vi vurderer vil kunne få stor påverknad læringsmiljøet og læringsutbyttet. Dette er tematiske gjengingarar i tiltaka kommunane har sett i verk i gjennomføringsperioden.

Rapporter på antall årsverk mm (fra kapittel 7.3.9.1 i TB)

Rapportere på

- Antall årsverk i landbruksavdelingen og antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift per 31.12.2023.
- Antall årsverk benyttet til førsteinstansforvaltning av de økonomiske virkemidlene på landbruks- og reindriftsområdet.
- Antall årsverk benyttet til veiledning og kontroll med kommunenes forvaltning av de økonomiske virkemidlene på landbruksområdet.

Talet på årsverk til landbruksoppgåvene er ganske stabilt mellom 29 og 30. På grunn av vakanse og noko sjukdom, vart ikkje denne kapasiteten nytta fullt ut i 2023.

Vi fører ikkje nøyaktig registrering over fordelinga mellom ulike typer oppgåver som til dømes førsteinstans tilskotsforvaltning, og rettleiing og kontroll av dei økonomiske verkemiddele. Mange av våre tilsette har fleire av desse oppdraga. I tabellen nedanfor har vi likevel prøvd å stipulere talet på årsverk slik det er spurt om.

Når talet på årsverk til førsteinstans tilskotsforvaltning er såpass lågt, har det samanheng med at dei aller fleste ordningane no vert forvalta av kommunen som førsteinstans. Talet på årsverk til rettleiing og kontroll med forvaltninga med kommunane er tilsvarande høg, kanskje nærare 15 når vi reknar med dei ordningane der vi fordelar midlar til kommunane, med tilhøyrande rettleiing og kontroll.

Årsverk mm

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk i landbruksavdelingen hos SF per 31.12.2023.	29.5
Antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift hos SF per 31.12.2023.	0.0
Antall årsverk benyttet til førsteinstansforvaltningen av de økonomiske virkemidlene på landbruksområdet.	2.0
Antall årsverk benyttet til førsteinstansforvaltningen av de økonomiske virkemidlene på reindriftsområdet.	0.0
Antall årsverk benyttet til veiledning og kontroll med kommunenes forvaltning av de økonomiske virkemidlene på landbruksområdet.	15.0
Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2023 på landbruksområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.1.1	10.0
Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2023 på reindriftsområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.1.1	0.0

Det er ikkje så mange ordningar der vi er førsteinstans for tilskot. Det er mest arbeid med avlingssvikt, deretter litt med veterinærordninga, tidlegpensjon og miljøinformasjon.

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart. (fra kapittel 7.3.9.2 i TB)

Rapportere på

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart (AR5) skal det rapporteres i henhold til tabell:

- Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5.
- Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodataplan.
- Antall reinbeitedistrikt som har oppdatert reindriftens arealbrukskart i løpet av året.

Vi har ikkje fullstendig oversikt over status for vedlikehald av digitale kart, og ansvaret ligg som kjent hjå kommunane. Men ti kommunar sende rutinebeskrivelse til oss i 2023, og fem andre seier at dei har dette på plass. Vårt inntrykk er derfor at i beste fall er det berre halvparten av kommunane som har skriftlege rutinar og praksis for ajourføring av AR5.

Dei aller fleste kommunane har hatt periodisk ajourføring av karta dei siste fem åra. Det er den lokale kommunevise ajourføringa som ser ut til å vere mangelfull.

Kartsamarbeid og arealressurskart

	Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5	Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodataplan	Antall kommuner i fylket
AR5 tilstand	25	0	43

Anmeldelse (fra kapittel 7.3.9.3 i TB)

Rapportere på

Rapportere om bruk av anmeldelser.

Vi har ikkje hatt saker på LMD sitt område med så alvorlege regelbrot at vi har vurdert å melde tilfellet til politiet.

Utteksling av informasjon - dyrevelferdssaker (fra kapittel 7.3.9.4 i TB)

Rapportere på

Gi en kort vurdering av hvordan rutiner for utveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen i saker om dyrevelferd fungerer.

Vi har årlege møte med Mattilsynet. Utveksling av saker om dyrevelferd vert diskutert på alle møta. Det er full semje om innhaldet i avtalen og at dette er viktig. Vi får tilsendt relativt få saker, og vi har hatt saker som vi blir kjende med først etter at dyreholdet er avvikla. Dette tyder kanskje på at den praktiske oppfølginga av avtalen kan bli betre.

Utvexling av informasjon om dyrevelferd

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker oversendt fra Mattilsynet	Herav antall saker der kommunen vurderer at foretaket ikke oppfyller vilkåret vanlig jordbruksproduksjon, § 2	Herav antall saker kommunen har avkortet, § 11 første ledd	Herav antall saker kommunen har utbetalt tilskudd som omsøkt
Saker som gjelder avtalens punkt 3 a (forbud mot hold av dyr)	2	2	0	3
Saker som gjelder avtalens punkt 3 b (hø/delvis avvikling)	1	0	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 c (kronisk dårlige dyrehold)	2	0	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 d (alvorlig vanskjøtsel av dyr)	0	0	0	0
Saker som ikke er i tråd med rutinen punkt 3	1	0	0	0

Vi fekk inn totalt seks saker, blant desse éi om manglande mosjon på beite (punkt 3 e). Ei av sakene om avvikling kom til kommunen først etter at dyrehaldet var avslutta etter vedtak frå Mattilsynet.

Rutineutveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Totalt antall møter	Herav antall møter samarbeidsavtalen var tema	Herav antall møter der pågående saker var tema	Herav antall møter der kontaktperson med ansvar for oppfølging av samarbeidsavtalen i Statsforvalteren møtte
Møter gjennomført med Mattilsynet	2	1	0	1

Vi hadde eitt møte om dyrevelferd med avdelingskontora i Vestland, og eit anna møte med regionkontoret der tema var litt meir generelt og der også andra fagavdelingar hjå statsforvaltaren deltok (miljø og beredskap).

Avvikling av pelsdyrproduksjon (fra kapittel 7.3.9.5 i TB)

Rapportere på

Rapporter iht. tabell vedrørende vedtak knyttet til avvikling av pelsdyrproduksjon.

Talet på saker som har vore handsama av oss viser i tabellen nedanfor, men som nemnt er nokre av sakene påklaga, og det er dermed usikkert om dei er ferdig handsama. Vi har ikkje nye og uhandsama saker som ligg og ventar hjå oss.

Kompensasjon og erstatninger etter avvikling av pelsdyrhold

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Ubehandlade saker	Saker under behandling	Ferdig behandlet
Presaksbehandling for erstatning etter avvikling av pelsdyrhold	22	0	0	22
Kompensasjon for kostnader til riving og opprydding	13	0	0	13
Kompensasjon for lavere årlig alderspensjon	2	0	0	2
Sum 1142.77 - Tilskudd til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhold	12	0	0	12

Desse tala er litt usikre fordi nokre saker er under vurdering etter overprøving frå Landbruksdirektoratet, og det er dermed usikkert om dei er ferdig handsama.

Gevinstrealiseringsplan (fra kapittel 7.3.9.7 i TB)

Rapportere på

I gevinstrealiseringsplanen for LMD forventes det at sammenslåing av statsforvaltere skal gi økt kvalitet gjennom mer ensartet rådgivning, veiledning og forvaltningspraksis, og økt profesjonalisering og likebehandling innenfor områdene:

- Reindriftsloven
- Eiendomslovgivningen
- Husdyrkonsesjonsregelverket
- Kontroll og oppfølging av kommunenes forvaltning av produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning, og regionale miljøtilskudd

Statsforvalteren bes redegjøre kort for status for hvordan gevinstrealiseringsplanen følges opp på LMDs område, herunder ev. utfordringer og risiko knyttet til realisering av gevinst innen hver av de fire fagområdene.

Vi har etter samanslåinga i 2019 prioritert forvaltnings- og kontrolloppgåvene, og over tid redusert vår samla ressursbruk på næringsutvikling. Til dei konkrete punkta:

- Vi har som kjent ikkje tamreindrift i Vestland. I dei få tilfella dette vert etterspurt, har vi god dialog med reindriftsavdelinga i Trøndelag.
- Dei siste åra har vi prioritert arbeidet med eigedom og areal med to årsverk for å betre følgje opp driveplikt, jordvern, eigedom, arealsaker og tilskot.
- Vi har ikkje så mange tunge saker om husdyrkonsesjon, og har erfaring fagpersonar på dette saksfeltet. Vi har ikkje sett behov for å styrke kapasiteten, men har halde den ved like.

- Vi har organisert kontrollarbeidet med ein intern kontrollleiar. Ein frå avdelingsleiinga deltek også i dette kontrollarbeidet, gjerne på start- eller sluttmøta, for å få innsikt i og understreke kor viktig det kommunale tilskotsarbeidet er. I praksis brukar vi meir tid på kontroll ved at fleire og varierende fagfelt og fagpersonar vert involverte. Kontrollen av produksjonstilskot og avløysartilskot har alltid vore prioritert, og det gir grunnlag for å målrette både kontrollane og rådgjevinga neste år.

Rapportering jord-, konsesjons- og odelslov (fra kapittel 7.3.9.10 i TB)

Rapportere på

Rapportere i tabeller om saker statsforvalteren har behandlet etter jordloven, konsesjonsloven og odelsloven i 2023.

Vi viser til tabellane nedanfor, med eventuelle kommentarar.

Saker etter jord- og konsesjonslov - vedtak

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Endret	Stadfestet
Vedtak i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9	3	1	2
Vedtak i klagesaker om deling – jordloven § 12	6	0	6
Vedtak i klagesaker om nydyrking - jordloven § 11 annet ledd (forskrift om nydyrking)	0		
Vedtak i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a	0	0	0
Vedtak i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten - jordloven § 8 tredje ledd	0	0	0
Vedtak i klagesaker om konsesjon – konsesjonsloven § 9	2	0	2
Vedtak i klagesaker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar – konsesjonsloven § 9	1	0	1
Vedtak i klagesaker om konsesjon for erverv i nær familie – konsesjonsloven § 9 siste ledd	3	0	3
Vedtak i klagesaker om konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense – konsesjonsloven § 7	0	0	0

Saker etter jord- og konsesjonslov - utfall av søknaden/saken

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Innvilget uten vilkår	Innvilget på vilkår	Avslått	Fritak	Pålegg gitt	Ingen pålegg	Merknad
Utfall av søknaden i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9	3	1	0	2	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om omdisponering – jordloven § 9	6	3	2	1	0	0	0	
Utfall av søknaden om deling i klagesaker – jordloven § 12	7	0	0	7	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om deling – jordloven §12	7	4	2	1	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om nydyrking - jordloven § 11 annet ledd	0	0	0	0	0	0	0	Sjekk om vi hadde dette!!
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon - konsesjonsloven § 9	10	8	2	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon - konsesjonsloven § 9	2	0	2	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar - konsesjonsloven § 9	10	9	0	1	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar - konsesjonsloven § 9	1	0	0	1	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon for erverv i nær familie - konsesjonsloven § 9 siste ledd	0							
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon for erverv i nær familie - konsesjonsloven § 9 siste ledd	3	0	2	1	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense - konsesjonsloven § 7	0							
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om fritak fra driveplikten – jordloven § 8 a	1	0	1	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a	0							
Utfall av søknaden i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd	0							
Utfall av saken i førsteinstansbehandling av saker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd	0							

Saker etter jord- og konsesjonslov - omdisponering

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Dyrka areal (fulldyrka- og overflatedyrka jord og innmarksbeite) ant. da.	Dyrkbart areal (skog, myr, etc.) ant. da.
Bolig	3	0	3
Hytte ol.	0		
Forretn., kontor, industri	0		
Off./priv. tjenesteyting	1	0	1
Andre byggeområde	0		
Skogplanting	0		
Samferd. og tekn. infrastruktur	2	2	0
Grønnstruktur	0		
Golf	0		
Forsvaret	0		
Andre landbruksformål	0		
Bruk og vern av sjø og vassdrag	0		

Dette er saker der vi av ein eller annan grunn er førsteinstans for søknad om omdisponering etter jordlova § 9. Dette gjeld få saker, avgjerdsmynde ligg som kjent hos kommunane.

Saker etter jord- og konsesjonslov - driftsenhet

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Driftsenhet	Ikke driftsenhet
Vedtak	1	1	0
Påklaget til Landbruksdirektoratet	1	1	0

Dette er saker der eigar/søklar og kommunen er usamde om eigedommar med fleire matrikelnummer er ei driftseining, eller ikkje.

Saker etter jord- og konsesjonslov - omgjøring

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	§ 35 første ledd a) jf. annet ledd	§ 35 første ledd b) jf. annet ledd	§ 35 første ledd c) jf. annet ledd	§ 35 tredje ledd
Varsel om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35	1	0	0	0	1
Varsel om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35	0				
Vedtak om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35	0				
Vedtak om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35	0				

Vi hadde ei sak der vi varsla vurdering om omgjøring etter § 35, men saka vart etter nærare vurdering ikkje omgjort.

Saker etter jord- og konsesjonslov - kontrollhjemmel

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Delingssak	Drivepliktsak	Omdisponeringssak	Konsesjonssak
Antall saker	0				

Vi plukka ut fire kommunar til slik kontroll i 2022, men fann ikkje grunn til å vidareføre dette i desse kommunane, eller andre kommunar, i 2023.

Nydyrking av myr - utfall av søknader i første- og klageinstans

Betegnelse på rapporteringskrav	Søknader i alt	Innvilget i alt	Innvilget uten vilkår	Innvilget på vilkår	Innvilget som følge av at myr er eneste dyrkingsressurs	Innvilget som følge av ivaretagelse av særskilte produksjoner i myr på fjellgrunn	Innvilget som følge av tap av andre produksjonsarealer	Søknader om dispensasjon for å nydyrke myrarealer avslått	Merknad
Søknader i førsteinstans om dispensasjon for å nydyrke myrarealer jf. nydyrkingsforskriften § 5a	0	0							
Utfall av søknaden i klagesaker om dispensasjon for å nydyrke myrarealer jf. nydyrkingsforskriften § 5a	0	0							

Vi har ikkje hatt klagesaker på kommunale vedtak om nydyrking på myr. Vi får desse på høyring før vedtak, og har inntrykk av at det gjeld få saker i fylket. Statistikken på dette vert som kjent rapportert frå kommunane i Kostra.

Nydyrking av myr - størrelse på arealene som er omsøkt

Betegnelse på rapporteringskrav	Omsøkt i alt	Omsøkt areal dyp myr	Omsøkt areal grunn myr	Innvilget myrareal i alt	Innvilget areal dyp myr	Innvilget areal grunn myr	Avslått myrareal i alt	Avslått myrareal dyp myr	Avslått myrareal grunn myr
Informasjon om omsøkt myrareal	0	0	0	0	0	0	0	0	0

Det er som kjent kommunane som har ansvar for nydyrkingsforskrifta, inkludert regelverket om forbod mot nydyrking av myr. Dei rapporterer om nydyrking av myr i Kostra-rapporten. Vi får desse sakene berre som klageinstans, eventuelt heilt unntaksvis som førsteinstans dersom kommunen av ein eller annan grunn ikkje kunne handsame søknaden. Vi har ikkje hatt nokon slike saker i 2023, så derfor er talrekka i rapporten 0.

Nydyrking av myr - ferdiggodkjent nydyrket myrareal

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker der nydyrking av myrareal er gjennomført og arealet er ferdiggodkjent	Ferdiggodkjent myrareal i alt	Ferdiggodkjent areal dyp myr	Ferdiggodkjent areal grunn myr
Informasjon om ferdiggodkjente saker		0	0	0

Sjå kommentar til tabell 344. Det er kommunane som er førsteinstans og dei rapporterer om dette i Kostra-rapporten.

Odelsfrigjøring

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker i alt	Samtykke til odelsfrigjøring gitt	Avslag på søknad om odelsfrigjøring	Merknad
Saker om odelsfrigjøring	0			

Vi hadde ikkje saker med spørsmål om odelsfrigjøring i 2023.

Det todelt målet i rovviltpolitikken (fra kapittel 7.3.10.1.1 i TB)

Rapportere på

Rapporter på status i forvaltningen av det todelt målet for rovviltpolitikken, både på landbruks- og reindriftsområdet

I Vestland er ekstraordinært uttak av jerv avgjerande for å unngå store tap i dei prioriterte beiteområda i Indre Sogn. Det kjem årleg jerv inn frå nabofylket, og uttak av hi er avgjerande for å avgrense tapa. Her gjer SNO ein viktig jobb kvar vår, og dette arbeidet må halde fram.

Utvalgte kulturlandskap og verdensarvområdene (fra kapittel 7.3.10.1.2 i TB)

Rapportere på

Rapporter på status for forvaltningen av ordningene Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen, Vestnorsk fjordlandskap og Røros bergstad og Circumferensen på landbruks-, natur- og kulturmiljøområdet.

Vi har fleire utvalde kulturlandskap:

- Gjuvslandslia i Kvinnerød
- Ullensvang
- Havrå i Osterøy
- Ormelid i Luster
- Grinde og Engasete i Sogndal
- Stadlandet
- Lærdal.

Det er tidlegare rapportert meir detaljert om tilstand og utvikling, så vi gjengir delar av dette i tabellen nedanfor.

I tillegg har vi Nærøfjorden verdsarvområde, der vi også har levert eigen rapport.

Generelt fungerer desse ordningane etter intensjonen, og bidreg til å ta vare på både landbruksdrift og kulturlandskap.

Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen, Vestnorsk fjordlandskap og Røros bergstad og Circumferensen

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Bidrar tiltak støttet av tilskuddsordningen til å ivareta naturmangfold, kulturarv og jordbruksdrift på en tilfredsstillende måte?	Tiltaka støtta av tilskotsordninga medverkar godt til å ta vare på naturmangfold, kulturarv og jordbruksdrift i områda. Verdsarvområdet: I verdsarvområdet er det ein positiv trend med generasjonsskifte og store satsingar med investeringar i driftsbygningar. Fleire store prosjekt vart ferdigstilte i 2023. Verdsarvbøndene i Undredal, ei av bygdene i verdsarvområdet, vart i 2023 tildelt Kulturlandskapsprisen for Vestland for den store innsatsen dei gjer i kulturlandskapet. UKL: I fleire av UKL-områda vert mykje av tilskotet brukt til årleg skjøtsel av kulturlandskap. Dei årlege tilskota gjer at brukarane kan drive eit langsiktig og føreseieleg arbeid med å ta vare på naturmangfold og kulturmiljø. I tillegg medverkar dei årlege tilskota til å sikre jordbruksdrifta. I UKL-områda der kommunane ikkje løyver midlar til årlege tiltak vert det likevel arbeidd godt og langsiktig med naturmangfold, kulturarv og jordbruksdrift. Her er skjøtelsplanar og tiltaksplanar viktige for å sikre god målretting av tilskotmidlane. UKL Gjuvslandslia: Tilskota går i hovudsak til årlege tiltak i tråd med skjøtelsplanen, og til brukarar som driv gardane. Tiltaka medverkar til å vareta naturmangfold og kulturarv. UKL Grinde og Engasete: Ein stor del av tilskota går til årlege skjøtelsiltak til gardbrukarane i området, og i tråd med skjøtelsplanar for området. Tilskota går elles til enkelttiltak for å vareta natur- og kulturlandskapsverdiar. UKL Stadlandet: Tilskotsmidlane vert nytta i samsvar med skjøtelsplanar der målet er å ta vare på natur- og kulturlandskapsverdiar. Det blir gitt årlege tilskot til dei som driv gardane. UKL Lærdal: Tilskotsmidlane vert nytta i samsvar med skjøtelsplanar, og til enkelttiltak som bidrar til å ta vare på natur- og kulturarv. Gjerdeprosjekt og beiteyrding har vore prioritert for å sikre beiteressursane i kulturlandskapet og legge til rette for at bøndene kan tilbakeføre og utnytte beiteareala i UKL-området. UKL Havrå: Kommunen har prioritert å tildele midlar til brannsikringstiltak, restaurering av bygningar, dokumentasjon av bygg, beiting og formidling. UKL Ormelid: I tillegg til årlege skjøtelsiltak er det prioritert å tildele midlar til restaurering av murar i tråd med plan for dette. I tillegg er det løyvd midlar til ein driftsplan med utgangspunkt i skjøtelsplanen. UKL Ullensvang: Vi viser til prosessen med vurdering av framtidig status som UKL-område for Ullensvang. Det er såleis ikkje aktivitet i rapportere om i 2023. Vi viser òg til vår rapportering for midlar knytt til Landbruks utvikiingsfond av 20. november 2023.
Er natur- og kulturmiljøverdiene i områdene styrket eller svekket?	Natur- og kulturmiljøverdiene i områda er stabile, men med lokale variasjonar. Verdsarvområdet: Verdsarvområde Vestnorsk fjordlandskap er primært innskrive på verdsarvlista som følge av naturlege og geologiske prosessar. Naturkreftene vil såleis stadig utfordre kulturmiljøverdiene og landbruket i området. Ein viktig del av tilskotsforvaltninga går såleis ut på å koordinere innrettinga av tilskota med tiltak i regi av verneområdeforvaltninga for å balansere forholdet mellom naturen sitt spelerom, og tiltak som sikrar kulturmiljøet. I nokre av UKL-områda ser vi endringar i artssamansetnaden i artsrike enger frå år til år, kanskje som resultat av årsvariasjonar, men og kanskje som følge av klimaendringar og endra drift. Kommunane og Statsforvaltaren følgjer opp dette gjennom ulike tiltak, som overvaking, kartlegging og drøftingsmøte med drivarane i områda. UKL Gjuvslandslia: UKL Grinde og Engasete: UKL Stadlandet: Vi ser at kystlyngheiene i området er utfordra av manglande brenning og spreiding av sitkagran. Det vert jobba med dette frå kommunen og Statsforvaltaren si side. UKL Lærdal: Natur- og kulturmiljøverdiene er truleg styrkte som følge av tilskot som stimulerer til skjøtsel. UKL Havrå: I september 2023 gjekk det steinras over vegen til Blom, som gjorde skade på kulturmark og murar. Ut over dette er natur- og kulturmiljøverdiene stabile. UKL Ormelid: Natur- og kulturmiljøverdiene er truleg styrkte som følge av innsatsen som vert lagt ned i dette år etter år av Stiftinga Ormelid. UKL Ullensvang: Vi viser til prosessen med vurdering av framtidig status som UKL-område for Ullensvang. Det er ikkje aktivitet i rapportere om i 2023.
Er det positive trender i områdene?	Fleire av kommunane arbeider godt og målretta med ordninga. Verdsarvområdet: Det har vore generasjonsskifte på fleire gardar i området, som fører til optimisme i landbruket. Som følge av at verdsarvbøndene i Undredal vann Kulturlandskapsprisen for Vestland i 2023 fekk landbruket mykje positivt merksemd. UKL Gjuvslandslia: Drivarane er stabile og gjennomfører årleg skjøtsel med stor interesse. UKL Grinde og Engasete: Ingen særskilte positive trender. UKL Stadlandet: Stad kommune har i 2023 sett i gang eit arbeid med formidlingsplan, der Kristian Bjørnstad i Norske Pårer fekk oppdraget med å arrangere prosessverkstader, gjere analysar og å utarbeide planen. Dette vil danne grunnlaget for framtidige formidlingstiltak og besøksforvaltning i området. Verkstader og medverknad i dette arbeidet fører til auka interesse for kulturlandskapet og UKL-statusen. UKL Lærdal: Det er stor interesse for ordninga blant grunneigarar og drivarar i dalen. Dagfinn og Kari Hegg-Lunde på Borlo i UKL Lærdal var blant finalistane til kulturlandskapsprisen for Vestland i 2023. UKL Havrå: Det har vore fleire møte i UKL-gruppa, og synfaringar for å vurdere effekten av tiltak og for å planlegge framtidige tiltak. Prosessar med å utarbeide skjøtelsplan og forvaltningsplan har løfta viktige problemstillingar i området. UKL Ormelid: Det er god framdrift og synlege resultat av arbeidet med kulturmiljøet og kulturlandskapet. UKL Ullensvang: Sjå tidlegare kommentarar om dette.
Er det noen spesielle trusler eller utfordringer mot natur- og kulturmiljøverdiene eller jordbruksdrift i områdene?	Klimaendringar kan på sikt vere eit trugsmål mot natur- og kulturmiljøverdiar og jordbruksdrifta i områda. I nokre av UKL-områda og i verdsarvområdet særskilt utgjer turismen ei utfordring for landbruket, noko som igjen kan truge kulturmiljøverdiene og jordbruksdrifta. I desse områda blir det arbeidd med problemstillingane gjennom ulike prosessar. I enkelte av områda er det tidvis behov for tett oppfølging av enkelttiltak for å rettleie og unngå uønskte effektar for natur- og kulturmiljøverdiene, som t.d. spreiding av uønskte artar. Verdsarvområdet: Naturkreftene og klimaendringane utgjer eit trugsmål mot kulturmiljø og jordbruksdrift i delar av området. Masseturismen som følgje av verdsarvstatusen er ei stadig utfordring. UKL Gjuvslandslia: Det er utfordringar med atgroing og spreiding av bjørnebær. Det er ein tendens til at barilindbestanden er noko svekt, og spørsmål om askene lir av askesjuka. UKL Grinde og Engasete: Massivt hjortegneg som trugar fleire av styngstrea i området. Utfordrande naboforhold og konflikter gjer samarbeid om felles hjortegjerde vanskeleg. UKL Stadlandet: Spreiing av sitkagran og manglande brenning er utfordringar for å halde kystlyngheiene i hevd. Samstundes er trafikutfordringar, aukande turisme og gjerde-problematikk ei utfordring for beitebruk og landbruket i området. UKL Lærdal: Klimaendringar og flaum er ei tilbakevendande utfordring i området. UKL Havrå: Det er utfordrande å balansere museumsdrift med private interesser, og å skaffe tilstrekkeleg med ressurser til å oppretthalde heilskapen i kulturlandskapet. UKL Ormelid: Hovudutfordringa er å få til ei berekraftig drift av garden. UKL Ullensvang: Sjå tidlegare kommentarar om dette.

<p>Blir ordningen brukt i næringsutvikling basert på natur- og kulturmiljøverdier og jordbruksdrift?</p>	<p>Verdsarvområdet: Nær halvparten av tilskotsmidlane til verdsarvordninga vart i 2023 nytta til investeringar i gjerde, flaumsikring, spesialutstyr til slått og driftsbygningar. Dette er tiltak som bidreg til næringsutvikling. UKL: 3,3 av totalt 4,8 mill. kroner vart tildelt til eingangs- og investeringstilskot som bidreg til næringsutvikling. UKL Gjuvslandslia: Det vart løyvd tilskot til utviding av eng/beite. UKL Grinde og Engjasete: Noko tilskot løyvt til investering i tohjulstutyr til nye drivarar, og noko tilskot til ryddetiltak. UKL Stadlandet: Det vart ikkje løyvd tilskot til investeringar i 2023. UKL Lærdal: Investering i gjerde var eit prioritert tiltak i 2023, som saman med ryddetiltak bidreg til næringsutvikling i landbruket. UKL Havrå: Noko tilskot løyvd til ryddetiltak. UKL Ormelid: Fleire løyvigar i 2023 gjeld tiltak som vil bidra til næringsutvikling. UKL Ullensvang: Sjå tidlegare kommentarar om dette.</p>
<p>Finnes det en overordnet forvaltningsplan for området (ja/nei)?</p>	<p>Det finst overordna forvaltningsplanar for verdsarvområdet og alle UKL-områda. Forvaltningsplanane for dei fleste UKL-områda som inngjekk i ordninga frå 2009 er av eldre dato, medan forvaltningsplanane for Havrå og Ullensvang må forankrast gjennom kommunal handsaming.</p>
<p>Fungerer de overordnede forvaltningsplanene/områdeplanene på en hensiktsmessig måte for å prioritere de viktigste tiltakene knyttet til alle deltema omfattet av formålet med ordningen?</p>	<p>Forvaltningsplanane dannar grunnlag for meir detaljerte og tiltaksretta planar som skjøtels- og istandsetjingsplanar. Desse fungerer i større grad enn forvaltningsplanar som verktøy for prioritering av tiltak for forvaltninga. Verdsarvområdet: Forvaltningsplanen for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap Nærøfjorden utdjuvar og presiserer dei einiskilde verneforskriftene for verneområda innanfor verdsarvområdet. Dagens forvaltningsplan vart vedtatt i 2008, og verneområdestyret har jobba med å revidere denne. Som grunnlag for forvaltninga av tilskot til tiltak i verdsarvområdet er det utarbeidd ein tiltaksplan for kulturlandskapet, som gir ein oppdatert oversikt over tilstanden for kulturlandskapet i området. Vidare kjem planen med råd og prioriteringar for å nå målsettinga om å oppretthalde og styrke landbruket i områda og forvaltning av tilskotsordninga. UKL Gjuvslandslia: Ein eldre forvaltningsplan dannar grunnlag for den nye og detaljerte skjøtelsplanen frå 2023. UKL Grinde og Engjasete: Forvaltningsplanen dannar grunnlaget for fleire skjøtelsplanar for området. UKL Stadlandet: Forvaltningsplanen dannar grunnlaget for skjøtelsplanar som gjeld for kvart av kjerneområda. Desse vert aktivt nytta i forvaltninga. UKL Lærdal: Forvaltningsplanen dannar eit overordna grunnlag for tre detaljerte, tematiske skjøtelsplanar. Kommunen arbeider og med ein tiltaksplan tufta på desse planane. UKL Havrå: Forvaltningsplanen vart utarbeidd i 2023, og fungerer saman med skjøtelsplanen som styringsdokument. Det står att å forankre planen i kommunen. UKL Ormelid: Forvaltningsplanen dannar eit overordna grunnlag for meir detaljerte skjøtels- og tiltaksplanar som er og vert utarbeidd etter konkrete behov. UKL Ullensvang: Sjå tidlegare kommentarar om dette.</p>
<p>Fungerer samarbeidet mellom de ulike aktørene på lokalt og regionalt nivå på en tilfredsstillende måte?</p>	<p>Lokal og regional miljø- og landbruksforvaltning samarbeider og samordnar godt. Vi tek aktivt del i arbeidet og tilbyr fagleg støtte til dei kommunane som ønskjer det. Kulturmiljømyndighetene hos fylkeskommunen har avgrensa kapasitet til arbeidet med UKL og er mest involverte i områda som også er omfatta av kulturmiljøfreming, som Havrå og Ormelid. Ut over dette samarbeider vi med regional kulturmiljømyndigheiter ved konkrete behov og utfordringar. Verdsarvområdet: Gode rutinar for samarbeid med planleggingsmøte mellom kommune, verneområdeforvaltar og oss tidleg på året. Årlege gardsbesøk der alle aktørar deltek. UKL Gjuvslandslia: God dialog mellom kommune og miljø- og landbruksavdelingane hos oss. Vestland fylkeskommune er mindre involvert. UKL Grinde og Engjasete: God dialog mellom kommunen og miljø- og landbruksavdelingane hos oss. Fylkeskommunen er mindre involvert, men vert kopla på i saker som gjeld kulturminne og kulturmiljø. UKL Stadlandet: God dialog mellom kommune og miljø- og landbruksavdelingane hos oss. Mindre kontakt med fylkeskommunen, som vert kopla på i saker som gjeld kulturminne og kulturmiljø (døme: fjerninga av stabbesteinar og gateløys i Hoddevik). UKL Lærdal: God dialog og faste møte i samarbeidsgruppe for området der alle ledd i forvaltninga er representerte. UKL Havrå: God dialog og faste møte og synfaringar etter årshjul for forvaltninga. UKL Ormelid: God dialog og møte mellom eigarstiftinga og forvaltninga med jamne mellomrom, der stiftinga tek initiativ. UKL Ullensvang: Sjå tidlegare kommentarar om dette.</p>

Styrke arbeid og helse som fagområde (fra kapittel 7.3.10.2.1 i TB)

<p>Rapportere på</p> <p>Statsforvalteren skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Redegjøre for kartleggingen av tjenestesamhandlingen som er etablert mellom NAV-kontor og kommunenes helse- og omsorgstjeneste • Redegjøre for felles tiltak for å styrke og bedre tjenestesamhandlingen om tjenestemottakere/pasienter som har behov for tjenester fra NAV og helsetjenesten 	
--	--

Vi gjennomførte kartlegginga i 2022, sjølv om vi ikkje hadde oppdrag på dette. Som vi rapporterte på i 2022 sende vi ut kartlegginga til fastlegar, kommunale leiingar, sakshandsamarar i Nav, og leiingar i Nav. Svarprosenten i kartlegginga var låg, og resultatet må tolkast med varsemnd. Vi ser at både helsepersonell og tilsette i Nav er nøgde med det samarbeidet som eksisterer, men at det er eit klart rom for betring. Fastlegar vert oppfatta som meir tilgjengelege for Nav-rettleiingar, enn motsett. Begge partar svarer at tydeleg ansvarsfordeling, kunnskap om tilbodet hjå den andre instansen, og meir tid til samhandling, er faktorar som betrar samarbeidet. På systemnivå er det lite samarbeid mellom kommuneleinga og leiinga i Nav.

3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk

På 0525.01 avslutta vi årsrekneskapen for 2023 med eit marginalt meirforbruk på -116 849 kroner.

Samla tildeling på 0525 var på 231 480 000 kroner. Av desse var 7 935 000 kroner overføring frå 2022.

Utanom ordinære tildelingar (RNB og kompensasjon for lønsoppgjøret) vart embetet tildelt ei løyving i samband med flytting til nye lokale i Bergen. Heile prosessen med anskaffing og flytting har påført oss ekstra kostnader og vi søkte difor om ei tilleggsløyving. Vi søkte om 19,4 mill. kroner og fekk innvilga 6,7 mill. kroner.

Oppgjøret med tidlegare huseigar, Entra AS, var inkludert i søknadssummen. Vi er framleis i forhandlingar med huseigaren om sluttoppgjøret.

Dei største utgiftspostane i denne prosessen, er kjøp av møblar, tilpassing av nytt lokale og kjøp av tenester frå Statsbygg.

Vi har hatt noko høg gjennomtrekk og vi ser at vi har noko lågare lønsnivå enn andre vi ønskjer å samanlikne oss med. I 2023 la vi difor ekstra midlar i lønspotten. Vi har samstundes vedteke ein plan for ta ned talet på stillingar, der reduksjonen vert realisert ved naturleg avgang. Vi ser dette som eit viktig tiltak i arbeidet med å redusere gjennomtrekk og behalde kompetent arbeidskraft. Gjennomtrekken var på 5,4 prosent i 2023, om lag det same som for 2022.

Vi har lagt vekt på tilpassing til sentral budsjettfordelingsmodell fordelt på departementsområde i arbeidet med å justere stillingsplanen.

Pensjonskostnadene i embetet er høge og rekneskapen for 2023 viser ein vesentleg auke frå 2022 til 2023. Vi får siste faktura seint i desember, og har då få eller ingen moglegheiter for å tilpasse økonomien til pensjonskostnaden. SPK-fakturaen kjem samla for heile embetet, uavhengig av finansiering. Sidan verjemål i 2023 hadde eiga finansiering, og er det største området utanom 0525 (drift), vart fakturen delt ut ifrå løn på desse to områda.

Fakturen vi fekk frå SPK i desember, var på 11,4 mill. kroner, mot 7,1 mill. kroner i 2022. Endringspremien utgjorde 7,2 mill. kroner.

Driftsresultatet på kap. 0525 er i samsvar med prognosen frå 2. tertial 2023.

I rekneskapen for 2023 er det ikkje ført utgifter som gjeld verjemål på kap. 0525. Verjemål gjekk ut med eit meirforbruk 3,9 mill. kroner.

Ressursrapportering

Departement	Kapittel 0525, 2023	Fagdep. 2023	Kapittel 0525, 2022	Fagdep. 2022
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	2 158	3 970	1 290	3 426
Barne- og familiedepartementet	13 739	1 236	15 787	1 097
Helse- og omsorgsdepartementet	38 602	14 958	38 097	13 167
Justis- og beredskapsdepartementet	9 216	25 291	11 631	20 299
Klima- og miljødepartementet	31 248	10 400	28 317	8 813
Kommunal- og distriktsdepartementet	90 165	1 685	70 034	4 136
Kunnskapsdepartementet	18 166	27 438	17 676	10 553
Landbruks- og matdepartementet	25 052	670	23 898	587
Andre	1 834	294	1 892	0
Sum	230 180	85 942	208 622	62 078

3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat

Også i 2023 har vi i hovudsak utført embetsoppdraga med akseptable eller gode resultat på dei ulike fagområda. Likevel nådde vi på nokre område resultatmåla i lågare grad enn vi ønskte, i form av produksjonstal. Hovudgrunnane er auke i saksmengd og i kompleksitet, saman med flytteprosessen i Bergen og høgt sjukefråvær på 7 prosent (ned frå 8,2 prosent året før).

I 2023 har vi brukt mykje tid og krefter på å flytte til nye lokale i Solheimsviken i Bergen, der vi har gått over til opne kontorlandskap utan faste plassar. Mange arbeidstimar har gått med til smått og stort i flytteprosessen, samstundes som vi har hatt store direkte utgifter til rydding av lokala vi var i, til sjølv flyttinga og til kjøp av møblar og utstyr.

Driftsrekneskapet vart avslutta med eit marginalt meirforbruk. Embetet har då nytta alle løyvingar.

3.6 Andre forhold

Innsyn

Innsynskrav etter offentleglova vert handtert av dedikerte rådgjevarar i organisasjon- og strategiavdelinga. I 2023 var det 3,95 årsverk som jobba med innsynskrav. Rådgjevarane handterer både innsyn i offentlege dokument og dokument som er unntatte offentlegheita. I tillegg handterer dei klager på avslag på innsyn i slike dokument og andre førespurnader om innsynskrava.

Samanlikning av innkomne innsynskrav i 2019, 2020, 2021, 2022 og 2023

Tal frå eInnsyn 2019 2020 2021 2022 2023

SFVL	2709	5590	8653	8288	7822
FMHO	1545	618	543	391	491
FMSF	366	288	214	264	198
Tal krav totalt	4620	6496	9410	9343	8946
Tal handsama*	753	997	1157	1189	1087

* Svar på innsynskrav i offentlege dokument blir ekspederte på e-post utan noko form for registrering, og blir ikkje rekna som sakshandsaming. Det er såleis berre innsynskrav i dokument som ikkje er offentlege, som formelt sett blir sakshandsama. Desse innsynskrava blir registrerte og sakshandsama i Elements. Vi skriv svarbrev, og eventuelt sladda versjon av dokumentet det er bedd om innsyn i, blir arkivert på saka i Elements.

Statistikken viser at trenden med den store auken i innkomne innsynskrav dei siste åra, held seg. I 2023 var det likevel noko nedgang (rundt 460) i talet på innkomne innsynskrav samanlikna med toppåret 2021.

Blant dei 8946 innsynskrava som kom i 2023, kom 8511 via eInnsyn og resten (rundt 430) via e-post og telefon. Innsynskrava som ikkje kjem inn via eInnsyn, kan gjelde til dømes heile sakskompleks, saker knytte til konkrete tema, eller meir diffuse saker. Det er verdt å merke seg at tala på innsynskrav ikkje seier noko om kor store bestillingane er, eller kor tidkrevjande handteringa av kvart innsynskrav er. Erfaringa vår er at dei største og mest tidkrevjande innsynskrava ikkje kjem inn via e-Innsyn.

Samanlikning av innkomne klager i 2022 og 2023

Innkomne klager	2022	2023
Klager på avslag på innsyn	13	5
SF har gjort om	3	1
Klageorgan har gjort om	1	-
Avslag stadfesta av klageorgan	2	4**

Klaga på for sein handsaming, men ikkje påklaga etter handsama innsynskrav	3	2
Oversendt klageorgan, men ikkje avjort	1	-
Klage ikkje handsama endå	3	-

** To av klagen kom inn i 2022, men vart handsama i 2023.

Statistikken viser at talet på innkomne klager er lågt. Det var ein nedgang på åtte klager i 2023 samanlikna med 2022.

Andre førespurnader

I tillegg til klager på avslag på innsyn, mottek vi unntaksvis krav om å få ei grundigare forklaring på avslag på innsyn. Dersom den som har bedd om innsyn aksepterer svaret vårt, reknar vi ikkje kravet om å få ei grundigare forklaring på avslag på innsyn som ei formell klage. Vi avsluttar då saka.

Vi får også med jamne mellomrom førespurnader frå journalistar om å kontakte klagaren/pårørande i forlenginga av at journalistane har fått svar på innsynskrav frå oss. Journalistane ønskjer då anten at vi skal legge fram for klagaren/pårørande om dei kan tenkje seg å løyse oss frå teieplikta, eller at klagar/pårørande får kontaktinformasjon til journalistane slik at dei kan ta direkte kontakt med journalistane for ein uformell samtale. Vi har fått meir av denne typen førespurnader dei siste åra.

Tiltak

Det har i praksis vist seg at det ikkje er tilstrekkeleg med to faste stillingar til å behandle saksmengda som gjeld innsynskrav. Vi har ofte ikkje klart å halde tidsfristane for svar på innsynskrav, og vi har måtta prioritere blant innsynskrava. På grunn av dette har vi i 2023 hatt to mellombelse stillingar til å hjelpe til med sakshandsaminga. Talet på årsverk som jobba med innsynskrav i organisasjons- og strategiavdelinga i 2023 var difor 3,95 (mot 3,06 i 2022). På slutten av året starta vi ein rekrutteringsprosess der vi lyste ut to nye faste stillingar for handsaming av innsynskrav, slik at vi i 2024 vil vere fire rådgjevarar som jobbar med dette konkrete feltet. Vi håpar at dette grepet skal gjere det lettare å svare tidnok ut den store mengda med innsynskrav.

Medaljesaker

Vi handsama om lag 30 saker om kongeleg påskjøning i 2023, av desse vart 20 handsama og sendt til H.M. Kongens kanselli.

Oppgaver for kongehuset

2023 var eit år med mange besøk frå Kongehuset til Vestland.

- 15. februar: H.K.H. Kronprins Haakon til Stord og Aker Solutions.
- 15. mars: H.K.H. Kronprins Haakon til Bergen for Bjerknæssenteret, Nofima og utdeling av Klimapris under «Varmere, Våtere, Villere».
- 15. april: H.M. Kong Harald til Bergen for «One Ocean Week» og Statsraad Lehmkuhls hjemkomst, bedriften «Trigger» og middag om kvelden.
- 16. april: H.M. Kong Harald til stades ved vigslinga av ny biskop i Bjørgvin.
- 17. april: H.K.H. Kronprins Haakon heldt innlegg på Havforskningsinstituttet sin konferanse, og var til stades ved regjeringas Havkonferanse og One Ocean Week Summit.
- 24.–25. mai: DD.MM. Kongen og Dronninga til stades ved opninga av Festspela i Bergen 2023. H.M. Kongen reiste morgonen 25. H.M. Dronninga vart att for Festsplastillinga mm. den 25. mai.
- 8. juni: H.K.H. Kronprins Haakon delte ut Holbergprisen.
- 23. August: H.K.H. Kronprins Haakon ut i Nordsjøen frå Flesland for opninga av Hywind Tampen.
- 21.–22. september: H.M. Dronning Sonja til Fjaler og United World College.
- 26.–28. september: DD.KK.HH. Kronprins Haakon og Kronprinsesse Mette-Marit sin fylkestur til Aurland, Lærdal, Sogndal, Høyanger og Solund. Kronprinsessa vart sjukmeldt like før turen, slik at Kronprinsen reiste aleine. Kongeskipet vart nytta for transport og innkvartering.
- 4. oktober: H.M. Dronning Sonja til Nordfjordeid og Opera Nordfjord.
- 14. oktober: H.M. Dronning Sonja til Bergen og 100-årsjubileet for FolkOrg.

Eit dagsbesøk fører med seg fleire dagars arbeid, og det går store ressursar med til tilrettelegging av besøk frå Kongehuset når programmet vert så tett som det var i 2023. Det kjem også ein god del utgifter til reise, overnatting og leige av bilar. Det vert ikkje tatt høgd for dette i tildelinga av midlar til statsforvaltarane.

Samarbeidet med Statsforvaltarenes fellestenester (STAF)

STAF gjer mykje godt arbeid for oss, og særleg tryggleiksarbeid og brukarsørvis på IKT har fått eit løft dei siste åra. I samband med flyttinga til nye lokale i Bergen gjorde STAF ein framifrå og effektiv jobb med å få alt IKT-utstyret vårt på plass.

Vi forstår at STAF må gjere visse effektiviseringsgrep, som å samle dokumentforvaltningsarbeidet i større regionar. Men vi forstår ikkje kvifor embeta ikkje i større grad blir involverte i det konkrete arbeidet med å organisere arbeidet i dei nye regionane, til dømes i kva skrivereglar som skal gjelde for journalføring av dokument. Vi har også vanskeleg for å skjønne kvifor det har oppstått så mykje feilføringar etter omorganiseringa. I lengre periodar har medarbeidarar hjå oss brukt halve arbeidsdagen sin for å rette opp i feilføringar. Vi er likevel glade for at vi etter kvart har fått god dialog med leiarane for vår region, som gjer sitt beste for å rydde opp. Og feilføringane vart færre utover hausten 2023. Men langt fleire av journalpostane blir no førte på våre leiarar, der dei før vart førte direkte på sakshandsamarar. Vi forstår at dette effektiviserer STAF, men vi meiner denne gevinsten må vere langt mindre enn den ineffektiviseringa som det påfører oss. Etter vårt syn er det dårleg bruk av våre lønsmidlar at leiarane våre må sitje og fordele journalpostar som før gjekk direkte til sakshandsamarane. I tillegg medfører det ei forseinking i arbeidsprosessane. Den ekstra ressursbruken leiarane våre må leggje inn, blir

ikkje synleg i rekneskapane våre.

I tillegg melder våre tilsette inn at det er eit problem med manglande dialog i nokre av digitaliseringsløysingane som STAF driv for oss. Verste døme er nok den digitale løysinga for separasjon og skilsmål som har vore ustabil og med mykje nedetid. Styringsgruppa mellom embeta har ikkje fått informasjon på fleire år om kva skjedde, anna enn at den gamle løysinga måtte avsluttast i 2024. I januar 2024 innførte STAF utan forvarsel eit nytt fagsystem som var høgst mangelfullt. Til dømes var berre tre av 240 brevmarlar klare til å takast i bruk, og der dokumenta til partane i separasjon og skilsmål før vart lagde i same sak, vart det vår oppgåve å kople dei rette partane. Rett nok kjem fleire funksjonar på plass etter kvart, men digitale tenester på eit slikt nivå både aukar risikoen for feil, gjer at vi brukar meir tid og går i siste omgang ut over vårt sørvisnivå overfor publikum.

Vi tykkjer det nye samarbeidsforumet mellom STAF og embeta, "Beslutningsforberedende forum", har potensial til å kunne bøte på den avstanden som har vakse fram mellom oss. Så langt har vi fått gode orienteringar frå STAF om aktuelle digitaliseringsprosjekt i møta i dette forumet.

Til slutt må vi legge til at det er frustrerende med digitale løysingar som ikkje fungerer optimalt. Til dømes blir vi jamleg kasta ut av denne løysinga for årsrapportering, og må formulere og skrive inn på nytt det som går tapt sidan siste autolagring. Dette har vore slik i fleire år.

4 Styring og kontroll hos statsforvalteren

4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging

Den overordna styringa i embetet skjer gjennom leiargruppa og i arbeidet med verksemdsplanane. Alle strategiske og prinsipielle saker skal opp til drøfting i leiargruppa. I tillegg er viktige tema drøfta i utvida leiargruppe, der alle leiarar med personalansvar er samla. Samstundes legg vi stor vekt på å drøfte overordna spørsmål med tillitsvalde gjennom samarbeidsutvalet, og vi opplever at vi tek betre avgjerder gjennom innspela vi får. Vi har faste rutinar for å få til gode prosessar i arbeidsmiljøutvalet (verneombod) og samarbeidsutvalet (tillitsvalde).

4.1.1 Statsforvalterens risikostyring

Alle avdelingar utarbeider årlege verksemdsplanar der risikostyring utgjer ein viktig del av planane og oppfølginga gjennom året. Kontrollen skal vere tilpassa oppgåvene og kor vesentleg risikoen er.

Eventuelle feil og manglar skal fangast opp via avvikssystemet. Vi prioriterer å risikovurdere verksemdsplanar og felles satsingsområde i embetet. Vi følgjer opp desse i leiarmøta, og rapporterer om vesentlege risikoar for utføring av ambetsoppdraga.

Risikovurdering av arbeidsmiljø er fast sak på AMU-møta gjennom året. Før revisjonen i første årlege AMU-møte hentar vi innspel frå tillitsvalde. Resultat av denne revisjonen er ein del av den årlege HMS-gjennomgangen på leiarnivå.

Systemet Risk Manager har vore brukt til dokumentstyring, avvik og varsling i 2023. Det blir erstatta av andre løysingar frå 2024.

4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Vi oppdaterer rutinar og retningslinjer etter behov, og i 2023 er alle rutinar vurderte spesielt i samband med lanseringa av nytt intranett. STAF har levert ny løysing for dokumenthandtering, Styringsbiblioteket. Hos oss blir Styringsbiblioteket brukt til rutinar og retningslinjer som gjeld for alle tilsette. Avdelingane har sine rutinar tilgjengeleg for tilsette som treng det. Tilsette og nyttilsette får opplæring i dei interne rutinane, i tillegg til systemopplæring gjennom Kurs- og kompetanseportalen (DFØ).

Interne fullmakter er styrt av eigne signaturreglar for embetet og delegeringsreglementet. Økonomistyring er følgd opp gjennom budsjett og rekneskapsrutinar. Vi har faste rapporteringar på oppdraga gjennom året. Tertialsvis rapportering på sakshandsamingstider for dei viktigaste fagområda våre gir oss god oversikt over status på fagområda.

Når det gjeld IKT og dokumentforvaltning har vi saman med dei andre embeta årlege oppfølgingsmøte med STAF, der mellom anna rapportering og internkontrollrutine er tema.

Leiinga vurderer at styringssystema samla fungerer godt, og at det er god styring og kontroll i embetet. Det kan uansett vere ei utfordring å tilpasse kontrolltiltak til risikonivå.

4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren

Vi har sett at vi har hatt noko større gjennomtrekk av tilsette enn ønskeleg, og ei årsak som blir nemnt av dei som sluttar, er at andre tilbyr høgare løn. Samstundes har vi fått stadig tydelegare føringar frå KDD om å bruke tildelinga mest mogleg i tråd med kva kvart fagdepartement legg inn. For å tilpasse oss lønsvået til andre statsforvaltarar og andre offentlege etatar på våre kontorstadar, vil vi redusere talet på tilsette med opp mot 20 stillingar. Det skal skje ved naturleg avgang og eventuell frivillig tilpassing.

Størstedelen av reduksjonen vil skje på fagområda der tala viser at vi brukar mest midlar som går ut over tildelinga frå fagdepartementet, altså oppdrag frå HOD, KDD, KLD og JD. Vi ventar at denne reduksjonen i alle fall på kort sikt vil svekkje evna våre til å utføre oppdraga våre på desse områda. Samstundes ventar vi å få ein gevinst i form av mindre gjennomtrekk og difor meir erfarne medarbeidarar, som på sikt kan betre evna vår til å utføre oppdraga våre på alle fagområda.

Vi har omtrent same gjennomtrekk som føregående år med 5,4 prosent. Vi har litt lågare sjukefråvær enn i 2022, vel sju prosent, men har framleis utfordringar med for høgt sjukefråvær.

Vi har i nokre tilfelle hatt problem med å få tak i kvalifisert personale innan visse fagområda, mellom anna juristar og legar. Vi har forsøkt å tenke nytt om kva kompetanse vi ønskjer oss til enkelte stillingar.

4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

Embetet kjøpte i 2023 ein del nye møblar til dei nye lokala i Bergen. Utanom møblar og tre ambetsbilar eig vi lite materielle gjenstandar av verdi. Bilane får service og vert kontrollerte i samsvar med regelverk og oppsett plan.

4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje kjennskap til avdekte svake punkt eller utfordringar. Embetet har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen. Vi brukte Risk Manager i informasjonstryggleiksarbeidet i 2023, og vi jobbar systematisk for å byggje ein god kultur for informasjonstryggleik, mellom anna gjennom ei gruppe med representantar frå alle avdelingane og frå STAF.

Vi melde to saker til Datatilsynet i 2023. I begge sakene la Datatilsynet til grunn at vi hadde gjennomført dei tiltaka som var nødvendige for å utbetre brota og avgrense eventuelle konsekvensar for enkeltpersonar som var råka. Datatilsynet avslutta derfor sakene.

4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende

Likestilling og diskriminering

Vi har framleis ei klar overvekt av kvinner i embetet. I 2023 var vi i underkant av 70 prosent kvinner. Andel kvinner si løn av løna til menn er 92,2 prosent totalt i embetet. Gruppa saksbehandlar 1, seniorrådgivar, har flest tilsette, og høgare løn for menn i denne gruppa utgjer ein stor prosentskilnad. I gruppa saksbehandlar 2, rådgivar, er kvinner si løn omtrent lik menn si løn, men gruppa har prosentvis færre menn. I dei andre gruppene (leiarstillingar og konsulentstillingar) tener kvinner likt eller meir enn menn. Det er liten forskjell mellom kvinner og menn når det gjeld deltid og mellombelse stillingar. Sjukefråværet er høgare for kvinner.

Vi har system for risikovurderingar, mellom anna høve til varsling, ROS-analyse av arbeidsmiljøet og medarbeidersamtalar, Vi har ikkje fått kjennskap til at vi har former for diskriminering i embetet ut over at det er avdekt lønsskilnader i ei gruppe. Sjå og "Utgreiing om likestilling" i vedlegg, jf. mal frå Bufdir.

Bruk av lærlingar

Tidlegare var vi medlem av lokalt opplæringskontor, men vart formelt godkjent som lærebedrift gjennom OK-stat i 2022. I 2023 lyste vi ut læreplass innan service- og kontorlaget. I tillegg informerte vi aktuelle skular om ledig læreplass. På grunn av liten kapasitet i Bergen dette året ønskte vi lærling på Leikanger. Vi fekk få søkarar innan dette laget, og aktuelle søkarar valde vidare skulegang framfor læreplass.

HMS/arbeidsmiljø

Vi har mål, tiltak og handlingsplanar for fleire område. Vi har eit godt samarbeid med bedriftshelsetenesta. Nokre felles tiltak i 2023 har vore digital opplæring i ergonomi og handtering av sikanering, truslar og vald. Vi betalte òg for influensavaksine for tilsette. Internt har vi hatt fleire samlingar for leiarar, verneombod og tillitsvalde der HR har informert om rutine for oppfølging av medarbeidarar. Vi har framleis urovekkande høgt sjukefråvær, men håpar systematisk arbeid på sikt vil hjelpe.

Ytre miljø

Vi er klimapartner i Vestland, og dei tre kontorstadene våre er miljøfyrtårnsertifiserte. Vi har etter kvart gode rutinar for å oppnå miljøkrav både på Leikanger, i Førde og i Bergen. I desember 2023 flytta vi inn i nye lokale i Bergen. For å effektivisere arbeidet og sjå det i samanheng med felles berekraftsmåla, skal vi sertifisere oss med hovudkontormodellen i 2024.

4.3 Andre forhold

Fellesføring om konsulentbruk

Vi viser til tildelingsbrevet punkt 4 om andre føresetnader og krav.

I 2023 er det ført utgifter for 1 090 478 kroner på kontoen «andre konsulenttenester».

Heile beløpet gjeld kjøp av tenester frå Statsbygg i samband med våre nye lokale for kontorstad Bergen.

Elles var embetet med på ein felles rekrutteringskampanje for alle embeta, der vår del kom på 30 000 kroner.

5 Vurdering av framtidsutsikter

5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt

Embetet og fylket

Både større fylkesinndeling og pandemien har gjort oss meir digitale, og vi brukar digitale møte og samlingar oftare enn før, gjerne i kombinasjon med fysiske møte. Men eit funn i DFØ-rapporten om statsforvaltaranes geografiske inndeling er at kommunane opplever at lokalkunnskapen er svekt i samanslegne embete. For å motverke dette treng vi å møte kommuneleingane fysisk og utvikle gode relasjonar, gjerne på deira heimebane.

Sjølvs med fleire møte som kan takast digitalt, treng særleg leiarane å reise ofte for å møte både kommunane og tilsette på våre tre kontorstadar Leikanger, Bergen og Førde. I eit så stort fylke må vi reise med fly, båt, buss, tog eller bil, og det går gjerne fire-fem timar kvar veg i reisetid, med kostnad og menneskeleg slitasje deretter. Derfor er vi kritiske til at vi er trekte i budsjetta for 2023 og 2024 for forventa innsparing i reiseutgifter, som vi dekkjer inn ved å ha færre tilsette.

Som embete utfører vi embetsoppdraga sjølvstendig og målretta ut frå behova i fylket, og innanfor rammene vi har fått. Vi set pris på at vi får oppdrag som i større grad legg opp til målstyring.

Som nemnt i kapittel 1 innrettar vi oss etter den forsterka føringa om at vi i større grad skal bruke den økonomiske tildelinga fordelt på departementsområde. Vi må redusere kapasiteten på oppdraga frå HOD (tilsyns- og klagesaker på helse-, omsorgs- og barnevernsområdet), KDD (medverking i plansaker og klagesaker på plan og bygg), KLD (enkelt saker og verneprosessar på naturmangfald- og forureining) og JD (alle sakstypar på verjemål). Vi er uroa over at det gjer oss mindre rusta til ta i vare rettstryggeleiken til svake grupper eller tause interesser, til dømes den store auken i saker som gjeld helserettar og underfinansiering av verjemålsområdet.

Initiativrolla

Vi legg merke til at vi ikkje lenger skal rapportere på det som har vore kalla hovudmål fire, initiativ- og tilbagemeldingsrolla. Vi vil streke under at vi ser på dette som viktige roller for statsforvaltarane, som gjer oss i stand til å ta tak i samfunnsutfordringar ut over dei einskilde oppdraga våre. Ingen andre statlege organ har til oppgåve eller er i stand til å sjå heile samfunnet under eitt. Då er det også få andre som har kunnskap eller legitimiteten til å ta initiativ for å løyse såkalla gjenstridige problem ("wicked problems") som ingen etat kan ordne opp i åleine.

Vi ser på initiativrolla som eit viktig supplement til dei meir konkrete oppdraga statsforvaltarane har. For oss er det nyttig å kunne tenkje utanfor den vanlege verktøykassa for å få gjennomført statleg politikk i fylket eller å få betre tenester i kommunane.

Digitalisering av statsforvaltarane

Vi er glade for at Digitaliserings og forvaltningsdepartementet har sett i gang arbeidet med ein digitaliserings- og IKT-strategi for statsforvaltarane. Etter at ansvaret for digitale tenester vart overførte til STAF har embeta mista noko av kontakten med digitaliseringsarbeid. Vi håpar at arbeidet ber konkrete frukter i form av digitale fagsystem som set brukaren i sentrum.

Likevel ser vi at det er vanskeleg å finne friske midlar til digitalisering innanfor driftsbudsjetta til offentlege etatar. For å få eit skikkeleg løft, skulle vi ønskt oss ei statleg søknadsordning for gode digitaliseringsprosjekt, sjølvsgatt med ein eigendel, for å få i gang dei gode prosjekta.

Kommunane

Som nemnt i innleiinga er vi framleis imponerte over korleis kommunane i fylket har stått på for først å handtere pandemien og deretter flyktningsstraumen frå Ukraina.

Hovudutfordringa framover for kommunane vil vere rekruttering av kompetanse, særleg på helse- og omsorgsområdet. Vi ser alt no at både byar og bygder rapporterer om mangel på fastlegar, sjukepleiarar, vernepleiarar og helsefagarbeidarar, og dette blir forsterka framover av den venta eldrebølgja. Kommunane har dessutan vanskar med å rekruttere jordmødrer og psykologar.

Kommunane har kome ut med gode økonomiske resultat dei siste åra. Likevel står dei fleste kommunane overfor vanskelege økonomiske prioriteringar framover.

Arealplanar og dispensasjon frå planar

Som nemnt i innleiinga er kommunane opptekne av kva som er terskelen for når det ligg føre ei nasjonal eller vesentleg regional interesse i kommunalt planarbeid, der Statsforvaltarane kan fremje motsegn eller klage på dispensasjonsvedtak. Kommunane opplever at handlingsrommet i planarbeidet blir snevra inn når det kjem nye statlege planretningslinjer, som planretningslinjene for strandsona langs sjøen (2021), for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018) og for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014), og dessutan oppdatert jordvernstrategi (2023).

Vår oppgåve er å balansere dei skjerpde planretningslinjene mot det kommunale sjølvstyret og høvet til å få utvikling i heile landet, og dette er slett ikkje enkelt. Vi gjer vårt beste for å kome med tydelege og tidlege innspel der det er nasjonale eller vesentlege regionale interesser i spel, men det er ikkje til å kome frå at kommunane ofte har forventningar om at vi skal leggje vekt på det kommunale sjølvstyret og trekke innspela undervegs i prosessen.

Det viktig for utviklinga av Vestland at busetnaden ikkje vert konsentrert berre til kommunesentera. Landbruk og andre bygdenæringar er avhengige av at det finst annan busetnad for å oppretthalde tilbod som barnehage, skule og eldreomsorg og tilbod som gir bulyst for unge og eldre. Sjølv om dette kan

vere vanskeleg å balansere, klarar vi å løyse dei aller fleste motsegnene i dialogmøte eller meklingar.

Vi målber ein tydeleg bodskap om at kommunane skal styre gjennom plan og ikkje gjennom dispensasjonar frå planar. Likevel er talet på dispensasjonar for stort. Vi opplever at det er vanskeleg å nå fram til det politiske nivået med at det er to strenge lovvilkår som begge må vere oppfylte for å kunne gi dispensasjon frå ein arealplan. Oppfatninga er i staden at dispensasjonsavgjerder fullt og heilt er underlagde kommunens frie skjøn. Undersøkingar frå Sivilombodet har vist det same.

Frå å klage på jamt over seks prosent av dispensasjonsvedtaka vi får oversendt frå kommunane, klaga vi i 2023 på fire prosent. Truleg er størstedelen av dispensasjonane kommunane gir, i strid med dei to vilkåra i plan- og bygningslova paragraf 19-2 andre leddet og difor ugyldige forvaltningsvedtak, sjølv om dei ikkje vert klaga på. Vi opplever at kommunane er meir opptekne av kva terskel vi har for å klage, enn kva som ligg i dei strenge lovvilkåra for å gi dispensasjon.

I Vestland har vi dei siste tre åra fått mellom 1900 og 2260 søknader om dispensasjon til høyring, og vi har fått mellom 1900 og 2150 vedtak om dispensasjon til klagevurdering. Sjølv om vi i høyringsrunden har uttala oss til eit mindretal av sakene, har vi brukt mykje krefter på å sjå gjennom sakene. Der vi uttalar oss, ser vi at kommunane i mange saker gjer vedtak i strid med våre faglege råd. Difor har vi som ei prøveordning og i tråd med tillitsreforma, i 2024 sagt at kommunane ikkje treng sende søknader på høyring til oss om det ikkje er særskilde saker dei ønskjer råd om. Dei frigjorde ressursane ønskjer vi å bruke på rettleiing og opplæring om planarbeid og lovvilkåra for å kunne gi dispensasjon.

Byvekstavtalane

Eit viktig tiltak for å følgje opp klimaforliket og berekraftsmåla er byvekstavtalen for bergensområdet, kalla Miljøløftet, som vi har lagt mykje arbeid ned i for å få oppslutnad rundt.

Avtalen sikrar over 16 milliardar til investeringar i bergensområdet fram til 2029. Vi har stor tru på at satsinga på byvekstavtalar vil føre til markante resultat i form av reduserte klimaotslepp i byområda framover, men det er ein føresetnad at både vi og sentrale styresmakter følgjer opp med tydelege signal i konkrete plansaker. Askøy, Alver og Bjørnafjorden arbeider med arealplanar der senterstruktur, kollektivknutepunkt og arealbruk er sentrale tema. Etter mekling vart ny kommunedelplan for Bjørnafjorden vest eigengodkjent.

Dei tiltaka som er gjennomførte så langt i Miljøløftet, gir god effekt for kollektivtrafikk, samstundes som trafikken aukar og trugar nullvekstmålet:

- Dei siste tala viser at bybanen står for 27 prosent av all kollektivtransport i Bergen, medan 92 prosent av alle kollektivtransport i fylket skjer i Bergen. Det er auke både på bybane, buss og båt.
- Det var auke i trafikken både for personbil og kollektiv på den nye vegen til Os.
- Arbeidet med ny Sotra-bru er i gang.
- I løpet av 2023 har talet på elbilar som passerar bomringen auka til over 40 prosent.
- Inntektene frå bomringen er redusert, og det er framlegg om å justere elbittakstane.

Klima

Vi har ei klimagruppe på tvers av avdelingane, som koordinerer og inspirerer tiltak på området. Viktigaste aktivitetar i gruppa er rettleiing til kommunane, utsending av forventningsbrev og utarbeiding av klimabudsjett.

Også i 2023 skipa vi den årlege nasjonale Klimaomstillingskonferansen saman med Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Vestland fylkeskommune, NVE, Statens vegvesen, Vestlandsforskning, Klimapartnere Vestland, Noradapt, Innovasjon Noreg og Senter for klima- og energiomstilling.

Hovudtema var tempoet i klimaarbeidet. Konferansen er med på å inspirere og spreie kunnskap om ulike aspekt av klimaomstilling, først og fremst til kommunar og andre offentlege etatar.

I tillegg til klimaomstilling er det også viktig at kommunane arbeider med klimatilpassing. Sjølv om vi når klimamåla, vil klimaet endre seg i åra framover. Vestland har tre klimasoner og er utsett for havstiging, stormar, flaum og skred. Det får konsekvensar for arealdisponering, og for mange kommunar er det utfordrande å finne areal som kan nyttast til bustadfelt og næring.

I samarbeid med ei rekkje aktørar, arbeider vi med å få til eit pilotprosjekt for klimatilpassing i Vestland fylke.

5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultat på lengre sikt

Sjå kapittel 5.1.

6 Årsregnskap

[Årsregnskap for Vestland.pdf](#)

7 Vedlegg

[Lenke til likestillingsutgreiing for 2023.](#)

Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (tusen kr)	- 117.0
Budsjettavvik (%)	- 0.1 %

Vi har flytta inn i nye lokale for kontorstad Bergen, og tilbakehalde mindreforbruk frå 2022 er nytta i denne prosessen. Dette var eit omfattande prosjekt og det har vore vanskeleg å berekne kva kostnaden vil bli. Vi vil også i 2024 ha kostnader til nye lokale i Bergen.

Husleie

Husleie (tusen kr)	37 040.0
Husleie (% av driftsutgifter)	16.0 %

Flytting til nye kontorlokale i Bergen har ført til delvis doble leigekostnader for november og desember.

Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i vergemåls-ePhorte
Antall journalposter	169 188	98 382	70 806

Vi har færre journalpostar totalt i 2023 enn i 2022, som følgje av at journalpostar for verjemål har gått ned til «vanleg nivå» etter at verjefullmaktprosjektet vart fullført i 2022.

Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2023
052501	231 649
052521	4 118
Post 01 (unntatt 052501)	63 624
Post 20-29 (unntatt 052521)	169 014
Post 30-39	30 938
Post 40-49	0
Post 60-69	137 609
Post 70-79	146 209
Post 80-89	7 305

Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	4 659.0
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	7.1 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	768.0
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	3.9 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	3 891.0
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	8.5 %
Antall legemeldte sykedager for menn	402.0
Prosent legemeldte sykedager for menn	2.0 %
Avtalte arbeidsdager for menn	19 688.5
Antall legemeldte sykedager for kvinner	3 121.0
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	6.8 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	45 814.0
Antall egenmeldte sykedager for menn	367.0
Prosent egenmeldte sykedager for menn	1.9 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	770.0
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	1.7 %

Tala er henta frå Innsikt. Vi har 7,1 prosent sjukefravær i 2023, ein nedgang frå 8,2 prosent i 2022. Eigenmelding utgjør nesten to prosent for begge kjønn. Vi har framleis høgt sjukefravær når vi samanliknar oss med andre embete.

Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Årslønn kvinner	Årslønn menn	Andel kvinners lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	227.0	70.1 %	97.0	29.9 %	677 586.0	735 236.0	92.2 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	3.0	37.5 %	5.0	62.5 %	1 184 628.0	1 154 762.0	102.6 %
Kategori 2: Seksjonssjef/Ass dir	14.0	60.9 %	9.0	39.1 %	1 016 336.0	963 640.0	105.5 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	127.0	67.6 %	61.0	32.4 %	684 781.0	710 913.0	96.3 %
Kategori 4: Saksbehandler 2	93.0	80.2 %	23.0	19.8 %	589 584.0	593 157.0	99.4 %
Kategori 5: Kontorstillinger	5.0	100.0 %	0.0	0.0 %	517 634.0	0.0	
Kategori 6: Fagarb. stillinger							
Kategori 7: Lærlinger							

Statsforvalteren er kvinne og fylkeslegen er mann i kategori 1. I kategori 2 har vi med assisterende fylkeslegar i tråd med rettleiinga, i den stillingskategorien er det fleire kvinner enn menn. I kategori 3 har vi med sjefsingeniør og fagdirektør. Ingen av desse stillingskodane har leiaransvar. I kategori 3 har vi hovudvekt av kvinner, noko som har utslag på gjennomsnittleg løn for kvinner sin årsløn totalt i embetet: 92,2 prosent av menn. Vi har ein mann og ei kvinne i kategori 5 og 6 som ikkje er med i tabellen.

Årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2023
Totalt antall årsverk	262.0
Totalt antall årsverk for kvinner	177.0
Totalt antall årsverk for menn	85.0
Totalt antall årsverk for faste stillinger	250.0
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger	12.0
Sum andel administrasjon	8.0 %
Økonomi	4.3
Lønn	1.5
Personal	2.9
Resepsjon/sentralbord	2.7
Andre administrative oppgaver (spesifiser i kommentarfeltet)	9.6
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Vi har ein liten nedgang i årsverk frå året før. Andre administrative oppgåver: kommunikasjon, redaktøransvar for statsforvalteren.no, innsyn, reinhald og ekstrahjelp til avlevering av arkiv. Direktør er fordelt på fagområda i avdelinga. Andelen administrasjon har ein liten auke frå 2022, og kan forklarast med ekstra ressursbruk i samband med flytting av kontorstad i Bergen. Del administrasjon er vanskeleg å samanlikne mellom embeta.

Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2023
Turnover i prosent	5.4 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	299.0
Totalt antall ansatte som sluttet (ekskudert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	16.0
Totalt antall ansatte som sluttet	34.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering	4.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	30.0

Vi har omtrent same gjennomtrekk som i fjor. Tilsette som ikkje er erstatta er vikarar og trainee. Vi reduserer og talet på faste stillingar i tråd med vedteken bemanningsplan.

HR - fordelt på kjønn

Betegnelse på rapporteringskrav	Kvinner	Menn	Totalt
Sum antall ansatte	205	91	296
Sum antall deltidsansatte	12	5	17
Sum antall midlertidige ansatte	9	3	12
Sum antall ansatte med personalansvar	8	11	19
Ufrivillig deltid			0

Tal tilsette per desember 2023. Vi har mellombels tilsette på grunn av foreldrepemisjonar og sjukefråvær. I tillegg har vi leigd hjelp til rydding av arkiv før flytting av kontorstad. Tilsette med personalansvar er embetsleiinga, avdelingsdirektørar og seksjonsleiarar. I 2023 er vi i rett under 70 prosent kvinner i embetet. Vi har ingen tilsette med ufrivillig deltid.

Driftsutgifter og lønn

Netto driftsutgifter	231 597.0
Administrativ kostnadsdekning	16 153.0
Brutto driftsutgifter	247 750.0
Lønn 052501	186 399.0
Lønnsandel av brutto driftsutgifter	75.2 %

Embete har hatt ekstra kostnader med å få på plass nye kontorlokale i Bergen og lønsdelen vert difor lågare enn eit normalår og ventleg lågare enn andre embete. Elles er vi og kjende med at vi har eit noko lågare lønsnivå enn andre embete.

HR - fordelt på alder/foreldrepermisjon

Betegnelse på rapporteringskrav	2023
Sum antall ansatte	296
Antall ansatte under 20 år	0
Antall ansatte 20 - 29 år	22
Antall ansatte 30 - 39 år	80
Antall ansatte 40 - 49 år	59
Antall ansatte 50 - 59 år	93
Antall ansatte over 60 år	42
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon kvinner	20
Dagsverk foreldrepermisjon kvinner	984
Antall kvinner i foreldrepermisjon	10
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon menn	9
Dagsverk foreldrepermisjon menn	142
Antall menn i foreldrepermisjon	3

Tala er henta frå Innsikt og viser tilsette per desember 2023. Aldersfordelinga er relativt stabil. Foreldrepermisjon er tal per år, og vi har 13 tilsette som hadde foreldrepermisjon i løpet av 2023.